LIBRARY
UNIV. OF WIS.
Digitized by Google
Original from
UNIVERSITY OF WISCONSIN

Digitized by Google
Original from
UNIVERSITY OF WISCONSIN



Digitized by Google
Original from
UNIVERSITY OF WISCONSIN

Digitized by Google

Original from
UNIVERSITY OF WISCONSIN

Digitized by Google

Original from
UNIVERSITY OF WISCONSIN

Digitized by Google

Original from
UNIVERSITY OF WISCONSIN

GAMALNORSKE BOKVERK

UTGJEVNE AV

DET NORSKE SAMLAGET (LANDSMAALS-LAGET)

11.

SOGA

UM

GRETTE AASMUNDSSON

UMSETT FRAA GAMALNORSK

VED

OLA RØKKE

OSLO
DET NORSKE SAMLAGET (LANDSMAALS-LAGET)
1913

Digitized by Google
Original from UNIVERSITY OF WISCONSIN

Digitized by Google
Original from
UNIVERSITY OF WISCONSIN

GRETTIS SAGA

SOGA UM GRETTE AASMUNDSSON

UMSETT FRAA GAMALNORSK

VED

OLA RØKKE

OSLO
DET NORSKE SAMLAGET (LANDSMAALSLAGET)
1912

Digitized by Google
Original from UNIVERSITY OF WISCONSIN

Prenta hjaa Johansen & Nielsen.

Digitized by Google

Original from
UNIVERSITY OF WISCONSIN

PT
7269
.G7
D26

816028

Soga um Grette Aasmundsson finst i mange gamle handskrifter, baade i skinnbøker og i papiravskrifter; men ingi handskrift er eldre enn fraa det 15. hndr. Dei beste handskrifterne finst i den store Arnamagnæanske samlingi i Kjøpenhamn, 551 fol. og 556 a fol. Det er handskrifti 551 som ligg til grunn for alle utgaavor, med rettingar og utfyllingar fraa 556 a.

Det var Bjørn Marcusson som fyrste gongen gav ut Grettesoga i Hólar i 1756. Seinare hev Gísli Magnússon og Gunnlaugr Þórðarson gjeve soga ut i 1852—59 med dansk umsetjing, og hollendaren R.C.Boer i 1900 i „Altnordische Sagabibliothek", og so Valdimar Ásmundarson i 1900 i Reykjavik. Her er soga umsett etter Reykjaviksutgaava med rettingar etter den vitskaplege utgaava til Boer.

Det hev vore og er noko strid um kor gamall Grettesoga er. Guðbrandr Vigfússon meinte ho er fraa det 12. hndr. og umarbeidd i det 14. hndr. Boer meiner den eldste soga er fraa ikr. 1250, og so er ho umarbeidd tvo gonger ikr. 1300. Han hev i utgaava si freista aa syna det som han trur er sett til seinare. Finnur Jónsson kann ikkje vera samd i det. Det finst ikkje noko i soga som avgjort tyder paa at det er seinare innskot. Heller ikkje kann han gaa med paa at det hev vore ei eldre soga enn den me no hev. „Naturligvis er det vel tænkeligt, at en saadan har eksisteret, men vor saga giver ingen særlig grund til at antage det, og jeg kender *ellers* intet, der kunde tale derfor."

F. J. meiner det utan tvil er ein prestlærd mann fraa Midfjorden som hev sett soga saman ikr. 1300. Han hev nytta mange andre sogor, Landnáma, Laxdœla, Bjarnars., Bandamannas., Heimskringla, Eirik jarlss., Njála, Vatnsdœla, Reykdœla og truleg andre. Fleire av dei nemner sogemannen sjølv. Han hev òg etterlikna andre sogor; t. d. minner forteljingi um Grette og Eirik jarl mykje um Egil Skallagrimsson hjaa Eirik blodøks i Egilssoga. Siste luten i soga — Spesar Þáttr dei hev kalla — minner um forteljingi um Tristan og Isolde, og skriv seg visseleg fraa ein midaldersroman.

Digitized by Google
Original from UNIVERSITY OF WISCONSIN

Likevel byggjer sjølve soga um Grette paa forteljingar som hev livt paa folketunga um han, tilsett med ymse drag fraa folkesegner og eventyr. Folket hev samla i han alt det som høyrer med til manns mod og manns styrke og gjort han til ei folkekjempa mot alle slag vonde vette. Sogemannen hev greidt aa teikna eit heilt, fast bilæte av Grette. „Grettir er en af de eiendommeligste sagaskikkelser. En fredløs, af lykken forladt og af fjender forfulgt mand, der altid er rede til at hjælpe andre og „løse andres vanskeligheder," der aldrig tabte sit gode humør, der altid havde en vittighed eller bidende spot paa læben, altid ordsprogsagtige, rammende svar paa tungen, en mand, som i virkeligheden var meget godmodig — det er det billede, sagaen giver os af Grettir, og der er ingen grund til at antage, at hans karakter i det hele og store af traditionen ikke er rigtig fastholdt og overleveret, ligesom sagaens skildring af den i alle maader er mesterlig." (F. J.). Mange av ordtaki og fyndordi hans minner um Hávamál, men dei taper seg i umsetjing. Sogemannen hev òg teke med mange andre sogemotiv, berserkdraap, trolldom, attergangarar, haugbuar, hestestrid, leikar, mannrøyne, kvalstrid, rettstrættor og meir.

Grettesoga er soleis ikkje ei historisk soga i vanleg meining, men meir ein historisk roman. Det er ikkje underlegt ho hev vore ei av dei sogorne folk mest hev lese og tykt best um. Ho skal òg vera den mest „islendske soga i ord og aand, eit livande bilæte paa landet". (Vigfússon).

Grette var skald, og ikkje so faae vers i soga er egte truleg. Her er alle versi tekne med og umsette, mest med tanken paa at meiningi er tydeleg. Det er òg freista noko med bokstavrim og nokre faa kjenningar, medan hendingarne er heilt uppgjevne.

Dei folkesegnerne um Grette som finst sume stader i Norig, er ikkje so gamle, og skriv seg alle fraa folk som hev lese Grettesoga.

O. M.

Digitized by Google

Original from
UNIVERSITY OF WISCONSIN

1.

Onund heitte ein mann. Han var son til Ufeig burlefot, son til Ivar bøytel. Onund var bror til Gudbjørg, mor til Gudbrand kula, far til Aasta, mor til kong Olav den heilage. Onund var upplending paa morssida; men farsætti hans var mest paa Rogaland og Hordaland. Onund var ein stor viking og herja vest um havet. Balke Blæingsson fraa Sotanes, Orm den rike og Hallvard var med Onund i herferd. Dei hadde 5 vel utreidde skip. Dei herja kring Sudrøyarne, og daa dei kom til Barrøyarne, var der ein konge som heitte Kjarval; han hadde òg 5 skip. Dei la til strid med honom, og det vart ein hard bardage. Mennerne hans Onund var dei villaste. Det fall mange paa baae sidor; men det enda med at kongen flydde med eitt skip. Mennerne hans Onund tok mange skip og mykje gods og var der um vinteren. Tri sumrar herja dei kring Irland og Skotland. Sidan fór dei til Norig.

2.

Paa den tidi var det stor ufred i Norig. *Harald luva*, son til Halvdan svarte, slo aat seg riket.

Burlefot — med skrale, vanskapte føter. ***Bøytel*** — stivt gras, red. ***Barrøyarne*** — dei synste Sudrøyarne (Hebridarne). ***Luva*** — han som er fødd med sigerhuva.

Digitized by Google
Original from UNIVERSITY OF WISCONSIN

Han var fyrst konge paa Upplandi. Sidan fór han nord i landet og hadde der mange slag, men vann jamnan siger. So herja han søretter landet og la alt under seg kvar han fór. Men daa han kom til Hordaland, kom det mot honom ein mannsterk aalmuge. Kjotve den rike, Tore haklang og sørrygjerne Sote og kong Sulke var førarar. Geirmund heljarskinn var daa vestanfor havet og var ikkje med i denne striden, endaa han aatte rike paa Hordaland. Denne hausten kom Onund og felagarne hans vestanfraa. Daa Tore haklang og Kjotve den rike frette det, sende dei menner til møtes med deim og bad um hjelp, og lova deim heider og æra. Dei skipa seg daa med Tore, for dei var mykje huga paa aa røyna seg, men dei sa dei vilde vera der ota var hardast.

Striden millom kong Harald og smaakongarne stod i Hafsfjorden paa Rogaland. Det var mykje folk paa baae sidor. Dette slaget er eit av dei største som hev vore i Norig, og det er òg nemnt i dei fleste sogor; for det er jamnan fortalt mykje um deim soga helst tek til med. Det kom folk dit fraa heile landet, og mykje or andre land og mange vikingar. Onund la skipet sitt attmed sida paa skipet hans Tore haklang, umlag midt i heren. Kong Harald tok paa skipet hans Tore haklang, for Tore var ein stor berserk og ein djerv kar. Dei stridde godt paa baae sidor. Daa eggja kongen berserkarne sine til framgang. Folk kalla deim ulvhednar, og det beit ikkje jarn paa deim. Daa dei storma fram, var det ingen som kunde staa seg. Tore varde seg djervt, men fall til slutt som ein mann. Sidan rudde dei skipet hans radt

---

Haklang — med lang hoka. ***Heljarskinn*** — med skinn svart som Hel. ***Ulvhednar*** — ulveskinnsstakkar.

Digitized by Google

Original from UNIVERSITY OF WISCONSIN

til stamnarne og hogg av togi som batt det til dei hine skipi, so det seig att imillom deim.

No la kongsmennerne mot skipet hans Onund; han stod framme og slost som ein kar. Daa sa kongsmennerne: »Han gjeng fast fram paa skipet. Lat honom faa noko til minning um at han hev vore i striden.« Onund stod ute paa skipsbordet med den eine foten og hogg etter ein mann. Nett med same stakk dei etter han med eit spjot, og daa han bøygde undan stikket, kikna han attyver. I det same hogg ein av stamnbuarne aat kongen til Onund nedanfor kneet og tok foten av. Onund vart ufør til strid med ein gong, og storparten av folket hans fall. Onund fekk daa koma um bord til *Traand Bjørnsson*, bror til Øyvind austmann. Han var òg imot kong Harald og laag jamsides med Onund.

No la heile flokken til rømings. Traand og dei andre vikingarne hadde seg burt, so snøgt kvar mann kunde, og siglde vest um havet. Onund og Balke og Hallvard sugande fylgde Traand. Saaret til Onund grodde att, og han gjekk sidan med trefot. Difor vart han kalla Onund trefot so lenge han livde.

3.

I den tidi var det vestanfor havet mange gjæve menner, som hadde rømt fraa odelet sitt i Norig for kong Harald. For han gjorde alle utlæge som hadde stridt imot honom, og la under seg eignerne deira. Daa saari hans Onund var grodde, fór han og Traand til *Geirmund heljarskinn;* for han var daa den frægaste av vikingarne vestanfor

Digitized by Google
Original from UNIVERSITY OF WISCONSIN

havet. Dei spurde um han vilde fara attende til det riket han aatte paa Hordaland, og baud honom fylgje. Dei hadde òg eigedomar aa sjaa um der, tykte dei; for Onund var storætta og rik. Geirmund svara at no hadde kong Harald so mykje magt at det var liti von um aa vinna æra i herferd mot honom; for han hadde vunne paa deim, endaa mest heile landslyden var samla. Geirmund vilde heller ikkje verta kongens træl og beda um det han sjølv aatte. Daa vilde han heller vinna seg magt paa onnor vis; for han var ingen ungdom lenger. Onund og Traand fór daa atter til Sudrøyarne og raaka mange av venerne sine der.

Ufeig heitte ein mann, og dei kalla han *grette*. Han var son til Einar, son til Olve barnekar. Han var bror til Oleiv breid, far til Tormod skafte. Andre sonen hans Olve barnekar heitte Steinolv, far til Una som fekk Torbjørn laksekar. Tridje sonen til Olve var Steinmod, far til Konaal, far til Alvdis den barrøyske. Son til Konaal var Steinmod, far til Halldora som fekk Eiliv, son til Kjetill einhendt. Ufeig grette fekk Aasny, dotter til Vestar Hæingsson. Aasmund skjegglaus og Aasbjørn var sønerne hans Ufeig grette, og døtterne hans var Alvdis og Aasa og Aasvor.

Ufeig hadde rømt vest um havet for ufreden hans kong Harald, og like eins Tormod skafte, frenden hans. Dei hadde med seg skyldfolket sitt. Dei herja kring Skotland og vide i Vesterhavet. Traand og Onund trefot etla seg vest til Irland og vilde finna Øyvind austmann, bror til Traand. Han skulde verja Irland. Mor hans Øyvind var Liv, dotter til Rolv, son til Ingjald, son til kong Frode; men mor hans Traand var Helga, dotter

---

Grette — den som grin, viser tenner, poet. ogso orm.

Digitized by Google

Original from
UNIVERSITY OF WISCONSIN

til Ondott kraaka. Far til Øyvind og Traand heitte Bjørn Rolvsson fraa Aam. Bjørn rømde fraa Gautland for det at han hadde brent inne Sigfast, maagen til kong Solve. So hadde han fare til Norig, og var um vinteren hjaa Grim herse, son til Kolbjørn snøype. Han vilde myrda Bjørn so han kunde faa godset hans. Derifraa fór Bjørn til Ondott kraaka, som budde i Kvinesfjorden paa Agder. Han tok godt imot Bjørn, og han var hjaa honom um vinteren, men i herferd um sumaren, alt til Liv, kona hans, døydde. Daa gifte Bjørn seg med Helga, dotter hans Ondott, og slutta so med herferderne.

Øyvind fekk daa herskipi aat far sin, og han vart no ein stor hovding vestanfor havet. Han var gift med Ravarta, dotter til Kjarval irekonge. Sønerne deira var Helge den magre og Snøbjørn.

Daa Traand og Onund kom til Sudrøyarne, raaka dei Ufeig grette og Tormod skafte, og det vart stor venskap millom deim. For kvar tykte at den som livde yver den store ufreden i Norig, han var liksom henta fraa Hel. Onund var so tagall, og daa Traand vart var det, spurde han etter kva han gjekk og bar paa. Onund svara og kvad ei visa: »Eg er ikkje glad sidan eg var i bardagen. Mangt kjem uventa paa. Eg fekk mein av vaapni. Eg tenkjer dei fleste menn tykkjer det er liti hjelp aa koma til meg. Det er meg mest til vantrivnad.« Traand sa han vilde verta halden for ein rask kar kvar han so kom. »No skulde du setja bu og gifta deg,« sa Traand, »og eg skal leggja inn eit godt ord for deg og stydja deg av all mi magt, naar eg veit kvar du hev hugen din.« Onund sa han tala som ein kar.

Snøype — den som vanærer.

Digitized by Google

Original from UNIVERSITY OF WISCONSIN

Men han meinte, at fyrr hadde det vore betre von um eit godt gifte. Traand svara: »Ufeig hev ei dotter som heiter Aasa. Dit kann me fara um du vil.« Onund vilde det.

Sidan tala dei med Ufeig um dette. Han svara vel, og sa han visste at mannen var storætta og rik paa gods. »Men jordi hans reknar eg ikkje stort. Eg tykkjer heller ikkje han retteleg kann gaa. Og dotter mi er berre barnet.« Traand sa at Onund var raskare enn mange som var god i føterne. Og med Traand si hjelp vart festarmaalet gjort. Ufeig skulde gjeva dotter si lausøyre i heimanfylgja; for den jordi som var i Norig vilde ingen gjeva noko for.

Lite seinare fekk Traand dotter aat Tormod skafte. Gjentorne skulde sitja i feste 3 vintrar. Sidan fór Traand og Onund i herferd um sumrarne, men var i Barrøyarne um vintrarne.

4.

Vigbjod og Vestmar heitte tvo vikingar. Dei var sudrøyingar og var i viking baade vinter og sumar. Dei hadde 13 skip og herja mest i Irland og gjorde mykje vondt, til dess Øyvind austmann vart landeverjar der. Sidan strauk dei til Sudrøyarne og herja der og radt inn i Skotlandsfjordarne. Traand og Onund fór til møtes med deim og frette at dei hadde siglt inn til ei øy som heiter Bot. Traand og Onund kom med 5 skip. Daa vikingarne saag skipi deira og saag kor mange dei var, tyktest dei hava nok folkemagt. Dei tok til vaapni og la skipi sine millom tvo hamrar. Der var eit smalt og djupt sund, der ein kunde søkja aat berre fraa ein kant, og ikkje med meir

---

Bot — no Bute i Clyde-fjorden, aust for Glasgow.

Digitized by Google
Original from UNIVERSITY OF WISCONSIN

enn 5 skip i senn Onund var ein umtenkt mann og lét leggja dei 5 skipi fram i sundet soleis at dei straks kunde hamla attende, for det var rom sjø attanfor deim. Det var ein holme paa eine sida, og attunder den lét han eit skip liggja. Fram paa hamaren ovanfor bar dei mykje stein til ein stad dei ikkje kunde sjaa fraa vikingskipi.

Vikingarne la hardt aat og tykte dei hine var rædde. Vigbjod spurde kven det var som no var sette i kvi. Traand sa at han var bror til Øyvind austmann, »og dessutan er felagen min her, Onund trefot.« Daa lo vikingarne og sa:

»Troll take heile trefot!
Trolli støype deim alle!

og me hev sjeldan sét, at vanføre menner fer til strid.« Onund sa at det kunde dei ikkje vita fyrr det var røynt. Etter det la dei skipi mot kvarandre.

Det vart ein hard strid, og alle gjekk godt fram. Daa striden vart hardare, lét Onund skipet sitt siga aat hamaren. Og daa vikingarne saag det, tenkte dei at han vilde fly og la etter skipet hans inn under hamaren so godt dei kunde. I det bilet kom dei fram paa berget, dei som var sette til det, og velte so store steinar ned paa vikingarne at inkje stod imot. Daa fall det mange av vikingarne, men sume vart so skamslegne at dei ikkje var vaapnføre. Daa vilde vikingarne leggja fraa, men kunde ikkje; for skipi deira var daa komne dit sundet var smalast. Baade skipi og straumen meinka deim i aa koma undan. Onund og hans menner la fram med djervskap mot Vigbjod, og Traand la imot Vestmar, men fekk liten framgang der. Daa folket minka paa skipet hans Vigbjod, budde Onund og mennerne hans seg til

Digitized by Google
Original from UNIVERSITY OF WISCONSIN

aa ganga upp paa skipet. Vigbjod saag det og eggja mennerne sine hardt. Sjølv snudde han seg mot Onund, og dei fleste stokk fraa daa. Onund bad mennerne sine sjaa paa korleis det gjekk med deim, for han var ovleg sterk. Dei sette ein stabbe under kneet hans, og han stod heller traust. Vikingen fór fram etter skipet alt til han kom aat Onund og hogg til honom med sverdet. Hogget raaka skjolden og tok av ein mole. Sidan fór sverdet i stabben som Onund hadde under kneet, og vart sitjande fast der. Vigbjod bøygde seg daa han kipte aat seg sverdet. Med same hogg Onund honom i oksli so armen gjekk av, og vikingen vart ufør til strid. Daa Vestmar fekk vita at felagen hans var fallen, sprang han upp paa det skipet som laag ytst og flydde. Det same gjorde alle som kunde koma til.

Etter dette ransaka dei valen. Vigbjod laag daa i andlaatom. Onund gjekk til honom og kvad:

»Ser du kor saari dine bløder?
Saag du meg hopa undan?
Ikkje den einføtte mannen
mein eller saar fekk av deg.
Mang ein mann er laga
meir til skrøyt enn til vit.
Denne karen ikkje duger
naar det røyner paa.«

Der tok dei mykje herfang og fór heim att til Barrøyarne um hausten.

5.

Sumaren etter budde dei seg til aa fara vest til Island. Daa reiste Balke og Hallvard vestan um

Digitized by Google
Original from UNIVERSITY OF WISCONSIN

havet og fór ut til Island; for det var fortalt at det skulde vera godt aa faa seg land der. Balke tok land i Rutefjorden og budde paa baae Balkestad-gardarne. Hallvard tok Sugandefjorden og Skaalevik til Stige, og budde der.

Traand og Onund kom til Øyvind austmann, og han tok vel imot bror sin; men daa han fekk vita at Onund var komen dit, vart han sint og vilde taka paa honom. Traand bad at han ikkje maatte gjera det, for det sømde seg ikkje aa gjera ufred med norrøne folk, og aller minst mot deim som ikkje fór med ufred. Øyvind sa at Onund fyrr hadde fare med ufred mot kong Kjarval, og det skulde han faa svara for no. Brørne tala so lenge um dette til Traand sa at eitt skulde ganga yver Onund og honom. Daa spakna Øyvind. Dei var der lenge um sumaren og fór med Øyvind i herferd. Øyvind tykte Onund var ei kjempa til kar.

Um hausten fór dei til Sudrøyarne. Øyvind gav Traand heile arven etter far deira, var so Bjørn andast fyre Traand. Dei var no paa Sudrøyarne til dei vart gifte, og nokre vintrar sidan.

6.

So er det aa fortelja at Bjørn, far hans Traand, døydde. Og daa Grim herse frette det, fór han til Ondott kraaka og kravde arv etter Bjørn; men Ondott sa at Traand aatte arven etter far sin. Grim sa at Traand var vestanfor havet, og dessutan var Bjørn av gautsk ætt, og kongen aatte arven etter alle utlendingar. Ondott sa han vilde halda godset til handa for Traand, dottersonen

Digitized by Google
Original from UNIVERSITY OF WISCONSIN

sin. Med det fór Grim burt og fekk inkje av kravet sitt.

Traand frette no at far hans var slokna, og fór straks fraa Sudrøyarne i lag med Onund trefot. Men Ufeig grette og Tormod skafte fór til Island med husfolket sitt og kom til Øyrar paa Sørlandet og var fyrste vinteren hjaa Torbjørn laksekar. Sidan tok dei Gnupverjereppen. Ufeig tok den ytste luten millom Tveraa og Kalvaa og budde paa Ufeigsstad ved Steinsholtet. Tormod tok den øystre luten og budde paa Skafteholt. Døtterne hans Tormod var Torvor, mor til Torodd gòde paa Hjalla, og Torvé, mor til Torstein gòde, far til Bjarne den spake.

No er det aa fortelja um Traand og Onund at dei siglde aust um havet til Norig. Og dei fekk slik strjukande bør, at ingen fekk vita um ferdi deira fyrr dei kom til Ondott kraaka. Han tok vel imot Traand og fortalde honom at Grim herse hadde kravt arven etter Bjørn. »Men eg tykkjer det er betre, frende,« sa han, »at du erver far din enn at kongstrælarne skal gjera det. Det hev òg gjenge so heppeleg med deg, at ingen veit um ferdi di; men eg ottast at Grim vil stemna aat ein av oss um han kann. Eg vil at du tek arven din og fer til andre land.« Traand sa han vilde so gjera. Han tok imot godset og laga seg til aa fara burt fraa Norig so snart han kunde. Fyrr Traand styrde til havs, spurde han Onund trefot um han ikkje vilde fara til Island. Onund sa han fyrst vil finna frendarne og venerne sine sør i landet. Traand sa: »Daa lyt me skiljast no. Eg vilde gjerne at du skulde hjelpa frendarne mine, for hemnen snur seg mot deim, um eg kjem meg undan. Eg vil fara ut til Island, og det

Digitized by Google
Original from UNIVERSITY OF WISCONSIN

same vilde eg at du skulde gjera.« Onund lova det, og dei skildest med kjærleik.

Traand fór ut til Island, og Ufeig og Tormod skafte tok vel imot honom. Traand budde i Traandarholt vestanfor Tjorsaa.

7.

Onund fór sør paa Rogaland og raaka der mange av frendarne og venerne sine. Han heldt seg i løynd hjaa ein mann som heitte Kolbein. Onund frette at kong Harald hadde slege under seg eigedomarne hans og gjeve deim til ein som heitte Haarek. Han var aarmannen aat kongen. Onund fór til honom um natti og ringa inn huset, og Haarek vart hoggen i hel. Onund tok daa all lausøyren han fann og brende garden. Um vinteren var han paa ymse stader.

Denne hausten drap Grim herse Ondott kraaka, for di han ikkje fekk arv til kongen. Men Signy, kona hans Ondott, førde godset deira um bord i eit skip same natti og fór med sønerne sine, Aasmund og Aasgrim, til Sigvat, far sin. Lite seinare sende ho sønerne sine til Hedin, fosterfar sin, i Soknedal, men der unte dei berre ei liti rid og vilde so attende til mor si. Sidan fór dei og kom til jol til Ingjald trygge i Kvin. Han tok imot deim, mest for di Gyda, kona hans, talde til, og dei var der um vinteren.

Om vaaren kom Onund nord til Agder, for han hadde spurt at Ondott var drepen, og daa han fann Signy, spurde han henne kva studnad dei vilde hava av honom. Ho sa at dei vilde gjerne hemna seg paa Grim herse for draapet paa On-

---

trygge — den trugne.

Digitized by Google
Original from UNIVERSITY OF WISCONSIN

dott. Det vart sendt bod etter Ondott-sønerne, og daa dei møtte Onund trefot, slo dei lag med honom og njosna etter kva Grim tok seg fyre.

Um sumaren var det stor ølbryggjing hjaa Grim, for han hadde bede heim Audun jarl. Daa Onund og Ondott-sønerne frette det, fór dei til garden hans Grim og sette eld paa husi — for dei kom uventa — og brende inne Grim herse og mesta 30 mann. Der tok dei mange gode eignaluter. Onund fór til skogs, men brørne tok baaten hans Ingjald, fosterfar deira, og rodde burt og løynde seg tett ved garden. Audun jarl kom til veitsla som etla var, og sakna der venen sin straks. Han samla daa folk til seg og var der nokre næter; men dei spurde ingen ting til Onund og felagarne hans. Jarlen sov i eit loft sjølv tridje. Onund visste um alt som hende paa garden og sende bod etter brørne. Daa dei møttest, spurde Onund um dei vilde vakta garden eller um dei heller vilde ganga paa jarlen. Dei valde aa taka paa jarlen. Dei rende ein stok mot loftsdøri so ho brotna. So greip Aasmund dei 2 som var med jarlen og hivde deim i golvet so hardt at dei fekk bane. Aasgrim sprang mot jarlen og bad honom greida ut bøter for draapet paa faren; for jarlen hadde vore med Grim herse i raad og daad daa Ondott vart drepen. Jarlen sa han hadde ikkje noko av godset med seg og bad honom venta etter betalingi. Daa sette Aasgrim spjotsodden for brjostet paa jarlen og bad honom greida det straks. Jarlen tok daa av seg eit halsband og tri gullringar og ei kaapa av gudvev.[1]) Aasgrim tok imot det og gav jarlen namn og kalla honom Audun geit.

---

[1]) eit slag fint dyrt ty, truleg fløyel eller purpur.

Digitized by Google
Original from UNIVERSITY OF WISCONSIN

Daa bønderne og bygdefolket vart vare med at det var ufred, gjekk dei ut og vilde hjelpa jarlen. Daa vart det ein hard strid, for Onund hadde mykje folk. Der fall mange gjæve bønder og mange av hirdmennerne aat jarlen.

No kom brørne og fortalde korleis det hadde gjenge med deim og jarlen. Onund sa det var ille at jarlen ikkje var drepen. »Det hadde vore noko hemn mot kong Harald, for det me hev mist av gods og frendar for hans skuld,« sa han. Dei meinte dette var større svivyrding for jarlen.

Sidan fór dei burt og inn i Surndalen til lendmannen Eirik ølfus. Han tok imot alle um vinteren. Dei hadde samdrykkja i joli med ein mann dei kalla Hallstein hest. Eirik laga fyrst til eit raust gilde. Sidan gjorde Hallstein eit gilde, men daa vart det trætta millom honom og Eirik. Han slo Eirik med eit drikkehorn. Eirik fekk ikkje hemnt seg og fór so heim. Ondott-sønerne lika dette ovleg ille. Og ei stund seinare fór Aasgrim til garden hans Hallstein, gjekk inn aaleine og gav honom eit djupt saar. Dei som inne var, sprang upp og sette paa Aasgrim; men han varde seg vel og kom seg fraa deim i myrkret. Dei meinte dei hadde drepe honom. Dette frette Onund og Aasmund, og dei trudde at Aasgrim var daud; men dei tykte dei kunde ikkje magta noko mot Hallstein. Eirik raadde deim til aa fara til Island, og sa det dugde ikkje for deim aa vera der i landet, fyrst kongen kunde faa tak i deim. Dei so gjorde og budde seg til Islands-ferd og hadde kvar sitt skip. Hallstein lagdest ned av saari sine og andast fyrr Onund og fylgjet siglde. Kolbein, som fyrr er nemnd, var med paa skipet hans Onund.

Digitized by Google
Original from UNIVERSITY OF WISCONSIN

8.

Onund og Aasmund la til havs daa dei var budde, og dei fylgdest aat. Daa kvad Onund: »Eg og Sugande tyktest vera hæve i heitaste striden. No gjeng eg einføtt ut paa skipet og skal vitja Island. Med denne skalden gjeng det nedetter.« Dei hadde ei hard sjøreis, og vinden var mykje fraa sør, so det bar noko langt nord. Dei fann Island og var komne nordanfor Langenes, daa dei fekk landkjenning. Daa var dei so nær saman at dei talast ved. Aasmund raadde til at dei skulde sigla til Øyafjord, og det vart dei samde um. So beitte dei under land; daa tok det til med ein landsynningsstorm. Daa Onund laag slik og naudbeite, brotna skipsraai hans. Dei laut taka ned seglet, og dermed bar det undan vêret til havs med deim. Aasmund kom seg upp under Risøy og bia der til han fekk bør inn gjenom Øyafjorden. Han fekk heile Krækklingalid hjaa Helge den magre og budde ved søre Gleraai. Aasgrim, bror hans, kom ut nokre vintrar seinare, og budde ved nødre Gleraai. Han var far til Ellida Grim, far til Aasgrim Ellida-Grimson.*)

9.

No er det aa fortelja um Onund trefot, at dei rak undan vêret nokre døger. Sidan gjekk vinden meir til havs, og dei siglde aat land. Daa kjende dei seg att, dei som hadde fare der fyrr, og fann at dei var komne vest um Skage. Dei siglde daa inn paa Strandefloen og heldt seg nær sørstrandi. Daa kom det roande 6 mann paa ein tiæring imot deim; dei ropa upp paa havskipet og spurde kven som styrde det. Onund nemnde

*) Ein av hovudmennerne i Njaals-soga.

Digitized by Google
Original from UNIVERSITY OF WISCONSIN

seg og spurde kvar dei var ifraa. Dei sa dei var huskararne hans Torvald fra Drangom. Onund spurde um det var teke alt landet um strenderne. Dei sa det var lite uteke paa innstrenderne, og nordanfor var det ingenting att. Onund spurde daa skipsfolket um dei vilde fara vest med landet, eller hava det som baud seg her. Dei valde aa sjaa paa dette landet fyrst. Dei siglde inn etter fjorden og la aat i viki ved Aarnes. So sette dei ut skipsbaaten og rodde til lands. Der budde ein rik mann, Eirik snara, som hadde teke land millom Ingolvsfjord og Uføra i Veideløysa. Daa Eirik fekk vita at Onund var komen dit, baud han honom taka det som han vilde; men det var lite land uteke, sa han. Onund sa han fyrst vilde sjaa kva det var. So fór dei inn yver fjorden, og daa dei kom inn til Uføra, sa Eirik: »Her kann du sjaa det. Herifraa er landet uteke inn til landnaamet hans Bjørn.« Der gjekk eit stort fjell fram paa denne sida fjorden og det var snøklædt. Onund saag paa fjellet og kvad denne visa:

No eg flyr og flakkar
framandt land aa finna.
Skipet skrid paa sjøen.
Sjølv eg strauk fraa riket.
Mange frendar eg miste
midel og aakrar gode.
Ille det var um eg alltid
her paa Kaldbak laut slita.

Eirik svarar: »Mange hev mist so mykje i Norig at dei fær det ikkje bøtt. Eg tenkjer òg at det meste landet midt i bygderne er teke. Difor kann eg ikkje støra deg til aa fara her ifraa. Og eg skal halda ordet mitt. Du skal faa av jordi mi det du treng.« Onund sa han tok imot det,

Digitized by Google
Original from UNIVERSITY OF WISCONSIN

og tok sidan landet fraa Uføra og dei tri vikarne Byrgesvik og Kolbeinsvik og Kaldbaksvik alt til Kaldbakskleivarne. Sidan gav Eirik honom heile Veideløysa og Reykjarfjord og heile Reykjaneset paa den sida; men um raket var det ikkje avtala, for det var so nok av det daa at kvar hadde det han vilde. Onund bygde i Kaldbak og hadde mykje folk, og daa midelen hans voks, bygde han ein annan bustad i Reykjarfjorden. Kolbein budde i Kolbeinsvik. Onund sat no kyrr nokre vintrar.

10.

Onund var so fræg ein mann, at faae stod seg mot honom, um dei so var helsuge. Han var òg namngjeten yver heile landet for fedrarne sine.

Daa vart det trætta millom Ufeig grette og Torbjørn jarlekjempa, og det enda med at Ufeig fall for Torbjørn i Grettesgeil ved Hælen. Sønerne hans Ufeig samla mykje folk og vilde driva fram draapssaki. Dei sende bod etter Onund trefot, og han reid sør um vaaren og tok inn paa Kvam hjaa Aud den grunnrike. Ho tok godt imot honom, for han hadde vore saman med henne vestanfor havet. Daa var Olav feilan, sonarson hennar, fullvaksen. Aud var daa trøytt av alderdom. Ho slo frampaa med Onund um at ho vilde gifta Olav, frenden sin, og vilde at han skulde fria til Alvdis den barrøyske. Ho var systkinbarnet hennar Aasa, som var gift med Onund. Onund tykte det var rimelegt, og Olav reid sør med honom. Daa Onund raaka venerne og maagarne sine, baud dei honom til seg. So vart det tala um draapssaki, som skulde vera fyre paa

---

feilan — eit keltisk tilnamn, faelán.

Digitized by Google

Original from UNIVERSITY OF WISCONSIN

Kjalarnestinget; for daa var ikkje altinget sett enno. Sidan kom draapssaki fram paa tinget, og det vart lagt store bøter for draapet; men Torbjørn jarlekjempa vart lyst utlæg.*) Sonen hans var Solmund, far til Svide-Kaare. Dei frendarne var sidan lenge utanlands. Traand baud heim Onund og Olav, og det same gjorde Tormod skafte. Dei bar daa fram friingi for Olav. Det var snart avgjort, for folk visste kor kjæv kvinna Aud var. Festarmaalet vart gjort, og Onund og felagarne reid heim. Aud takka Onund for hjelpi med Olav. Denne hausten fekk Olav feilan Alvdis den barrøyske. Daa andast Aud den grunnrike, som det er fortalt i Laksdøla-soga.**)

11.

Onund og Aasa fekk tvo søner. Den eldste heite Torgeir og den yngste Ufeig grette. Straks etter døydde Aasa. Etter det fekk Onund ei kona som heitte Tordis. Ho var dotter hans Torgrim fraa Gnupe i Midtjorden og skyld Midfjord-skegge. Med henne hadde Onund ein son som heitte *Torgrim*. Han vart snart ein stor og sterk kar, ein gjæv gardstyrar og ein vitug mann. Onund budde i Kaldbak til han vart gamall. Han sottdøydde og ligg i Trefotshaugen. Han er den frægaste og kjappaste einføtte mannen som hev vore paa Island. Torgrim var framum dei hine sønerne hans Onund endaa dei var eldre. Men alt daa han var 25 aar gamall, hadde han hæror (graat haar) i hovudet, og difor vart han kalla hærekoll. Tordis, mor hans, vart sidan gift nord i Videdal med

---

*) Fredlaus. **) Kap. 7. Laksdøla umsett ved Stefan Frich, utgjevi av Det norske samlaget. Gamalnorske bokverk 3.

Digitized by Google
Original from UNIVERSITY OF WISCONSIN

Audun skokul. Deira son var Aasgeir fraa Aasgeirsaa. Torgrim hærekoll og brørne hans hadde alle saman store eigedomar, men skifte deim ikkje millom seg

Eirik budde paa Aarneset, som fyrr er nemnt. Han fekk Aalov, dotter aat Ingolv or Ingolvsfjorden. Flose heitte son deira. Han var ein emneleg kar og hadde mange frendar.

Daa kom det 3 brør ut til Island: Ingolv og Ufeig og Øyvind. Dei tok dei tri fjordarne som fekk namn etter deim, og der budde dei sidan. Son hans Øyvind heitte Olav; han budde fyrst i Øyvindarfjorden, men sidan paa Drangom; han var mykje til mann. Det var ingi trætta millom folk der, medan gamlekararne livde; men daa Eirik var daud, tykte Flose at kaldbeklingarne*) hadde ikkje lovleg heimel paa den jordi som Eirik hadde gjeve Onund. Av dette vart det mykje uvenskap millom deim; men Torgrim og brørne hans styrde det same som fyrr. Men dei hadde ikkje leikar saman. Torgrim styrde garden i Reykjarfjorden og rodde jamnan til fiske, for daa var fjordarne fulle med fisk.

Nø la dei upp raad i Viki. Torfinn heitte huskaren hans Flose paa Aarneset. Denne mannen sende Flose stad til aa drepa Torgeir. Torfinn løynde seg i naustet. Same morgonen budde Torgeir seg til aa ro paa sjøen og tvo menner med honom, Haamund og Brand. Torgeir gjekk fyrst. Han bar ei lerflaska med drikka i paa ryggen. Det var svært myrkt, og daa han gjekk ovan fraa naustet, sprang Torfinn paa honom og hogg med øksi millom herdarne paa honom, og øksi sokk nedi so det svakka. So slepte han

*) Dei som budde ved Kaldbak.

Digitized by Google
Original from UNIVERSITY OF WISCONSIN

øksi, for han meinte ein trong ikkje aa binda um der, og vilde forda seg snøggast han kunde.

Det er aa fortelja um Torfinn, at han sprang nord til Aarnes og kom dit fyrr det var aalljost. Han fortalde at Torgeir var drepen, og sa han trong um hjelp av Flose. Han sa òg det var best aa bjoda forlik. »Det gagnar best saki vaar, so mykje som til er gjort.« ·Flose sa han fyrst vilde fretta nytt, »og eg tenkjer, at du er avskræmd etter storverket,« sa han.

No er det aa segja fraa Torgeir, at han snara seg undan hogget so øksi kom i flaska, og han fekk ikkje saar. Dei leita ikkje etter mannen, for det var myrkt. Dei rodde ut etter fjorden og kom til Kaldbak og fortalde denne tilburden. Dei laga mange spitord um det og kalla honom Torgeir flaskebak, og so heitte han sidan. Daa kvad dei dette:

»Fyrr lauga fræge
fagnamenner gjæve
skjoldormen lange (sverdet)
i kvass-skorne saar.
No stikk vesalmennet
vidt i kring ufrægt
vaapnet i syra
so spruten stend.«

12.

I den tidi vart det so store uaar paa Island, at det aldri hev vore so gale. Mest alt fisket tok av og sameleis raket. Dette stod paa mange aar. Ein haust dreiv eit kjøpmannsskip til lands og sette til der i Viki. Flose tok imot fire eller fem av skipsfolki. Stein heitte styremannen. Hine

Digitized by Google
Original from UNIVERSITY OF WISCONSIN

skipsfolki tok seg heimvist vidt umkring der i Viki, og etla aa gjera seg skip av skipsbroti, men det var ikkje greidt. Skipet vart smalt i skutarne og breidt midskips.

Um vaaren vart det ein hard nordanstorm, som varde mest ei vika. Daa det spakna, leita folk rak.

Torstein heitte ein mann som budde paa Reykjaneset. Han fann ein kval framme paa neset, der det heiter Rivsskjer; det var ein stor røyrkval. Han sende straks folk til Flose i Viki og til næraste gardarne.

Einar heitte ein mann, som budde paa Gjogr; han var leiglending aat kaldbeklingarne og skulde sjaa etter raket deira paa den sida fjorden. Han vart var kvalen og tok straks ein baat og rodde yver fjorden til Byrgesvik. Derifraa sende han ein mann til Kaldbak. Og daa Torgrim og brørne frette dette, budde dei seg snøgt og fór tolv mann paa ein tiæring. Kolbeinsønerne Ivar og Leiv fór òg med deim, og dei var 6 mann. Alle bønder som kunde fór til kvalen.

No er det aa fortelja um Flose, at han sende bod etter frendarne sine nord i Ingolvsfjord og Ufeigsfjord og etter Olav Øyvindson, som daa budde paa Drangom. Flose og viksmennerne kom fyrst til kvalen. Dei tok straks til aa skjera han sund, og dei drog paa land etter kvart dei skar av. Dei var nær 20 mann i fyrstningi, men det kom snart fleire folk. Daa kom kaldbeklingarne med fire skip. Torgrim kravde kvalen for seg og forbaud viksmennerne aa skjera og skifta eller føra burt av kvalen. Flose bad honom prova, at Eirik med greide ord hadde gjeve Onund trefot raket »elles vilde han verja det med vaapn«, sa han. Torgrim tyktest hava lite folk so han vaaga ikkje gaa paa deim. Daa rodde eit skip utetter fjorden,

Digitized by Google
Original from UNIVERSITY OF WISCONSIN

og skipsfolket rodde hardt, so dei var snart framme. Det var Svan fraa Hol i Bjarnarfjorden og huskararne hans. Straks han kom, bad han Torgrim at han ikkje maatte lata dei faa rana kvalen fraa seg. Dei var gode vener fraa gamalt, og Svan baud honom folkehjelp. Brørne sa dei tok imot, og no gjekk dei fram med djervskap. Torgeir flaskebak bykste fyrst nedpaa kvalen og sette paa huskararne hans Flose. Torfinn, som fyrr er nemd, lema sund kvalen. Han var framme ved hovudet og stod i det hakket han hadde laga seg. Torgeir sa: »Her hev du att øksi di!« So hogg han til honom i halsen so hovudet gjekk av. Flose var upp paa mèlen, daa han saag dette. Han eggja daa mennerne sine til aa gjere motstand. No slost dei lenge, og kaldbeklingarne greidde seg best. Faae av dei hadde andre vaapn enn øksarne dei skar sund kvalen med og smaasverd. Viksmennerne laut draga seg undan fraa kvalen ned i fjøra. Austmennerne hadde vaapn og særde mange. Stein styremannen hogg foten undan Ivar Kolbeinsson; men Leiv, bror hans Ivar, slo i hel felagen hans Stein med eit kvalriv. Daa vart det slaasting med kva dei for handi fann, og det fall folk paa baae sidor.

Daa kom Olav fraa Drangom med mange skip. Dei hjelpte Flose. Daa vart kaldbeklingarne yvermanna. Dei hadde fyrr ladt skipet sitt, og Svan bad deim daa ganga umbord. Dei hopa daa attende til skipet sitt, og viksmennerne sette etter. Daa Svan var komen aat sjøen, hogg han til Stein styremannen og gav honom eit stort saar. Sidan bykste han ut paa skipet sitt. Torgrim gav Flose eit stort saar, og med det kom han undan. Olav hogg til Ufeig grette og særde honom til ulivs. Torgeir treiv Ufeig i fanget og sprang med honom

Digitized by Google
Original from UNIVERSITY OF WISCONSIN

ut paa skipet sitt. So rodde kaldbeklingarne inn yver fjordarne, og med det skildest dei. Dette vart kvede um møtet:

»Heller hard, hev eg frett,
herstriden vait paa Rivskjeret;
mange vaapnlause menner
mest med kvalkjøt slo,
og andre karar
med kjøtflisar kasta imot.
Denne ota tyktest oss
ingi sømd i.«

Sidan vart det avtala fred, og saki skulde til altings. Kaldbeklingarne fekk studnad av Torodd gòde, Midfjord-Skjegge og mange sørlendingar. Flose vart skyldig aa bøta, og mange av deim som hadde vore med honom. Det vart svært kostesamt for Flose, for han vilde leggja bøterne aaleine. Torgrim greidde ikkje prova, at dei hadde betala for jordi og raket, som Flose kjærde paa. Torkjel maane var lovsegjingsmann daa, og dei bad honom um orskurd. Han sa at han skyna lovi soleis at noko skulde ein betala, endaa um det ikkje var det fulle verdet, »for so gjorde Steinvor den gamle med Ingolv, bestefar min. Daa ho fekk av honom heile Rossmaalneset gav ho ei flekkut kaapa for det, og det hev aldri vore umattgjort, og der var det meir um aa gjera. Her gjev eg den raadi,« sa han, »at de skifter desse jordstykki so at kvar fær likt, og at de sidan fær det lovfest at kvar eig raket fyre si jord.« Dette gjorde dei. Det vart daa skift slik at Torgrim og frendarne hans lét fraa seg Reykjartjorden og alt paa den sida; men dei skulde eiga Kamb. Ufeig vart bøtt med mykje gods. Torfinn vart dømd ugild. Torgeir fekk bøter fordi dei hadde fare med svikferd mot honom. So

Digitized by Google
Original from UNIVERSITY OF WISCONSIN

vart dei forlikte. Flose budde seg til Norigs-ferd med Stein styremann, og selde gjordi sine i Viki til Geirmund kviketimbre. Og der budde Geirmund sidan. Det skipet kjøpmennerne hadde bygt, var svært breidt. Folk kalla det Trekylle, og det hev viki fenge namn etter. Paa dette skipet skulde Flose fara utanlands, men rak attende til Øksartjord. Det gav høve til soga um Bodmod og Grimulv og Gjerpe.

13.

Etter dette skifte brørne Torgrim og Torgeir midelen millom seg, og Torgrim tok lausøyren, men Torgeir jordi. Torgrim fór daa ind til Midfjord og kjøpte land paa Bjarg etter raadi hans Skjegge. Torgrim var gift med Tordis, dotter aat Aasmund fraa Aasmundargnup, han som hadde teke Tingøyresveiti. Torgrim og Tordis hadde ein son som heitte *Aasmund*. Han var ein stor og sterk mand, klok og hadde vænt haar. Han fekk tidleg graatt haar i hovudet, og difor kalla dei han *hærelang* eller hærelagd. Torgrim tok seg daa mykje av gardstellet, og folki hadde alltid nok aa starva med. Aasmund vilde lite gjera, og daa vart det graatt millom far og son. Soleis gjekk det til Aasmund var vaksen. Daa bad Aasmund um ferdagods av far sin. Torgrim sa det munde verta lite det han fekk av honom, men gav honom likevel nokon lausøyre. Aasmund fór utanlands og vart snart ein velstandsmann. Han sigldе til ymse land og vart ein stor kjøpmann

---

Kviketimbre — timber som rører seg, stokk. *Trekylle* — tre-sekk.

Digitized by Google
Original from UNIVERSITY OF WISCONSIN

og grunnrik. Han var ein vensæl og greid kar og aatte mange gjæve frendar i Norig.

Ein haust tok Aasmund heimvist aust i Viki hjaa ein gjæv mann som heitte Torstein. Han var upplending, og hadde ein syster som heitte Rannveig. Ho var det beste gifte. Aasmund fridde til gjenta og fekk henne med ja-minne hans Torstein, frenden hennar. Aasmund var der ei rid og var vel vyrd. Han og Rannveig hadde ein son som heitte Torstein. Det var ein fager og sterk kar, med svært godt maal, stor paa vokster, men noko seinfør i all si ferd; difor kalla dei han dromund. Fyrr Torstein var framvaksen, fekk mor hans sott og døydde. Etter det treivst ikkje Aasmund i Norig. Morfrenden hans Torstein tok imot honom og arven hans, men Aasmund fór atter paa sigling og vart ein namnfræg mann. Aasmund kom med skipet sitt til Hunavatn.

Daa var Torkjel kravla hovding yver vatsdølerne.*) Han frette at Aasmund var komen dit, og reid ned til skipet og baud Aasmund til seg. Torkjel budde paa Maastad i Vatsdalen. Aasmund fór daa dit paa gjesting. Torkjel var son aat Torgrim Kaarnsaagòde og var ein ovklok mann. Dette var etter Fridrek biskop og Torvald Kodraansson var komne til Island. Dei budde paa Løkjemote paa den tid. Dei var dei fyrste som tala kristendomen paa Nordlandet. Torkjel lét seg primsigna, og mange menner med honom. Det gjekk mangt fyre seg millom biskopen og nordlendingarne som ikkje kjem denne soga ved. Hjaa Torkjel vaks upp ei gjenta som heitte Aasdis.

Dromund — stort skip fraa midhavslandi, som truleg gjekk noko seint og tungt. Tyder elles »snøggsiglaren«.

*) Sjaa ***Soga um vatsdølerne***, umsett ved ***Jørgen Reitan***, utgjevi av Det norske samlaget, Gamalnorske bokverk 6.

Digitized by Google

Original from
UNIVERSITY OF WISCONSIN

Ho var dotter til Baard, son til Jokul, son til Ingemund den gamle, son til Torkjel, son til Kjetil raum. Mor aat Aasdis var Alvdis, dotter aat Ufeig grette, som fyrr er fortalt. Aasdis var ugift og galdt for det beste giftet, baade i ætt og midel. Aasmund tok til aa leidast siglingi og vilde no taka bustad paa Island. Han fridde til denne gjenta. Torkjel hadde god greida paa honom, og visste at han var ein rik mann og klok til aa samla gods, og det vart til det at Aasmund fekk Aasdis. Han vart daa trufast ven med Torkjel og ein stor gardsstyrar, lovvis og tiltaksam. Lite seinare andast Torgrim hærekoll paa Bjarg. Aasmund tok arv etter honom og budde der sidan.

14.

Aasmund hærelang sette bu paa Bjarg, stort og røselegt. Han hadde mykje folk med seg og var ein vensæl mann. Med Aasdis hadde han fleire born. Atle var eldst. Han var rettvis og mild, greid og spakvoren, og alle lika honom vel. Andre sonen deira heitte *Grette*. Han var mykje leid i uppvokstren, tagall og ublid og ofselig baade i ord og gjerd. Faren hadde ikkje stor kjærleik til honom, men mori lika honom sers godt. Grette Aasmundsson var fager i andlitet, breidleitt og stuttleitt, raudhærd og noko freknut; han voks seint i barneaari. Tordis heitte dotter hans Aasmund. Ho vart sidan gift med Glum, sonen til Uspak Kjarlakson fraa Skridensenne. Rannveig heitte andre dotter hans Aasmund. Ho fekk Gamle Toraldsson, vindlending. Dei budde paa Melarne i Rutefjorden. Sonen deira var Grim. Son til Glum og Tordis Aasmundsdotter var Uspak, som drogst med Odd Ufeigsson, som det er fortalt um i Bandamanna-soga.

Digitized by Google
Original from UNIVERSITY OF WISCONSIN

Grette voks upp paa Bjarg til han var ti aar gamall. Han tok daa til aa mannast. Aasmund bad honom arbeida noko. Grette sa at det var lite høvelegt for honom, men vilde daa vita kva han skulde gjera. Aasmund svara: »Du skal gjæta heimegjæserne mine.« Grette svara og sa: »Arbeidet er baade lite og laakt.» Aasmund sa: »Gjer dette vel fraa hand, daa batnar det millom oss.« So tok Grette imot heimegjæserne. Det var 50 stykke, og mange hadde kjuklingar. Det leid ikkje langt fyrr han tykte gjæserne var vande aa driva og kjuklingarne seinføre. Dette gjorde honom fælande harm, for han tolde ikkje mykje motgang. Noko seinare fann nokre rekefantar kjuklingarne daude ute paa marki og gjæserne vengjebrotne. Dette var um hausten. Aasmund lika det ovleg ille, og spurde um Grette hadde drepe fuglarne. Han flein og svara:

»Det gjer eg visst naar det vintrar:
vrid halsen paa kjuklingarne,
og um det so òg var eldre
aaleine eg kunde deim kverka.«

»Du skal ikkje brjota fleire,« sa Aasmund. »Det er veneverk aa meinka ein fraa ilt,« sa Grette. »Du skal faa anna arbeid,« sa Aasmund. »Mangt veit han som mangt røyner,« sa Grette; »kva skal eg no gjera?« Aasmund svara: »Du skal gnika ryggen min ved elden, slik som eg vanleg lèt gjera.« »Det vert heitt um hand,« sa Grette; »men like laakt er arbeidet for det.« So gjekk det ei rid at Grette hadde dette arbeidet. No hausta det, og Aasmund vart huga paa varme og eggja Grette til aa gnika ryggen hans dugelegt. Det var skikken i dei tider at eldskaalarne var store paa gardarne, og mennerne sat der ved langelden

Digitized by Google
Original from UNIVERSITY OF WISCONSIN

um kveldarne. Der sette dei matbordi for mennerne, og sidan sov dei attmed elden. Kvendi arbeidde og spann der um dagarne. Det var ein kveld Grette skulde gnika Aasmund paa ryggen Daa sa gamlingen: »No fær du draga latskapen av deg, din trave.« Grette sa: »Det er gale aa eggja uvitingen.« »Aldri duger du,« sa Aasmund. Grette ser at det ligg nokre ullkardor paa benken: han tek ei karda og dreg henne nedetter ryggen paa Aasmund. Han sprang upp og vart rasande og vilde slaa Grette med staven sin, men Grette smatt undan. Daa kom husmori til og spurde kva dei drogst for. Grette kvad daa denne visa:

»Husfru, eg veit
vondt han vil meg:
paa baae hender
brenna meg hardt.
Med uskorne negler
i han eg tok.
Ramnarne ser eg
sankast um saari.«

Mori tykte ille um at Grette hadde gjort slik ei pretta, og sa han var lite fyretenkt. Samlivet millom Aasmund og Grette vart ikkje likare etter dette. Ei tid etter tala Aasmund um at Grette skulde gjæta hestarne hans. Grette sa at han lika dette betre enn aa stræva med ryggbakingi. »Daa skal du fara so aat som eg byd deg,« sa Aasmund. »Eg hev ei svart-aalut merr, som eg kallar Kjengaala. Ho hev so godt vit paa vêraatta og regn; det glepp aldri at det kjem ei uvêrsrid naar ikkje ho vil i marki. Daa skal du stengja hestarne inne, men halda deim nord paa

---

Kjengaala — merr med svart bugta aal etter ryggen.

Digitized by Google
Original from UNIVERSITY OF WISCONSIN

halsen straks vinteren legg til. Eg tykkjer det trengst at du greider dette arbeidet betre fraa hand enn dei hine tvo som eg fyrr hev sett deg til.« »Dette er kaldt og karslegt arbeid,« svara Grette. »Men eg tykkjer det er ilt aa trøysta meg til merri, for eg veit ingen som hev gjort det fyrr!«

No tok Grette ved hestegjætingi, og det leid so fram yver jol. Daa vart det streng kjøld med snø og lite berr mark. Grette hadde lite klæde og var ikkje herda enno. Han tok til aa frjosa; men Kjengaala stod der det var vêrhardast, i all slag styggvêr. Aldri kom ho so tidleg i hagen, at ho vilde gaa heim fyre dagset.*) Grette kjem daa paa at han skal gjera ei pretta, so Kjengaala fekk for utegonga si. Det var ein morgon tidleg at Grette kom til stallen; han lét upp og saag at Kjengaala stod aaleine ved krubba. For um hine hestarne fekk fôr òg, so tok ho alt. No bykste Grette upp paa ryggen hennar; han hadde ein kvass kniv i handi og rispa tvert yver herdarne paa Kjengaala og lét han so gaa attetter paa baae sidor av ryggen. Merri rykte seg hardt av det, for ho var feit og sky. Ho spente so hardt at hovarne small i veggjerne. Grette datt av ryggen, og daa han kom seg paa føterne, vilde han koma seg upp paa ryggen att. Det er eit stygt basketak, og det endar med at han flær av henne heile ryggaalen radt attpaa lendi. Sidan jagar han merri ut i hagen. Kjengaala beit ikkje i mark, berre sleikte seg, og daa det leid til middags, sprang ho heim til stallen. Grette stengjer daa huset og gjeng heim. Aasmund spør Grette kvar hestarne var. Grette svarar han hev

*) Kvelden.

Digitized by Google
Original from UNIVERSITY OF WISCONSIN

late deim inn som vanleg. Aasmund segjer at det kom snart ei uvêrs-rid, naar hestarne ikkje vilde stogga ute i slikt vêr. Grette svarar: »Visdomen glepp for mange som meir var ventande av.« Natti leid, og hardvêrsridi kom ikkje. Grette dreiv ut hestarne, men Kjengaala tolde ikkje vera i hagen. Aasmund tykte det var underlegt; men vêraatta var den same som fyrr. Den tridje morgonen fór Aasmund til hestarne. Han gjekk burt til Kjeng-aala og sa: »Eg tykkjer hestarne er i laakt hald, so mild som vinteren hev vore. Men du, Svart-aala, skulde vera den siste som magrast.« »Det kann koma baade det ein ventar og det ein ikkje ventar,« sa Grette. Aasmund strauk ryggen paa merri og hudi fylgde med. Han undra seg yver det, og sa at Grette hadde valda det. Grette flein til det og svara ikkje. Bonden fór heim og skjelte fælt. Han gjekk til eldskaalen og høyrde hus-mori sa: »Vel maa no hestegjætingi aat frenden min vera røynd.« Aasmund kvad ei visa:

»Grette fælt hev flaatt
fljote Kjengaala.
Han gjer meg prettor.
Dei prude kvendi tegjer til alt.
Sløge guten vil visst lenge
vanagta mine ord.
Fride husfru,
høyr paa mi visa.«

Husmori svara: »Eg veit ikkje kva eg tykkjer er verst, anten at du plaagar honom jamt med arbeid, eller at han gjer fraa seg alt paa ei og same visi.« »No skal det òg vera ende paa dette,« sa Aasmund, »men endaa verre vederlag skal han faa.« »So fær daa ingen noko aa segja paa den andre,« sa Grette. No gjekk det slik ei tid. Aas-

Digitized by Google
Original from UNIVERSITY OF WISCONSIN

Digitized by Google

Original from
UNIVERSITY OF WISCONSIN

Digitized by Google

Original from
UNIVERSITY OF WISCONSIN

etter det hende som no er fortalt. Aasmund og Aasdis tok imot honom med baae hender. Han var der i tri næter, og maagarne tala um mange ting seg-imillom. Torkjel spurde kva Aasmund tykte um sønerne sine, um han trudde dei vart noko til arbeidskarar. Aasmund sa han meinte at Atle vart ein gild gardmann, umtenkt og velhalden. Torkjel svara: »Ein dugande mann og lik deg; men kva segjer du um Grette?« Aasmund sa: »Um honom er det aa segja at han vert ein sterk og ustyrleg mann; leid og mødesam hev han vore for meg.« Torkjel svara: »Det spaar ikkje godt, maag. Men korleis skal me skipa tingferdi vaar i sumar?« Aasmund svara: »Eg vert tungfør no og vilde helst sitja heime.« »Vil du at Atle fer for deg?« sa Torkjel. »Han tykkjest eg ikkje kunna vera forutan til onn og anna arbeid,« sa Aasmund, »for Grette vil inkje gjera. Men han er so vitug at eg tenkjer han kunde gjera sin skyldnad etter lovi for meg, naar du hjelper til.« »Du skal raada, maag,« segjer Torkjel. Han reid no heim daa han var ferdig, og Aasmund gav honom gode gaavor daa dei skildest.

Noko seinare budde Torkjel seg til aa fara til tings. Han reid med 60 menner. Dei var med honom alle som var i hans gòdord. Han kom til Bjarg, og derifraa reid Grette med honom. Dei reid sør yver den heidi som heiter Tvidøgra. Det var lite hestevangar paa fjellet, og dei reid difor heilt ned til bygderne. Daa dei kom ned paa Fljotstunga, tykte dei det var tid aa sova og tok

---

tri næter var den tidi det sømde seg aa vera gjest i eit hus. — *skyldnad etter lovi* — den fyrste skyldnaden var aa møta paa tinget, naar bonden aatte ein viss midel; elles maatte han bøta (Þingfararkaup). Dinæst maatte han under heile tinget vera til stadar, for han kunde verta lagrettemann.

Digitized by Google
Original from UNIVERSITY OF WISCONSIN

beisli av hestarne sine og lét deim ganga med sâlarne. Dei laag og sov til langt fram paa dagen; men daa dei vakna, saag dei etter hestarne sine. Hestarne hadde fare kvar sin veg, og sume hadde rulla seg. Grette fann sin hest sist Det var daa skikken at folk nista seg ut sjølve til tings, og dei fleste reidde ein matsekk i sâlen sin. Sâlen var komen under buken paa hesten hans Grette, og matsekken var burte. Han fer no og leitar, men finn han ikkje. So ser han ein mann som gjeng og skundar seg. Grette spør kven han er. Han svarar og segjer han heiter Skjegge og er huskar nord paa Aas i Vatsdalen. »Eg er i fylgje med Torkjel bonde,« sa han »eg hev vore gaa-laus og mist matsekken min.« Grette svara: »Eis-mall i ulukka er verst. Eg hev òg tynt burt sekken eg hadde. Lat oss no leita saman.« Det lika Skjegge godt, og dei gjekk ei rid. Men med eitt legg Skjegge paa sprang upp-etter moarne og tek der upp ein sekk. Grette saag han lutte seg, og spør kva han tok up. »Sekken min,« segjer Skjegge. »Kven vitnar det fleire enn du?« sa Grette; »lat meg sjaa, for mangt er anna likt.« Skjegge sa, at ingen mann skulde taka fraa honom det han aatte. Grette treiv i sekken, og dei drogst um han, for baae vilde hava sitt fram. »De mid-tjordingar er underlege, de trur ikkje nokon skal tora halda paa sitt for dykk, naar han ikkje er so rik som de,« sa huskaren. Grette sa at dette gjekk ikkje etter rikdom og vyrdnad, um kvar fekk det han aatte. Skjegge sa: »Audun er for langt burte no til aa kverka deg som ved knatt-leiken.« »Vel er det,« sa Grette; »men ikkje skal du kverka meg, korleis det hitt hev vore.« Skjegge greip daa ei øks og hogg til Grette; men Grette saag det og treiv med vinstre handi so

Digitized by Google
Original from UNIVERSITY OF WISCONSIN

Digitized by Google

Original from
UNIVERSITY OF WISCONSIN

Digitized by Google

Original from
UNIVERSITY OF WISCONSIN

hans fylgde honom paa vegen, og fyrr dei skildest, sa ho: »Du er ikkje soleis fraa garden send, som eg vilde, frende, so god ætt som du er av. Eg tykkjer det er verst at du inkje vaapn hev som det er noko gagn i, og hugen min segjer meg at du kjem til aa turva det.« Ho tok daa fram undan kaapa si eit prydelegt sverd; det var ein ovgod eignalut. Daa sa ho: »Dette sverdet aatte Jokull, farfar min, og dei gamle vatsdølerne, og det gjorde deim sigersæle. Eg vil no gjeva deg sverdet. Og njot det vel!« Grette takka henne vel for gaava, og sa han tykte dette var betre enn anna gods som kunde vera meir verdt. Sidan fór han sin veg, og Aasdis ynskte honom alt godt. Grette reid sør yver heidi og stana ikkje fyrr han kom til skips. Havlide tok vel imot honom. Han spurde Grette etter ferdagodset hans. Daa kvad Grette ei visa:

»Sjømann fræge,
so eg synest
rike folk meg sende
heller snaud heiman.
Gjæve kona med sverdegaava
det gamle ord sanna:
„Moderhjarta
mildast er barnet“.«

Havlide sa det var greidt at mori var mest vyrk for honom. Dei fór til havs so snart dei var

---

Dette sverdet — kom til Island med ein nordmand, Ravn; Ingemunn i Vatsdalen tok det fraa han, for han hadde gjenge inn i hovet med det og brote hovfreden. Ingemunn kalla det *Ættartange* (Soga um vatsdølerne, kap. 17). Etter Ingemunn ervde sonen Jokull sverdet, og det vart rekna likt med skipet Stigande og gòdordet, som dei tvo andre sønerne, Hogne og Tore, fekk (Soga um vatsdølerne, kap. 27).

Digitized by Google
Original from UNIVERSITY OF WISCONSIN

budde og fekk bør. Daa dei kom utum alle grunnar, sette dei segl. Grette gjorde seg ei hola under skipsbaaten og vilde ikkje røra seg derifraa anten til aa ausa eller til aa greida med seglet, og ikkje vilde han gjera det som han skulde gjera paa skipet til liks med dei andre mennerne; heller ikkje vilde han kjøpa seg fri. Dei siglde sør um Røykjanes og so sør med land, og daa landet var or syne, fekk dei stor sjø. Skipet var heller lekt og tolde ille brotsjøarne, so dei leid mykje vondt. Grette lét det daa fjuka med nidvisor, og det lika folket stor-ille. Ein dag var vêret baade kvast og kaldt. Daa ropa kararne paa Grette og bad han hjelpa til, »for me kolnar paa klørne.« Grette saag upp og sa:

»Kunde berre kvar ein finger
krokna her paa kryparne.«

Inkje arbeid fekk dei av honom, og dei lika honom verre no enn fyrr; dei sa han skulde faa svida sjølv for nidvisorne sine og lovløysa han gjorde. »Du tykkjer nok betre um«, sa dei, »aa klappa kona aat Baard styrmann um livet, enn aa gjera din skyldnad paa skipet. Men slikt er utolande.« Vêret auka stendig paa, og dei stod i austren heile døgret. Daa truga dei Grette. Daa Havlide høyrde dette, gjekk han dit Grette laag og sa: »Eg tykkjer ikkje hopehavet millom deg og kjøpmennerne er godt. Du gjer urett mot deim, og lagar nidvisor aat deim attpaa, og dei trugar med aa kasta deg yver bord. Men slikt er ikkje tilraadelegt.« »Kvi skal dei ikkje faa gjera som dei vil?« sa Grette; »men det vilde eg, at det skulde liggja att ein eller tvo hjaa meg, fyrr eg gjeng yver bord.« »Slikt er ugjerande,« segjer Havlide; »det gjeng oss ikkje vel dersom

Digitized by Google
Original from UNIVERSITY OF WISCONSIN

Digitized by Google

Original from
UNIVERSITY OF WISCONSIN

Digitized by Google

Original from
UNIVERSITY OF WISCONSIN

Sidan sprang han attetter til deim som auste, og spurde kva dei vilde han skulde gjera. Dei sa at han kunde visst gjera lite godt. Han sa: »Det er mun i mannshjelp.« Havlide bad deim ikkje vanda hjelpi hans, »for det kann vera at han tykkjer han hev gjort sin skyldnad, naar han byd dykk hjelpi si,« sa han I den tidi hadde dei ikkje pumpor til austren paa havskipi. Folk kalla det bytteauster eller stampauster. Det var baade vaassamt og tungt. Dei skulde hava tvo byttor; naar ei fór ned, fór den andre upp. Kararne bad Grette fylla byttorne. No skulde dei røyna kva han dugde til, meinte dei. Han sa at det kunde ikkje vera so gale aa freista. Han fór daa ned i romet og fyllte byttorne; tvo karar sette dei til aa ausa med han. Dei stod der ikkje lenge fyrr dei var reint utmødde. So bytte fire andre med deim, men det gjekk sameleis. Sume segjer at det maatte 8 mann til aa tøma byttorne for han fyrr det vart slutt. Men daa var òg skipet aust. Fraa den gongen tala kjøpmennerne mykje annarleis um Grette, for dei saag kva han kunde magta med styrken sin. Sidan var han den gjævaste til aa hjelpa kor det trongst.

No ber det austyver havet, og det legg til med myrkeskodda. Ei natt vardest dei ikkje fyrr dei siglde skipet upp paa eit skjer so botnen gjekk undan Dei sette snøgt ut baaten og flutte innpaa kvinnor og alt som laust var. Det var ein liten holme tett attmed, og dit førde dei godset sitt so godt dei vann um natti. Daa det tok til aa ljosna, tala dei um kvar dei var komne. Dei som fyrr hadde fare millom landi, saag at dei var komne til Sunnmøre i Norig. Paa landsida var det ei øy eit stykke fraa deim som heiter Haramsøy. Det var ei stor bygd paa øyi, og ein lendmannsgard.

Digitized by Google
Original from UNIVERSITY OF WISCONSIN

18.

Torfinn heitte lendmannen som aatte garden der paa øyi. Han var son aat Kaar den gamle, som hadde butt lenge der. Torfinn var ein stor hovding. Daa det var aalljos dag, saag øyfolket at det var kome kjøpmenner som var stadde i naud, og det vart fortalt til Torfinn. Han skunda seg og fekk sett ut ei stor skuta, som han aatte; 16 mann rodde, men dei var nær 30 mann i alt paa skuta. Dei rodde so fort dei vann og berga godset aat kjøpmennerne; men havskipet sokk ned, og dei miste mykje gods. Torfinn førde alle skipsfolki heim til seg. Dei var der ei vika og turka varorne sine. Sidan fór kjøpmennerne sør i landet, og dei er ute or soga.

Grette vart etter hjaa Torfinn og heldt seg smaalaaten og var oftast faamælt. Torfinn lét honom faa maten, men brydde seg ikkje stort um honom. Grette fylgde honom sjeldan og vilde ikkje ganga med honom ute um dagen. Det lika Torfinn ille; men han nentest ikkje neitta honom maten. Torfinn livde flust og var ein gladværug mann. Han vilde òg at andre skulde vera glade.

Grette fór kringum paa vitjing i dei andre tuni der paa øyi. Audun heitte ein mann som budde paa Vindheim. Dit for Grette dagleg og gjorde seg til vens med Audun og sat der jamt langt fram paa dag. Seint ein kveld daa Grette skulde gaa heim, saag han ein stor eld gaus upp paa neset som ligg nedanfor garden til Audun. Grette spurde etter kva nyhending det var. Audun sa det var ikkje um aa gjera for honom aa vita det. »Um me hadde sét slikt i vaart land, hadde dei sagt at det brann yver ein skatt,« sa Grette. Bonden svara: »Den mannen som raar for denne el-

Digitized by Google
Original from UNIVERSITY OF WISCONSIN

Digitized by Google

Original from
UNIVERSITY OF WISCONSIN

Digitized by Google

Original from
UNIVERSITY OF WISCONSIN

Fort vil nok folk
frette det grannleg.
Her grava etter gull
gled ikkje mange meir.«

Torfinn svara: »Ikkje er du nokon kveppen kar, og ingen hev fyrr fyst etter aa brjota haugen. Men for di eg veit at det gods er ille kome som er gøymt i jord, eller i haug bore, so vil eg ikkje lasta deg for det, no naar du førde det til meg. Men kvar fann du det gode sakset?« Grette svara og kvad:

»Saaraukaren skarpe
or skume haug tok eg.
Haugbuen fall,
du gullrike hovding!
Hjelmlogen dyre,
som hausarne kløyver,
aldri kom meg or hand,
aatte eg han berre!«

Torfinn svara: »Vel er det mælt, men du skal syna eit frægdarverk, fyrr eg gjev deg sakset. For eg fekk det aldri av far min medan han livde.« Grette svara: »Ingen kann vita kven det vert mest til gagn, fyrr det er slutt.« Torfinn tok imot godset og gøymde sakset attmed sengi si. So leid vinteren fram til jol, og det hende ikkje meir til aa nemna.

19.

Næste sumaren vilde jarlen Eirik Haakonson fara or landet og vest til England til maagen sin,

---

Næste sumaren — etter Boer; andre handskr. hev »sumaren fyreaat«. — Etter sogorne er det aar 1011 eller 1012, i røyndi 1014.

Digitized by Google
Original from UNIVERSITY OF WISCONSIN

Knut den megtige, og han sette Haakon, son sin, til styrar i Norig. Men Svein jarl, bror hans, skulde hava tilsyn og vera yverstyrar, for Haakon var berre barnet. Fyrr Eirik jarl fór or landet, hadde han stemnt til seg lendmenner og storbønder. Dei tala mykje um lov og landsskipnad, for Eirik tok seg mykje av landsstyringi. Folk tykte det var ein stor uskikk i landet at ufredsmenner eller berserkar stemnde gjæve menner til holmgang um gods eller kvinnor. Den som fall for den andre, skulde liggja utan bøter. Mange fekk baade skam og skade av dette, og sume miste livet med. Difor forbaud Eirik jarl all holmgang i Norig. Han gjorde òg utlæge alle dei ransmenner og berserkar som fór med valdsverk. I denne raadleggjingi og skipingi var Torfinn Kaarsson fraa Haramsøy òg med jarlen, for han var ein vitug mann og god ven med jarlarne.

Tvo brør skulde vera dei verste. Ein heitte Tore tomb og den andre Ogmund ille. Dei var haaløyger av ætt, og var større og sterkare enn andre menner. Dei gjekk berserkgang og sparde ingen ting naar dei kom i egse. Dei tok burt konor fraa mennerne deira og hadde deim hjaa seg ei vika eller ein halv maanad, og førde deim so heim att til deim som aatte deim. Dei rana kvar dei kom og gjorde andre valdsverk. Eirik jarl gjorde deim utlæge yver heile Norig. Torfinn var den som la seg mest um aa faa deim fredlause. Difor vilde brørne løna honom med full fiendskap. Sidan fór jarlen or landet, som det

---

tomb — utspana mage. Etter Finnur Jónsson same ordet i tilnamnet tambeskjelvar; for eit ord þǫmb — boge(streng) finst fyrst i rimur fraa ikring 1400, og daa til aa forklaara tilnamnet aat Einar.

Digitized by Google
Original from UNIVERSITY OF WISCONSIN

er fortalt i soga hans; men Svein jarl hadde yverveldet og styringi i Norig.

Torfinn hadde fare heim til garden sin og sat heime til fram imot jol, som fyrr er sagt. Burt imot jol budde Torfinn seg til aa fara til garden sin i Slysfjorden dei kallar; det er paa fastlandet. Han hadde bede dit mange av venerne sine. Husfrua hans Torstein kunde ikkje fara med, for eldste dotter deira laag sjuk, og dei vart baae heime. Grette var òg heime og aatte drengjer med honom. Torfinn fór no med 30 frigjevne menner til joleveitsla, og der var den største gaman og gleda.

No kom jolaftan, og vêret var so klaart og stilt. Den dagen var Grette mest ute og saag paa skipi som fór sør og nord med landet; for folk reiste til kvarandre, der det var laga til samdrykkja. Dotteri til bonden hadde batna, so ho gjekk uppe med mor si. No leid det paa dagen. Daa saag Grette at det rodde eit skip til øyi. Det var ikkje stort, men tettsett med skjoldar millom stamnarne. Skipet var maala ovansjøs. Dei rodde hardt og stemnde aat naustet hans Torfinn. Daa skipet tok land, sprang dei yver bord som paa skipet var. Grette talde mennerne og fann at det var 12 i alt. Ikkje tykte han dei saag fredelege ut. Dei lyfte upp skipet sitt og bar det paa land. Etter det sprang dei til naustet. Der inne stod det store skipet hans Torfinn. Det var aldri færre enn 30 mann til aa setja det ut, men dei 12 rykte det straks ned paa fjøresteinarne. So lyfte dei upp skipet sitt og bar det inn i naustet. Daa tykte Grette sjaa at dei vilde taka seg sjølve til rette. Han gjekk til møtes med deim og fagna deim vel

---

Slysfjorden — rettare Slygsfjorden — no Slyngsfjorden (Sunnelvsfjorden).

Digitized by Google

Original from UNIVERSITY OF WISCONSIN

og spurde kven dei var og kva formannen deira heitte. Han som han tala aat, svara skjott at han heitte Tore, tomb dei kalla, og bror hans heitte Ogmund, og dei andre var felagarne deira. »Eg tenkjer,« sa Tore, »at Torfinn, husbonden dykkar, hev høyrt gjete oss. Er han heime?« Grette svara: »De maa vera store lukkefuglar, for de er komne hit i ei god stund, um de er dei mennerne eg meiner. Bonden er faren heimanfraa med alle heimemennerne, deim som frie er, og etlar seg ikkje heimatt fyrr etter jol. Husmori og dotteri er heime, og um eg tyktest hava nokon motgang aa hemna, daa vilde eg helst koma paa denne maaten; for her er alt det ein treng hava, baade øl og annan fagnad.« Tore tagde medan Grette lét munnen ganga; so sa han til Ogmund: »Gjekk det ikkje som eg gat paa?» sa han. »Eg var huga aa hemna at Torfinn fekk gjort oss utlæge. Denne mannen er god til aa fretta av, og me treng ikkje um aa draga ordi or honom.« »Ordi sine raader ein sjølv for,« sa Grette, »og eg skal gjera dykk den hjelpi eg kann. Ver no med heim.« Dei sa han skulde hava takk for det, og sa dei tok imot tilbodet.

Daa dei kom heim i garden, tok Grette Tore i handi og leidde honom til stova. Grette var daa mykje munnkaat. Husmori var i stova og heldt paa aa hengja upp tjeld og stella fint til. Men daa ho høyrde Grette, stana ho paa golvet og spurde kven Grette fagna so vel. Han svara: »Det er mi raad aa taka godt imot gjesterne. Her er bonden Tore tomb komen og 11 mann med honom, og dei etlar seg til aa vera her i joli. Det er gildt, for me var heller faamente fyrr.« »Eg reknar ikkje deim for bønder eller gode menner,« svara ho, »for dei er dei verste ransmenner og

Digitized by Google
Original from UNIVERSITY OF WISCONSIN

illgjerningsmenner. Eg vilde gjerne ha gjeve mykje av mi eiga til at dei ikkje var komne hit denne gongen. Du løner òg Torfinn ille for det at han tok deg snaud fraa skipsbrotet og hev halde deg som ein fri mann i vinter.« Grette svara: »Det er betre no fyrst aa taka vaasklædi av gjesterne enn aa lasta meg, for det fær du sagte høve til seinare.« Daa sa Tore: »Ver ikkje harm, husfru. Ingen saknad skal du hava um husbonden din ikkje er heime, for du skal faa mann i hans stad, og like eins dotter di og alle heimekvinnorne.« »Slikt er karsleg tala,« sa Grette; »daa kann dei ikkje lenger vera misnøgde.« No rømde alle kvinnorne ut, og det kom paa deim stor otte og graat. Grette sa til berserkarne: »Lat meg taka det som de vil leggja av dykk, vaapn og vaasklæde, for kvinnfolki er ikkje medraadlege so lenge dei er so skræmde.« Tore sa han vyrde ikkje kva kvinnor rølte, »men me lyt gjera stor skil paa deg og dei andre heimemennerne. Det ser ut til at me kann hava deg til vaar tillitsmann.« »Det fær de sjaa til,« sa Grette, »men ikkje er eg den same mot alle.« Sidan la dei fraa seg flestalle vaapn.

Etter det sa Grette: »Det er visst likaste at de fer til bords og drikk noko, for de maa vera tyrste etter roren.« Dei sa at det var dei vel huga paa, men dei var ukjende med kjellaren. Grette spurde um dei vilde lita paa hans tilsyn og umsut. Det vilde berserkarne gjerne. Grette fór og fann fram øl og gav deim aa drikka. Dei var mykje trøytte og drakk dugeleg. Han sparde ikkje paa ølet, det sterkaste der var, og soleis gjekk det lenge. Han fortalde deim òg mange løglege sogor. Av alt dette vart dei mykje høgrøysta av seg, so heimekararne fyste ikkje etter

Digitized by Google
Original from UNIVERSITY OF WISCONSIN

aa koma i lag med deim. Daa sa Tore: »Aldri hev eg funne ein ukjend mann som vilde gjera oss so vel som denne mannen. Kva løn vil du hava av oss felagar for tenesta di?« Grette svara: »Ikkje tenkjer eg aa taka imot noko løn her for berre dette, men er me likso gode vener naar de fer burt, som det no teiknar til, so vil eg slaa meg i lag med dykk. Og um eg magtar mindre enn einkvar av dykk, kjem eg visst ikkje til aa telja fraa noko vaagestykke.« Dei vart mykje glade for dette og vilde straks binda samlaget med fast avtale. Grette sa dei skulde ikkje det — »for det er sant som det er sagt, at 'drukken mann er ein annan mann.' Difor skal me ikkje gjera dette i braahast, men lata det vera som eg fyrr hev sagt. For me er ikkje noko godgutar nokon av oss.« Dei sa dei vilde ikkje ganga attpaa.

No leid det so langt paa kvelden at det tok til aa myrkna mykje. Daa saag Grette at dei vart noko mødde av drykken. Daa sa han: »Tykkjer de ikkje det er tid aa gaa til sengs?« Tore sa at so var det, »og eg skal halda det eg lova husfrua.« Grette gjekk fram i døri og sa høgt: »Gaa til sengs kvinnor, soleis vil Tore bonde hava det.« Dei ynskte honom ilt imot, og det var det verste ulvetot aa høyra fraa deim. I det same kom berserkarne fram, og Grette sa: »Lat oss ganga ut, so skal eg syna dykk klædebudi hans Torfinn.« Dei gjekk med paa det, og dei kom til eit ovleg stort bur. Det var eit sterkbygt hus med yterdør fyre og sterkt laas til. Attmed var eit stort avhus, og millom husi var det berre ein bordklædning. Husi stod noko høgt, og det gjekk ei tropp upp til dei. Berserkarne vart urolege og skumpa til Grette. Han drog seg undan, og daa dei minst venta det, sprang han ut or huset, greip

Digitized by Google
Original from UNIVERSITY OF WISCONSIN

i hespa og slo so att døri og sette laas fyre. Tore og felagarne hans tenkte fyrst at døri hadde gjenge att av seg sjølv og brydde seg ikkje um det. Dei hadde ljos med seg, for Grette hadde synt deim mykje stas som Torfinn aatte, og dei saag paa det ei stund.

Grette fór heim til garden, og med det same han kom i døri, ropa han høgt og spurde kvar husmori var. Ho tagde, for ho torde ikkje svara. Han sa: »Her er noko aa veida nær ved. Finst det vaapn, som er brukande?« Ho svara: »Vaapn er her, men ikkje veit eg kva du vil med deim.« »Lat oss tala sidan um det,« sa han, »hjelp no til kvar som kann; for det er mindre von sidan.« Husmori sa: »No maatte Gud sjølv vera paa garden skulde ein kunna bøta vaar vanraad. Yver sengi hans Torfinn heng det store krokespjotet som Kaar den gamle hev aatt. Der er òg hjelm og brynja og det gode sakset. Vaapni skal ikkje vanta, hev du hug som duger.« Grette treiv hjelmen og spjotet, men gyrde sakset um seg, og skunda seg ut. Husmori ropa paa drengjerne og bad deim fylgja so djerv ein mann. Fire tok til vaapni, men dei andre fire torde ikkje koma nær ein gong.

No er det aa segja fraa berserkarne, at dei tykte det drygde fyrr Grette kom att. Dei undrast paa um det ikkje laag svik under. Dei sprang til døri og fann at ho var læst. Dei la seg daa mot timberveggjerne so det braka i kvar ein stokk. Til sist fekk dei brote sund bordveggen og kom seg fram i gangromet og derifraa ut paa troppi. Berserkgangen kom paa deim, og dei ylte som hundar. Nett daa kom Grette att. Han køyrde spjotet tvihendes midt paa Tore daa han skulde ned troppi, so det gjekk tvert igjenom honom.

Digitized by Google
Original from UNIVERSITY OF WISCONSIN

Spjotbladet var baade langt og breidt. Ogmund ille gjekk so nær Tore at han skuva honom fram paa spjotet like til mothakarne. Daa stod spjotet ut millom herdarne paa Tore og fram i brjostet paa Ogmund. Dei stupte daa baae daude ned. Daa sprang alle ut fraa troppi der dei stod. Grette sette mot kvar einskild og gjorde ymist: anten hogg han med sakset eller stakk med spjotet; men dei varde seg med trelurkar som laag paa vollen, og alt det dei fekk tak i. Det var den største livsfaare aa faast med deim endaa dei ikkje hadde vaapn, for dei var so sterke. Grette drap daa tvo av haaløygerne der paa tunet. No kom dei fire huskararne til; dei hadde ikkje vorte samde um kva vaapn kvar skulde hava. Dei sette fram straks berserkarne drog seg undan, men daa dei snudde seg imot, rømde huskararne upp under husi. Der fall seks vikingar, og Grette var bane-mann til deim alle. Daa sprang dei andre seks undan ned til naustet og inn i det; der varde dei seg med aararne. Grette fekk daa store slag av deim so det var nær dei hadde skamslege han. Huskararne fór daa heim og skrøytte av karsstykki sine. Husmori bad deim sjaa etter kvar det vart av Grette, men det fekk ho deim ikkje til. Grette drap tvo i naustet, men hine fire kom seg ut ifraa honom. Dei fór daa kvar sin veg, tvo og tvo, og han elte deim som var nærast honom. No var det myrke natti. Dei sprang til ei kornløda paa garden Vindheim som fyrr er nemnd. Der slost dei lenge, men um sider drap Grette baae.

No var han daudtrøytt og styrd. Det leid langt paa natti, og vêret var mykje kaldt med snøfok. Han nentest ikkje leita etter dei tvo vikingarne som daa var att, men gjekk heim til garden. Husmori lét setja ljos ved gluggarne i øvste loftet, so

Digitized by Google
Original from UNIVERSITY OF WISCONSIN

han hadde det til rettleiding. Det gjekk òg so at han fann heim, for han saag ljoset. Men daa han kom i døri, gjekk husmori til honom og bad honom vera velkomen – »og du hev,« segjer ho, »vunne mykje frægd og løyst meg og husfolket mitt fraa ei skam som me aldri hadde fenge bøtt, hadde ikkje du berga oss.« Grette svara: »Eg tykkjer eg er mest den same no som daa de fyrr i kveld tala svivyrdelegt til meg.« Husmori sa: »Me visste ikkje at du var slik ein gjævving som me no hev røynt. Du skal hava sjølvbede alt her paa garden som eg hev aa raada yver og som du tykkjer sømd i aa faa. Men eg trur at Torfinn løner deg endaa betre naar han kjem heim.« Grette svara: »Eg treng lite um løn for det fyrste, men eg tek imot tilbodet ditt til bonden kjem heim. Elles tenkjer eg de fær sova i fred for berserkarne i natt.« Grette drakk lite um kvelden og laag med vaapni sine paa seg um natti.

Um morgonen straks det lyste, stemnde mennerne saman paa øyi. So fór dei og leita etter dei berserkarne som hadde kome seg undan um kvelden. Fram paa dagen fann dei deim under ein stein. Dei hadde sett til av saari og av kulden So vart dei førde til ei urd ved strandi og nedrøysa der. Etter det fór dei heim, og øybuarne tykte dei var trygge paa freden. Daa Grette kom heim til husmori kvad han denne visa:

»Tolv kjempor tynte
ved tjotande havet grov me.
Eismall eg deim unnte
alle dauden vel.
Kva gjerning gjer ein daa gild,
du gull-gjevande viv,

Digitized by Google
Original from UNIVERSITY OF WISCONSIN

um dette verk eg eine vann,
vesalt reknast her?«

Husmori sa: »Det er visst du er faa menner lik av deim som no liver.« Ho sette honom i høgsætet og stelte um han paa beste visi.

Soleis leid det no fram til at Torfinn var ventande heim.

20.

Etter jol budde Torfinn seg til heimferd, og gav mange gode gaavor til deim han hadde bede til seg. Sidan fór han med fylgjet sitt til han kom nær til nausti sine. Dei saag at det laag eit skip paa sanden, og bar braatt kjensl paa, at det var det store skipet hans. Torfinn hadde daa ikkje høyrt um vikingarne. Han bad kararne skunda seg til lands. »Eg ottast,« sa han, »at det ikkje er vener som hev vølt um her.« Torfinn gjekk fyrst paa land og fór upp aat naustet. Han saag det stod eit skip der, og han kjende at det var skipet aat berserkarne. Han sa daa til mennerne sine: »Eg ottast det hev hendt eitkvart som eg vilde gjeva øyi og alt her stend imot at det ikkje hadde hendt.« Dei spurde kva det kunde vera. Daa sa han: »Her hev dei verste vikingar eg veit i heile Norig kome, Tore tomb og Ogmund ille. Dei hev nok ikkje laga det hyggjelegt for oss, og islendingen lit eg ikkje mykje paa« Og mangt anna tala han til felagarne sine um dette.

Grette var heime, og det var hans skuld at folk gjekk so seint ned aat strandi. Han sa han var like sæl um bonden vart noko skjelven for kva som kunde ha hendt paa garden. Men daa husmori bad um lov, sa han at ho raadde sjølv

Digitized by Google
Original from UNIVERSITY OF WISCONSIN

for um ho vilde gaa eller ikkje, men ikkje vilde han gaa. Ho skunda seg til møtes med Torfinn og fagna honom vel. Han vart glad ved det og sa: »Gud vere lov for at eg ser deg frisk og glad og like eins dotter mi. Korleis hev de havt det sidan eg fór heimanfraa?« Ho svara: »Det gjekk vel til slutt. Men det hadde so nær gjenge yver oss so stor svivyrding, at me aldri hadde fenge bøtt det, um ikkje vintergjesten din hadde hjelpt oss.« Daa sa Torfinn: »No skal me setja oss ned, og du skal fortelja tidend « Ho fortalde daa greinleg alle tilburder som der hadde hendt, og kytte mykje av styrken og djervskapen hans Grette. Torfinn tagde imedan. Daa ho hadde fortalt alt, sa han: »Det er sant som det er sagt at 'lenge skal mannen røynast!' Kvar er Grette no?« Husfrua sa: »Han er heime i stova.« So gjekk dei heim til garden.

Torfinn gjekk til Grette, vende seg mot han og takka honom med mange fagre ord for den manndom han hadde synt. »Og det vil eg segja til deg — endaa det er faae som talar so til venen sin — at eg vilde gjerne du trong til hjelp. Daa kunde du faa sjaa, um eg kunde vera mann til aa hjelpa deg eller ikkje,« sa Torfinn, »men aldri fær eg lønt deg for velgjerningi di, um du ikkje kjem i naud. Men hjaa meg kann du vera so ofte du treng det, og av sveinarne mine skal du alltid haldast i den største æra.« Grette sa han skulde ha mykje takk for det — »og eg hadde teke imot det um du hadde bode det fyrr.«

No var Grette der um vinteren, og det var den største venskap med honom og Torfinn. Han vart no òg namnfræg for verket sitt i heile Norig, men mest der som berserkarne hadde gjort verste skaden.

Digitized by Google

Original from
UNIVERSITY OF WISCONSIN

Um vaaren spurde Torfinn Grette kva han vilde taka seg til. Han sa han tenkte aa fara nord til Vaagan, naar der vart kjøpstemna. Torfinn sa han skulde faa so mykje pengar som han vilde hava. Grette svara, at denne gongen turvte han ikkje meir enn litt reisepengar. Torfinn sa at det skulde han faa, og fylgde honom til skipet. Daa gav han Grette det gode sakset, og Grette bar det so lenge han livde; det var ein dyr eignalut. Torfinn bad honom koma att so snart han trong hjelp.

Grette fór no nord til Vaagan, og der var det ovleg folksamt. Det var mange han aldri hadde sét fyrr, som fagna honom vel for det frægdarverket han hadde gjort daa han drap vikingarne. Mange gjæve menner bad honom heim til seg, men han vilde fara attende til Torfinn, venen sin. Han fekk daa fylgja eit handelsskip som ein mann som heitte Torkjel aatte. Han budde i Salten i Haalogaland og var ein gjæv mann. Men daa Grette kom heim til Torkjel, tok han imot honom ovleg vel og bad Grette vera der um vinteren, og la attaat mange gode ord. Grette tok imot det og var hjaa Torkjel denne vinteren i gleda og gaman.

21.

Bjørn heitte ein mann som heldt til hjaa Torkjel. Han var braalynd, men av god ætt og noko skyld Torkjel. Han var ikkje vensæl hjaa folk; for han slarva mykje um folk som var hjaa Torkjel, og dreiv soleis mange burt. Det vart lite av millom Bjørn og Grette; for Bjørn vyrde ikkje Grette stort, og Grette var strid og tverr, so det vart fiendskap millom deim. Bjørn var mykje stor paa

Digitized by Google
Original from UNIVERSITY OF WISCONSIN

det og gjorde seg breid. Difor fekk han mange unge gutar med seg, og dei fór ofte ute og slong um kveldarne. Det hende seg tidleg paa vinteren, at ein sinna hibjørn rende ut or hiet sitt, og han vart so morsk at han sparde korkje folk eller fe. Folk meinte at han vakna av den sjauen som Bjørn og felagarne hans hadde gjort. Dyret vart no so gramt at det tynte buskapen for folk. Torkjel hadde meste skaden av dette, for han var den rikaste mannen i dette bygdelaget.

Ein dag bad Torkjel mennerne sine fylgja med og leita upp hiet aat bjørnen. Dei fann det i nokre sjøhamrar. Der var ein høg klett og ein heller framme i kletten; dit gjekk det berre ein stig. Det var flogbratt under helleren og ei urd nede ved sjøen. Den som rapa utyver, var viss paa dauden. Bjørnen laag i hiet um dagen, men gjekk jamt ut naar det kvelda. Daa heldt ingi grind honom fraa feet, og hundarne vart til ingi hjelp. Folk tykte dette gjekk reint paa skade. Bjørn, frenden hans Torkjel, sa det verste var gjort no dei hadde funne hiet. »Eg skal no prøva,« sa han, »korleis leiken kann gaa millom oss namnarne.« Grette lest ikkje vita kva Bjørn tala um dette.

Um kvelden hende det jamnan at Bjørn gjekk ut, naar folk la seg. Det var ei natt at Bjørn gjekk til hiet. Han vart var at bjørnen var der og grein fælsleg. Bjørn la seg ned paa den tronge stigen og hadde skjolden yver seg, og tenkte aa bia der til dyret skulde burt som vanleg. Bamsen hadde vêr av mannen og drygde med ferdi. Bjørn vart so svevnug der han laag og kunde ikkje halda seg vaken. Men daa dreg dyret or hiet og ser mannen ligg der, krøkjer til med framlabben og rykkjer av honom skjolden og kastar han utfor

Digitized by Google
Original from UNIVERSITY OF WISCONSIN

fjellet. Bjørn vaknar, sprett upp og tek til føterne og spring heim. Det var so nær at dyret skulde ha gripe honom. Dette visste felagarne hans; for dei njosna etter kvar Bjørn fór. Dei fann skjolden um morgonen og gjorde fælt gjøn av dette.

I joli fór Torkjel sjølv til hiet; dei var aatte mann, Bjørn og Grette og andre av fylgjesmennerne hans Torkjel. Grette hadde yver seg ei lodi kaapa, og han la henne av seg medan dei søkte aat dyret. Det var ulagelegt aa søkja aat, for dei kunde ikkje koma til med anna enn spjot, og deim beit dyret av seg. Bjørn eggja deim daa mykje til aa ganga paa, men sjølv gjekk han ikkje so nær at det var nokon faare for honom. Best det var, treiv Bjørn kaapa til Grette og kasta henne i hiet til bjørnen. Dei fekk ikkje noko gjort, og vende heimatt daa det leid paa dag. Men daa Grette skulde gaa heim, sakna han kaapa si. Han fekk daa sjaa at bjørnen hadde drege kaapa under seg. Daa sa han: »Kven hev havt meg til ap og kasta kaapa mi i hiet?« Bjørn svara: »Den hev gjort det som torer ganga ved det.« Grette sa: »Eg heldt ikkje slikt for noko karsstykke.« No snudde dei heimetter. Daa dei hadde gjenge ei rid, slitna hosebandi for Grette. Torkjel sa dei skulde bia paa honom, men Grette meinte det trongst ikkje. Daa sa Bjørn: »De maa ikkje tru at Grette renner fraa kaapa si; han vil hava frægd av aa drepa aaleine det dyret som me aatte hev gjenge ifraa. Daa var han slik som det er sagt um honom, men i dag hev han vore fælande stakarsleg av seg.« »Eg veit ikkje kva du duger til,« sa Torkjel; »men ikkje er de tvo like djerve menner, og last ikkje honom.« Bjørn sa at ingen av deim raadde for kva han skulde segja eller ikkje.

Digitized by Google
Original from UNIVERSITY OF WISCONSIN

No var det eit leite millom deim. Daa snudde Grette attende til stigen, og no slapp han trætta med nokon um kven som skulde taka paa bjørnen. Han drog daa sverdet Jokulsnaut, og han hadde ei honk paa handtaket, og den smøygde han upp yver handi si; dette gjorde han for di han tykte han daa fekk betre taka til det han vilde, naar handi var fri. Han gjekk straks fram den tronge stigen. Daa dyret saag mannen, sprang det upp i illsinne mot Grette og slo til honom med den framlabben som var lengst fraa berget. Grette hogg imot med sverdet og raaka labben ovanfor klørne og tok han av. Daa vilde bjørnen slaa med den labben som var frisk; han studde seg paa stuven, men daa var han lægre enn han tenkte, og dyret fall beint i fanget paa Grette. Han treiv daa millom øyro paa dyret, og heldt det soleis fraa seg so det ikkje naadde aa bita honom. Grette hev sjølv sagt, at han tykte han der gjorde den største styrkeprøva daa han heldt dyret. Men bjørnen braut hardt paa, og romet var lite, og so rauk dei baae utfor berget. No var dyret tyngre, og kom fyrst i urdi. Grette kom øvst; men bjørnen lamslo seg paa den sida som snudde ned. Grette treiv sakset og la det gjenom hjarta paa bjørnen og det vart banen hans. Etter det fór Grette heim og tok med seg kaapa si som var heilt sundrivi. Han hadde òg med seg det han hadde hogge av labben. Torkjel sat ved drykken daa Grette kom i stova. Dei lo aat den sundslitne kaapa han hadde yver seg. So la han upp paa bordet det han hadde hogge av labben. Torkjel sa: »Kvar er no Bjørn, frenden min? Aldri saag eg jarni bita so for deg, og eg vil du skal bjoda Grette sømd for den svivyrdingi du hev gjort honom.« Bjørn sa det kom til aa drygja

Digitized by Google
Original from UNIVERSITY OF WISCONSIN

med det, »og eg vyrder aldri anten han likar det vel eller ille.« Grette kvad denne visa:

»Ofte kom um kvelden
kraumen seint til husar
vilde bamsen vitja,
vart aldri saara.
Ingen saag meg sitja
seint ved bjørnehiet,
likevel braut eg bamsen
burt fraa bergehola.«

»Du hev nok synt deg som ein kar,« sa Bjørn, »men du fortel ikkje soga rett um oss baae. Eg skynar du vil stinga meg med desse sneidordi.« Torkjel sa: »Eg vil det, Grette, at du ikkje hemner deg paa Bjørn. Men eg vil gjeva deg full mannbot for honom, og so skal de vera forlikte.« Bjørn meinte han kunde bruka pengarne sine betre enn aa bøta for dette. »Eg tykkjer det er best at den eine eiki fær det ho skjev av hi, naar eg og Grette ryk i hop.« Grette sa han lika dette ovleg godt. »Gjer det for mi skuld, Grette,« sa Torkjel, »at du ikkje gjer Bjørn noko medan de er her hjaa meg.« »Det skal so vera,« sa Grette. Bjørn sa han skulde gaa urædd for Grette, kvar dei so fanst. Grette flein til det, og han vilde ikkje taka pengebot for Bjørn No var dei der um vinteren.

22.

Um vaaren fór Grette nord til Vaagan med skipsfolket. Han og Torkjel skildest med venskap. Men Bjørn fór vest til England og styrde det skipet til Torkjel som fór dit. Bjørn var der

Digitized by Google
Original from UNIVERSITY OF WISCONSIN

um sumaren og kjøpte aat Torkjel dei ting som han var tilsagd um. Daa det leid paa hausten, sigldе han vestanfraa. Grette var i Vaagan til dess handelsskipi sigldе burt. Sidan sigldе han sør etter med nokre ferdafolk, til dei kom til ei hamn som dei kallar Gartarne, ut for Trondheimsfjorden, og der tjelda dei yver seg. Daa dei hadde laga seg til, sigldе eit skip sunnanfraa inn paa hamni. Dei saag med ein gong at det var ein Englandsfarar. Dei la til ytst ved strandi og gjekk paa land. Grette og felagarne hans gjekk til møtes med deim. Og daa dei møttest, saag Grette at Bjørn var der i fylgjet, og sa: »Det er bra at me finst her. No skal me skilja den gamle usemja vaar. No vil eg røyna kven av oss som er den beste.« Bjørn lét um at dette var noko gamalt no — »men um det hev vore noko, daa vil eg bøta, so du tykkjest vera vel halden av det.« Grette kvad daa ei visa:

»Fordum vann eg bjørnen;
vidspurd eg vart av det.
Men fælt han flakte
felden min side.
Skuldi hev du, din skarv;
no skal du svara for det!
Sjeldan eg tykkjest aa skreppa
naar mine storverk eg segjer.«

Bjørn sa det hadde vore bøtt med pengar for større saker enn denne. Grette sa det var faae som hadde vaaga aa spotta honom, og aldri hadde han teke mot pengebøter, og det vilde han ikkje her etter heller. »Me skal ikkje baae ganga heile herifraa um eg maa raada. Eg kallar deg ein ræddhuga stakar, um du ikkje torer slaast.« Bjørn saag no at det nytta ikkje aa beda seg undan og

Digitized by Google
Original from UNIVERSITY OF WISCONSIN

tok vaapni sine og gjekk paa land. So sprang dei paa kvarandre og tok til aa slaast, men det var ikkje lenge fyrr Bjørn vart saara, og straks etter fall han daud til jordi. Men daa fylgjesmennerne til Bjørn saag det, gjekk dei umbord i skipet og skunda seg nord med landet til møtes med Torkjel og fortalde honom um denne tilburden. Han sa det kom ikkje fyrr enn ventande var. Straks etter dette fór Torkjel sør til Trondheim og fann Svein jarl der.

Grette fór sør paa Møre etter draapet paa Bjørn og raaka Torfinn, venen sin, og fortalde honom det som hadde hendt. Torfinn tok vel imot honom. »Det er godt du treng um venehjelp,« sa han. »Du skal vera hjaa meg til denne saki er ende.« Grette takka honom for tilbodet og sa at han tok imot det.

Svein jarl sat paa Steinkjer inne i Trøndelagen, daa han spurde at Bjørn var drepen. Daa Hjarrande, bror hans Bjørn, med honom og var hirdmannen hans. Han vart fælande vreid daa han spurde draapet paa Bjørn, og bad jarlen um hjelp i saki. Jarlen lova honom det og sende menner til Torfinn, og stemnde baade han og Grette til møte med seg. Baae budde seg straks etter bodet fraa jarlen og fór inn til Trøndelagen og skulde møta honom. Jarlen hadde daa møte um saki og bad Hjarrande vera til stadar. Hjarrande sa han vilde ikkje bera bror sin i pengepungen. »Anten skal eg fara same ferd som han eller hemna honom,« sa han. Daa no jarlen hadde skoda saki, fann han at Bjørn hadde gjort Grette mykje vondt; og Torfinn baud pengebøter etter det som jarlen tykte var sømelegt aa gjeva ervingarne. Han tala lenge um kor stor velgjerning Grette hadde gjort mot mennerne nord i landet, daa han drap ber-

Digitized by Google
Original from UNIVERSITY OF WISCONSIN

serkarne, som fyrr er sagt. Jarlen svara: »Det er sant du segjer, Torfinn. Det var radt ei landreinsing, og det sømer oss vel aa taka pengebøter naar du bed um det. Grette er òg ein vidgjeten kar for styrke og manndom.« Hjarrande vilde ikkje taka mot forlik, og møtet slutta. Torfinn fekk Arnbjørn, frenden sin, til aa fylgja Grette kvar dag, for han visste at Hjarrande sat etter livet hans.

23.

Det var ein dag at Grette og Arnbjørn gjekk etter gata for moro skuld. Daa dei kom fram for eit gardsled, sprang ein mann fram or ledet med lyft øks og hogg til Grette med baae hender. Han vart ikkje var det og gjekk i mak. Arnbjørn fekk sjaa mannen, treiv til Grette og skuva honom so hardt framyver at han fall paa knei Øksi kom paa herdebladet og rende ut under armen; det vart eit stort saar. Grette braasnudde seg og drog sakset Han saag det var Hjarrande som var der. Øksi stod fast i gata og han vart sein til aa kippa ho aat seg I det same hogg Grette til Hjarrande og raaka armen uppe ved oksli so han gjekk av. Daa sprang fylgjesmennerne hans Hjarrande fram, fem i alt. Det vart strid millom deim. Det vart snart avgjort. Grette og Arnbjørn drap deim som var med Hjarrande; men ein kom seg undan og fór til jarlen og fortalde honom desse tidender.

Jarlen vart ovleg vreid daa han frette dette, og stemnde til ting dagen etter. Torfinn og Grette kom paa tinget. Jarlen reiste saki mot Grette for draapet. Han gjekk ved det, og sa at han maatte

Digitized by Google
Original from UNIVERSITY OF WISCONSIN

berga livet. »Eg hev òg merke paa meg,« sa Grette. »og eg hadde fenge bane av det, hadde ikkje Arnbjørn berga meg.« Jarlen sa det var ille han ikkje vart drepen, »det vert mange manns bane at du liver.«

Daa var Berse, son til Skald-Torva, komen til jarlen; han og Grette var vener og felagar. Torfinn og han gjekk fram for jarlen og bad um grid for Grette; dei baud jarlen aa døma aaleine i denne saki, naar berre Grette kunde faa grid og landvist*). Jarlen var traud til alt forlik; men han gav daa etter for bønerne deira. Grette skulde hava grid til vaaren, men jarlen vilde ikkje gjeva fullt forlik fyrr Gunnar, bror til Bjørn og Hjarrande, var til stadar. Gunnar aatte gard i Tunsberg.

Um vaaren stemnde jarlen Grette og Torfinn aust til Tunsberg; for han etla aa vera der naar dei fleste skipi siglde inn der aust. Dei fór daa austyver dit. Jarlen var komen til byen fyre deim. Grette fann der Torstein dromund, bror sin. Han tok imot honom ovleg vel og bad honom til seg. Torstein aatte gard der i byen. Grette fortalde honom um sakerne sine, og Torstein lova aa hjelpa; han bad Grette vera var um seg for Gunnar. No leid tidi til fram paa vaaren.

24.

Gunnar var i byen og sat etter Grette um det kunde verta høve til aa drepa han. Det bar til ein dag at Grette sat og drakk i ei bud, for han vilde ikkje koma ut for Gunnar. Daa han minst venta det, sprang einkvar mot døri so hardt at ho brotna sund. Fire velvæpna menner sprang inn. Det var Gunnar og fylgjesmennerne hans.

---

*) Trygd for livet og løyve til aa vera i landet.

Digitized by Google
Original from UNIVERSITY OF WISCONSIN

Dei sette paa Grette. Han treiv vaapni sine som hekk yver honom, og hopa upp i kraai og varde seg derifraa. Skjolden heldt han fyre seg og hogg med sakset. Det gjekk ikkje snart for deim; Grette fekk hogg paa ein av fylgjesmennerne til Gunnar, so han trong ikkje meir. Grette trengde so fram paa golvet, og dei rømde ut etter budi. Der fall ein mann til for Gunnar. Daa vilde Gunnar og siste fylgjesveinen hans hava seg undan. Men daa denne karen kom til døri, snaava han i treskalden, so han datt so lang han var og kom seg seint upp. Gunnar hadde skjolden fyre seg og hopa undan Grette, men han søkte djervt etter og sprang upp paa tverpallen ved døri. Daa hadde Gunnar henderne sine og skjolden innanfor døri. Grette hogg ned i millom Gunnar og skjolden og tok av baae henderne hans i uvledarne. Gunnar fall att aa bak ut or døri, og Grette hogg honom banehogg. Med det same kom han som hadde fylgt Gunnar seg paa føterne og fór straks til jarlen og fortalde honom denne tidendi. Svein jarl vart brennande sinna daa han høyrde dette, og stemnde straks til ting i byen.

Daa Torfinn og Torstein dromund fekk vita dette, kalla dei til seg skyldfolk og vener og samla mykje folk til tinget. Jarlen var øgjeleg harm, og han vilde lite høyra paa det dei sa til honom. Torfinn gjekk fyrst fram for jarlen og sa: »Eg er komen hit, for di eg vil bjoda Dykk forlik og sømd for dette draapet som Grette hev gjort, og De aaleine skal skifta og skipa alt, um mannen fær grid.« Jarlen svara i fullt sinne: »Seint vert du leid av aa beda um grid for Grette; men eg tvilar for at her hev du ingi god sak. No hev han drepe tri brør, den eine etter den andre. Dei var so rauste menner, at ingen av deim vilde bera

Digitized by Google
Original from UNIVERSITY OF WISCONSIN

den andre i pungen. No nyttar det deg ikkje, Torfinn, aa beda for Grette. For eg vil ikkje føra slik lovløysa inn i landet og taka bøter for slike illverk.«

Daa gjekk Berse Skald-Torveson fram og bad jarlen taka imot forlik. »Eg vil,« sa han, »bjoda mitt gods til det, for Grette er ein storætta mann og min gode ven. De kann skyna det, herre konge, at det er betre aa gjeva ein mann grid og faa takk for det fraa mange menner og dertil aaleine faa raada for pengeboti, enn aa setja seg imot si eigi sømd og vaaga paa um De i det heile fær tak i mannen eller ikkje.« Jarlen svara: »Du fer fint fram i dette, Berse, og du syner jamt at du er ein djerv kar; men eg nenner likevel ikkje brjota landslovi so eg gjev deim grid som hev forbrote livet.«

Daa gjekk Torstein dromund fram og helsa jarlen og baud bot for Grette med mange fagre ord. Jarlen spurde kva som dreiv han til aa beda for denne mannen. Torstein sa at dei var brør. Jarlen sa han hadde ikkje visst det, »men det er karslegt av deg at du vil hjelpa honom. Men etter di me hev tenkt aa ikkje taka pengebøter i denne saki, so vil me her halda alle like mæte. Grette sitt liv skal me hava kva det so kostar so snart me kann koma til det.« Jarlen sprang daa upp og vilde ikkje høyra meir um forlik.

Torfinn og dei hine gjekk daa heim til garden hans Torstein og budde seg til. Daa jarlen saag dette, lét han heile hirdi væpna seg og gjekk so dit i fylka flokk. Fyrr flokken kom dit, skipa dei hine seg og vilde verja gardsledet. Torfinn og Torstein og Grette og Berse stod fremst kvar med ein stor flokk menner. Jarlen bad deim sleppa fram Grette og ikkje koma i uføre. Alle tri baud

Digitized by Google
Original from UNIVERSITY OF WISCONSIN

det same som fyrr; men jarlen vilde ikkje høyra paa det. Torfinn og Torstein meinte at det skulde kosta honom meir aa faa livet av Grette — »for eitt skal ganga yver oss alle; og folk vil segja at ein manns liv vart deg dyrt naar me alle er lagde paa vollen.« Jarlen svara at ingen av deim skulde sparast; daa var det nære paa at det hadde bore i hop med deim.

Daa gjekk det mange rettviljuge menner fram til jarlen og bad honom ikkje valda so stor vanraad; dei sa at dei kom til aa gjera mykje mannespille fyrr dei var drepne. Jarlen fann at dette var ei god raad og lét det heller verta ro. So kom dei til forlik, og Torfinn og Torstein var fuse paa det, naar Grette fekk grid. Jarlen sa: »Det skal de vita, at um eg gjev etter i desse draapssakerne, so kallar eg det ikkje forlik; men eg nennest ikkje slaast med mine eigne menner, endaa um eg ser de vyrder meg lite i denne saki.« Daa sa Torfinn: »Dette er større sømd for Dykk, herre konge; for De skal aaleine raada for pengeboti.« Jarlen sa daa at Grette skulde fara i fred for honom ut til Island, so snart det gjekk skip, um dei lika det soleis. Dei sa dei tok imot det. Dei gav jarlen pengar, so mykje at han vart fornøgd med det, og so skildest dei med liten kjærleik.

Grette fór med Torfinn. Fraa Torstein, bror hans, skildest dei i stor venskap. Torfinn vart namnfræg for det fylgjeskapet han hadde gjort Grette, slik yvermagt som han hadde havt med aa gjera. Ingen av dei mennerne som hadde hjelpt Grette vart godvener med jarlen atter so nær som Berse aaleine.

Grette kvad soleis

Digitized by Google
Original from UNIVERSITY OF WISCONSIN

»Torfinn gjæve, Tors jamning,
var alen oss til hjelp,
daa døkke Hel, i daud manns heim
læst og stengd, livet mitt kravde.

Det var Regins skaale og Raudehavs
storskip og staalguds bane
som millom menn mest meg berga
fraa Byleists broderdotter.

Lysste daa lite fulla
kongsmennerne møta oss,
daa leoparden med skalde-logen
bragde-borgi benna vilde.«

Grette fór med Torfinn nord att og var hjaa honom til Torfinn fekk honom far med nokre kjøpmenner som etla seg til Island. Dei skildest i venskap, og Grette fekk mange gode klæde og ein maala sâl og beisl med. Torfinn bad honom koma paa vitjing, um han kom til Norig att.

25.

Aasmund hærelang budde paa Bjarg medan Grette var utanlands, og galdt for aa vera gildaste bonden i Midfjorden. Torkjel kravla andast i den tidi daa Grette var burte fraa Island. Torvald Aasgeirsson budde paa Aasen i Vatsdalen og var ein stor hovding. Han var far til Dalla, som Isleiv vart gift med, han som sidan vart biskop i Skaalholt. Torvald var til mykje hjelp for Aas-

---

Regins skaale — dverge-heimen = stein; *staalgud* — Rugnes-bane = Tor; altso Torstein. *Raudehavs storskip* — dromund. *Byleists bror* — Loke; dotteri = Hel. *Leoparden* — for bjørn = Berse. *Skjolde-logen* — sverdet. *Bragde-borgi* — staden der ein paa bragd, list, knip = hovudet. Desse versi er truleg sette finn seinare.

Digitized by Google
Original from UNIVERSITY OF WISCONSIN

mund, baade i rettssaker og paa mange andre maatar.

Hjaa Aasmund voks det upp ein mann som heitte Torgils. Dei kalla han Torgils Maaksson, og han var nærskyld Aasmund. Torgils var ein sterk kar og med Aasmunds hjelp samla han seg mykje gods. Aasmund kjøpte land aat Torgils ved Løkjemot, og han budde der. Torgils var ein stordrivar og fór paa Strenderne kvart aar. Der fann han baade kvalar og onnor fengd. Torgils var ein heilhuga kar, og fór yver heile øystre aalmenningen.

I denne tidi var det at fosterbrørne Torgeir Haavarsson og Tormod Kolbrunarskald var paa sitt spræ-kaste *). Dei aatte ei stor ferja og fór vidt umkring, og samla det dei trong, og folk heldt dei ikkje for mykje rettvise menner.

Det bar til ein sumar at Torgils Maaksson fann kval paa aalmenningen, og han og felagarne hans tok straks til aa skjera upp. Men daa fosterbrørne frette det, fór dei dit, og i fyrstningi tala dei sømeleg med kvarandre. Torgils baud deim hava helvti av det som var uskore av kvalen. Men dei vilde hava det aaleine som uskore var, eller skifta likt baade det skorne og det uskorne. Torgils neitta tvert aa lata noko av det som skore var. Daa tok dei til med truging, og so væpna dei seg, og tok so til aa slaast. Torgeir og Torgils slost lenge utan at nokon la seg upp i det for deim, og ville var dei baae. Striden var baade lang og hard, men enden vart at Torgils fall daud til jordi for Torgeir. Men Tormod og dei andre fylgjes-

---

Strenderne — Hornstrenderne og strenderne vest for Horn-neset (sjaa kap. 9). Øystre og vestre aalmenning laag paa baae sidor av Horn-neset. Det maatte vera djerve karar som var med og samla rak, for det kom ofte til strid.

*) Dei er hovudmennerne i Fosterbrødresoga.

Digitized by Google

Original from UNIVERSITY OF WISCONSIN

mennerne hans Torgils slost paa ein annan stad. Tormod sigra i denne striden, og tri av felagarne hans Torgils fall for honom. Daa Torgils var drepen, snudde fylgjesmennerne hans attende til Midfjorden og flutte liket hans med seg. Folk tykte det var eit stort tap aa missa honom. Foster-brørne tok heile kvalen til seg. Dette møtet nemner Tormod i den ervedraapa som han dikta um Torgeir.

Aasmund hærelang frette um draapet paa Torgils, frenden sin. Han var hovudmannen i søksmaalet etter Torgils. Han fór av stad og tok vitne paa saari og stemnde saki til altings; for det var so etter lovi, naar saki var uppkomi i ein annan fjordung. No leid tidi frametter.

26.

Ein mann er nemnd Torstein. Han var son til Torkjel kugge, son til Tord gjelle, son til Olav feilan, son til Torstein raude, son til Aud den grunnrike. Mor til Torstein Kuggeson var Turid, dotter til Aasgeir ødekoll. Aasgeir var farbror til Aasmund hærelang. Torstein Kuggeson hadde søksmaal um draapet paa Torgils Maaksson likso vel som Aasmund hærelang. Aasmund hadde no bod til Torstein at han skulde koma til honom. Torstein var ei stor kjempa og mykje ustyrleg. Han fór straks til møtes med Aasmund, frenden sin, og dei tala um draapssaki. Torstein var berre ofsen, og meinte at her skulde det ikkje takast pengebøter. Han sa at dei hadde nok frendestyrke til

---

Kugge — eit særskilt slag (hanseatisk) handelsskip. *Gjelle* — stut, eig. beljaren. Um dei andre sjaa kap. 10 og 11. Aud den grunnrike skulde helst (etter Laksdøla og Øyrbyggja-soga) vore: den djuptenkte. *Ødekoll* — det rasande hovud.

Digitized by Google
Original from UNIVERSITY OF WISCONSIN

at det vart anten fredløysa eller so mannehemn for draapet. Aasmund lova aa fylgja honom korleis han vilde fara fram. Dei reid nord til Torvald, frenden sin, og bad honom um folkehjelp, og han sa ja med ein gong. Dei fyrebudde no saki mot Torgeir og Tormod. Torstein reid heim til garden sin. Han budde i Ljaaskogarne i Kvamssveit. Skjegge budde i Kvam. Han vart òg med Torstein i saki. Skjegge var son til Torarin fylsenne, son til Tord gjelle. Mor til Skjegge var Fridgjerd, dotter til Tord fraa Hovde. Dei samla mykje folk til altings og vilde driva saki fram med stor styrke. Aasmund og Torvald reid nordanfraa med 60 mann og stogga i Ljaaskogarne i mange næter.

27.

Torgis budde paa Røykholar. Han var son til Are Maaksson, son til Atle den raude, son til Ulv den skjalge, som tok Røykjanes. Mor til Torgils Areson var Torgjerd, dotter til Alv fraa Dalarne. Ei onnor dotter til Alv var Torelv, mor til Torgeir Haavarsson. Torgeir hadde mykjen studnad av frendarne sine der; for Torgils var den største hovdingen i Vestfjords-tjordungen. Han var so raust ein mann, at han gav kvar fri mann mat so lenge som dei vilde taka imot. Difor var det jamt folksamt paa Røykholar. Torgils hadde stor æra av gardsbruket sitt. Han var ein rettvis og klok mann. Torgeir var hjaa Torgils um vintrarne, men fór paa Strenderne um sumrarne.

Daa Torgils Maaksson var drepen, fór Torgeir til Røykholar og fortalde Torgils denne tidendi.

Skjalg — skjegløygd.

Digitized by Google
Original from UNIVERSITY OF WISCONSIN

Torgils sa han, at hus og kost kunde han faa der hjaa han; »men eg tenkjer det,« sa han, »at du vil gaa fram med tyngd i denne saki, og eg er ikkje fus etter aa auka vanskarne*). No vil eg senda ein mann til Torstein og bjoda pengebøter for draapet paa Torgils; men um han ikkje vil taka mot forlik, daa vil eg ikkje driva denne saki med magt.« Torgeir sa han vilde lita seg med det han gjorde.

Um hausten sende Torgils ein mann til Torstein Kuggeson og vilde faa forlik. Men han var tverr paa aa taka pengar for draapssaki etter Torgils, men med dei andre draapi skulde han gjera so som skynsame menner raadde til, sa han. Daa Torgils frette dette, kalla han Torgeir til seg, og spurde kva slag hjelp han no helst vilde hava Torgeir sa han helst vilde fara utanlands fyrst han vart fredlaus. Torgils sa han skulde freista paa den maaten. Det stod eit skip uppe i Nordaa i Borgartjorden. Torgils kjøpte i løynd farløyve for fosterbrørne paa det skipet. Leid so vinteren av.

Torgils frette at Torstein og dei samla mykje folk til altings og at dei heldt til i Ljaaskogarne. Difor drygde han med aa rida heimanfraa, for han vilde at Torsteins-fylgjet skulde rida undan søretter, naar han kom vestanifraa, og soleis vart det. Torgils reid sør og fosterbrørne med honom. Paa denne ferdi drap Torgeir boggul-Torve ved Maaskjelda. Daa drap han òg Skuv og Bjarne i Hundedal. Tormod segjer so i Torgeirsdraapa:

Boggul — ein liten bylt.

*) ved det at han sette seg imot ei domsavgjerd.

Digitized by Google

Original from UNIVERSITY OF WISCONSIN

»Torgeir det lukkast
Maakssonen lika aa gjera.
Reistest daa striden.
Raatt kjøtt aa riva
Ramnane fekk.
Farmannen sidan
drap Skuv og Bjarne;
striddest han gjerne.«

Torgils gjorde straks forlik der i dalen for draapi paa Skuv og Bjarne, og han dvalde lenger der enn han hadde etla seg til. Torgeir fór til skips og Torgils til tings, og han kom ikkje dit fyrr retten var sett. Daa bad Aasmund hærelang deim koma med forsvar i draapssaki etter Torgils Maaksson. Torgils gjekk fram til domarane og baud pengebøter for draapet, um Torgeir vart fri daa. Han nemnde til vern i saki: um dei ikkje aatte fritt all veiding i aalmenningarne? Daa vart lagmannen spurd um dette var lovleg vern. Skafte var daa lagmann, og han hjelpte Aasmund for frendskap skuld. Han sa at det var lov um dei var likemenner, men at bønder hadde rett framum lauskarar. Aasmund sa at Torgils hadde bode fosterbrørne aa skifta kvalen jamt, det som uskore var daa dei kom til; soleis dugde ikkje dette til vern. Torstein og frendarne hans dreiv daa hardt paa og vilde ikkje lata seg nøgja med anna enn at Torgeir vart gjort fredlaus. Torgils saag at det var berre eitt av tvo aa gjera, anten aa gaa paa med mannemagt — og daa var det uvisst kor det kom til aa gaa — eller so lata deim faa det som dei vilde. Og med di Torgeir alt var komen seg paa skip — brydde ikkje Torgils seg um aa halda fram med saki. Torgeir vart gjort fredlaus; men for Tormod tok dei pengebøter, og han skulde

Digitized by Google
Original from UNIVERSITY OF WISCONSIN

vera fri. Aasmund og Torstein tykte dei hadde vakse mykje av dette søksmaalet. Folk reid daa heim av tinget.

Sume tala um at Torgils hadde gjort lite for saki, men han brydde seg ikkje um det og let deim tala som dei vilde. Men daa Torgeir frette um utlægdi si, sa han: »Eg vilde at dei som hev gjort meg utlæg, fær full attergjeld for det fyrr det er slutt, um eg maa raada.«

Gaut heitte ein mann og var kalla Sleitason. Han var frenden hans Torgils Maaksson. Gaut skulde vera med paa det skipet som Torgeir skulde sigla med. Han yvde seg mykje med Torgeir og var svært morsk. Men daa kjøpmennerne vart var det, tykte dei ikkje det var raadelegt at dei fór paa same skipet. Torgeir sa han vyrde ikkje um Gaut drog paa brunerne; men det vart daa avgjort so, at Gaut fór fraa skipet og fór nord i bygderne. Det vart ikkje slaasting med honom og Torgeir denne gongen. Men av dette kom den usemja som førde til strid seinare*).

28.

Grette Aasmundsson kom denne sumaren ut i Skagefjorden. Han var daa so namngjeten for styrke og manndom, at ingen av dei unge mennerne tyktest vera slik. Han reid straks heim til Bjarg, og Aasmund tok sømeleg imot honom. Atle styrde daa garden, og brørne kom vel ut av det med einannan.

No vart Grette so stormodig, at ingen ting tyktest honom umoglegt. Daa var det mange staute karar av deim som var unge daa Grette var med

*) Det fortel fosterbrødre-soga um; Gaut var fyrst drepen og so Torgeir til hemn.

Digitized by Google
Original from UNIVERSITY OF WISCONSIN

og leika ball paa Midfjordvatnet, fyrr han fór fraa Island. Ein av deim var Audun, som daa budde paa Audunstad i Videdal. Han var son til Aasgeir Audunson, son til Aasgeir ødekoll. Audun var ein god bonde og ein rettvis mann; han var den sterkaste av alle deim der nord, og han var halden den gjævaste der i bygdelaget.

Grette kom no i hug at han tykte han hadde lide urett av Audun ved ball-leiken, som fyrr er sagt,*) og han vilde no røyna kven som hadde gjenge best fram sidan. Difor fór Grette heimanfraa og til Audunstad. Det var fyrst i slaatten. Grette bar seg paa storvis, var fint klædd og reid paa ein staseleg maala sâl, den som Torfinn hadde gjeve honom. Han hadde òg ein god hest og vaapn av beste slag. Grette kom tidleg dags til Audunstad og kakka paa døri. Det var lite folk heime. Grette spurde um Audun var heime Dei sa at han var faren til støls etter mat. Grette tok beislet av hesten. Tunet var uslege, og hesten gjekk dit det var mest gras. Grette gjekk til skaalen og sette seg ned paa benkjestokken, og sidan sovna han.

Lite seinare kom Audun heim. Han saag at det gjekk ein hest med maala sâl i tunet. Audun førde mat paa tvo hestar og skyr paa ein. Skyret var i hitar med band fyre ovantil. Folk kalla det skyrsekkjer. Audun tok av hestarne og bar inn skyrsekkjerne i fanget sitt, so han saag ikkje kvar han steig. Grette rette foten fram fraa stokken, og Audun fall framyver, so skyrsekken vart under honom og bandet spratt av Audun sprang upp og spurde kva skjelm som var der. Grette nemnde seg. Audun sa: »Dette var uvisleg fare. Kva er ærendi di?« »Eg vil slaast med deg,« sa

---

*) i kap. 15.

Digitized by Google

Original from
UNIVERSITY OF WISCONSIN

Grette. »Fyrst vil eg greida med maten min,« sa Audun. »Vel maa du det,« sa Grette, »um du ikkje lit nokon annan til det.« Audun lutte seg ned og treiv upp skyrsekken og slengde fram i fanget paa Grette, han bad honom fyrst taka imot det som vart sendt honom. Grette vart skyrut yver det heile. Han tykte det var større skam enn um Audun hadde gjort honom stor skade. So rauk dei paa og tok tak um ryggen heller hardt. Grette tek i med ofse, men Audun fer undan, og han finn daa at Grette hev vunne framum honom. Alt som kom i vegen vart sparka undan, og det bar rundt i heile skaalen med deim. Ingen sparde seg, men Grette vart den drjugaste, og Audun fall til slutt. Han hadde slite alle vaapni fraa Grette. Dei tokst hardt, og det var mykje braak med deim.

Daa vart det ein sterk dyn ute paa garden, og Grette høyrde at einkvar reid upp aat huset og steig av hesten og gjekk snøgt inn. Han ser det er ein drusteleg mann, i raud kyrtel og med hjelm paa hovudet. Han gjekk til skaalen, for han høyrde stort braak der, daa dei slost. Han spurde kva som var i skaalen. Grette nemnde seg, — »men kven spør?« »Barde heiter eg,« sa han som komen var. »Er du Barde Gudmundsson fraa Aasbjørn-neset?« »Du raaka det,« sa Barde, »men kva held du paa med?« sa han. Grette svara: »Eg og Audun hev gamanleik her.« »Eg veit ikkje um det er gaman,« sa Barde, »for de er ikkje jamgode. Du er stridsam og stormodig, men han er gjæv og godsleg. Lat honom standa upp, og det fort!« Grette svara: »Mange tøygjer seg yver døri etter loka! Eg tykkjer det ligg nærare for deg aa hemna Hall, bror din, enn aa bry deg um kva eg og Audun tekst um.« »Jamnan

Digitized by Google
Original from UNIVERSITY OF WISCONSIN

høyrer eg det,« sa Barde, »men eg veit ikkje um det nokon gong vert hemnt. Likevel vil eg at du let Audun vera i fred; for han er ein spak mann.« Grette gjorde som Barde sa, men lika det ille. Barde spurde kva som var imillom deim. Grette kvad ei visa:

»Eg veit inkje aa segja
utan Audun deg teker
kverketak kjøve
for kautleit og orka.
Verk det valdar.
Vardest eg det fordom;
hardt meg Audun herde
daa heime eg sveima.«

Barde sa det var til aa orsaka, naar han hadde noko aa hemna. »Men eg vil no gjera det so med dykk,« sa han, »at de skilst med so gjort, og at det er upp og avgjort millom dykk.« Det vart med dette, for dei var skylde; men Grette lika heller ille Barde og brørne hans

No reid dei burt alle saman, og daa dei var komne paa vegen, sa Grette: »Eg hev spurt det, at du etlar deg sør til Borgarfjorden i sumar*). No vil eg bjoda deg, Barde, at eg fer sør med deg, og det tykkjer eg er meir enn du er verd.« Barde vart glad for dette og slo til med det same, og sa han skulde hava takk for tilbodet. So skildest dei. Daa snudde Barde attende og sa: »Det vil eg leggja til, at du fer ikkje utan Torarin, fosterfar min, vil det; for han skal raada for ferdi. »Eg tenkte du raadde aaleine for det du gjorde,« sa Grette, »eg hev ingi andre til aa raada for ferderne mine; men eg tykkjer det er ille um du vandar fylgjet mitt.« No fór kvar si leid, og Barde

*) Der budde Torgautsønerne, motmennerne til Barde.

Digitized by Google
Original from UNIVERSITY OF WISCONSIN

sa han skulde segja visst fraa til Grette — »um Torarin vil du skal fara« — elles skulde han sitja i ro. Grette reid heim til Bjarg, og Barde til garden sin.

29

Um sumaren kom mykje folk til hestestriden ovanfraa Røykjerne til Langefit. Atle paa Bjarg aatte ein hest med molita ryggaal, undan Kjengaala. Bjargfolket tykte mykje mun i hesten. Brøderne Kormaak og Torgils paa Mel aatte ein brun hest, urædd i slaasting. Dei og Atle fraa Bjarg skulde etja hestarne sine saman. — Der var mange andre gode hestar. — Odd umageskald, frenden til Kormaak, skulde fylgja hesten til frendarne sine. Odd var sterkvaksen, og han var storlaaten og rang og vyrdlaus. Grette spurde Atle bror sin, kven skulde fylgja deira hest. »Eg veit ikkje so visst,« sa han. »Vil du eg skal vera der?« spurde Grette. »Ver visleg daa frende!« sa Atle. »For her er det ærekjære folk aa vera i lag med.« — »Dei fær sjølve greida ovmodet sitt,« sa Grette, »er so dei ikkje styrer det.«

No vart hestarne framleidde, men merrarne stod framarleg paa elvemelen, og var bundne saman; det var ein stor hyl ned-under melen. — Hestarne beitst godt, so det var mykje moro. Odd fylgde fast, og Grette veik undan; han tok i taglet med eine handi, og med den andre heldt han staven som han dreiv hesten med. Odd stod framarleg hjaa sin hest, og det var ikkje fritt han stakk hesten til Atle so han slepte tak; men Grette lést ikkje sjaa det. Hestarne drog seg fram aat elvi. Daa stakk Odd til Grette med staven, og det kom paa herdebladet, for Grette snudde oksli til honom; det var drive so hardt at holdet seig, og Grette

Digitized by Google
Original from UNIVERSITY OF WISCONSIN

fekk ei liti skeina. I det bilet reis hestarne høgt upp. Grette sprang under laaret paa hesten sin og dreiv staven i sida paa Odd so hardt at tri sideriv brotna. Odd ramla ut i hylen, og hesten med, og alle merrarne som stod bundne der. Folk sumde daa ut til han og drog han upp or elvi. No vart det gjort stort rop um dette. Kormaak-folket sprang til vaapni, og Bjargsmennerne like eins. Men daa Rutfjordingarne og Vatsmennerne saag det, gjekk dei imillom. Dei vart daa skilde, og fór heim. Dei lova kvarandre ilt, men sat likevel i ro ei rid. Atle tala lite um dette, men Grette var heller arg, og sa dei skulde finnast ein annan gong, um han fekk raada.

30.

Torbjørn heitte ein mann som budde paa Tor-oddsstad i Rutefjorden. Han var son til Arnor Toroddsson hynase, som hadde teke Rutefjorden paa den sida til mots med Bakken. Torbjørn var ein overlag sterk mann, og dei kalla han uksemagt. Torodd heitte bror hans. Han var kalla draapestuv. Mor deira var Gerd, dotter til Bodvar or Bodvarsholarne. Torbjørn var ein hardhaus, og hadde mykje folk hjaa seg. Det gjekk det ordet at han hadde verre for aa faa tenarar enn andre folk og at han mest aldri gav folki sine løn. Han var ingen umgjengeleg mann. Torbjørn heitte frenden hans og var kalla ferdelang. Han var siglingsmann, og desse tvo namnarne dreiv handel i lag. Han var jamnan paa Toroddsstad, men det var ikkje likt til at han gjorde

---

hynase — dun-nase, vaksi med fine haar. *draapestuv* — draape-stubbe, truleg for han hadde dikta eit kvad — Ufeigsvisor — som ikkje var ei draapa, men ein flokk.

Digitized by Google
Original from UNIVERSITY OF WISCONSIN

Torbjørn betre. Han var aatfinnsam og fór med spott til ymse menner.

Tore heitte ein mann, son til Torkjel paa Bordøyri. Tore budde fyrst paa Melar i Rutefjorden. Dotter hans var Helga som fekk sleite-Helge. Men etter striden paa Fagrebrekka fór Tore sør til Haukedal og budde paa Skard, men selde jordi paa Melar til Torhalle, son til Gamle vinlending. Sonen hans var Gamle som fekk Rannveig, dotter til Aasmund hærelang, syster til Grette. Paa denne tidi budde dei paa Melar og sat godt i det. Tore paa Skard hadde tvo søner. Ein heitte Gunnar, den andre Torgeir. Dei var emnelege menner, og dei hadde daa teke imot garden etter far sin; men likevel var dei jamt hjaa Torbjørn uksemagt. Dei vart meir og meir storlaatne av seg.

Den sumaren det no er fortalt um, reid Kormaak og Torgils og Narve, frenden deira, sør til Nordaadal i ærendi sine. Odd umageskald var òg med deim paa ferdi. Han hadde batna no av styrdleiken, som han hadde fenge paa hestetinget. Medan dei var sunnanfor heidi, fór Grette heimanfraa Bjarg og med honom tvo av huskararne hans Atle. Dei reid yver til Burfell og derifraa yver halsen til Rutefjorden og kom til Melar um kvelden. Tri næter var dei der. Rannveig og Gamle tok godt imot Grette og baud honom vera der, men han vilde rida heim.

Daa frette Grette at Kormaak og dei var komne sunnanfraa og hadde lege i Tunga um natti. Grette budde seg snøgt til aa fara fraa

---

sleite-Helge — han som dreg seg undan, eller snyltrar; han var ein norsk viking, som heldt til paa Melar med 11 mann. Dei fall yver Romund halte i Fagrebrekka, men maatte draga seg undan. Daa dei so vilde fara fraa Island, leid dei skipbrot og drukna (955—960).

Digitized by Google
Original from UNIVERSITY OF WISCONSIN

Melar. Gamle baud honom menner til fylgje. Grim heitte bror til Gamle, og det var ein overlag spræk kar. Han og ein annan reid med Grette. Dei var fem saman. Dei reid til dei kom paa Rutefjordshalsen vest fraa Burfell. Der stend ein stor stein som dei kallar Gretteshav. Han bala lenge um dagen med aa hevja steinen, og soleis bar det til at han stogga der til Kormaak og dei kom. Grette reid imot deim, og baae partar sprang av hesteryggen. Grette sa at no sømde det ein fri mann betre aa hogga stort enn aa slaast med stavar som rekefantar. Kormaak bad deim gaa paa mannslegt og gjera det dei kunde. Etter det rende dei i hop og slost. Grette var fremst av mennerne sine og bad deim agta paa at ingen kom bakpaa honom. Dei slost ei rid, og paa baae sidor vart nokre saara.

Den dagen hadde Torbjørn uksemagt ride yver halsen til Burfell, og daa dei reid attende, saag han striden. Der var daa med honom Torbjørn ferdelang og Gunnar og Torgeir Toresøner og Torodd draapestuv. Daa dei kom til, ropa Torbjørn paa mennerne sine og bad deim ganga imillom. Dei hine var so uppøste at dei ansa inkje. Grette slo um seg som ein kar. Toresønerne kom i vegen hans, og dei fall baae daa han skauv deim fraa seg. Dei vart so galne for dette, at Gunnar hogg huskaren hans Atle banehogg. Daa Torbjørn saag det, bad han deim skiljast. Han sa han vilde hjelpa deim som vilde lyda etter hans ord. Daa var tvo av huskararne hans Kormaak fallne. No saag Grette at det snaudt vilde nytta, dersom Torbjørn hjelpte motparten, og difor slutta han bardagen. Alle som hadde vore med i striden var saara. Grette tykte det var ille at dei vart

Gretteshav — Gretteslyft. Steinen syner dei enno.

Digitized by Google

Original from
UNIVERSITY OF WISCONSIN

skilde. Etter det reid dei heim baae partar, og dei gjorde ikkje forlik i denne saki.

Torbjørn ferdelang spotta mykje med dette. Difor tok det til aa versna med Bjargsmennerne og Torbjørn uksemagt, so det vart til full fiendskap. Det vart ikke bode Atle bøter for huskaren hans. Han lést som han ikkje visste det. Grette sat paa Bjarg fram til tvimaanaden. Det er ikkje fortalt at han og Kormaak fanst sidan, det nokon veit.

31.

Barde Gudmundsson og brørne hans reid heim til Aasbjørnneset, daa han og Grette skildest. Dei var sønerne til Gudmund Solmundsson. Mor til Solmund var Torlaug, dotter til Sæmund den suderøyske, fosterbror til Ingemund den gamle. Barde var ein stor gjæving. Han reid no straks og vilde finna Torarin den spake, fosterfar sin. Han fagna Barde vel, og spurde korleis han hadde ordna med folkehjelp; for dei hadde fyrr lagt raad um ferdi hans. Barde svarar at han hadde fenge den mannen til fylgje med seg som han tykte det var meir hjelp i enn tvo andre. Torarin tagna, og so sa han: »Det maa vera Grette Aasmundsson«. »Fullklok mann er fyrevis,« sa Barde; »nett den mannen er det, fosterfar min.« Torarin svara: »Det er sant at det er noko storgjævt med Grette framfor andre menner her i landet no. Og seint mun dei naa honom med vaapn, um han er frisk. Men eg tvilar paa um han fær hava lukka med seg, og du kann turva at det ikkje er berre usælingar med i ferdi di.

---

tvimaanaden = kornskurdmaanaden, femte sumarmaanaden, fraa umlag 27. august til 25. september.

Digitized by Google
Original from UNIVERSITY OF WISCONSIN

Det vil verta store nok hendingar, um ikkje han òg er med. Han skal slett ikkje fara, um eg fær raada.« »Ikkje kom eg det i hug, fosterfar min,« sa han, »at du vilde ovunda meg djervaste manmen, — kva som no hender. Ein kann ikkje sjaa so nøgje paa alt, naar ein vert so vanstadd som eg tykkjest vera.« »Det er best for deg at eg raader,« sa Torarin. Det vart no so som Torarin vilde, at Grette ikkje vart bodsend. Barde fór sør til Borgarfjorden, og so hende draapi Heidarviga-soga fortel um.

Grette var paa Bjarg, daa han frette at Barde var riden søretter. Han vart svært sint for di dei ikkje hadde sendt bod etter honom, og meinte paa at dei skulde ikkje skiljast med so gjort. Han hadde daa spurning av naar dei var ventande sunnanfraa; daa reid han ned til Torøyargnup og tenkte aa sitja der paa lur etter Barde og dei hine naar dei kom ridande sunnanfraa. Han fór fraa garden upp i lidi og bia der.

Same dagen reid Barde og dei sunnanfraa Tvidøgra fraa heiddraapi. Dei var seks mann i lag og alle var mykje saara. Daa dei kom framum garden, sa Barde: »Det er ein stor, velvæpna mann uppe i lidi. Kjenner de kven det er?« Dei sa dei visste ikkje kven det var. Barde sa: »Eg tenkjer det er Grette Aasmundsson, og um so er, daa vil han finna oss. Eg gjet paa at han mislika at han ikkje fekk fara med oss. Men eg tykkjer me er ikkje no vel budde um han tenkjer paa noko vondt. Eg skal senda bod til Torøyar-

---

Heidarviga-soga — fortel um Barde og dei draapi han gjorde paa heidi (heidarvig) til aa hemna bror sin, Hall. Han drap Gisle Torgautson. Folk sette etter Barde og naadde hán paa heidi, og der drap han fleire menner.

Digitized by Google
Original from UNIVERSITY OF WISCONSIN

gnup etter folk, so me slepp leggja oss under vyrdløysa hans.« Dei sa det var best so, og det vart gjort. Sidan reid Barde vidare.

Grette saag ferdi deira og fór straks imot deim Daa dei møttest, helsa dei paa kvarandre. Grette spurde um tidend, og Barde fortalde heilhuga slik som det var. Grette spurde kva folk som var i fylgje med honom. Barde sa det var brørne hans og Øyolv, maagen hans. »Du hev no fria deg fraa skammi,« sa Grette, »men no stend det att at me røyner kven som er beste karen av oss.« Barde sa: »Eg hev nyttigare arbeid aa gjera heime enn aa slaast med deg for inkjevetta, og eg tykkjer no eg hev gjort det ifraa meg.« Grette svara: »Ræddhuga tykkjer eg du er, Barde, um du ikkje torer slaast med meg.« »Du kann kalla det kva du vil,« sa Barde; »men eg vilde du skulde faa fram raadrikenskapen din paa ein annan stad enn her med meg. Det er ikkje uliklegt, for no gjeng storlætet ditt yver all maate.« Grette tykte ille um spaadomen hans, og eva seg um han skulde taka paa nokon av deim. Han tykte det var uvarlegt, naar dei var seks og han aaleine. I det bilet kom folk heimanfraa Torøyargnup og skulde hjelpa Barde. Grette drog seg daa fraa deim og snur til hesten sin. Men Barde og felagarne hans fór sin veg, og dei helsast ikkje daa dei skildest. Barde og Grette kom ikkje fleire gonger i kast, det nokon veit.

Grette hev sagt det, at han kjende seg trygg til strid mot dei fleste menner um dei var tri saman. Han vilde ikkje fly for fire urøynt, men med fleire vilde han ikkje strida aaleine utan han hadde livet aa verja, som han segjer i denne visa:

Digitized by Google
Original from UNIVERSITY OF WISCONSIN

»Hermann hæve,
paa hildetinget
mot tri aa strida
eg vel meg trøystar;
men fleire enn fire
eg er kje fus aa møta
i ota harde,
um eg fær raada.«

Etter skilnaden med Barde fór Grette attende til Bjarg. Grette tykte det var stor skade at han ikkje fekk prøva styrken sin, og frette etter um det ikkje var noko han kunde røyna seg paa.

32.

Torhall heitte ein mann som budde paa Torhallsstad i Forsøledal. Forsøledal er upp fraa Vatsdalen. Torhall var son til Grim Torhallsson, son til Fridmund, som tok Forsøledal. Torhall hadde ei kona som heitte Gudrun. Grim heitte son deira, og dotteri heitte Turid. Dei var mest vaksne dette bilet. Torhall var ein rik mann og mest paa fe, so ingen mann der ikring aatte so mykje gangande fe som han. Han var ikkje hovding, men var ein truverdug bonde. Det var mykje skrymt der paa garden, og han fekk difor snaudt saugjætar som han tykte dugde. Han spurde mange menner til raads um kva han skulde gjera med dette, men ingen fann paa raad som hjelpte. Torhall reid til tings kvar sumar. Han hadde gode hestar.

Det var ein sumar paa altinget at Torhall gjekk il budi hans Skafte Toroddsson, lagmannen. Skafte var ein vis mann og god til aa gjeva raad, naar dei bad han. Det var skilnad paa han og faren,

Digitized by Google
Original from UNIVERSITY OF WISCONSIN

soleis. Torodd var framsynt, og sume sa han var ein fuling. Skafte gav alle gode raad, og meinte at det skulde ganga godt, dersom dei fylgde raadi. Difor sa dei han var betre enn far sin. Torhall gjekk i budi til Skafte. Han fagna Torhall vel, for han visste at han var rik paa fe. Skafte spurde etter tidende. Torhall sa: »Ei god raad vilde eg faa av Dykk.« »Det er eg lite før til,« sa Skafte. »Kva stend paa med deg?« Torhall sa: »Det er so laga at eg fær ikkje saugjætarar til aa stogga hjaa meg. Sume kjem so lett til skade, og sume løyp or tenesta fyre tidi. No vil ingen festa seg, som kjenner til korleis det er.« Skafte svara: »Det maa vera eitkvart meinvette, sidan folk traudare vil gjæta fe aat deg enn aat andre folk. Men med di du hev søkt raad hjaa meg, skal eg faa deg ein saugjætar som heiter Glaam og er ætta fraa Sylgsdalarne i Sverike. Han kom ut fyrre sumaren og er stor og sterk og ikkje mykje til vens med aalmugen.« Torhall sa at han brydde seg ikkje um det, berre han saag vel til feet. Skafte sa det nytta lite for andre, um han ikkje gjætte feet vel; for han var baade sterk og djerv. Torhall gjekk daa ut. Dette var siste tingdagen.

Torhall sakna tvo ljosbleike hestar og fór sjølv og leita. Av det tyktest folk vita at han ikkje var nokon stormann. Han gjekk upp under Sledeaasen og sør med fjellet som heiter Aarmannsfjell. Daa saag han ein mann fór ovan or Gòdeskogen og førde ris paa ein hest. Dei møttest straks. Torhall spurde han etter namnet, og han sa han heitte Glaam. Denne mannen var stor paa vokster og underleg aa sjaa til, graaøygd og storøygd, med ulvgraatt haar. Torhall drog noko paa brunerne daa han saag denne mannen, men so

Digitized by Google
Original from UNIVERSITY OF WISCONSIN

hugsa han at det vel var denne mannen det var meint. »Kva er du best hendt aa gjera?« sa Torhall. Glaam sa han kunde godt med aa gjæta sauer um vintrarne. »Vil du gjæta sauerne mine,« sa Torhall; »Skafte gav deg i mitt vald.« »Det er best for deg at eg fær raada meg sjølv; for eg er vond i hugen um eg likar meg ille,« sa Glaam. »Ikkje vert det meg til meins,« sa Torhall, »og eg vil at du fer til meg.« »Eg skal gjera det,« sa Glaam; »eller er det noko vandhøve hjaa deg?« »Det tykkjest vera skrymt der,« sa Torhall. »Ikkje er eg rædd skymtet der,« sa Glaam, »det vert mindre dauvlegt daa.« »Det kann koma deg vel med,« sa Torhall, »og der er det godt at ein ikkje er altfor lite for seg.« Etter det gjorde dei det visst, og Glaam skulde koma ved vinternæterne. Sidan skildest dei, og Torhall fann hestarne sine der han nyst hadde leita. Torhall reid heim og takka Skafte for hans velgjerning.

Sumaren leid av, og Torhall frette inkje til saugjætaren, og ingen kjende noko til honom; men til fastsett tid kom han til Torhallsstad. Bonden tok vel imot honom; men alle dei andre lika honom ikkje, husfrøya allra minst. Han tok til med gjætingi, og arbeidet fall honom lett. Han var høgmælt og tjukkmælt, og alt fe stokk saman so snart han hua.

Det var kyrkja paa Torhallsstad, men Glaam vilde ikkje fara dit. Han korkje bad eller trudde paa Gud, men han var tverr og ill aa koma ut for, so alle mislika honom.

No leid det fram til jol. Jolaftan stod Glaam tidleg upp og bad um maten sin. Husfrøya sa: »Det er ikkje sed for kriste folk aa eta i dag; for i morgon er det fyrste joledag. Difor lyt me fasta i dag.« Han svara: »Mangt trollskap hev

Digitized by Google
Original from UNIVERSITY OF WISCONSIN

de som er til ingi nytte. Eg veit ikkje av at det gjeng folk betre no enn daa dei ikkje fór med slikt. Eg tykte det var betre sed daa folk var heidningar dei kallar; no vil eg ha maten min og ingi pretta.« Husfrøya sa: »Eg veit visst at du fer ille i dag, um du gjer eit slikt illverk.« Glaam bad henne henta mat, elles kunde ho venta seg noko verre. Ho torde ikkje anna enn aa gjera som han vilde. Daa han var mett, gjekk han ut og var heller vond.

Vêret var myrkt, snødrivet flagra, og vinden taut. Det versna mykje daa det leid fram paa dagen. Folk høyrde saugjætaren fyrstundes paa dagen, men mindre daa det leid ut paa. Det tok daa paa aa fjuka, og um kvelden var det stygge-vêr. Folk gjekk til kveldsong, og det leid so fram til dagset. Glaam kom ikkje heim. Det vart daa tala um dei ikkje skulde leita etter honom; men sidan det var uvêr og nidmyrker, vart det inkje av leitingi. Han kom ikkje heim jolenatti, og folk bia til etter gudstenesta.

Ved full dag fór folk paa leiting, og dei fann feet vidt um fennerne, lamde av uvêret eller dei hadde sprunge upp paa fjellet. So kom dei burt paa ei stor trokk øvst i dalen. Dei tykte det var likt til at nokon hadde tekest heller hardt der, for grjotet var uppkasta vidt umkring og like eins jordi. Dei saag vel etter og fann Glaam liggjande ikkje langt undan. Han var daud og blaa som Hel, men diger som eit naut. Det baud deim mykje imot, og dei raus i hold naar dei saag paa honom. Likevel freista dei aa føra honom til kyrkja, men dei fekk honom ikkje lenger enn fram paa kanten av eit gil tett nedanfor. Dei fór daa heim med so gjort og fortalde bonden denne tilburden. Han spurde etter kva

Digitized by Google
Original from UNIVERSITY OF WISCONSIN

Glaam hadde fenge bane av. Dei sa dei hadde rekt far so store som etter ein kjeraldsbotn, heilt nedan fraa der trokki var og upp under bergi øvst i dalen, og heile vegen var det store blodflekkjer. Det la folk i hop soleis at det meinvettet som hadde vore der fyrr, maatte ha drepe Glaam; men det maatte ha fenge so mykje skade sjølv at det hadde til fullnads nok; for dei hev ikkje vorte fyre det trollet sidan.

Annan dag jol freista dei òg føra Glaam til kyrkja. Dei beitte øykjer fyre, men dei greidde ikkje aa føra honom so snart dei kom paa slett-lendet, og det ikkje var aa fara undan bakke. Dei maatte fara heim med so gjort.

Tridje dagen fór presten med deim, og dei leita heile dagen, men fann ikkje Glaam. Presten vilde ikkje fara oftare; men saumannen fanst so snart presten ikkje var med. Dei gav daa upp aa føra honom til kyrkja, og røysa honom ned der han var komen.

Lite seinare vart folk var at Glaam laag ikkje kyrr. Dei fekk mykje mein av det, so at mange fall i uvit, naar dei saag honom, og sume miste vitet. Straks etter jol tyktest folk sjaa honom heime der i huset. Dei vart livrædde, og mange rømde burt. Daa tok Glaam til aa rida husi um næterne so dei vilde brotna sund; han gjekk dei næstan baade natt og dag. Folk torde snaudt fara upp i dalen um dei so hadde sers ærend. Og dei tykte dette var mykje til meins der i heradet.

33.

Um vaaren fekk Torhall seg husfolk og sette i stand garden sin att. Det tok daa til aa minka

Digitized by Google
Original from UNIVERSITY OF WISCONSIN

med attergangen medan soli stod høgst, og soleis gjekk det fram til midsumaren.

Denne sumaren kom det eit skip til Hunevatnet. Paa det var ein mann som heitte Torgaut. Han var utlending av ætt, stor og sterk. Han hadde tvo manns styrke, var laus og ledug og vilde faa seg noko arbeid; for han aatte ingen ting. Torhall reid til skips og fann Torgaut, og spurde um han vilde arbeida hjaa honom. Torgaut sa det kunde han gjerne det, han skulde ikkje vanda det. »Men du skal vera budd paa det,« segjer Torhall, »at det høver ikkje veslingar aa tena hjaa meg, for attergangarar som hev vore der ei rid. Eg vil ikkje lura deg.« Torgaut svara: »Eg gjev ikkje upp um eg ser smaaskrymt. Det maa ikkje vera huglegt for andre naar eg skal verta rædd, og ikkje gjeng eg or tenesta for dette.« Dei vart snart samde um vilkaari og Torgaut skulde gjæta sauerne um vinteren.

No leid sumaren, og Torgaut tok imot feet ved vinternæterne. Alle lika honom vel. Glaam kom jamnan heim og reid husi. Torgaut tykte det var mykje moro, og sa at trælen trong koma honom nærare skulde han verta rædd. Torhall bad honom tala lite um det; »det er best de ikkje røynest,« sa han. Torgaut sa: »Sanneleg er alt mod skjeke or dykk, men eg dett ikkje straks for slikt skvaldr.«

No gjekk det slik frametter vinteren til jol. Jolaftan fór saugjætaren til feet. Daa sa husfrøya: »Det være vel um det ikkje gjekk paa den gamle visi.« Han svara: »Ver ikkje rædd, husfrøya. Det skal verta eitkvart aa fortelja, um ikkje eg kjem att.« So gjekk han til feet sitt. Vêret var heller kaldt og mykje fok. Difor var Torgaut van aa koma heim, naar det var halvmyrkt, men no

Digitized by Google
Original from UNIVERSITY OF WISCONSIN

kom han ikkje til den tid. Folk kom som vanleg til kveldsong, og dei tykte straks at dette skapte seg mykje sameleis som fyrr. Husbonden vilde faa deim til aa leita etter saugjætaren, men kyrkjefolket drog seg undan, og sa dei vilde ikkje vaaga seg ut i trollhender um næterne. Husbonden trøysta seg ikkje til aa fara, so det vart inkje av leitingi.

Joledag daa folk var mette, fór dei stad og leita etter saugjætaren. Fyrst gjekk dei til røysi hans Glaam; for folk trudde han var skuld i at saugjætaren var burte. Men daa dei kom nær steinrøysi, saag dei eit stort hende. Der fann dei saugjætaren. Halsen var broten, og kvart bein i honom var sundslege. Sidan førde dei honom til kyrkja, og ingen fekk seinare mein av Torgaut.

Men Glaam tok til aa magnast paa nytt. No gjorde han so mykje av seg, at alle folk stokk burt fraa Torhallsstad so nær som bonden og husfrøya. Fjøskaren hadde vore der lenge, og Torhall vilde ikkje sleppa honom fraa seg, for han var so tru og agtsam. Han var mykje upp i aari, og tykte det var so vondt aa fara burt. Han saag at alt som bonden aatte vart øydelagt, naar ikkje nokon saag til det.

Etter midvinter skulde husfrøya ein morgon ut og mjølka kyrne som vanleg. Det var aalljost; for ingen trøysta seg aa koma ut fyrr, so nær som fjøskaren. Han fór ut so snart det lyste. Kona høyrde stort brak i fjøset og øgjeleg beljing. Ho sprang skrikande inn og sa ho skyna ikkje kva slag forunderlegt der var i fjøset. Bonden gjekk ut og kom til nauti som heldt paa og stangast. Han tykte der var ikkje godt aa vera, og gjekk inn i løda. Daa saag han tjøskaren laag med hovudet i ein baas og føterne i ein annan;

Digitized by Google
Original from UNIVERSITY OF WISCONSIN

han laag att aa bak. Bonden gjekk burt aat og treiv i honom og saag daa straks at han var daud. Ryggen var broten yver baashella. No tykte bonden det var ikkje verande der og fór burt fraa garden med alt som han kunde flytja med seg; men alt feet som var att drap Glaam. Dinæst fór han kring heile dalen og øydde all gardarne upp fraa Tunga. Torhall var daa hjaa ymse av venerne sine resten av vinteren. Ingen kunde fara upp i dalen med hest eller hund, for dei vart straks drepne.

Men daa det vaarast, og solgangen var høgst, minka det med skrymtet. Torhall vilde fara attende til gjordi sine. Det var ikkje lett for honom aa faa tenarar, men likevel tok han bustad paa Torhallsstad. Alt gjekk som fyrr. Daa det hausta, auka det paa att med skrymtet. Daa var det mest bondedotteri som vart ettersøkt, og det enda med at ho døydde av det. Dei freista med mange raader, men det nytta inkje. Folk tykte det maatte enda med at heile Vatsdalen vart øydd, um det ikkje vart raadbot paa det.

34.

No er det aa taka til med at Grette Aasmundsson sat heime paa Bjarg um hausten etter han og Viga-Barde skildest paa Torøyargnup. Daa det leid til vinternæterne, reid Grette heimanfraa nord yver halsane til Videdal til gjestings paa Audunstad. Han og Audun vart fullt forlikte, og Grette gav honom ei god øks, og dei vilde vera vener. Audun budde lenge paa Audunstad og hadde ei stor ætt. Son hans var Egil, som var gift med Ulvheid, dotter aat Øyolv Gudmundsson. Son deira var Øyolv, som vart drepen paa

Digitized by Google
Original from UNIVERSITY OF WISCONSIN

altinget. Han var far til Orm, som var kapellan hjaa bispen Torlak.

Grette reid nord til Vatsdalen og kom paa gjesting i Tunga. Der budde daa Jokul Baardsson, morbror til Grette. Jokul var ein stor og sterk mann og mykje framfus. Han var farmann og noko vrang, men elles ein gagns kar. Han tok godt imot Grette, og han var der i tri næter.

Daa vart det tala so mykje um attergangen til Glaam, at folk tala ikkje um stort anna. Grette spurde nøgje etter um tilburdarne som hadde hendt. Jokul meinte det, at folk fortalde ikkje verre enn som sant var. »Er du forviten etter aa koma dit, frende?« Grette sa han var so. Jokul bad honom ikkje gjera det — »for det er eit vaagalt verk, og frendarne dine hev mykje aa missa i deg,« sa han. »Me tykkjer at ingen av dei unge menner er som du. Men av »ilt kjem ilt«, der Glaam er. Det er òg mykje betre aa faast med menneskje enn med slike uvette.« Grette sa han hadde hug paa aa koma til Torhallsstad og sjaa korleis det stod til der. Jokul sa: »Eg ser no, at det nyttar ikkje aa telja deg fraa. Men det er sant som det er sagt, at »lukka er eitt, dugleik noko anna«. »Den eine ventar paa ulukka, naar den andre er upp i henne, det spørst korleis det gjeng deg sjølv fyrr det er slutt,« sa Grette. Jokul svara: »Det kann henda at me baae er noko framsynte, men ingen kann fly lagnaden.« Etter det skildest dei, men ingen av dei lika spaadomen aat den andre.

35.

Grette reid til Torhallsstad, og bonden fagna honom vel. Han spurde kvar Grette etla aa fara. Grette sa han vilde vera der um natti, um bonden

Digitized by Google
Original from UNIVERSITY OF WISCONSIN

ikkje hadde noko imot det. Torhall sa han var takksam for det at han var der. »Men faae ser vinning i aa gjesta her no,« sa han. »Du hev visst høyrt gjete kva som her stend paa? Eg vil ikkje at du skal koma i noko vandhøve for mi skuld. Men um du sjølv kjem heil burt, so veit eg visst at du misser hesten din; for ingen som kjem her bergar farskjoten sin,« sa han. Grette meinte at hestar var lette aa faa, kor det gjekk med denne her. Torhall vart glad daa Grette vilde vera der, og tok imot honom med baae hender. Hesten hans Grette vart læst inne i eit sterkbygt hus. Dei gjekk og la seg og sov, og natti leid, men Glaam kom ikkje heim. Daa sa Torhall: »Det vart eit godt skifte sidan du kom. For kvar natt er Glaam van aa rida husi eller brjota upp dører, som du òg ser merke etter.« Grette sa: »Eitt av tvo vil henda: Anten vil han ikkje sitja still lenge, eller han vil halda upp med trollskapen meir enn ei natt. Eg skal vera ei natt til og sjaa korleis det vil gaa.« Sidan gjekk dei til hesten hans Grette, og det var ikkje gjort honom nokor pretta. Bonden tykte at alt peika i ei leid.

No er Grette der andre natti, og trælen kom ikkje i heimehusi. Daa tykte bonden det saag mykje vonfullt ut. Han gjekk daa og skulde sjaa um hesten hans Grette. Daa bonden kom dit, var huset uppbrote, og hesten var dregen aat døri, og kvart bein i honom var sundslege. Torhall fortalde Grette kva som hadde hendt og bad honom koma seg burt; »for dauden er viss, um du biar paa Glaam,« sa han. Grette svara: »Eg kann ikkje hava mindre for hesten min enn at eg fær sjaa trælen.« Bonden sa det var ingen vinning i aa sjaa honom — »for han er ulik all manne-

Digitized by Google
Original from UNIVERSITY OF WISCONSIN

skapnad. Men eg er glad for kvar stundi du vil vera her.« So leid det til kvelds. Daa folk skulde leggja seg, vilde Grette ikkje fara or klædi, men la seg paa pallen midt imot sengkoven aat bonden. Han hadde raggfeld yver seg og knepte eine skautet ned under føterne sine, men det andre snara han under hovudet og saag ut gjenom hovudsmotta. Framanfor pallen var det ein traust, sterk benkjestokk, og den spente han i. Heile dørkarmen var broten fraa yterdøri, og so var det bunde eit hurdflak uvandsleg fyre. Heile tverrpanelingi som var millom skaalen og fordøri, var broti fraa baade yver og under tverrbjelken. Alle sengjerne var flutte, og det var heller utrivelegt der. Det brann ljos i skaalen um natti. Daa tridjeparten av natti var umme, høyrde Grette store dyn ute. Eitkvart fór upp paa huset og reid skaalen og hælgjekk tekkja so det braka i kvart tre. Slik gjekk det lenge. Daa høyrde Grette at det fór ned av taket og gjekk til døri. Daa døri var upplati, saag Grette at trælen rette hovudet inn, og Grette tykte det var avskræmeleg digert og underleg storskore. Glaam fór seint og rette seg upp daa han kom inn i fordøri. Han rakk høgt upp i raustet. Han snudde seg aat skaalen og la handleggjerne upp paa tverrbjelken og rette seg inn yver skaalen. Bonden knatt ikkje i seg, for han hadde nok med aa høyra kva som var ute. Grette laag kyrr og rørde seg ikkje. Glaam saag det laag ein dunge i pallen og fór innar i skaalen og treiv fast i felden. Grette spente i stokken so han losna ikkje. Glaam rykte andre gongen mykje fastare, men felden rikka seg ikkje. Tridje gongen treiv han i med baae henderne so fast at han reiste Grette upp or pallen. No sleit dei felden sund millom seg. Glaam saag paa

Digitized by Google
Original from UNIVERSITY OF WISCONSIN

stykket han heldt i, og undrast mykje paa kven som kunde dragast so fast med honom. Med det same sprang Grette under armarne hans, treiv honom um midja og klemde aat um ryggen so fast han vann. Han tenkte at Glaam skulde kikna; men trælen treiv um handleggjerne hans Grette so fast at han raga under taket. Grette fór daa undan fraa benk til benk. Stokkarne losna, og alt som var i vegen brotna. Glaam vilde koma seg ut; men Grette spente med føterne mot alt han kunde; men lel fekk Glaam drege honom ut or skaalen. Daa tokst dei som hardast, for trælen etla aa faa honom ut or husi. Men so ilt som det var aa slaast med Glaam inne, skyna likevel Grette at det var verre aa faast med honom ute. Difor braut han imot av all magt so dei ikkje skulde koma ut. Glaam tok hardare i og knepte honom aat seg daa dei kom i forstova. Og daa Grette skynar at han ikkje fekk spent imot, ser han berre den raadi at han spring i fanget paa trælen og spenner med føterne mot ein jordfast stein som stod i døri. Dette var ikkje trælen budd paa; for han hadde slite med aa draga Grette aat seg; difor kikna Glaam att aa bak og rauk attlenges ut gjenom døri so at herdarne tok upp i dørtreet, og taket gjekk sund, baade timbringi og den frosne tekkja. Han fall so vidopen og ovug ut or huset, og Grette ovan paa. Ute var det klaart maaneskin, og skydraatt; stundom drog det fyre, stundom fraa. Med det same Glaam fall, rak skyerne fraa maanen, og Glaam kveste augo upp imot. Grette hev sjølv sagt at det er det einaste synet han hev skift liter for. Daa seig det so aat honom av alt saman — møda og det at Glaam nidstirde paa honom — at han vann ikkje svinga sakset; han laag liksom millom heim og

Digitized by Google
Original from UNIVERSITY OF WISCONSIN

hel. Men det var større trollmagt i Glaam enn i dei fleste andre attergangarar, for han sa: »Du hev tevla mykje etter aa finna meg, Grette; men du skal ikkje tykkja det er underlegt um du ikkje fær mykje heppa av meg. Men det skal eg segja deg, at du hev no fenge helvti av den styrke og manndom som var etla deg um du ikkje hadde funne meg. No fær eg ikkje teke fraa deg den styrken som du fyrr hev fenge; men det skal eg raada for, at du vert aldri sterkare enn du er no. Du er sterk nok, det fær mange merka. Du hev vorte fræg av verki dine til no. Men heretter vil du koma burt i saker og draapsverk, og flestalle verki dine vil verta deg til ulukka og vanlagnad. Du vert lyst utlæg, so du jamnan lyt bu aaleine. Daa legg eg det paa deg, at desse augo mine skal jamnan syna seg. Daa vil du tykkja det er tungt aa vera aaleine, og det vil draga deg til dauden.« Daa trælen hadde sagt dette, rann vanmagti som hadde tyngt honom av Grette. Han svinga sakset, hogg hovudet av Glaam og sette det ved enden hans. No kom bonden ut. Han hadde klædt seg paa medan Glaam tala, men han torde ikkje koma ut fyrr Glaam var fallen. Torhall lova Gud for det og takka Grette vel for han hadde vunne paa denne ureine anden. Dei fór daa stad og brende Glaam til kalde kol. Etter det bar dei oska hans i ei hit og grov henne ned langt fraa fehagar og mannevegar. Etterpaa gjekk dei heim, og det leid daa langt paa dagen. Grette la seg, for han var mykje styrd.

Torhall sende bod til næste gardarne etter folk, og synte og sa korleis dei hadde fare. Alle som høyrde tykte dette var eit storverk. Det vart eit ordtak at ingen mann i heile landet var

Digitized by Google
Original from UNIVERSITY OF WISCONSIN

slik som Grette Aasmundsson, i styrke og mannskap og dugleik til alt. Torhall løyste Grette vel fraa seg og gav honom ein god hest og sømelege klæde, for dei var sundrivne alle dei han gjekk med fyrr. Dei skildest i venskap.

Grette reid derifraa til Aas i Vatsdal, og Torvald tok vel imot honom og spurde nøgje etter striden med Glaam. Grette fortalte um slaastingi deira, og sa han aldri hadde vore i slik styrkerøyning so lenge som dei tokst. Torvald bad han maatte fara vislegt aat, — »daa gjeng det vel; elles vert det faarlegt for deg.« Grette sa at huglyndet hans var ikkje mykje betre enn fyrr, for no var det endaa verre aa styra seg, og han tolde lite motlegg. Ein stor skilnad fann han i det at han hadde vorte so myrkrædd at han torde slett ikkje fara aaleine so snart det myrkna. Han tyktest sjaa allskyns skræmsle. Det er sidan havt til ordtøke, at Glaam laanar augo eller gjev glaamsyn til deim som ser annarleis enn det er. Grette reid heim til Bjarg, daa han hadde fullført ærendet sitt, og sat heime um vinteren.

36.

Torbjørn uksemagt hadde stort haustgilde, og det kom mykje folk. Det var medan Grette fór nord til Vatsdalen um hausten. Torbjørn ferdelang var der i laget, og det var mangt paa tale. Rutfjordingarne spurde etter striden deira med Grette paa Halsen um sumaren. Torbjørn uksemagt fortalde berre godt um Grette. Han meinte Kormaak hadde vorte ille ute um ingen hadde kome og skilt deim Daa sa Torbjørn ferdelang: »Baade var det so,« sa han, »at eg saag ikkje Grette gjorde noko

Digitized by Google
Original from UNIVERSITY OF WISCONSIN

frægdarverk, og so trur eg modet hans minka daa me kom til; han var mykje fus paa aa skiljast, og eg saag slett ikkje han freista faa hemn, daa huskaren hans Atle var drepen. Difor trur eg det aldri finst mod i honom naar han ikkje hev nøgdi folkehjelp.« Torbjørn gjorde mykje spott med dette. Mange tykte at dette var gjøn i utrengsmaal, og Grette vilde ikkje tola det um han frette desse ordi. Elles hende ikkje noko merkelegt i gjestebodet. Folk fór heim. Det var mykje uvenskap millom deim um vinteren, men dei tok ikkje paa kvarandre. Og det hende ikkje noko sers.

37.

Tidleg um vaaren etter kom det ut eit skip fraa Norig. Det var fyre tingtid Dei kunde fortelja mange tidender. Fyrst det at det hadde vorte hovdingskifte i Norig. Kong Olav Haraldsson var komen til riket, men Svein jarl var rømd or landet um vaaren nett etter Nesjastriden. Dei fortalde mange merkelege ting um kong Olav, og so det at han tok best imot deim som var dugande karar paa einkvar maaten og gjorde deim til sine handgjengne menner. Dette vart mange unge menner glade for, og fekk hug til utferd. Daa Grette spurde denne tidend, vart han òg huga paa aa reisa; for han venta seg heider og æra hjaa kongen, han som dei hine.

Det stod eit skip uppsett paa Gaasar i Øyefjorden. Der fekk Grette seg far og budde seg til utferd. Han hadde ikkje mykje ferdagods. Aasmund var no gamall og ufør og var mykje sengjeliggjande. Han og Aasdis hadde ein ung og emneleg son, som heitte Illuge. Atle tok no heile

Digitized by Google
Original from UNIVERSITY OF WISCONSIN

gardsstyret og krøterhaldet. Daa tykte dei det batna mykje, for han var gjæv og forsjaaeleg.

Grette fór til skips. Paa det same skipet hadde Torbjørn ferdelang tinga far, fyrr dei visste at Grette vilde vera med der. Mange talde Torbjørn fraa aa reisa paa same skip som Grette, men Torbjørn sa han vilde fara nett like godt for det. Han budde seg til ferdi og kom seg heller seint i stand. Han kom ikkje nord paa Gaasøyri fyrr skipet laag sigleferdigt. Fyrr Torbjørn fór aust-etter, hadde Aasmund hærelang vorte sjukleg og kom ikkje or sengi. Torbjørn ferdelang kom seint paa dag til strandi. Daa skulde mennerne nett gaa til bords og stod og vaska henderne sine ute ved budi. Daa Torbjørn reid fram millom buderne, helsa dei paa honom og spurde um tidender Han visste ingi sa han, »utan det at eg tenkjer kjempa Aasmund paa Bjarg er daud no.« Mange sa daa som sant var, at der fór ein gild bonde or heimen. »Korleis bar det til?« spurde dei. Han svara: »Det skulde ikkje mykje til no for kjempa. Han kovna i stoverøyken som ein hund. Men det var ingen skade i det, for han var no gamall og ør.« Dei svara: »Du talar uhøvelegt um slik ein mann, og Grette vilde visst ikkje lika det um han høyrde det.« »Eg kann tola det,« sa Torbjørn, »og Grette fær no bera sakset høgre enn i fjor sumar paa Rutetjordhalsen, skal eg verta rædd honom.« Grette høyrde godt kva Torbjørn sa, men let seg ikkje merka medan Torbjørn fortalde. Men daa han slutta, sa Grette: »Det spaar eg deg, ferdelang, at du døyr ikkje i stoverøyken, og det kann henda at du ikkje døyr av alderdom heller; men det er underleg gjort aa tala svivyrdsleg um saklause menner.« Torbjørn sa: »Eg vil ikkje attra meg i dette, og eg tykte ikkje du var so braa av deg

Digitized by Google
Original from UNIVERSITY OF WISCONSIN

den gongen me berga deg for Melsmennerne, daa dei slo deg som eit naut.« Grette kvad denne visa:

Ofte mæler
mannen vyrdlaust.
Sume maa svida
saart for tunga.
Mange hev mindre
meinord tala,
Ferdelang, enn du.
Fort kjem løni.

Torbjørn sa: »Eg er visst ikkje feigare enn fyrr, for det um du skraalar!« Grette svara: »Spaadomarne mine hev ikkje havt lang alder til dessar, og det vert vel slik heretter òg. Vara deg um du vil. Det vert ikkje betre seinare.« Dermed hogg Grette til Torbjørn, men han tok imot med handi og etla aa bera hogget av seg soleis. Hogget raaka handi ovanfor uvleden, og sidan raaka sakset halsen, so hovudet fauk av. Kjøpmennerne sa han var storhoggande, og slikt høvde kongsmenner. Dei tykte ikkje det var nokon skade i at Torbjørn var drepen, for han hadde vore baade kivsam og eglesam.

Straks etter drog dei til havs og kom ut paa sumaren til Norig sør ved Hordeland. Daa frette dei at kong Olav var i Trondheim; Grette fekk seg far nordetter med nokre handelsmenner; for han vilde finna kongen.

38

Tore heitte ein mann som budde paa Gard i Adaldal. Han var son til Skjegge Botolvson. Skegge hadde teke Kjeldekverv uppe til Kjeldenes. Han var gift med Helga, dotter til Torkjel paa Fiskeløk.

Digitized by Google
Original from UNIVERSITY OF WISCONSIN

Tore, son hans, var ein stor hovding og farmann. Han hadde tvo søner. Ein heitte Torgeir og den andre Skjegge. Dei var baae emnelege karar og mest fullvaksne no. Tore hadde vore i Norig den sumaren kong Olav kom vestanfraa England og kom seg godt i venskap med kongen og like eins med bispen Sigurd. Det er til merke paa det: Tore hadde bygt eit stort skip i skogen og bede bispen Sigurd vigja det, og det hadde han gjort. So fór Tore ut til Island og let skipet hogga upp, daa han var leid av siglingi. Brandarne*) sette han yver utedøri si, og der stod delenge sidan; dei var so vêrvise at det taut i den eine for sunnanvêr, og i den andre for nordanvêr. Daa Tore spurde at kong Olav hadde fenge einveldet yver heile Norig, meinte han at der kunde han venta seg venskapsord. Difor sende han sønerne sine til Norig, so dei òg skulde finna kongen og verta hans handgjengne menner. Dei tok land noko i sør seinhaustes, fekk seg ei rorskuta og fór nord med land og etla seg til kongen. Dei kom inn paa ei hamn sunnanfor Staden og laag der nokre næter. Dei heldt seg godt med mat og drykk og var ikkje ute naar vêret var stygt.

No er det aa fortelja at Grette og hans fylgje fór nord med landet og fekk ofte hardvêr; for dette var tidleg paa vinteren. Daa dei kom nord mot Staden, fekk dei fælt illvêr med fok og frost, og tok med naudi land ein kveld, alle mykje vaastrøytte. Dei la til attmed ein bale og fekk berga godset sitt og forraadi. Kjøpmennerne bar seg ille for dei ikkje fekk upp eld. Dei tykte det

---

*) uppstandarane attmed framstamnen.

Digitized by Google

Original from UNIVERSITY OF WISCONSIN

spela um helsa og livet. Dei laag der um kvelden reint ille stadde.

Daa det leid ut paa kvelden, saag dei at det kom upp ein stor eld paa andre sida av sundet dei var komne til. Daa lagsmennerne hans Grette saag elden, sa dei at den var heppen som naadde den; dei eva seg um dei skulde løysa skipet. Men alle tykte det var for vaagsamt. Dei tala mykje um det fanst nokon mann so spræk at han kunde naa i elden. Grette blanda seg lite i røda deira, men sa at det hadde vel vore dei menner som ikkje kviddest for aa gjera slikt. Kjøpmennerne sa at det var liti hjelp for deim det som hadde vore, naar det ikkje var nokon no som kunde gjera det. »Kanskje du, Grette, trøyster deg til det?« sa dei, »for du heitest no vera den mest dugande islendingen, og du veit godt kva det gjeld for oss.« Grette svara: »Eg tykkjer ikkje det er noko stort karsstykke aa faa tak i elden, og eg veit ikkje um de løner meg betre enn han ynskjer seg som gjer det.« Dei sa: »Tenkjer du me er slike travar at me ikkje vil løna det godt?« »Eg skal gjera ein freistnad, naar so er de tykkjer det gjeld so mykje. Men eg trur ikkje at eg fær stor gleda av dette verket,« sa Grette. Dei meinte at slikt skulde ikkje henda og bad lukka og velsigning yver han. Etter dette klædde Grette av seg og laga seg til aa symja. Han fór i ei kappa og ei vadmaalsbrok. Han stytte um seg kappa, knytte tog um midja og tok med seg eit kjerald. So sprang han yver bord. Han sumde tvert yver sundet og gjekk paa land. Der saag han stod eit hus og der høyrde han mannemaal og mykje staak inne. Dit gjekk han.

No er det aa fortelja um deim som var der, at det var Toresønerne som fyrr var nemnde. Dei

Digitized by Google
Original from UNIVERSITY OF WISCONSIN

hadde lege der mange næter og venta paa betre vêr, so dei kunde koma nord um Stad. Dei hadde sett seg til aa drikka og var tolv i lag. Dei laag i storhamni, og der var bygt eit herbyrge til aa vera i før folk som fór frammed land. Det var bore mykje halm inn i huset, og det brann ein stor eld paa golvet. Grette gjekk no inn i huset og visste ikkje kven som var der. Kappa hans hadde frose seg heilt til med isjøklar straks han kom paa land, og han var furdeleg stor aa sjaa til, mest som eit troll. Dei som inne var, stokk i av dette og tenkte det maatte vera eit uvette. Dei slo til honom med alt dei fekk tak i, og det vart stort brak inne. Grette slo godt fraa seg med armarne. Sume slo honom med brandar so gneistarne spraka yver heile huset. Men han kom seg ut med eld og fór so attende til felagarne sine. Dei rosa mykje ferdi hans og djervleiken hans og sa at ingen var hans jamlike. So gjekk natti, og dei tyktest vera hjelpte daa dei fekk eld.

Morgonen etter var det godt vêr. Kjøpmennerne vakna tidleg og budde seg til ferd. Dei tala um at dei skulde finna deim som hadde raadt for elden og faa vita kven dei var. Dei løyste skipet og fór yver sundet. Skaalen fann dei ikkje, men berre ein stor oskedunge, og der nedi fann dei mange mannebein. No tyktest dei vita at heile herbyrget hadde brunne upp, med dei mennerne som hadde vore der. Dei spurde um Grette hadde valde denne ulukka og let at det var ei stygg ugjerning. Grette sa at no var det gjenge som han hadde ottast, at dei vilde løna honom ille for eldhentingi. »Det er vondt vesalmannen aa hjelpa,« sa han. Dette vart Grette til mykjen skade; for kjøpmennerne fortalde kvar dei kom, at han hadde brent desse mennerne inne.

Digitized by Google
Original from UNIVERSITY OF WISCONSIN

Det spurdest snart at Toresønerne fraa Gard, som fyrr er nemnde, og fylgjesmennerne deira hadde late livet der. No jaga dei Grette burt fraa skipet og vilde ikkje hava honom med seg. Alle vanvyrde honom, og mest ingen stad fekk han hjelp. Daa tykte han det saag vonlaust ut, og no vilde han plent fara og finna kongen; han leita daa nord til Trondheim. Der var kongen til stades og hadde spurt alt dette fyrr Grette kom; dei hadde nedtala han mykje hjaa kongen. Grette var nokre dagar i byen fyrr han fekk koma til kongen.

39.

Det var ein dag daa kongen sat i tingstova, at Grette gjekk fram for kongen og helsa honom vyrdeleg. Kongen saag paa Grette og sa: »Er du Grette den sterke?« Han svara: »Dei hev kalla meg so. No er eg komen hit av di eg vonar letting av Dykk til aa fri meg fraa det illmælet som er paa meg sett. Eg kjenner meg saklaus.« Kong Olav sa: »Du er sanneleg velvaksen, men eg veit ikkje kva lukka du kann hava til aa faa denne saki av deg; det er mest rimelegt at du uviljande hev brent mennerne inne.« Grette sa han gjerne vilde faa av seg dette uordet um kongen meinte det var raad. Kongen bad honom segja sanneleg korleis det hadde gjenge for seg. Grette sa daa alt som fyrr er utgreidt, og la til at dei livde alle daa han kom seg ut med elden. »No byd eg meg til aa løysa av meg denne skuldingi soleis som De tykkjer logi tilsegjer.« Daa sa kongen: »Me vil unna deg aa bera jarn for denne saki, um du hev lukka med det.« Grette lika det ovleg godt.

No tok Grette til aa fasta til jarnburden, og

Digitized by Google
Original from UNIVERSITY OF WISCONSIN

det leid til den dagen han skulde i skirslingi. Daa gjekk kongen til kyrkja og biskopen og mykje folk. For mange var forvitne etter aa sjaa Grette, so mykje som det var fortalt um honom. So vart Grette leidd til kyrkja, og daa han kom til kyrkja, saag dei paa honom alle som var der fyrr, og dei sa han var ulik dei fleste menner i styrke og vokster. Grette gjekk inn etter golvet. Daa sprang det fram ein heller svipleg gut nett vaksen og sa til Grette: »Det er ei underleg vis no her i dette landet, der folk skulde heitast kristne, at illgjerningsmenner og ransmenner og tjuvar skal fara i fred og gjera slike skirslingar. Men kva for eit illmenne vil ikkje berga livet naar han kann? Her er no ein udaadsmann som er saka i illgjerder. Han hev brent inne skuldlause menner, og likevel skal han faa lov til aa fria skuldingi av seg. Det er ein stor used.« Han fór burt til Grette og rette fingrar etter honom og skar andlit og kalla honom marmæleson og gav honom mange andre stygge utnamn. Grette vart mykje vond for dette og kunde ikkje styra seg. Han lyfte neven og slo guten under øyra so han straks laag i uvit; sume segjer han var daud straks. Men ingen tyktest vita kvar guten kom fraa eller kvar det vart av honom; det tenkte folk helst, at det hadde vore ein urein ande som var send Grette til ulukka.

No vart det stort uppstyr i kyrkja, og dei fortalde kongen at han som jarnet skulde bera, heldt paa og slost. Kong Olav gjekk fram i kyrkja og fekk sjaa kva det var. Daa sa han: »Du er ein stor usæling, Grette, naar ikkje skirslingi vart av denne gongen daa alt var tilbudt; det maa ikkje vera lett aa bøta paa vanlagnaden din.« Grette svara: »Eg hadde tenkt eg skulde vinna større

Digitized by Google
Original from UNIVERSITY OF WISCONSIN

heider hjaa Dykk, herre, enn det snur seg til no, etter ætti mi aa rekna,« og no fortalde han det som fyrr er nemnt her, korleis han hadde høyrt kong Olav tok imot menner. »Eg vilde so gjerne De skulde taka mot meg,« sa Grette, »De hev mange med Dykk som visst ikkje er betre i strid enn eg.« »Eg ser det,« sa kongen, »at det er faa som er like deg i styrke og manndom; men du hev alt for stor vanlagnad til at du kann vera med oss for det. No skal du fara i fred for meg kvar du vil heile vinteren, men far ut til Island til sumars. For det er deg lage aa kvila dine bein der.« Grette svara: »Eg vilde fyrst kvitta meg med brandsaki, um det var raad, for det var uviljesverk.« »Det er rimelegt,« sa kongen, »men for det du gjorde til inkjes skirslingi med tol-løysa di so kann du ikkje faa denne av deg løyst meir enn det som no er gjort. Ein fær jamt skade av tankeløysa; men um nokon mann hev vore fødd til ulukka, so hev du vore framum alle andre.« Grette var sidan i byen ei stund, men fekk ikkje meir hjelp hjaa kongen enn som no er fortalt. Sidan fór han sør i landet og etla seg aust til Tunsberg og vilde finna Torstein dromund, bror sin. Det er ikkje noko fortalt um ferdi hans fyrr han kom aust til Jæren.

40.

Ved joletid kom Grette til ein bonde som heitte Einar. Han var ein rik mann og gift og hadde ei giftande dotter, som er nemnd Gyrid. Ho var ei fager kvinna og tyktest vera eit hardla godt gifte. Einar baud Grette vera der i joli, og det tok han imot.

Daa hende det mange stader i Norig, at skogmenner og illgjerningsmenner sette ned or skogarne

Digitized by Google
Original from UNIVERSITY OF WISCONSIN

og kravde kvinnor av folket; eller dei tok gods fraa folk med vald, naar det ikkje var ein folkefjølde til aa taka imot.

Her bar det soleis til at ein dag i joli kom mange illgjerningsmenner til Einar bonde. Føraren deira heitte Snækoll, og han var ein stor berserk. Han baud Einar bonde at han skulde anten gjeva fraa seg dotteri si, eller verja henne um han tyktest vera mann til det. Men bonden var daa komen noko upp i aari og var ingen stridsmann, so han tykte han var komen i stor vande. Han spurde Grette stilt, kva han vilde raada til, »for du er halden for ein fræg mann,« sa han. Grette bad honom berre samtykkja i det som han tykte skamlaust. Berserken sat paa ein hest og hadde hjelm paa hovudet, og kinnskjermarne var ikkje ihopspente. Han hadde eit jarnkanta skjold fyre seg, og han let skræmeleg. So sa han til bonden: »Vèl snøgt eitt av tvo. Kva raad gjev han deg, den lange slampen som stend attmed deg? Det er no vel ıkkje so at han vil leika med meg?« Grette sa: »Me er like, eg og bonden, for ingen av oss er stridsdjerv.« Snækoll sa: »Heller ræddast de for aa faast med meg, um eg vert vreid.« »Daa veit ein det naar ein hev røynt det,« sa Grette. Berserken fann daa at dei drog saki ut og tok til aa grenja høgt og beit i skjoldrandi. Han sette skjoldet upp i munnen paa seg og gapte yver hyrna og let fælslegt. Grette spratt burtetter vollen, og daa han kom paa sida aat hesten, spente han upp under skjoldsporden so hardt at skjoldet gjekk heilt inn i munnen; kjeften rivna, og kjakarne datt ned paa bringa. Og i same snuingi treiv han i hjelmen med vinstre handi og rykte vikingen ned av hesten. Med den høgre handi drog han sakset han var gyrd med og sette

Digitized by Google
Original from UNIVERSITY OF WISCONSIN

i halsen so hovudet gjekk av. Daa fylgjesmennerne hans Snækoll saag dette, flydde dei kvar sin veg. Grette nente ikkje aa elta deim; for han saag det var nokre stakarar. Bonden og mange andre menner takka honom mykje for dette verket, og dei tykte det var gjort baade snøgt og djervt. Grette var der i joli og hadde det godt, og bonden gav honom gode gaavor daa han reiste. Sidan fór Grette aust til Tunsberg og fann Torstein, bror sin. Han tok venleg imot Grette og spurde etter ferderne hans og at han vann paa berserken. Grette kvad ei visa:

»Skoen snerte
hermanns-skjoldet,
støytte i munnen
hans djerve Snækoll.
Tviskifte skoldet
tanngardstufti;
kjelkarne kløyvdest,
kom ned paa bringa.«

Torstein sa: »Du dugde til mangt, frende, berre ikkje ulukka fylgde med.« Grette svarar: »Det vert no gjetord av det som gjort er.«

41.

No var Grette hjaa Torstein det som att var av vinteren og fram etter vaaren. Ein morgon laag brørne Torstein og Grette i svevnloftet sitt. Grette hadde lagt henderne fram under klædi. Torstein vakte og saag det. Lite seinare vakna Grette. Daa sa Torstein: »Eg hev sét handleggjerne dine frende, og eg tykkjer ikkje det er underlegt at hoggi dine vert tunge for mange. For eg hev aldri sét nokon mann hava slike hand-

Digitized by Google
Original from UNIVERSITY OF WISCONSIN

leggjer.« »Du maatte daa vita det,« sa Grette, »at eg kunde ikkje gjort slike verk som eg hev gjort um eg ikkje var ovleg sterk.« »Eg tykte det vilde vore betre um dei var noko mjaaare, og det fylgde meir lukka med,« sa Torstein. Grette sa: »Sant er det som sagt er at »ingen mann skaper seg sjølv«. Lat no meg faa sjaa dine handleggjer.« Torstein gjorde so. Han var ein lang og grannvaksen mann. Grette lo og sa: »Ein treng ikkje sjaa paa dette lenger. Siderivi dine er ihopkrøkte, og eg veit ikkje eg hev sét slike tenger som du ber. Eg trur du snaudt hev kvinnemagt.« »Det kann so vera,« sa Torstein, »men du skal likevel vita, at desse mjaae handleggjerne skal hemna deg, elles vert du aldri hemnt.« »Kven kann vita kor det vert til sist,« sa Grette, »men lite rimelegt tykkjest det meg vera.«

Det er ikkje fortalt meir um samtalen deira. No leid det paa vaaren. Grette vart med eit skip til Island um sumaren. Brørne skildest med venskap, og dei saag ikkje kvarandre sidan.

42.

No er det aa taka til der det fyrr slutta, at Torbjørn uksemagt spurde draapet paa Torbjørn ferdelang, som fyrr er fortalt. Han fór upp i sinne og lova paa at ymse munde koma til aa hogga i annans gard. Aasmund hærelang laag lenge sjuk um sumaren. Og daa han tykte det drog etter med honom, henta han til seg frendarne og sa at han vilde at Atle skulde styra med heile eigedomen etter hans dag. »Men eg er rædd for,« sa han »at du snaudt fær sitja i ro for urettvise folk. Og det vilde eg at alle mine skyldfolk hjelpte

Digitized by Google Original from UNIVERSITY OF WISCONSIN

honom som best. Grette kann eg ikkje segja noko um, for eg tykkjer hans lagnad er liksom paa rullande hjul. Endaa han er ein sterk mann, er eg rædd for at han fær fleire vanskar aa vinna yver, enn tid til aa hjelpa frendarne sine noko. Men um Illuge enno er ung, vil han verta ein dugande mann, dersom han fær hava helsa.« Daa Aasmund hadde skipa det som han vilde med sønerne sine, tok sotti hardare paa honom, og han andast straks etter. Han vart jorda paa Bjarg, for Aasmund hadde bygt ei kyrkja der. Mennerne i heradet tykte det var ein stor saknaddaude.

Atle vart ein gild bonde og hadde mykje folk hjaa seg. Han raadde dugleg til hushaldet. Daa det leid ut paa sumaren, fór han ut paa Snøfjellsnes og skulde faa seg skreid. Han fór heimanfraa med mange hestar og reid til Melar i Rutefjorden, til Gamle, maagen sin. Grim Torhallsson, bror til Gamle, og ein til vart med Atle. Dei reid vest yver Haukedalsskardet og utyver til Nes. Der kjøpte dei mykje skreid som dei førde paa 7 hestar. Daa dei var reiduge, snudde dei heim.

43.

Torbjørn uksemagt frette at Atle og Grim var farne heimanfraa. Gunnar og Torgeir, sønerne til Tore fraa Skard, var daa hjaa Torbjørn; han var ovundsjuk paa Atle for han var so vensæl. Torbjørn eggja Toresønerne til aa sitja etter Atle, naar han kom utan av Neset. Dei reid heim til Skard og bia der til Atle og fylgjet fór framum med føringi. Daa dei kom framum husi paa Skard, saag brørne deim og reid fort etter med huskararne sine. Daa Atle saag dei kom, bad han mennerne sine taka klyvjarne av hestarne.

Digitized by Google
Original from UNIVERSITY OF WISCONSIN

»Dei vil truleg bjoda meg bøter for huskaren min som Gunnar drap i fyrre sumar. Me skal ikkje fyrst byrja strid, men tek dei paa oss, skal me verja oss.« No kom dei hine til og sprang av hestarne. Atle fagna deim og spurde etter tidender, »eller vil du Gunnar gjeva meg noko i bot for huskaren min?« Gunnar svara: »De var anna verde, Bjargsmenner, enn at eg bøtte med godo. Det var òg meir verdt at de gav bot for Torbjørn som Grette drap.« »Det hev ikkje eg aa svara for,« sa Atle, »og heller ikkje er du hovudmannen i den saki.« Gunnar meinte at no fekk dei hemna draapet, »lat oss taka paa deim og nøyta høvet, no naar Grette ikkje er med,« sa han. Dei sprang paa Atle og var 8 i alt, men Atle og hine var berre seks. Atle gjekk fram fyre mennerne sine og drog sverdet Jokulsnaut, som Grette hadde gjeve honom. Daa sa Torgeir: »Mangt er likt med deim som vil vera glupe, men Grette bar sakset høgt i fyrre sumar paa Rutefjordshalsen.« Atle svara: »Han er òg meir van med storverk enn eg.« So slost dei. Gunnar sette paa Atle med ofse og var reint rasande. Daa dei hadde slegest ei stund, sa Atle: »Me vinn ingi æra med aa drepa huskararne for einannan. Difor skal me tvo leikast, for eg hev aldri slegest med vaapn fyrr.« Gunnar vilde ikkje det. Atle bad huskararne sine sjaa til klyvjarne; »men eg skal sjaa kva dei tek seg til.« Dermed gjekk han so hardt fram, at fylgjet hans Gunnar hopa undan. Atle drap daa tvo av fylgjesmennerne til brørne. So snudde han seg mot Gunnar og hogg til honom so skjoldet rauk tvert av nedanfor handfanget, og hogget kom i foten nedanfor kneet. Han hogg straks eit hogg til, og det vart banesaar.

Digitized by Google
Original from UNIVERSITY OF WISCONSIN

No er det aa fortelja um Grim Torhallsson at han la imot Torgeir. Dei slost lenge, for baae var rauste karar. Daa Torgeir saag at Gunnar bror hans fall, vilde han røma. Grim sprang etter honom og elte honom til han snaava og datt framyver. Daa hogg Grim øksi millom herdarne hans, so ho gjekk langt inn. Daa gav dei grid til dei tri fylgjesmennerne deira som var att. Etter dette batt dei um saari sine og la klyvjarne paa hestarne. So fór dei heim og lyste draapi.

Atle sat heime med mykje folk um hausten. Torbjørn uksemagt lika det ovleg ille, men kunde inkje gjera, for Atle var vár um seg Grim var hjaa honom um vinteren, og like eins Gamle, maagen hans. Der var òg Glum Uspakson, andre maagen hans. Han budde daa paa Øyr i Bitra. Det var soleis folksamt paa Bjarg um vinteren, og der var mykje gaman.

44.

Torbjørn uksemagt tok paa seg søksmaalet for draapet paa Toresønerne. Han la sak mot Grim og Atle; men dei vilde føra som vern at Toresønerne hadde lagt seg i bakhald og gjort fyrste aataket. Difor fall dei uhelga. Saki vart lag til Hunevatsting, og baae partar samla mykje folk. Det var lett for Atle aa faa folk, for han hadde ein megtig frendeflokk. Venerne paa baae sidor gjekk daa saman og tala um semja. Alle sa at Atle var ein bra mann, som ikkje egla seg inn paa nokon, men likevel heilhuga i strid. Torbjørn tyktest sjaa at det var ikkje annan vyrdnad aa vinna enn aa taka imot forlik. Atle sette til vilkaar at han korkje skulde verta utlæg i heradet eller i landet. Til skilsdomsmenner for Atle vart

Digitized by Google
Original from UNIVERSITY OF WISCONSIN

teke Torvald Aasgeirsson, og for Torbjørn Solve den prude. Han var son til Aasbrand Torbrandson, son til Harald ring som hadde teke heile Vatsnes alt vestan fraa Ambaattaraa og aust til Tveraa og tvert yver til Bjargos og alt paa denne sida fjelli ut til sjøen. Solve var mykje storlaaten og ein vitug mann. Difor valde Torbjørn honom til skilsdomsmann for seg. Skilsdomen gjekk ut paa, at for Toresønerne skulde det verta bøtt halv bot, men den andre halve fall burt for dei laag i bakhald og tok paa Atle og vilde drepa honom. Huskaren hans Atle som vart drepen paa Rutetjordshalsen skulde verta bøtt likt med baae deim som fall saman med Toresønerne. Grim Torhallsson skulde røma heradet, men Atle vilde leggja pengebøterne aaleine.

Denne avgjersla lika Atle godt, men Torbjørn heller ille; likevel skildest dei forlikte aa kalla. Men Torbjørn let at det skulde ikkje vera slutt med dette, um det gjekk som han vilde.

Atle reid heim fraa tinget og takka Torvald mykje for hjelpi. Grim Torhallsson fór sør til Borgarfjorden og budde paa Gilsbakke og var ein gild bonde.

45.

Ein mann som heitte Aale var huskar hjaa Torbjørn uksemagt. Han var lite umgjengjeleg og lat. Torbjørn bad honom arbeida meir, elles vilde han dengja honom, let han. Aale sa han var ikkje huga paa det, og var berre eglesam. Torbjørn tolde honom ikkje og slo honom under seg og fór ille med honom. Etter dette fór Aale burt or tenesta og strauk nord yver halsen til Midfjorden og stana ikkje fyrr han kom til Bjarg.

Digitized by Google
Original from UNIVERSITY OF WISCONSIN

Atle var heime. Han spurde etter kvar Aale etla seg. Han sa han søkte tenesta. »Er du ikkje arbeidsmannen hans Torbjørn?« sa Atle. »Me vart ikkje forlikte,« sa Aale; »eg var ikkje lenge der, men eg tykte det var ilt so lenge eg var der. Me skildest med det at han nær hadde kverka meg. Dit vil eg aldri, kva det so vert av meg. Det er òg sant, at det er so stor skilnad paa kor lett de tvo kann faa tenestfolk. No vil eg gjerne arbeida hjaa deg um eg fær lov.« Atle svara: »Eg hev nok av arbeidsfolk, og eg treng ikkje krenkja Torbjørn med aa draga fraa honom dei folki han hev tinga seg. Elles trur eg du er ei dugløysa, so du kann berre fara attende til honom.« Aale sa: »Dit kjem eg ikkje godviljes.« Og Aale vart der ei stund.

Ein morgon gjekk han til arbeids saman med huskararne hans Atle, og han arbeidde som han hadde hundrad hender. Slik dreiv Aale paa til fram paa sumaren. Atle tala ikkje til honom, men let honom faa mat; for han lika arbeidet hans godt.

Torbjørn frette at Aale var paa Bjarg. Daa reid han dit med 2 mann og bad um aa faa tala med Atle Atle gjekk ut og helsa paa deim. Torbjørn sa: »Vil du nya uppatt fiendskapen og aagangen mot meg, Atle? Kvifor hev du teke huskaren min? Slikt er aa gjera uskil.« Atle svara: »Det er ikkje prova at han er huskaren din; men eg vil ikkje halda paa honom, dersom du syner skilleg at han er din tenar. Men eg nenner ikkje aa draga honom ut or husi.« »Du fær raada denne gongen,« sa Torbjørn, »men eg krev mannen attende og forbyd honom aa arbeida. Eg skal koma ein gong til, og daa er det ikkje visst at me skilst so gode vener som no.« Atle svara:

Digitized by Google
Original from UNIVERSITY OF WISCONSIN

»Eg vil bia heime og taka imot det som kjem.« Sidan reid Torbjørn heim.

Daa arbeidskararne kom heim um kvelden, fortalde Atle um samtalen med Torbjørn og bad Aale fara sin veg, for han vilde ikkje oftare trætta um uppheldet hans der. Aale svara: »Sant er det gamle ordet: »Storskrøytarar svik ein mest!« Eg tenkte ikkje at du vilde jaga meg burt, naar eg hev arbeidt paa spreng i sumar. Eg vona at du vilde hjelpa meg noko, men soleis fer de aat, de storbønder, endaa de lovar so godt. No skal eg lata meg dengja framfor augo dine, um du ikkje vil gjeva meg nokon studnad eller hjelp.« Atle skifte hug ved talen hans og nente ikkje aa jaga honom burt fraa seg. No leid det fram til slaatten.

Ein dag nyst fyre midsumar reid Torbjørn uksemagt til Bjarg. Han hadde hjelm paa hovudet og sverd ved sida og spjot i handi. Det var eit fjørspjot*) med mykje breidt blad. Det regnde den dagen. Atle hadde sendt huskararne sine til slaatten, og sume av mennerne hans var ved Horn og skulde sanka i hop ved og anna rak. Atle var heime og nokre faae menner. Torbjørn kom dit ved middagsleite. Han var aaleine og reid burt til ytterdøri. Ho var attlati, og det var ingen ute. Torbjørn banka paa døri og fór so attum husi, so ingen kunde sjaa honom fraa døri. Heimemennerne høyrde at nokon banka paa, og ei kvinna gjekk til døri. Torbjørn saag ein skimt av henne, men ho fekk ikkje sjaa honom, for han emna paa noko anna. Kvinna gjekk inn i stova. Atle spurde etter kven som kom. Ho hadde ikkje sét nokon sa ho. Nett daa slo Torbjørn eit hardt slag mot døri. Daa sa Atle: »Det er meg han

*) spjot med flatt blad.

Digitized by Google
Original from UNIVERSITY OF WISCONSIN

vil raaka; han hev vel ei ærend til meg, kor turvande ho so kann vera.« Han gjekk fram til døri, men saag ingen ute. Det stridregnde, so han gjekk ikkje ut, men heldt henderne i dørskiorne og saag seg ikring. I det bilet sprang Torbjørn fram fyre døri og la med baae hender spjotet gjenom Atle. Daa Atle fekk styngen, sa han: »No brukar dei breide spjot.« So fall han fram yver dørstokken. Daa kom dei fram kvendi som hadde vore i stova og saag at Atle var daud. Torbjørn var alt komen paa hesten og lyste draapet paa seg. So reid han heim. Aasdis sende bod etter folk og budde um liket. Atle vart jorda attmed far sin. Det var ein saknaddaude, for han hadde vore baade vitug og vensæl. Det vart ikkje gjeve nokor bot for draapet paa Atle, og ingen kravde heller. For det var Grette som hadde søksmaalet um han kom til Island. Det var kyrt um sumaren. Torbjørn vart ille lika for dette verket, men han sat i fred paa garden sin.

46.

Denne sumaren som det no er fortalt um kom eit skip ut til Gaasar fyre tinget. Daa frette dei um ferderne hans Grette, og det vart òg fortalt um branden. Tore paa Gard vart ovleg harm daa han høyrde dette og vilde hemna seg paa Grette, for di sønerne var innebrende. Tore reid mannsterk til tings og bar fram brandsaki. Men folk tykte at saki kunde ikkje verta avgjord, naar det ikkje var nokon til aa verja. Tore sa han kunde ikkje nøgjast med mindre enn at Grette vart dømd fredlaus um heile landet for eit slikt uverk. Daa svara Skafte lovsegjemann: »Visst er det ilt verk dersom det er slik som det er fortalt.

Digitized by Google
Original from UNIVERSITY OF WISCONSIN

Men jamt er soga halvsagd naar berre den eine parten fortel. For dei fleste vil helst leggja alt ut til det verste der som det finst tvo ulike meiningar um ei sak. Eg vil ikkje døma Grette fredlaus no med det same.« Tore var vyrd i heradet og ein stor hovding og ven med mange stormenner. Han søkte so hardt aat at ingen kunde berga Grette. Tore fekk lyst Grette utlæg yver heile Jandet, og var sidan den faarlegaste motmannen hans som det ofte synte seg. Han sette straks upp ein slump pengar for hovudet hans Grette, slik som dei gjorde med skoggangsmenner. So reid han heim. Mange sa at dette var meir gjort med magt enn etter loverne, men det fekk so vera. Det hende ikkje noko sers frametter sumaren.

47.

Daa det leid ut paa sumaren, kom Grette Aasmundsson ut i Kvitaa i Borgarfjorden. Folk fraa heradet fór til skipet. Desse tidender kom alle i senn til Grette. Det fyrste at far hans var daud, det andre at bror hans var drepen, det tridje at han var lyst utlæg yver heile landet. Daa kvad Grette denne visa:

»I senn eg fekk alt fretta:
fredlaus er eg, skalden
bøygd i sorg lyt bera
brors og faders daude.
Hermenner! i morgon
mange av dei djerve
sellar sorgall vert for
sorgi dei meg valda.«

Digitized by Google
Original from UNIVERSITY OF WISCONSIN

Folk segjer at Grette skifte ikkje huglag ved denne fretnad, men var like glad som fyrr. Han heldt seg ved skipet ei rid, for han fekk ingen farskjot som han lika.

Svein heitte ein mann som budde paa Bakke upp for Tingneset. Han var ein gjæv bonde og kvik, og kvad ofte for gaman skuld. Han aatte ei brun merr. Ho var svært snarføtt, og Svein kalla henne Sadelkolla. Grette fór ei natt fraa Vollarne, utan at kjøpmennerne ansa det. Han fekk seg ei svart kaapa og drog yver klædi, og soleis løynde han seg. Han gjekk upp med Tingneset og so upp til Bakke. Daa hadde det vorte ljost. Han saag ein brun hest ved tunet, og fór stad og la beisl paa honom. So steig han paa hesteryggen og reid upp med Kvitaai nedanfor Bø, so til Flokedalsaa, og kom so paa vegen ovanfor Kalvnes. Arbeidsfolki paa Bakke stod upp nett daa, og dei sa til bonden at nokon hadde teke merri hans. Han stod upp, smaa-lo og kvad dette:

»Hermenn! stamnhest-styraren
strauk med Sadelkolla,
tett ved garden tjuven
tok min gjæve gangar.
Fullsterk er han til fleire
farkestrìk og valdsverk;
prettevis og vaagall
vonleg lyt han vera.«

Sidan tok han hesten sin og reid etter. Grette reid til han kom framum Kropp-garden. Der fann han ein mann som kalla seg Halle og sa han skulde fara ned til skipet paa Vollarne. Grette kvad denne visa:

Digitized by Google
Original from UNIVERSITY OF WISCONSIN

»Seg du i breide bygder,
braalynde hermann!
Sadelkolla saag du
snøgt til Kropp fara;
klædd i svartan kaapa
kjempa sat paa hesten,
lenge hev lukka han freista.
Legg til sprangs no, Halle!«

So skildest dei, og Halle fór ned etter vegen til Kalvenes. Der møtte han Svein. Dei helsa stutt. Daa kvad Svein:

»Saag du kvar den sløge,
slakke farken vegen
hev med hesten teke? —
harm eg er utav det. —
Denne rafsaren refsa
retteleg dei skulde;
blaa eg skal honom banka,
berre eg naar tjuven.«

»Eg kann fortelja deg,« sa Halle, »at eg møtte ein mann som sa han reid paa Sadelkolla, og han bad meg fortelja det nede i bygdi. Han var stor paa vokster og var klædd i svart kaapa.« »Han tykkjest vera noko stor paa det,« sa bonden. »Eg skal nok faa greida paa kva kar han er.« Dermed reid han etter honom. Grette kom til Deildartunga. Der var ei kvinna ute. Han gav seg i tal med henne og kvad denne visa:

»Fagre kvinna! før du
fram for bonden denne
gode gaman-visa.
Grette ser her du fara.

Digitized by Google
Original from UNIVERSITY OF WISCONSIN

Snøgt paa Sadelkolla
skalden no vil rida,
fyrst vil han fara
fram til Gilsbakke.«

Kvinna lærde visa. Han reid vidare. Svein kom dit lite seinare. Kvinna var ikkje inngjengi endaa. Straks kvad han denne visa:

»Kven var vel den kaute
karen som nyst reid so
hardt i stormvêr herfraa?
Hesten hev han stole.
Djerv og duglaus er han.
Dagen heilt til ende
etlar eg han elta,
alt til eg naar tjuven.«

Ho sa fram diktet som ho hadde lært. Svein lydde paa, og so sa han: »Det er trulegt at den mannen er ikkje min jamlike, men likevel vil eg finna honom.« Han reid no etter Grette og stundom kunde dei sjaa kvarandre. Det baade bles og regnde.

Grette kom til Gilsbakke um kvelden. Daa Grim Torhallsson fekk vita det, fagna han honom ovleg vel og baud honom vera hjaa seg. Han tok imot tilbodet, slepte Sadelkolla og fortalde Grim korleis han hadde fenge henne. Daa kom Svein og steig av hesten. Han saag merri si og kvad:

»Kven reid so hardt paa hesten?
Hev kje han løn til bonden?
Skamlausare skarven
skal du aldri finna.«

Digitized by Google
Original from
UNIVERSITY OF WISCONSIN

Grette hadde teke av seg vaasklædi; han høyrde visestubben og kvad:

»Til Grim paa gangarne reid eg;
gjæv er han mot slik smaa-mann.
Liti løn eg gjev deg;
Lat oss forlikte vera.«

Svein gav seg med det, og dei vart godvener. Etter det kvad dei kvar si visa. Grette sa han vilde ikkje vera vond paa Svein for visorne hans, for han hadde lide urett. Dei var der um natti baae og hadde mykje gaman av visorne, som dei kalla Sadelkolle-visorne. Morgonen etter reid Svein heim, og han og Grette skildest som vener. Grim fortalde mangt nordan or Midfjorden, slikt som hadde hendt medan han var burte. Han fortalde at det var ikkje lagt bøter for Atle, og magti hans Torbjørn uksemagt auka slik, at det var uvisst um Aasdis fekk ha garden i fred paa Bjarg.« Grette var berre faae næter hjaa Grim, for han vilde ikkje at dei skulde fretta um honom nordum heidarne. Grim bad honom koma dit dersom han trong hjelp. »Men eg vil ikkje gjerne verta fredlaus for di um eg hjelper deg,« sa Grim. Grette bad honom liva vel, »men det er trulegt eg treng meir studnad sidan.«

Grette reid nord yver Tvidøgra til Bjarg og kom dit um myrke natti. Alle sov so nær som mor hans. Han gjekk attum husi og inn gjenom ei dør som var der — for han var godt kjend, og so inn i skaalen og burt til sengi aat mor si. Han trivla for seg, og ho spurde kven det var. Grette fortalde det. Ho reiste seg upp, vende seg mot honom og sukka og sa: »Ver velkomen frende! Men stutt vert sønegleda for meg. Han er no drepen som var til mest hjelp for meg, og

Digitized by Google
Original from UNIVERSITY OF WISCONSIN

du er gjort utlæg som ein brotsmann. Men den tridje er so ung at han lite magtar.« »Dei segjer so gamalt,« sa Grette, »at sorgi skal ein svala med endaa større sorg. Og det er anna enn pengebøter som gled mannen. Atle vert truleg hemnd, men anten eg eller uvenerne mine fær mest aa gleda seg yver er ikkje godt aa segja.« Ho meinte det same. Grette var no paa Bjarg ei rid, men faae visste um det. Han frette ut kva heradsmennerne tok seg fyre. Folk hadde ikkje høyrt at Grette var komen til Midfjorden. Han frette at Torbjørn uksemagt var heime og at det var faament hjaa honom. Dette var etter slaattonni.

48.

Ein godvêrsdag reid Grette vest yver halsarne til Toroddstad. Han kom dit ved middagsleite og banka paa døri. Nokre kvinnor gjekk ut og helsa paa honom, men dei kjende honom ikkje. Han spurde etter Torbjørn. Dei sa han var ute i engi og batt høy og hadde med seg Arnor son sin, som var 16 aar gamall. Torbjørn var ein dugande arbeidskar og var mest aldri arbeidslaus.

Daa Grette hadde spurt dette, bad han dei liva vel og reid so burt etter vegen til Reykjerne. Det gjeng ei myr ned fraa halsen, og der var det god slaatta. Der hadde Torbjørn slege mykje høy som no var turt. Han etla aa binda saman høyet og føra det heim. Ein gut hjelpte honom, og ei kona dreiv paa med etterrakstren. Grette reid ned paa teigen, men fedgarne var lenger uppe og hadde nett bunde ei klyv og heldt paa med den andre. Torbjørn hadde sett skjoldet sitt og sverdet attmed klyvi, men sveinen hadde handøksi

Digitized by Google
Original from UNIVERSITY OF WISCONSIN

attmed seg. Torbjørn saag mannen og sa til sveinen: »Det kjem ein mann ridande til oss, og me skal slutta aa høya so me kann høyra kva han vil.« Dei gjorde so. Grette steig av hesten. Han hadde hjelm paa hovudet, eit saks ved sida og i handi eit stort sylvslege spjot utan krokar. Han sette seg ned og tok ut naglarne som feste spjotbladet til skaftet, so Torbjørn ikkje skulde senda det attende. Daa sa Torbjørn: »Dette er ein stor mann og ikkje kann eg kjenna folk, dersom dette ikkje er Grette Aasmundsson. Han trur visst aa ha grunn til aa raaka oss; men me skal verja oss mannelegt og ikkje syna oss rædde. Me skal finna paa raad. Eg skal gaa mot honom framantil og sjaa korleis det gjeng med oss; for eg trøyster meg til aa gaa imot kvar mann, naar eg møter honom aaleine. Du skal gaa attum honom og taka øksi med baae hender og hogga honom millom herdarne. Du treng ikkje vera rædd for at han skal gjera deg mein, naar han snur ryggen til deg.« Korkje Torbjørn eller sveinen hadde hjelm paa hovudet. Grette gjekk fram etter myri. Daa han kom paa skotmaal, skaut han spjotet etter Torbjørn. Men det var lausare paa skaftet enn han meinte, so det skeiva og fór av skaftet og ned i jordi. Torbjørn tok skjoldet og sette fyre seg og svinga sverdet. Daa han kjende Grette, tok han paa honom. Grette svinga daa sakset so høgt at han raaka Arnor med saksbakken so hardt i hovudet at hausen brotna. Og det vart banen hans. Daa sprang Torbjørn mot Grette og hogg til honom, men Grette sette skjoldet imot med vinstre handi. Han kløyvde skjoldet hans Torbjørn med sakset og raaka hovudet so hardt at sakset

Digitized by Google
Original from UNIVERSITY OF WISCONSIN

stogga i heilen, og Torbjørn fall daud ned. Grette gav ikkje Torbjørn fleire saar.

Daa leita Grette etter spjotet sitt, men fann det ikkje. Han gjekk daa til hesten sin og reid ut til Reykjerne og lyste der ut draapet. Kona som var med paa slaatteteigen, saag paa draapet. Ho sprang forskræmd heim og fortalde at baade Torbjørn og guten var drepne. Dette kom mykje uventa paa deim som heime var, for ingen visste um ferdi hans Grette. Det vart sendt bod etter folk fraa dei næraste gardarne, og det kom braatt mykje folk. So førde dei liki til kyrkja. Torodd draapestuv tok upp ettermaalet um draapet og samla straks ein flokk ikring seg. Grette reid heim til Bjarg og raaka mor si, og fortalde denne tilburden. Ho vart glad og sa at no likna han vatsdølerne, »men likevel vert dette upphavet til utlægdi di. Eg veit visst at du fær ikkje vera lenge her for frendarne hans Torbjørn. Men no kann dei sjaa at du òg kann verta vreid.« Grette kvad:

»Reid eg til Rutefjorden,
raaka uksemagt der;
vart han søkt med vaapen,
vegen er Atles bane.
Hemnt eg hev no Atle,
han som fyrr laag ubøtt;
draapsmannen daud han
datt paa fagre engi.«

Aasdis husfrøya sa det var sant; men ikkje veit eg kva du etlar deg aa gjera,« sa ho. Grette sa han vilde finna venerne og frendarne sine vest i bygderne, »for du skal ingen vanske hava for mi

Digitized by Google
Original from UNIVERSITY OF WISCONSIN

skuld,« sa han. Han budde seg daa til ferdi, og mor og son skildest med stor kjærleik.

Han fór fyrst til Melar i Rutefjord og fortalde Gamle, maagen sin, alt det som hadde hendt daa Torbjørn vart drepen. Gamle bad honom flytja fraa Rutefjorden medan frendarne hans Torbjørn hadde flokken samla. »Men me skal hjelpa deg med ettermaalet for draapet paa Atle so godt me kann.« Etter det reid Grette vest yver Laksaadalsheidi og stana ikkje fyrr han kom i Ljaaskogarne til Torstein Kuggeson, og var der lenge um hausten.

49.

Torodd draapestuv spurde etter kven som hadde drepe Torbjørn og son hans. Daa dei kom til Reykjerne fekk dei høyra at Grette var komen dit og hadde lyst draapet paa seg. Torodd tyktest no sjaa korleis det hadde gjenge. Han fór daa til Bjarg og spurde um Grette var der. Der var mykje folk saman. Husfrøya sa at han hadde ride burt, og ho vilde ikkje ha gøymt honom um han hadde vore der. »De burde vera nøgde no,« sa ho. »For dette er ikkje for stor hemn for draapet paa Atle. De brydde dykk ikkje mykje um min hugverk, men no likar eg meg godt.« So reid dei heim og tykte ikkje det var lett aa faa hemn. Spjotet som Grette hadde mist, fanst ikkje fyrr no i manns minne i den tidi lagmann Sturla Tordsson*) var gamall. Torbjørn fall der det no heiter Spjotsmyr. Og folk hev det til merke at Torbjørn vart drepen der, endaa det er fortalt at han vart drepen paa Midfitjar.

Daa frendarne hans Torbjørn spurde at Grette var i Ljaaskogarne, samla dei folk og etla seg

*) Brorson til Snorre, livde 1214—1284.

Digitized by Google Original from UNIVERSITY OF WISCONSIN

dit. Men daa Gamle paa Melar fekk vita det, gav han Torbjørn og Grette tidend um ferdi til Rutfjordingarne. Torstein sende daa Grette inn til Tunga til Snorre gode, for daa var det ingi trætta millom deim. Torstein raadde Grette til aa beda Snorre um hjelp, men tok ikkje Snorre imot honom, skulde Grette fara vest til Reykholar til Torgils Areson. »Han vil hjelpa deg i vinter,« sa han, »og haldt deg i vestfjordarne til saki di er greidd.« Grette sa at Torbjørn skulde raada, og reid inn til Tunga til Snorre gode og bad honom um hjelp. Snorre svara: »Eg held no paa og vert gamall og nenner ikkje aa ha utlæge menner hjaa meg naar det ikkje er turvande. Korleis bar det til at hovdingen paa Ljaaskogarne viste deg fraa seg?« Grette sa at Torstein hadde gjort vel mot honom, men fleire laut hjelpa til skulde det muna noko. Snorre sa: »Eg skal leggja eit godt ord inn for deg um det hjelper noko; men du fær leita deg heimvist andre stader enn hjaa meg.« Med det skildest dei. Grette fór vest til Reykjanes. Ruttjordingarne kom med flokken sin til Saamstad, men daa frette dei at Grette var burte or Ljaaskogarne, og dei snudde attende.

50.

Grette kom til Reykholar ved vinternæterne og bad Torgils um vintervist. Torgils sa at det stod mat ferdig for honom som for andre frie menner, »men han er ikkje av beste slag,« sa han. Grette sa det var ingen vande med det. »Det er noko som er verre,« sa Torgils. »Det kjem nokre menner hit som ikkje er gode aa gjera til lags. Det er fostbrørne Torgeir og Tormod. Eg veit ikkje korleis de høver i hop, men dei hev fenge lov til

Digitized by Google
Original from UNIVERSITY OF WISCONSIN

aa vera her kva tid dei vil. No kann du òg vera her; men de fær ikkje gjera kvarandre noko ilt.« Grette sa at han skulde ikkje vera den fyrste til aa egla seg inn paa nokon, aller minst no daa han visste kva bonden vilde. Lite seinare kom fostbrørne heim. Torgeir og Grette vart ikkje dei beste vener, men det var likare millom Tormod og Grette. Torgils bonde sa til fostbrørne det same som han hadde sagt til Grette. Og dei vyrde so mykje ordi hans at dei ikkje egla seg inn paa kvarandre, men nokon venskap vart det ikkje. Slik gjekk fyrejolsvinteren.

Folk segjer at Torgils bonde aatte Olavsøyarne. Dei ligg ut i fjorden halvonnor mil fraa Reykjanes. Der hadde Torgils bonde ein gild ukse som ikkje vart henta um hausten. Torgils tala jamt um at han vilde henta uksen fyre jol.

Det var ein dag at fostbrørne budde seg til aa leita upp uksen, dersom dei fekk ein tridjemann til hjelp. Grette baud seg til aa vera med. Dei let vel yver det, og fór so paa ein tiæring. Det var kaldt og nordanvind. Skipet stod i Kvalhausholmen. So siglde dei ut, men vinden tok heller til. Dei kom til øyi og tok uksen. Daa spurde Grette um dei vilde bera ut uksen eller halda skipet, for det var mykje brim ved øyi. Dei bad honom halda skipet. Han stod ved midten av skipet, paa den sida som snudde fraa land. Sjøen rokk under herdebladi hans, men skipet heldt han so det ikkje rikka seg. Torgeir lyfte uksen bak og Tormod framme. Soleis bar dei honom ut i skipet. So sette dei seg til aa ro. Tormod i halsen, Torgeir i framromet og Grette i skuten. Slik heldt dei inn yver fjorden. Daa dei kom inn for Havreklett, auka stormen. Daa sa Torgeir: »Bakskuten vert ikkje med.« Grette svara: »Sku-

Digitized by Google

Original from
UNIVERSITY OF WISCONSIN

ten skal ikkje liggja att, dersom de ror godt frami.« Torgeir tok daa so fast i aarane at tollarne brotna. Daa sa han: »Tak no godt i, Grette, medan eg lagar til tollarne.« Grette rodde daa fast medan Torgeir laga tollar; men daa Torgeir tok til aa ro att, var aararne hans Grette so utslitne, at han riste deim sund paa bordi Tormod sa det var betre aa ro mindre og ikkje brjota sundt. Grette treiv tvo plankar som laag i skipet, og braut store hol paa skipsbordi og rodde so hardt at det knaka i heile skipet. Og daa skipet var godt og kararne spræke, so naadde dei Kvalhausholmen. Grette spurde um dei vilde fara heim med uksen eller setja upp skipet. Dei valde aa setja upp skipet. Dei sette det upp med all austren som i det var og jøklarne innan- og utanbords. Grette leidde uksen. Han var mykje feit og vart snart trøytt, so han vilde ikkje gaa. Og daa han kom til Titlingstad, rikka han seg ikkje av flekken. Fostbrørne gjekk heim, for dei vilde aldri hjelpa kvarandre. Torgils spurde etter Grette, og dei fortalde kvar dei hadde skilst. Han sende folk etter honom, og daa dei kom til Hellesholar, saag dei ein mann kom imot deim. Han bar eit naut paa ryggen. Det var Grette som kom berande med uksen. Atle undrast yver kor sterk han var.

Torgeir var ovundsjuk paa Grette for di han var so sterk. So var det ein dag etter jol at Grette fór stad og lauga seg aaleine. Torgeir visste um det og sa til Tormod: »Lat oss fara og sjaa korleis Grette ber seg aat um eg tek paa honom naar han kjem fraa lauget.« »Eg er ikkje mykje um det,« sa Tormod, »og du kjem ikkje til aa faa noko godt av honom.« »Eg vil likevel fara,« sa Torgeir og fór nedyver brekka og bar øksi høgt. Grette kom nett fraa lauget. Daa dei

Digitized by Google
Original from UNIVERSITY OF WISCONSIN

møttest, sa Torgeir: »Er det sant, Grette, at du hev sagt at du aldri skal renna undan for nokon mann?« »Eg veit ikkje det so visst,« sa Grette, »men eg hev ikkje rent langt undan for deg enno,« sa han. Torgeir lyfte øksi. Med det same laup Grette paa Torgeir og kasta honom hardt aat jordi. Daa sa Torgeir til Tormod: »Skal du staa attmed og sjaa paa kor trollet bryt meg under seg.« Tormod treiv i føterne hans Grette og etla aa draga honom av Torgeir, men fekk det ikkje til. Han var gyrd med eit saks, og han vilde svinga det. Daa kom Torgils bonde til og bad dei vera rolege og ikkje faast med Grette. Dei gjorde so og snudde alt til gaman. Dei var ikkje i nappetak fleire gonger, som gjete er. Folk tykte at Torgils var heppen naar han aga slike villstyringar. Daa det vaarast, fór dei burt alle. Grette fór inn til Torskefjorden. Dei spurde honom korleis han lika kosten og vinterupphaldet paa Reykholar. Han svara: »Der hev det vore so, at eg hev vore mest glad i maten, naar eg naadde i honom.« Sidan fór han yver heidarne.

51.

Torgils Areson reid til tings med mykje folk. Stormennerne fraa heile landet kom òg dit. Torgils fann straks upp Skafte lovsegjemann og tala med honom. »Er det sant, Torgils,« sa Skafte, »at du i vinter hev havt hjaa deg dei tri mennerne som tykkjest vera dei verste villstyringar og attaat fredlause og styrt deim so at dei ikkje hev gjort kvarandre mein?« Torgils sa at so var det. Skafte sa: »Slikt er hovdinglegt gjort. Men korleis er huglyndet og djervskapen og modet hjaa desse kararne?« Torgils sa: »Eg tenkjer

Digitized by Google
Original from UNIVERSITY OF WISCONSIN

alle er modige menner. Men eg trur at tvo av deim kann verta rædde kvar paa sin maate. For Tormod er ein mykje truande mann og ottast Gud, men Grette er so myrkrædd, at han torer ingen stad fara fyrst det tek til aa myrkna, utan han er nøydd til det. Torgeir, frenden min, trur eg ikkje kann verta rædd.« »Det høyrest rimelegt dette,« sa Skafte, og dermed skildest dei.

Paa dette altinget førde Torodd draapestuv saki for draapet paa Torbjørn uksemagt. For han hadde ingen veg kome paa Hunevatstinget for frendarne hans Atle. Men her meinte han at saki ikkje so lett skulde verta spillt. Frendarne hans Atle søkte raad hjaa Skafte, og han sa at dei truleg skulde faa full pengebot. So gjekk saki til doms, og dei fleste meinte at draapi paa Atle og Torbjørn skulde gaa upp i upp. Men daa Skafte fekk vita det, gjekk han til domsmennerne og spurde korleis dei tok det. Dei sa dei drepne var jamgode bønder. Skafte spurde: »Kva vart fyrst gjort, anten Grette lyst fredlaus eller Atle drepen?« Daa dei hadde rekna, fann dei ut at det skilde ei vika. For Grette var lyst fredlaus paa altinget, men draapet var straks etter tinget. Skafte sa: »Eg gruna paa at de hadde fare for fust med saktilbuingi, so de hadde stemnt ein som var fredlaus fyrr, og som korkje kunde verja saki si eller saksøkja nokon. Eg segjer at Grette hev ikkje noko med draapssaki aa gjera, men dei næraste skyldfolki hans skal taka seg av saki.« Daa sa Torodd draapestuv: »Kven skal daa svara for draapet paa Torbjørn, bror min?« »Det fær de finna ut sjølve,« sa Skafte, »men ikkje vil frendarne hans Grette ausa ut gods for honom eller verki hans, naar han ikkje fær fred.«

Daa Torvald Aasgeirsson skyna af ein ikkje

Digitized by Google
Original from UNIVERSITY OF WISCONSIN

kunde saksøkja Grette, tenkte han etter kven som var nærast i ætti og fann daa ut at det var Skjegge, son hans Gamle paa Melar, og Uspak, son hans Glum paa Øyr i Bitra. Dei var nokre store hardhausar baae. Det enda no med at Torodd skulde bøta tvo hundrad i sylv for draapet paa Atle. Daa la Snorre gode seg frami: »Vil de no, Rutfjordingar,« sa han, »at denne boti fell ned, og Grette vert fri? For eg tenkjer han gjer mykje skade so lenge han er utlæg.« Frendarne hans Grette lika dette vel, og sa at dei brydde seg aldri um godset, dersom han fekk fred og fridom. Torodd saag at dette var det klokaste, og var viljug til aa taka imot forlik. Snorre bad deim fyrst faa greida paa um Tore fraa Gard gav sitt løyve til at Grette vart fri. Men daa han vart spurd, fór han upp i sinne og sa at Grette skulde aldri koma or utlægdi, og fyrr han skulde verta fri, skulde dei leggja meire pengar for hovudet hans enn nokon annan skoggangsmann. Daa han tok dette so tvert, vart det inkje av frigjevingi. Gamle tok og gøymde pengarne. Men Torodd draapestuv fekk ingi bøter for Torbjørn, bror sin. Torodd og Tore lova 3 merker sylv kvar for hovudet hans Grette. Folk tykte dette var noko nytt. For det hadde aldri vore lagt meir enn 3 merker fyrr. Snorre sa det var uklokt aa lata denne mannen vera fredlaus, han som kunde gjera so mykje ilt. Han meinte òg at mange fekk svida for det.

Folk skildest med dette og reid heim fraa tinget.

52.

Daa Grette kom yver Torskefjordsheidi til Langedal, sette han støkk i smaabønderne og tok fraa deim det han vilde. Fraa sume tok han vaapn,

Digitized by Google
Original from UNIVERSITY OF WISCONSIN

fraa andre klæde. Dei mislika dette og sa at dei naudleg let honom fara aat soleis.

Daa budde i Vatsfjorden Vermund den mjaae, bror aat Viga-Styr.*) Han var gift med Torbjørg, dotter til Olav Hoskuldsson Paa. Ho var kalla Torbjørg den digre. Vermund hadde ride til tings daa Grette var i Langedal. Han fór yver halsen til Laugebol. Der budde ein mann som heitte Helge. Han var den beste av bønderne der. Grette tok ein god hest som bonden aatte. So fór han inn til Gjørvedal. Der budde det ein mann som heitte Torkjel. Han stod seg godt, men var ein stor stakar. Der tok Grette det han vilde, utan at Torkjel torde klaga eller leggja imot. Derifraa fór Grette til Øyr og so ut paa denne sida fjorden. Han tok mat og klæde paa kvar gard, og mot mang ein bonde fór han hardt fram, so dei fleste tykte det var utolelegt. Grette fór vyrdlaust fram og var ikkje var um seg. Daa han kom til Vestfjorddalen, gjekk han til ei sæter og var der mange næter. Han laag ute i skogen og sov og tenkte ikkje paa aa agta seg. Men daa gjætarane vart var honom, fór dei til gards og fortalde at eit troll var kome til bygdi, og det vart ikkje godt aa bitast med det. Daa samla bønderne seg, 30 i alt. Dei gøymde seg i skogen so Grette ikkje visste av deim. Ein gjætar skulde njosna etter naar det høvde aa taka paa Grette, men dei var ikkje visse paa kven mannen var.

No bar det so til ein dag daa Grette laag og sov, at bønderne kom yver honom. Daa dei

---

*) Vermund den mjaae og Viga-Styr kjem mykje paa tale i »Soga um Viga-Styr« og i »Soga um øyrbyggjerne«, der Snorre gode er hovudmannen. »Soga um øyrbyggjerne« er umsett til nynorsk av J. Sverdrup og utgjevi av Det norske samlaget. (Gamalnorske bokverk 9).

Digitized by Google
Original from UNIVERSITY OF WISCONSIN

saag honom, heldt dei raadleggjing um korleis dei skulde taka honom, so det vart minst faare for liv og lemer. Dei laga det so at 10 skulde kasta seg yver honom, men sume skulde binda føterne hans. Dei so gjorde, men Grette tvinna seg so hardt at dei datt til alle kantar. Han kom seg paa knei, men daa fekk dei binda føterne hans. Daa spente Grette so hardt under øyra paa tvo, at dei laag i uvit. Daa sprang alle paa honom, og til slutt fekk dei bunde Grette, endaa han slo lenge fraa seg. So raadlagde dei um kva dei skulde gjera med honom. Dei bad Helge fraa Laugebol taka og stella med honom til Vermund kom heim fraa tinget. Han svara: »Huskararne mine hev anna aa gjera enn aa gjæta Grette, for me hev mykje aa stræva med. Eg tek honom aldri.« Daa bad dei Torkjel i Gjørvedal taka imot honom, for han var ein velhalden mann. Torkjel mælte imot og sa det var raadlaust for honom, som budde aaleine saman med kjeringi langt fraa andre folk. »De skal ikkje faa narra meg til det,« sa han. »Du Toralv paa Øyr,« sa dei, »tak du Grette og stell vel med honom til tinget er yver. Eller du kann føra honom til næste gard; men pass paa at han ikkje slepp laus. Gjev honom fraa deg bunden som du no tek imot honom.« Han svara: »Eg vil ikkje taka imot Grette, for eg hev korkje raad eller magt til aa hava honom. Han hev heller ikkje vorte teken paa mine gjorde. Og eg tykkjer det er meir vande enn vyrdnad med aa taka imot Grette eller gjera noko med honom. Og aldri kjem han i mine hus.« Alle dei hine bønderne bad seg òg undan. Um denne samtalen hev lystuge karar laga diktet Grette-førsla og auka det med kaate ord til gaman for folk.

Digitized by Google
Original from UNIVERSITY OF WISCONSIN

Men daa dei hadde tala lenge um dette, vart dei samde um at dei skulde gjera heppa til vanheppa, og tok til aa reisa ein galge i skogen tett attmed og etla aa hengja Grette, og heldt no mykje staak yver dette. Daa saag dei 6 menner rida upp gjenom dalen, og ein hadde farga klæde. Dei gat paa at det maatte vera Torbjørg husfrøya fraa Vatsfjorden som fór der, og so var det. Ho etla seg til sæters. Det var ei storlynd og klok kvinna og hadde heradsstyret og ordna alle saker, naar Vermund ikkje var heime. No kom ho dit mennerne var samla, og dei hjelpte henne av hesteryggen. Bønderne fagna henne vel. Daa sa ho: »Kva ting held de her? Kven er denne halsdigre mannen som sit bunden?« Grette namngav seg og helsa paa henne. »Kva dreiv deg til aa gjera tingmennerne mine mein?« sa ho. »Ein ser seg ikkje alltid vel for. Eg maa òg vera einkvar stad,« sa Grette. »Det var daa mykje til uheppa at desse stakararne skulde taka og drepa deg,« sa ho. »Kva etlar de no aa gjera med honom?« Bønderne sa at dei etla aa hengja honom i galgen for illverki hans. »Det kann so vera at Grette hev gjort seg fortent til det,« sa ho, »men det er ikkje raadelegt for dykk Isfjordingar aa taka livet av Grette. For han er ein fræg mann og storætta, um han so ikkje hev lukka med seg. Kva vil du gjera til aa berga livet, Grette, um eg vil hjelpa deg?« »Kva krev du daa?« svara han. »Du skal gjera eid paa at du gjer ingi valdsverk her i Isefjord,« sa ho »og du skal ikkje hemna deg paa nokon av deim som var med og tok deg.« Grette sa ho skulde raada. So vart han løyst. Aldri hadde han havt so vondt for aa styra seg, sa han, som daa desse stakararne tok til aa skryta av verket sitt. Torbjørg

Digitized by Google
Original from UNIVERSITY OF WISCONSIN

bad honom fylgja henne heim og fekk i ein hest aat honom. Han fór daa heim til Vatsfjorden og bia der til Vermund kom heim, og husfrøya stelte vel med honom. Ho vart mykje namngjeti av dette kring alle bygder.

Vermund var ublid, daa han kom heim og spurde kvi Grette var der. Torbjørg fortalde alt som hadde hendt med Isfjordingarne. »Kvifor berga du livet hans?« sa Vermund. »Det er mange grunnar for det,« sa Torbjørg. »Folk vil tykkja du er større hovding enn fyrr, naar du hev ei kona som torde gjera slik. Remna, frenka hans, kunde heller ikkje tenkja seg at eg vilde drepa honom. Og han er ein sers dugande mann i mange maatar.« »Du er ei klok kona,« sa Vermund, »og eg takkar deg for det du hev gjort.« Daa sa han til Grette: »Det høvde ille naar du som er ei slik kjempa, skulde tapa for vesalmenner. Men slik gjeng det med ufredsfuglarne.« Grette kvad:

»Uheppa i Isefjorden
overlag deim gledde,
daa dei gamle griserne
greidde meg aa binda.«

»Kva vilde dei gjera med deg daa dei hadde fanga deg.« Grette kvad:

»Same løni som Sigar
maagen sin gav, sa mennerne
hovdingen skulde hava;
hovudet snaudt han berga.«

»Hadde dei hengt deg, um dei hadde raadt aaleine?« sa Vermund. Grette kvad:

---

løni Sigar gav er galgen; for han hengde Hagbard, kjæra-sten til dotteri, Signy.

Digitized by Google
Original from UNIVERSITY OF WISCONSIN

»Visst hadde det vorte min lagnad
høgt i galgen aa hanga,
hadde kje Torbjørg meg berga;
vis er den væne kvinna.«

»Baud ho deg heim til seg?« sa Vermund. Grette kvad:

»Kvinna baud meg beinka,
heim til henne fór eg;
godan hest ho gav meg,
fekk meg fred og fridom.«

»Du kjem til aa røyna mangt i livet,« sa Vermund. »Berre agt deg for uvenerne dine. Men eg nenner ikkje aa hava deg i husi mine og koma i uvenskap med mange megtige menner for det. Det er best for deg at du finn venerne dine; men faae vil taka imot deg, berre dei kann sleppa undan. Du er heller ikkje hjelpsam med folk.«

Grette var i Vatsfjorden ei tid. Han fór derifraa til vestfjordarne og vitja mange gjæve menner; men jamt kom det noko i vegen, so ingen tok imot honom.

53.

Daa det leid ut paa hausten, fór Grette søreetter att og stana ikkje fyrr han kom i Ljaaskogarne til Torstein Kuggeson, frenden sin. Der vart han godt motteken. Torstein bad honom vera der um vinteren, og det tilbodet tok han imot. Torstein var smed og ein dugleg arbeidsmann. Han heldt folki sine jamt i arbeid. Grette var ingen arbeidskar, og dei høvde difor lite i hop. Torstein hadde bygt ei kyrkja paa garden sin. Millom kyrkja og garden var det ei bru, som

Digitized by Google
Original from UNIVERSITY OF WISCONSIN

var bygd med stor hagleik. Bruaasarne var gyrde med ringar, og i deim hekk dumbjøllor som ringde naar nokon gjekk yver brui, so det høyrdest yver til Skarvstad ei halv mil burte. Torstein hadde mykje kav medan dette smedarbeidet varde, for han var ein dugande smed og hadde mykje arbeid elles òg. Grette var glup til aa arbeida jarnet, men var lite trottig. Han var likevel spak um vinteren, so det hende ikkje noko sers.

Men daa Rutfjordingarne frette at Grette var hjaa Torstein, samla dei folk daa det tok til aa vaarast. Daa Torstein spurde det, sa han til Grette at han laut finna seg eit anna tilhelde. »For eg ser at du vil ikkje arbeida, og eg hev ikkje bruk for slike karar,« sa han. »Kvar viser du meg daa?« sa Grette. Torstein bad honom fara sør i landet og finna frendarne sine. »Men du kann vitja meg dersom dei ikkje hjelper deg,« sa han.

Grette fór daa sør til Borgarfjorden til Grim Torhallsson og var der til altinget var slutt. Grim viste honom til Skafte lagmann paa Hjalle. Grette fór dei nedre heidarne søretter og langt fraa folk, og stana ikkje fyrr han kom tll Torhall Asgrimsson paa Tunga. Han var son til Ellidagrim. Torhall kjende Grette baade av foreldri og karsverki hans, for dei var namnspurde yver heile landet. Torhall var ein klok mann, og stelte vel med Grette; men vilde ikkje hava honom lenge.

54.

Grette fór fraa Tunga upp til Haukedal og der ifraa nord paa Kjølen og var der lenge um sumaren. Det var ikkje fritt for han tok reisetyet fraa folk som fór nord eller sør yver Kjølen. For det var smaatt for honom.

Digitized by Google
Original from UNIVERSITY OF WISCONSIN

Ein dag daa Grette heldt til paa Duvenesskeidet, saag han ein mann reid sør etter Kjølen. Han var høg i sâlen og hadde ein gild hest. Beislet var sett med saumar. Ein annan hest leidde han i taum. Det var klyvhest. Denne mannen hadde ei hetta paa hovudet, so ein kunde ikkje godt sjaa andlitet hans. Grette lika godt hesten og varorne hans, og fór til møtes med honom og helsa og spurde etter namnet hans. Han sa han heitte Loft. »Eg veit kva du heiter,« sa han. »Du mun vera Grette Aasmundsson hin sterke. Kvar skal du no fara?« »Eg hev ikkje gjort av det enno,« sa Grette; »men ærendi mi er aa faa vita um du vil gjeva meg noko av det som du fører med deg.« Loft svara: »Kvi skal eg gjeva deg det som eg eig, og kva vil du gjeva for det?« Grette sa: »Hev du ikkje høyrt det at eg betalar ikkje? Likevel fær eg det oftast som eg vil.« Loft sa: »Byd slike vilkor til deim som tykkjer dei er gode, men eg vil ikkje lata fraa meg det eg eig paa den maaten. Lat oss fara kvar sin veg.« Dermed jaga han paa hesten og reid frammed Grette. Daa sa Grette: »Me skal ikkje skiljast so braatt,« og reiv so i taumarne framfor henderne hans Loft og heldt med baae hender. Loft sa: »Far din veg! Du fær ikkje noko av meg, med min vilje.« »Me skal no røyna det,« sa Grette. Loft bøygde seg og tok taumen millom ringen og handi hans Grette og rykte so hardt til, at han sleit beislet fraa honom. Grette glytte inn i loven, og skyna at denne mannen maatte hava magt i knokarne. Han ropte etter Loft: »Kvar etlar du no aa fara?« Loft kvad:

»Heim eg fer til hola,
støyper meg i stormande
jøtul-gryta ved jøklen;
Hallmund kann der du hitta.«

Digitized by Google
Original from UNIVERSITY OF WISCONSIN

»Det er ikkje greidt aa leita etter heimen din,« sa Grette »um du ikkje talar klaarare.« Han kvad:

»Lenger eg vil kje løyna,
vil du der meg vitja:
Balljøkul min bustad
Borgtjordings-folket kallar.«

So skildest dei. Daa saag Grette at han var ikkje so sterk som denne mannen, og han kvad:

»Illuge og Atle
var undermennerne mine,
endaa dei var djerve,
drustelege menner.
Laut eg undrast daa Loft meg
lett reiv taumen or handi.
Harm vert hovding-mori,
naar hermannen ræddhug syner.«

Etter dette fór Grette fraa Kjølen og til Hjalle. Der raaka han Skafte og bad honom um hjelp. Skafte svara: »Det er meg sagt at du fer heller ufredleg fram og ber deg aat som ein tjuv. Det sømer seg ille so storætta som du er. No hadde det vore betre aa hjelpa deg dersom du ikkje rana. Men for di eg er lovsegjemann i landet, sømer det seg ikkje for meg aa taka imot utlæge og soleis brjota lovi. Reis du dit der du slepp aa taka gods fraa folk!« Grette sa han gjerne vilde det, men det var so leidt for honom aa vera aaleine, for han var so myrk-rædd. Skafte sa han fekk det ikkje slik som han helst ynskte det. »Men tru ingen so vel at det gjeng deg slik som i vestfjordarne. Det hev vorte mang ein til bane at han hev vore for trygg.«

Digitized by Google
Original from UNIVERSITY OF WISCONSIN

Grette takka honom for den gode raadi og snudde attende til Borgarfjorden um hausten. Han fann Grim Torhallsson, venen sin, og fortalde honom um rettleidingi hans Skafte. Grim bad honom fara nord til Fiskevatnet paa Arnarvatsheidi, og han gjorde so.

55.

Grette fór upp paa Arnarvatsheidi og bygde seg ein skaale, som det enno syner merke etter, og budde der. Han fekk seg garn og baat og fanga fisk til mat aat seg; for no vilde han ikkje liva av røving lenger. Han tykte det var dauvlegt paa fjellet, for han var mykje myrkrædd. Men daa andre skoggangsmenner frette at Grette var komen dit, fekk mange hug til aa finna honom. For dei kunde faa god studnad der meinte dei.

Grim heitte ein fredlaus mann fraa Nordlandet. Nordlendingarne kjøpte denne mannen til aa drepa Grette. Dei lova honom fridom og gaavor dersom han kunde greida det. Han fór til møtes med Grette og bad um upphelde der. Grette svara: »Eg tykkjer ikkje du er meir hjelpen um du fær vera hjaa meg. De skoggangsmenn er heller ikkje til aa tru. Men eg tykkjer det er ilt aa vera aaleine, naar det er høve til aa vera i lag med andre. Men den som skal vera hjaa meg, maa gjera kva som fyre fell.« Grim sa han hadde ikkje tenkt anna, og naudbad um upphelde. Grette let seg yvertelja, og tok imot honom.

Han var der fram paa vinteren og lurde paa Grette, men fann ikkje høve til aa taka paa honom. Grette hadde mistanke til honom, og hadde vaapni attmed seg baade natt og dag. Grim torde ikkje taka paa honom so lenge han var vaken.

Digitized by Google
Original from UNIVERSITY OF WISCONSIN

Ein morgon kom Grim fraa veiding og gjekk inn i skaalen. Han trampa med føterne og vilde sjaa um Grette sov. Grette leda ikkje paa seg. Sakset hekk upp yver honom. No tenkte Grim at han aldri maatte faa betre høve. Han staaka mykje og tenkte Grette skulde segja noko. Men Grette let ikkje i seg. Daa meinte han at Grette sov. Han stillte seg varleg burt til sengi, tøygde seg etter sakset, tok det ned og svinga det. Daa sprang Grette fram paa golvet, greip med den eine handi sakset daa Grim svinga det, og med den hi i herdi hans Grim og kasta honom ned so hardt at han mest uvita. »Dette var det som laag attum dei gode lovnader,« sa Grette. Grim fortalde daa heile greida, og so vart han drepen.

No saag Grette kva det var aa taka imot skog-gangsmenner. Vinteren leid, men det som plaaga Grette mest var myrkerædsla.

56.

Tore i Gard fekk no vita kvar Grette var, og vilde gjera noko til aa faa honom drepen. Ein mann heitte Tore raudskjegg. Han var ein gild mann og ein stor draapsmann. Difor vart han lyst fredlaus yver heile landet. Tore i Gard sende bod til honom. Daa dei fanst, bad han raud-skjeggen fara stad og drepa Grette den sterke. Raudskjegg sa at dette var ikkje lett gjort, for Grette var klok og var um seg. Tore bad honom freista. »Det er eit karsverk,« sa han »og høver ein so rask mann som du. Eg skal hjelpa deg or utlægdi og gjeva deg mykje gods.« Raudskjegg let seg yvertelja, og Tore sa honom korleis han skulde fara aat naar han skulde vinna paa Grette.

Etter dette fór raudskjeggen fyrst til austlandet,

Digitized by Google
Original from UNIVERSITY OF WISCONSIN

so Grette ikkje skulde faa mistanke um at han kom fraa den bygdi der Tore budde. Han kom paa Arnarvatsheidi daa Grette hadde vore der ein vinter. Daa Grette og raudskjeggen møttest, bad han Grette um upphelde. Grette svara: »Eg kann ikkje lata fleire leika slik med meg som han som kom hit fyrre hausten. Han òg var svært smeikjen, men so snart han hadde vore her ei liti rid, sat han meg etter livet. No vil eg ikkje vaaga aa taka skoggangsmenner oftare.« Tore svara: »Det er svært rimelegt at du er uhuga paa aa taka imot skoggangsmenner. Du hev vel høyrt um draapsferderne mine, men aldri um slik skarveferd, at eg sveik herren min. Den ille trur alltid ilt um andre. Eg hadde ikkje fare hit, um eg hadde betre vilkaar. No trur eg det vert betre naar me hjelpest aat. Sjaa no fyrst etter um du likar meg, og finn du nokor udygd med meg, so berre jag meg straks.« Grette svara: »Eg skal vaaga paa aa taka imot deg. Men det skal du vita, at finn eg du fer med svik, vert det din bane.« Tore var nøgd med det.

Etter dette tok Grette imot honom og fann at han hadde magt for tvo i kva han tok seg fyre. Han gjorde alt det Grette bad honom gjera. Grette sjølv slapp aa gjera noko, og han hadde aldri havt so gode dagar sidan han vart fredlaus. Men han var likevel so var um seg, at Tore fekk aldri tak paa honom. Tore raudskjegg var tvo vintrar paa heidi hjaa Grette og vart no leid av aa vera der. Han tenkte mykje paa korleis han skulde faa tak paa Grette.

Ei vaarnatt bles det upp ein storm medan dei sov. Grette vakna og spurde kvar baaten deira var. Tore spratt upp og sprang til baaten, og braut honom sund og kasta molarne til alle kantar,

Digitized by Google
Original from UNIVERSITY OF WISCONSIN

so det saag ut som vinden hadde gjort det. So gjekk han inn i skaalen og sa høgt: »No hev det ikkje gjenge vel, venen min. Baaten vaar er sundbroten, og garni er langt utpaa vatnet.« »Hent deim daa,« sa Grette; »for eg tykkjer det er di skuld at baaten er broten.« Tore svara: »Det er slik med meg, at eg er lite hendt til aa symja, men i alt anna kann eg kappast med kven det skal vera. Du veit òg at eg ikkje hev plaaga deg med arbeid sidan eg kom hit, og eg hadde ikkje bede um hjelp, kunde eg greidt det sjølv.« Grette stod upp og tok vaapni sine og gjekk til vatnet.

Der var det so laga, at det stakk ut eit nes med ei vik paa eine sida. Vatnet var djupt att-med land. Grette sa: »Legg ut etter garni og lat meg sjaa kva kar du er.« »Eg sa deg det fyrr,« sa Tore; »at eg kann ikkje symja. Kvar er no ditt mod?« »No skal eg henta garni,« sa Grette, »men svik meg ikkje naar eg lit paa deg.« Tore svara: »Du maa ikkje tru meg til slik skarveferd.« Grette sa: »Du fær sjølv gjeva prov paa kva kar du er.« So klædde han av seg, la ned vaapni og sumde etter garni. Han sveiper deim saman, fer til lands og kastar deim upp paa bakken. Daa han skulde gaa paa land, greip Tore sakset og svinga det braatt. Han la paa spranget imot Grette og hogg til honom. Grette kasta seg attyver ned i vatnet og sokk som ein stein. Tore saag ned i vatnet og meinte aa verja landet, der-som han kom upp. Grette sumde tett frammed vatskanten, so Tore ikkje saag honom, og kom seg inn i viki. Der gjekk han paa land. Tore visste ikkje av fyrr Grette lyfte honom yver ho-vudet paa seg og kasta honom ned so hardt at sakset datt or henderne hans. Grette fekk tak i

Digitized by Google
Original from UNIVERSITY OF WISCONSIN

det, og utan aa segja eit ord hogg han hovudet av Tore. Soleis enda han livet.

Etter dette vilde Grette aldri taka imot skoggangsmenner. Men han kunde ikkje godt vera aaleine heller.

57.

Paa altinget frette Tore fraa Gard draapet paa Tore raudskjegg. Han tyktest no sjaa at det var ikkje so lett aa vinna paa Grette.

Daa tinget var slutt, fann han paa det at han reid nedre leidi vest yver heidarne. Dei var nær 80 mann, og dei etla seg til aa taka livet av Grette. Men daa Grim Torhallsson fekk vita det, sende han bod til Grette og bad honom vera var um seg. Grette saag jamt etter ferdafolk.

Ein dag saag han det kom ridande mange menner. Dei stemnde mot huset hans. Daa gjekk han upp i eit skard og vilde ikkje røma. For han hadde ikkje sét kor mange dei var. Daa kom Tore med alt folket sitt. Han bad deim straks taka hovudet hans Grette, og let at det var vandelaust aa vinna paa illmennet.

»De skal ikkje sleikja dykk fyrr de er smurde,« sa Grette. »De hev reist langt for aa finna meg. Sume av dykk vil faa merke etter leiken,« sa han.

Tore eggja deim mykje til aa ganga paa. Skardet var trongt, so det var lett for Grette aa verja eine sida. Men han undrast yver at ingen tok paa honom attanfraa. Sume av mennerne hans Tore fall, sume vart saara. Men dei fekk ikkje gjort Grette noko. Daa sa Tore: »Eg hev høyrt at Grette skulde vera namngjeten for magt og dugleik, men eg visste aldri at han var so trollkunnig som eg no ser han er. For det fell dubbelt so

Digitized by Google
Original from UNIVERSITY OF WISCONSIN

mange der han snur ryggen til. No ser eg at me her hev med troll aa gjera, og ikkje med folk.« Han bad deim fara burt, og so vart gjort. Grette tykte dette var underlegt. Men no var han ovleg trøytt.

Tore og mennerne hans reid burt nordetter. Folk tykte ferdi deira var skamleg. Tore hadde mist 18 mann, og sume var saara.

Grette gjekk upp i skardet. Der fann han ein stor mann. Han studde seg mot hamaren og var mykje saara. Grette spurde honom etter namnet. Han sa han heitte Hallmund. »Det kann du hava til atterkjenning,« sa han, »at du tykte eg tok fast i taumarne den sumaren me møttest paa Kjølen. No tykkjest eg ha gjort det godt att.« »Det er visst,« sa Grette, »at du hev synt meg stor godleik, berre eg kunde løna deg for det.« Hallmund sa: »Eg vil at du skal fylgja meg heim. For du tykkjer vel det er langsamt her paa heidi.« Grette sa han vilde gjerne fylgja.

No fór dei saman sør under Balljøkul. Hallmund budde i ein stor heller der. Han hadde ei gild og drusteleg dotter. Dei tok vel imot Grette, og dotteri stelte um saari aat baae. Der var Grette lenge utetter sumaren. Han kvad ein flokk um Hallmund, og der stend det:

»Høgt set han foten i hallen
Hallmund i berghola.«

Dette verset stend òg der:

»Sverdi snøgt me svinga,
saara mange sellar.
Høgt paa Arnarvatsheidi
henta dauden mange.

Digitized by Google
Original from UNIVERSITY OF WISCONSIN

Heime kjeldkvervingar
kunde halda gravøl.
Kvate Hallmund or hola
hjelpte meg i naudi.«

Dei hev sagt at Grette drap 6 mann og Hallmund 12 i denne striden.

Daa det leid ut paa sumaren, lengta Grette attende til venerne og frendarne sine nede i bygdi. Hallmund bad honom koma paa vitjing naar han fór sør gjenom landet, og Grette lova det.

So fór han vest til Borgarfjorden og derifraa til Breidfjorddalen. Han spurde Torstein Kuggeson til raads um kvar han skulde fara. Men Torstein tykte motstandarane hans auka, og meinte at faae vilde taka imot honom. »Du fær fara sør til Myrarne og sjaa um dei der vil hjelpa deg,« sa han.

Grette fór sør til Myrarne um hausten.

58.

Bjørn hitdølakappe budde daa paa Holm. Han var son til Arngeir, son til Berse gudlaus, son til Baalke som tok Rutetjorden, som fyrr er sagt. Bjørn var ein stor hovding og hardfengen. Hjaa honom var det jamt fredlause menner.

Grette kom til Holm, og Bjørn tok vel imot honom. For det hadde vore venskap millom forfederne deira. Grette bad um hjelp. Bjørn sa det var so mange klagemaal mot Grette yver heile landet, at folk kviddest for aa hjelpa ein sovoren kar. »Men likevel skal eg hjelpa deg,« sa han, »dersom du let dei mennerne som er under mi verja vera i fred. Dei hine kann du fara aat med som du vil.« Grette lova det. Bjørn sa: »Eg hev tenkt at i fjellet ovanfor Kvitaa maa det vera

Digitized by Google
Original from UNIVERSITY OF WISCONSIN

ein god gøymestad, um ein ber seg klokt aat. Og lett er det aa verja seg der. Det gjeng eit hol gjenom fjellet. Ein ser det nede fraa aalmannvegen. Nedunder holet er det ein bratt sandbakke, og der kann snaudt nokon koma upp, dersom ein rask kar passar paa der uppe. No raader eg deg helst aa vera der. For derifraa er det lett aa henta det du treng, baade fraa Myrarne og fraa sjøen.« Grette sa han vilde gjera etter hans raad, dersom han elles fekk nokor hjelp.

So fór daa Grette til Fagerskogfjell og stelte seg der. Han klædde holet med graatt vadmaal, men dei som fór nede paa vegen, tykte dei saag gjenom fjellet. Han tok det han trong nede i bygdi. Myrmennerne tykte dei hadde fenge ein faarleg gjest.

Tord Kolbeinsson budde daa paa Hitarnes. Han var ein god skald. I denne tid var det stor fiendskap millom Bjørn og Tord. Bjørn saag gjerne at Grette var til meins for mennerne hans Tord. Grette var jamt hjaa Bjørn, og dei gjorde mangt eit karsverk. Soga um Bjørn segjer at dei var haldne for jamgode i idtrott. Men dei fleste meiner at Grette hev vore den sterkaste i landet sidan Orm Storolvsson og Toralv Skolmsson slutta aa gjera manndomsverk.*) Grette og Bjørn sumde heile Hitaraai alt fraa vatnet og til sjøen. Dei la steinar i elvi, og dei hev aldri reke burt, korkje av vatsflo eller isgang eller skrida.

Grette var i Fagerskogfjellet denne vinteren, og det var ingen som tok paa honom, endaa han røva fraa mange. Dei fekk ikkje tak paa honom, for han hadde ein god verjestad, og han heldt seg jamt til vens med dei som budde nærast.

---

*) I Flatøyarbok stend det ein taatt um dei.

Digitized by Google
Original from UNIVERSITY OF WISCONSIN

59.

Gisle heitte ein mann. Han var son til Torstein, som Snorre gòde let drepa.*) Gisle var ein stor og sterk mann, og hadde gode vaapn og klæde. Han var noko braaksam av seg og skrøytte svært. Han var farmann og kom denne sumaren ut i Kvitaa. Daa hadde Grette vore ein vinter i fjellet. Tord Kolbeinsson reid til skipet. Gisle fagna honom vel, og baud honom av varorne sine det han vilde hava. Tord tok imot tilbodet, og dei gav seg til aa talast ved. »Er det sant som det er meg sagt,« sa Gisle, »at de ikkje magtar aa faa burt denne skoggangsmannen som er dykk so til meins?« Tord sa: »Me hev ikkje freista, men mange segjer han er vond aa søkja aat, og sume hev røynt at det er so.« »Det er rimelegt at det vert tungt for deg aa vinna paa Bjørn, naar du ikkje jagar denne karen burt,« sa Gisle. »Det er berre leidt, at eg vert so langt burte i vinter, at eg ikkje kann retta paa dette.« »Det er nok best for deg at du berre lærer honom aa kjenna etter som ordet gjeng,« sa Tord. »Du treng ikkje fortelja meg um Grette,« sa Gisle. »Eg røynde det som var verre daa eg var i herferd i vesterhav med Knut den megtige. Eg varde romet mitt daa, og kjem eg i kast med Grette, vaagar eg meg sjølv og vaapni mine.« Tord sa han skulde ikkje stræva for inkje, um han vann paa Grette. »Det er òg lagt meir pengar for hovudet hans enn nokon annan skoggangsmann. Fyrr var det 6 merker sylv, men i sumar la Tord fraa Gard 3 merker til, og folk tykkjer at den som vinn, maa vel hava det,« sa han. »Alt kann ein gjera for pengar,« sa Gisle, »og ikkje minst me kjøpmenner. Men no skal me fara stilt med denne talen. Det kann

*) Det er fortalt i »Soga um øyrbyggjerne«, kap. 56.

Digitized by Google
Original from UNIVERSITY OF WISCONSIN

henda han er varare um seg, naar han veit at eg held med dykk. Eg etlar aa vera paa Olderygg ute paa Snøfjellsnes i vinter. So kjem eg vel frammed bustaden hans paa vegen? Han vil ingen mistanke faa. Og ikkje skal eg samla nokon folkehop mot honom.« Tord lika vel denne raadgjerdi. Han reid heim og tala ikkje um dette.

Det gjekk no som det er sagt at »veggjerne hev øyro«. Nokre av godvenerne hans Bjørn i Hitardal hadde høyrt samtalen, og dei gjekk og fortalde alt saman. Bjørn fortalde Grette det daa dei raakast, og la til at no kunde han faa syna kva han dugde. »Det hadde vore gaman um du kunde jaga honom som eit naut,« sa Bjørn. »Kann du lata vera aa drepa honom, var det best.« Grette kaldflirte, men sa ikkje stort.

Nyst fyre fesankingi um hausten fór Grette ned til Flysjekvervet og henta seg sauer. Han fanga 4 gjeldverar. Bønderne vart vare ferdi hans og sette etter honom. Dei var 6 mann, og dei la seg i vegen for honom. Daa vart han sint og treiv tvo og kasta ned etter bakken, so dei laag i uvit. Daa dei hine saag det, miste dei modet og heldt seg undan. Grette tok sauerne og krøkte saman etter horni og kasta deim yver akslerne tvo og tvo. So gjekk han upp til bustaden sin. Bønderne vende attende. Dei tykte det hadde gjenge ille, og lika seg endaa verre enn fyrr.

Gisle var ved skipet utetter hausten til han hadde fenge det paa lunnarne. Det var mangt som hefte honom, so han vart seint ferdig. Han reid sunnanfraa nyst fyre vinternæterne, og tok inn paa Raun sunnanfor Hitaraa. Um morgonen fyrr han reid derifraa, sa han til fylgjesmennerne sine: »No skal me rida i farga klæde i dag og lata skoggangsmannen sjaa at me er ikkje like dei

Digitized by Google
Original from UNIVERSITY OF WISCONSIN

ferdamennerne som rek her dagstødt.« Dei so gjorde. Dei var 3 saman. Daa dei var komne yver aai, sa Gisle til dei hine: »Det er meg sagt, at skoggangsmannen er uppe millom desse tindarne, men det er ikkje lett aa koma fram. Vil han ikkje lika aa finna oss og sjaa tingi vaare?« Dei sa han var van gjera det.

Grette stod tidleg upp denne morgonen. Det var so kaldt at det fraus, og det hadde kome noko nysnø. Han saag at 3 menner reid sunnanfraa yver Hitaraa. Det skein i skrudklædi og dei steinprydde skjoldi. Grette skyna kven det var, og tykte han trong faa seg eitkvart plagget hjaa desse kararne. Han var forviten etter aa finna desse som briska seg slik, og tok vaapni sine og sprang ned etter skrida. Daa Gisle høyrde kor det skrangla i steinarne, sa han: »Det fer ein mann ovan or lidi. Han er heller stor og vil visst finna oss. Lat oss syna at me er trauste karar, for her er veidn aa vinna.« Fylgjesmennerne hans sa at mannen visst ikkje sprang i henderne paa deim um han var rædd. »Og no skal han faa det han ynskjer seg,« sa dei. So steig dei av hestarne.

Med det same kom Grette. Han tok ein klædesekk som Gisle hadde attum sâlen sin og sa: »Dette vil eg ha, for eg lyt ofte vera nøgd med lite.« »Det skal aldri henda,« sa Gisle; »eller veit du ikkje kven eg er?« Grette svara: »Eg er ikkje so stød paa det, men eg gjer ikkje mannemun naar eg mæler til so lite.« »Det kann henda du tykkjer det er lite,« sa Gisle; »men eg vil heller lata 30 hundrad i sylv. Du er no meir enn mykje eglesam òg. Tak paa karen, gutar, so me kann sjaa kva han duger til!« Dei so gjorde.

Grette hadde seg undan til ein stein som stod

Digitized by Google
Original from UNIVERSITY OF WISCONSIN

attmed vegen, og varde seg derifraa. Steinen er kalla Gretteshav. Gisle eggja fylgesmennerne sine, men Grette saag no at Gisle var ikkje so heilhuga som han lést. For han stod jamt bak mennerne sine. Grette vart leid av dette maset, og svinga sakset og hogg den eine av fylgjesmennerne bane-hogg. So sprang han fraa steinen, og sette aat so hardt at Gisle rømde undan frammed fjellet. Der fall den andre fylgjesmannen. Daa sa Grette: »Det ser ikkje ut til at du hev gjenge hardt fram der du hev fare, og ille skilst du med felagarne dine.« Gisle svara: »Den elden er heitast som ligg paa ein sjølv, og det er ilt aa faast med heluvar.« Dei skifte ikkje mange hogg fyrr Gisle kasta vaapni og la paa spranget undan utmed fjellet. Grette gav honom tid til aa kasta det han vilde, og kvar gong Gisle saag seg raaderom til det, kasta han eitkvart klæde. Grette fór aldri hardare etter enn det var eit stykke millom deim. Gisle sprang utmed heile fjellet, og so tvert yver Kaldaadal og gjenom Aaslaugarlid ovan Kolbeins-stad, og so ut i Borgarraun. Daa var han i berre linklædi og var ovleg trøytt. Grette fór etter so nær at han kunde naa honom kva tid han vilde. Han reiv upp eit stort ris.

Gisle stana ikkje fyrr han kom til Havtjordsaai. Ho hadde gjenge upp so det var ilt aa fara yver. Gisle etla seg straks yver aai. Daa skunda Grette seg etter og greip honom. Gisle vart daa for veik. Grette klemde honom under seg og sa: »Er du den Gisle som vilde finna Grette Aas-mundsson?« Gisle svara: »Eg hev no funne honom, men eg veit ikkje korleis me skilst. Tak no det som du hev fenge, men lat meg fara!« Grette sa: »Daa vilde du ikkje skyna kva eg no vil segja deg. Eg vil gjeva ei liti aaminning.«

Digitized by Google
Original from UNIVERSITY OF WISCONSIN

Han drog skjorta fram yver hovudet paa honom og til aa dengja yver ryggen og sidorne, men Gisle freista jamt aa snu seg undan. Grette dengde honom dugleg, og slepte honom so laus. Gisle tenkte daa, at fyrr vilde han ingen ting læra av Grette, enn aa faa slik ei flengjing ein gong til. Det slapp han òg; for daa han fekk føterne under seg, bykste han ut i ein stor hyl og sumde yver elvi. Han kom um natti til ein gard som heiter Rossholt. Daa var han mykje forkomen. Der laag han ei vika, og han trutna yver heile kroppen. Etter det fór han til vinterbustaden sin.

Grette snudde attende og tok upp det som Gisle hadde kasta ned og førde med seg heim. Og Gisle fekk aldri att noko av det.

Mange tykte at dette var høveleg gjort mot Gisle, av di han skrøytte so fælt. Grette kvad slik um hopehavet deira:

»Hesten lyt tenner hava
hoggande kvasse i striden,
skal han urædd standa
stødt mot dei hine hestar.
Men fyre meg kring Myrar
mangmælte mannen rømde,
fisande fór han Gisle.
Frægd ikkje fanst i honom.«

Vaaren etter fór Gisle til skipet, og ingen fekk lov aa føra noko av varorne hans sørmed fjellet. »Der budde sjølve fanden,« sa han. Han reid sør frammed sjøen heilt til skipet, og raaka aldri Grette sidan. Folk brydde seg aldri um Gisle meir.

Men det versna med Tord Kolbeinsson og Grette, og Tord la mange raader til aa faa Grette burt eller drepen.

Digitized by Google
Original from UNIVERSITY OF WISCONSIN

60.

Daa Grette hadde vore tvo vintrar i Fagerskog-fjellet og den tridje var komen, daa fór han sør til Myrarne til garden Løkjarbug og tok 6 gjeld-verar. Derifraa fór han upp sunnanfor Hitaraai. Men daa bønderne vart vare ferdi hans, sende dei bod til Tord paa Hitarnes og bad um hjelp til aa faa ende paa Grette. Tord vilde ikkje, men daa mennerne bad um det, let han Arnor, son sin, han som sidan vart kalla jarleskald, fara med deim. »Og no maa de ikkje lata. Grette koma undan,« sa han. Det vart sendt bod etter folk rundt heile bygdi.

Bjarne heitte ein mann som budde paa Jorva i Flysjekvervet. Han samla folk austanfor Hitaraai. Dei laga det so, at det skulde koma ein flokk paa kvar sida aat aai. Grette var sjølv tridje. Øyolv heitte ein som var med honom. Han var son aat bonden i Fagerskogarne, og var ein rask kar.

Torarin fraa Aakrar og Torfinn fraa Løkjarbug kom fyrst. Dei var nær 20 mann i alt. Grette vilde yver aai, Daa kom Torgrim og Arnor og Bjarne paa hi sida. Det gjekk eit smalt nes uti aai paa den sida som Grette var. Han jaga feet ut paa neset daa han saag manneferdi; for han vilde ikkje sleppa det han hadde fenge tak i. Myremennerne gjekk straks paa og var bause. Grette bad fylgjesmennerne sine agta paa so han hadde ryggen fri. Det kunde ikkje søkja mange aat i senn, og det vart ein hard strid med deim. Grette hogg til baae sidor med sakset, og det vart ikkje lett for deim aa søkja aat. Sume av Myremennerne fall. og sume vart saara. Dei som skulde yver aai vart seinka av di vadet ikkje var

Digitized by Google
Original from UNIVERSITY OF WISCONSIN

tett ved. Dei hadde ikkje slegest lenge fyrr dei hopa undan.

Torarin fraa Aakrar var ein gamall mann, so han var ikkje med i striden. Men daa striden var slutt, kom Traand, son hans Torarin, og Torgils Ingjaldsson, brorson til Tord og Finnboge, son til Torgeir Torhallsson fraa Hitardal; og Steinolv Torleivsson fraa Raundal. Dei eggja mennerne hardt til aa gaa paa. So vart det ein hard strid att. Grette saag no at eitt av tvo var aa gjera: anten aa fly, eller røyna seg til det ytste. Han gjekk no so hardt fram, at ingen stod seg mot honom. Dei var so mange at han tykte det var raadlaust aa koma undan. Men han vilde gjera so mykje skade som mogleg fyrr han fall, og daa helst fella nokon som han tykte det var manne-verd i. Han sprang imot Steinolv fraa Raundal og hogg til honom i hovudet og kløyvde honom ned til herdarne. Med det same hogg han til Torgils Ingjaldsson og raaka honom i midja so han mest gjekk av. Traand vilde daa springa fram og hemna frenden sin, men Grette hogg til honom paa høgre laaret, so han tok av heile vodven, og han vart uføer til strid Etter det gav han Finnboge eit stort saar.

Daa ropa Torarin og bad deim hava seg undan: »Det gjeng verre med dykk di lenger de slæst,« sa han, »og han vèl ut menner av flokken dykkar.« Dei hadde seg daa undan. Der var 10 menner fallne, og 5 var saara til ulivs, eller var vanføre. Dei fleste som hadde vore med i striden var noko saara. Grette var ovleg trøytt, men lite saara. Myremennerne hadde seg undan, og dei hadde fenge stor mannskade, for mange raske karar fall der.

Dei fraa den andre sida aai kom ikkje fyrr

Digitized by Google
Original from UNIVERSITY OF WISCONSIN

striden var slutt. Daa dei saag kva uferd dei hine hadde fare, vilde Arnor ikkje vaaga seg i kast med Grette. Han fekk lastord baade av far sin og mange andre for dette. Folk trur han hev ikkje vore nokon stridsmann. Det heiter no Grettesodden der dei slost.

61.

Grette og mennerne hans tok hestar og reid upp under fjellet. Dei var alle saara. Daa dei kom til Fagerskogarne, vart Øyolv etter der. Dotteri i huset var ute og spurde etter tidender. Grette fortalde um tilburden og kvad ei visa:

»Skraama hans Steinolv
snaudt vil grøda.
Fleire fall.
Foten han Torstein
brotna, ei batnar
braatt dette meinet.
Folk no fretter
fallet av aatte.«

Etter dette fór Grette til bustaden sin og var der um vinteren. Men daa han og Bjørn møttest, sa Bjørn at no tykte han store ting hadde hendt. »Du kann ikkje vera her paa lengdi,« sa han. »Du hev no drepe baade frendarne og venerne mine; men eg vil ikkje brigda det eg hev lova deg, so lenge du er her.« Grette sa han laut berga livet — »men det er ille at du mislikar det.« Bjørn sa det maatte so vera.

Lite seinare kom dei mennerne som hadde mist frendarne sine, til Bjørn, og bad at han maatte ikkje lata denne ustyrlege mannen vera

Digitized by Google
Original from UNIVERSITY OF WISCONSIN

der til harm og skade for deim. Bjørn sa det skulde verta eit brigde so snart vinteren var slutt.

Traand, son til Torarin paa Aakrar, vart god att Han var ein dugleg kar og var gift med Steinun, dotter til Rut paa Kambsneset. Torleiv i Raundal, far til Steinolv, var ein dugande mann. Fraa honom ættar raundølerne.

Det er ikkje fortalt um fleire stridar millom Grette og Myremennerne medan han var der paa fjellet. Bjørn heldt venskapen med honom. Men venerne hans Bjørn vart færre, av di han let Grette vera der. For folk lika ille aa hava frendarne sine ubøtte.

Ved tingtid fór Grette burt fraa Myrarne. Han reiste daa til Borgarfjorden og raaka Grim Torhallsson, og spurde kva han no skulde finna paa. Grim sa han saag ikkje syn med aa taka imot honom; difor fór Grette til Hallmund, venen sin, og var der til det leid ut paa sumaren.

Um hausten fór Grette til Geitland, og var der til det vart klaarvêr. Daa gjekk han upp paa Geitlandsjøkulen og stemnde sør-etter, og hadde med seg kjel og kveikje. Folk meinte at han hadde fare etter tilvising fraa Hallmund, for han var godt kjend vida ikring. Grette fór til han fann ein lang og smal dal millom jøklarne Dalen var gøymd av jøklar, som stakk fram paa alle sidor. Grette kom seg ned i dalen paa ein stad, og saag daa fagre grasvaksne lider og smaakjørr. Der var heite kjeldor, og han meinte jordelden munde valda at jøklarne ikkje fyllte heile dalen. Det rann ei liti aa gjenom dalen, med slette øyrar paa baae sidor. Der var stutt solgang. Eit utal av sauer heldt til der. Dette feet var mykje feitare og betre enn det han nokon gong hadde sét. Her tok han bustad og bygde seg ei hytta av den

Digitized by Google
Original from UNIVERSITY OF WISCONSIN

veden han fann der. Han tok seg sauer til mat, og der var ein sau betre til slagt enn tvo andre stader.

Ein graabrun ærsau var der med lambet sitt, og det tykte han var avbragsleg stort. Han vart forviten etter aa taka lambet, og det gjorde han, og so slagta han det. Det var 40 pund talg i lambet, og kjøtet var framifraa. Men daa sauen miste lambet sitt, fór han upp paa hytta hans Grette kvar natt og bræka so han fekk ikkje sova. Difor angra han at han hadde slagta lambet, for han fekk ikkje fred for sauen. Kvar kveld i skymingi høyrde han nokon hua uppe i dalen, og daa sprang alt feet til same staden. Grette hev sagt at eit halvtroll eller ein tusse som heitte Tore raadde for dalen, og han hadde hjelpt Grette. Etter honom kalla Grette dalen Toresdal. Tore hadde døtter, fortalde Grette, og han gantast med deim. Men dei tok det ikkje ille upp, for det var ikkje folksamt der.

Daa fasta kom, sa Grette at dei til minne um fasta skulde eta mòr og livr. Det hende ikkje noko sers um vinteren. Grette tykte det var so dauvleg at han vilde ikkje vera der lenger, og fór so burt or dalen. Han gjekk mot sør tvert yver jøklen og kom midt paa Skjaldbreid. Der reiste han upp ei hella og slo eit hol i henne. »Dersom ein mann la auga til holet i hella,« sa Grette, »kunde han sjaa det gilet som fell i Toresdal.«

Sidan fór han til sørlandet, og so til austfjord-arne. Han var paa denne ferdi um sumaren og vinteren, og vitja dei fremste menner, men ingen vilde gjeva honom vist eller vera. So fór han til nordlandet og heldt til paa ymse stader.

Digitized by Google
Original from UNIVERSITY OF WISCONSIN

62.

Ei stund etter Grette fór fraa Arnarvatsheidi, kom ein mann dit som heitte Grim, og var son til enkja paa Kropp. Han hadde drepe Eid Skjeggeson fraa Aas og vart av di lyst utlæg. Han slo seg ned der Grette hadde vore fyrr, og fiska godt i vatnet. Hallmund mislika at Grim var komen i staden hans Grette, og meinte at han skulde hava lite gagn av det um han veidde mykje.

So bar det til ein dag at Grim fekk 100 fiskar og bar heim til hytta. Han gjorde upp fisken ute. Men daa han kom ut um morgonen etter, var all fisken burte. Det tykte han var underlegt, og fór ned aat vatnet og fanga no 200 fiskar og førde heim. Men det gjekk like eins; um morgonen var alt burte. Dette tykte han maatte ha same orsak.

Den tridje dagen fekk han 300 fiskar, som han bar heim og vakte yver i hytta si. Grim saag ut gjenom dørglytten um nokon kom til hytta. Det leid noko fram paa natti. Daa ein tridjung av natti var liden, høyrde han nokon gjekk ute, og trakka heller hardt. Daa Grim vart var dette, tok han øksi si. Det var eit haarkvast vaapn. Han vilde vita kva framandkaren heldt paa med. Grim saag ein mann bar ei stor meis paa ryggen. Han sette ned meisi og saag seg um, men saag ingen ute. Han bauka i fisken og tykte han hadde nok aa taka av. Han kasta all fisken upp i meisi, so ho vart full. Det var so mykje fisk, at Grim trudde ingen hest kunde bera meir. Mannen bøygde seg under byrdi, og daa han vilde standa upp, sprang Grim ut og hogg honom med baae hender i halsen, so heile øksebladet sokk nedi. Hin kipte

Digitized by Google
Original from UNIVERSITY OF WISCONSIN

seg undan og la til sprangs med meisi sør paa fjellet. Grim fór etter og vilde sjaa korleis det gjekk med honom.

Dei fór alt sør under Balljøkulen, og der fór mannen inn i helleren. Der inne sat ei stor, men skapleg kvinna attmed ein logande eld. Grim høyrde at ho helsa far sin og kalla honom Hallmund. Han kasta ned byrdi og sukka tungt. Ho spurde kvifor han var blodut. Han svara og kvad dette:

»Klaart eg skynar at banen sin
ingen kann tru og trøysta;
naar lukka bilar og banen kjem,
modet aat kjempa minkar«.

Ho spurde nøgje etter striden deira, og han fortalde alt som hadde hendt. »Du skal høyra etter,« sa han, »skal eg kveda um gjerningarne mine, og so skal du rista det paa kjevle«. Ho so gjorde. Daa kvad han Hallmundar-kvida. I dette kvædet heiter det:

»Gild tyktest eg, daa taumen strauk
hardt eg Grette or handi;
i saarfingra handi saag eg
laut kjempa lenge skoda.

Upp paa Arnarvatsheidi
kom so Tore med kjempor;
Grette og eg, me greidde
odd-leik med aatti halda.

Gilde var Grettes sterke
hogg paa hermenns skjoldar;

Digitized by Google
Original from UNIVERSITY OF WISCONSIN

mennerne lel fekk merka,
fælare saar eg fekk deim.

Hender og hovud flaug av
gutar som kom Grette i ryggen;
att saag eg liggja attan
kjempor paa Kjeldekvervet.

Med tussar og allslag troll og
fjellbuar fælt eg leika;
vart eg dei vonde vette
og blendingarne til bane.

So òg alvar og uvette
alle til ulukka vart eg.«

Hallmund fortalde um mange av karsstykki sine kvædet. Han hadde fare yver heile landet. Daa sa dotteri: »Denne mannen hev ikkje vore slepphendt. Og det var trulegt det maatte gaa slik, for du egla deg inn paa honom. Kven skal no hemna deg?« Hallmund svara: »Det er ikkje visset at det vert gjort. Eg trur Grette vil hemna meg, dersom han fær høve til det. Men det vert ikkje høgleg aa ganga imot slik ein kar, for han hiv lukka med seg.« Daa det leid ut i kvædet, ivekna Hallmund meir og meir, og daa det var slutt, døydde han. Dotteri syrgde og bar seg ille.

Daa gjekk Grim fram og bad henne manna seg upp. »Kvar maa fara naar han er feig,« sa han. »Dette kom paa for framferdi hans. Eg kunde ikkje finna meg i at han rana ifraa meg.« Ho sa han hadde grunn til aa tala so; for »urett el ulukka«. Ho kvikna heller til under samtalen.

Grim var fleire næter der i helleren og lærde kvædet, og dei samdest berre godt. Han var paa

Digitized by Google
Original from UNIVERSITY OF WISCONSIN

Arnarvatsheidi um vinteren etter Hallmund døydde. Torkjel Øyolvsson kom aat honom paa fjellet, og dei slost. Det enda so at Grim hadde Torkjel i si magt, men vilde ikkje drepa honom. Torkjel tok Grim aat seg og hjelpte honom til aa koma utanlands og gav honom mykje gods. Dei tykte dei hadde fare vel med einannan.

Grim vart sidan farmann, og det er mykje fortalt um honom.*)

63.

No er det aa taka til med at Grette er komen fraa austfjordarne. Han fór i løynd, for han vilde ikkje raaka Tore. Han laag ute paa Mødredalsheidi um sumaren, og elles paa ymse stader. Han var òg stundom paa Reykjaheidi.

Tore frette det og samla folk og reid upp paa heidi. Han tenkte at no skulde ikkje Grette koma undan. Grette saag deim ikkje fyrr dei kom nær innaat. Han var daa attmed eit sel, som laag tett ved vegen. Han hadde ein mann med seg. Daa dei saag flokken, galdt det um aa finna paa ei raad straks. Grette sa at dei skulde leggja ned hestarne og draga deim inn i selet. Dei so gjorde. Tore og hans folk reid nord etter heidi, og daa dei ikkje fann honom dei leita etter, snudde dei attende.

Daa flokken var riden vestyver, sa Grette: »Dei vil ikkje tykkja ferdi er god utan me finst. No skal du passa hestarne vaare, men eg skal fara til møtes med deim. Det vert til skam for deim um dei ikkje kjenner meg.« Felagen hans raadde honom fraa, men han fór likevel. Han tok paa seg andre klæde, og hadde ein hatt ned yver andlitet og stav i handi. So gjekk han imot deim.

---

*) i Laksdøla-soga.

Digitized by Google
Original from UNIVERSITY OF WISCONSIN

Dei helsa paa honom og spurde um han hadde sét nokre menner rida yver heidi. »Eg hev nok sét deim de leitar etter,« sa han. »Det vantar no lite paa at de finn deim, for dei var her sunnanfor myri paa vinstre handi.«

Daa dei høyrde dette, la dei ut paa myri. Der var so blautt at dei kom ikkje fram. Dei laut draga hestarne ut or og tøva lenge der framyver dagen, og ynskte alt vondt yver denne landlauparen som hadde narra deim so.

Grette fór snøgt attende til felagen sin. Og daa dei møttest kvad han ei visa:

»Raske hermenn raaka
ridande ei eg vaaga,
snara set dei for meg,
so eg burt lyt fara.
Traudt eg torer møta
Tore og hans menner,
helst eg held meg undan
hermannens herflokk.«

Dei fór snøgt vestyver, og var komne langt framum Gard fyrr Tore kom av fjellet med flokken sin. Attmed garden raaka Grette ein mann. Han kjende deim ikkje. Dei saag at det stod ei ung og stasklædd kvinna ute. Den nykomne mannen sa at det var dotteri hans Tore. Daa kvad Grette ei visa:

»Mæte møy! no kann du
melda far din at eg
fór um breide bøen
berre med tvo drengjer.

Digitized by Google
Original from UNIVERSITY OF WISCONSIN

Endaa oftast mine
ord hev lite paa seg.
Skalden fór med faament
fylgje yver garden.«

Av dette tyktest den nykomne mannen skyna kven det var, og han skunda seg stad og fortalde at Grette var komen langt undan.

Daa Tore kom heim, tykte mange at Grette hadde narra deim stygt. Tore sette folk til aa gjæta etter Grette alle stader. Daa tok Grette den raadi, at han sende fylgjesmennerne sine til vestbygderne med hestarne. Sjølv klædde han seg ut og fór til fjells. Soleis slapp han til nordlandet mot slutten av vinteren utan at nokon kjende honom.

Alle tykte at dette var det verste Grette hadde gjort mot Tore.

64.

Stein heitte ein prest som budde paa Øyedalsaa i Baardardal. Han var ein god gardsstyrar og rik. Kjartan heitte son hans, og han var ein rask kar.

Torstein kvite heitte ein mann som budde paa Sandhaug sør for Øyedalsaai. Steinvor heitte kona hans, og ho var ung og gladvær. Dei hadde born som var unge paa denne tidi. Folk tykte det var fælt med skrymt der.

Det hende tvo vintrar fyrr Grette kom til nordlandet at Steinvor, kona paa Sandhaug, fór som vanleg til jolemessa paa Øyedalsaa, men husbonden var heime. Folk la seg til aa sova um kvelden. Um natti høyrde dei eit stort brak i skaalen attmed sengi aat husbonden. Ingen torde standa upp og sjaa etter kva det var, for dei var svært

Digitized by Google
Original from UNIVERSITY OF WISCONSIN

faamente. Kona kom heim um morgonen, og daa var bonden burte. Men ingen visste kvar det hadde vorte av honom. Soleis gjekk heile aaret.

Vinteren etter vilde husfrøya fara til jolemessa og bad huskaren vera heime. Han var uhuga paa det, men let henne raada. Alt gjekk som fyrr, og huskaren kom burt. Folk tykte dette var underlegt. Dei saag nokre blodflekkjer i utedøri, og dei meinte at eitkvart uvette hadde teke baae. Dette frettest vide ikring.

Grette spurde det òg. Og med di han hadde godt lag til aa tyna skrymt og attergangarar, fór han til Baardardal og kom jolaftan til Sandhaug. Han tok inn der, og kalla seg Gjest. Kona i huset saag at han var fælande stor, men folket paa garden var rædd honom. Han bad um heimvist. Husmori sa at mat skulde han faa, »men du fær verja deg sjølv,« sa ho. Det skulde han nok gjera, meinte han. »Eg skal vera heime, og du kann fara til jolemessa um du vil,« sa han. Ho svara: »Eg tykkjer du er modig um du torer vera heime.« »Ein vinn ikkje gjetord for inkje,« sa han. »Ilt tykkjer eg det er aa vera heime,« sa ho, »men eg kjem meg ikkje yver aai.« »Eg skal fylgja deg yver,« sa Gjest.

Sidan fór dei til messa, kona og den vesle dotteri hennar. Det var stor læka og isløysing i aai, og mykje drivis. Daa sa kona: »Det er uført yver aai baade for folk og hestar.« »Det finst vel eit vad,« sa Grette, »ver ikkje rædd.« »Ber fyrst møyi,« sa kona, »ho er lettare.« »Eg nenner ikkje gjera tvo ferder,« sa Grette, »eg skal bera deg paa armen min.« Ho signa seg og sa: »Det er uraad; men korleis vil du fara aat med møyi?« »Eg skal nok sjaa ei raad med det,« sa han.

Digitized by Google
Original from UNIVERSITY OF WISCONSIN

Han lyfte baae og sette møyi paa kneet aat mor si og bar deim so paa vinstre armen, men hadde høgre handi fri. Han la so ut paa vadet. Kvendi var so rædde at dei torde ikkje ropa. Vatnet rakk upp paa brjostet hans. Det kom eit stort isflak rekande, men han skaut det undan med den handi han hadde fri. No vart det so djupt, at straumen naadde aksli. Han vod daa snøgt til han kom paa andre sida, og sette deim paa land. So snudde han attende, og det var halvmyrkt daa han kom til Sandhaug.

Han bad um mat. Og daa han var mett, bad han husfolki fara inn i inste stova. Han tok bord og ved og lødde upp til ein bolk tvert yver stova, so ingen av husfolki kom seg yver. Dei torde ikkje mæla imot, og det skulde ikkje knetta i nokon. Døri var paa langveggen innved gavlen, og der var ein tverpall. Der la Gjest seg ned og klædde ikkje av seg. Det brann ljos attmed døri. Gjest ligg so fram yver natti.

Husmori kom til Øyedalsaa til messa, og folk tykte det var underlegt at ho var komi yver aai. Ho sa at ho visste ikkje um det var ein mann eller eit troll som hadde bore henne yver. Presten sa det maatte ha vore ein mann, »endaa faa er maken hans. Lat oss ikkje tala um dette,« sa han. »Kann henda han er etla til aa finna paa ei raad for ulukka di.«

Kona var der um natti.

65.

No er det aa fortelja um Gjest, at daa det leid til midnatt, høyrde han store dyn. So kom det inn i stova ei stor trollkvinna. I eine handi hadde ho eit trog, i hi ein stor kniv. Ho saag seg ikring

Digitized by Google
Original from UNIVERSITY OF WISCONSIN

daa ho kom inn, og daa ho fekk sjaa Gjest, fauk ho paa honom. Men han varde seg, og dei tokst lenge inne i stova. Ho var sterkare, men han var spræk til aa fara undan. Alt som fyre deim var braut dei, jamvel tvertilet i stova. Ho drog honom ut gjenom døri og vilde hava honom ut paa garden, men han tok fast imot. Ho fekk honom ikkje ut, fyrr dei hadde rive laus heile karmen um utedøri, so dei bar honom ut paa herdarne sine. So dragsa ho honom ned til aai og heilt frampaa gluvret.

Gjest var daa ovleg trøytt; men det var eitt aa gjera: aa nøyta seg til det ytste, elles støypte ho honom i gluvret. Heile natti tokst dei, og han visste aldri han hadde røynt seg slik som daa. Ho heldt honom so fast innaat seg at han kunde ikkje røra henderne. Han heldt berre fast um midja hennar. Daa dei kom ut paa kanten, fekk han slengja paa trollkvinna slik at høgre handi vart fri. Daa treiv han snøgt sakset han var gjord med og svinga det. Han hogg trollet i oksli, og tok av høgre handi. Daa kom han seg laus. Ho støypte seg utyver gluvret og i fossen Gjest var daa baade styrd og mod. Han laag lenge paa hamaren. Daa det ljosna, gjekk han heim og la seg i sengi. Han trutna upp yver heile kroppen og var blaa.

Daa husmori kom fraa messa, tykte ho det saag ruskut ut heime. Ho gjekk til Gjest og spurde kva som hadde hendt; for alt var brote og øydelagt. Han fortalde alt saman. Ho vart storleg forundra og spurde kven han var. Daa nemnde han rette namnet sitt og bad henne henta presten, for han vilde finna honom. So vart gjort. Men daa presten Stein kom til Sandhaug, saag han straks at Gjest var ingen annan enn Grette

Digitized by Google
Original from UNIVERSITY OF WISCONSIN

Aasmundsson Presten spurde kvar Grette meinte det hadde vorte av mennerne som var burtkomne. Grette meinte dei hadde fare utfor gluvret. Presten sa han kunde ikkje tru paa ordi hans, um han ikkje hadde noko prov. Grette sa at sidan skulde dei nok faa syn for segn. So fór presten heim.

Grette laag til sengs i mange døger. Husmori stelte ovleg vel med honom. Og slik gjekk joli. Grette segjer at trollkvinna støypte seg i gluvret daa ho fekk saaret; men Baardardalsmennerne segjer at det dagast medan dei tokst, og at ho sprakk daa han hogg av henne handi. Og no stend ho i kvendelikning uppe paa berget.

Dalbuarne gøymde Grette.

Ein dag etter jol fór Grette til Øyedalsaa. Daa han fann presten, sa han: »Eg ser det, prest, at du hev liti tru paa ordi mine. No vil eg at du fer med meg til aai og ser kva likjende der kann vera.« Presten so gjorde. Daa dei kom til fossen, saag dei ei hola under hamaren. Berget var so bratt og sleipt at ingen kunde koma upp der, og det var mesta 10 famnar ned til vatnet. Dei hadde reip med seg. Daa sa presten: »Eg tykkjer det er meir enn uraad aa fara ned.« Grette svara: »Det let seg nok gjera for den som er noko til kar. Eg vil hava greida paa kva som er attum fossen, og du skal passa toget.« Presten let honom raada, og køyrde ned ein paale og la ein stein uppaa og sette seg attmed

66.

No er det aa segja fraa Grette at han feste ein stein i tog-lykkja og let ho siga ned i vatnet. »Korleis vil du no fara aat?« sa presten. »Eg

Digitized by Google
Original from UNIVERSITY OF WISCONSIN

vil ikkje vera bunden naar eg kjem i fossen,« sa Grette; »eg treng vera laus og ledig daa.« So laga han seg til. Han var tunnklædd og gyrd med sakset, men hadde ikkje fleire vaapn. So sprang han fraa berget ned i fossen. Presten saag i iljarne hans, men sidan saag han ikkje kvar det vart av honom.

Grette kava under fossen, og det var mødesamt, for bakevja var strid. Han laut heilt til botnar fyrr han kom seg attum fossen. Der var ei hylla i berget, og dit upp kom han seg. Under fossen var det ein stor heller, men fossen fall framyver berget. Han gjekk inn i helleren, og der brann ein stor eld. Grette saag at det sat ein fæl jøtul der inne. Han var skræmeleg aa sjaa til. Daa Grette kom burtaat honom, sprang jøtulen upp og greip eit kastespjot og hogg til honom som komen var. Han kunde baade hogga og stinga med spjotet, og det var treskaft paa det. Folk kalla det heftesaks som var laga slik. Grette hogg imot med sakset, og raaka skaftet so det gjekk av. Jøtulen vilde daa bøygja seg attyver etter eit sverd som hekk i helleren. Men Grette hogg honom i brjostet, so han tok mest av bringesporden, og so nedgjenom magen so innvolen valt ut i aai og rak med straumen.

Presten som sat attmed toget, saag det rak nokre blodute slintror ned etter straumen. Daa vart han laus paa foten og trudde at Grette var daud. So sprang han heim fraa toget. Kvelden var daa komen. Presten sa for visst at Grette var daud. Han sa òg det var stor skade aa nissa ein slik mann.

No er det aa segja fraa Grette at han hogg og hogg til jøtulen døydde. Daa gjekk Grette inn etter helleren, kveikte ljos og saag seg ikring. Det

Digitized by Google
Original from UNIVERSITY OF WISCONSIN

er ikkje sagt kor mykje gods han fekk i helleren, men folk trur det hev vore noko. Han var der framyver natti og fann beini av tvo menner. Deim tok han med i ein sekk. So gjekk han ut or helleren og til toget. Han riste det og tenkte at presten var der. Men daa han skyna at presten var heimfaren, gjekk han etter henderne uppetter toget og kom soleis upp paa berget. So fór han heim til Øyedalsaa og la sekken med beini i vaapnhuset og eit rimekjevle der desse tvo visorne var ovleg vel riste:

»Mann! eg gjekk i gluvret,
gapte fossen vaatkald
mot hermannen djerve.
Megtige straum-kvervlen
braut mot hermanns-brjostet,
baara slo i troll-sal.
Ida heilt til oksli
øgjeleg meg naadde.

I hola steig det sterke,
stygge trollet imot meg;
lenge med ljote risen
laut hermannen strida.
Hardt eg hogg, og av rauk
heftesakset av skaftet;
bjarte sverdet mitt brjost og
bringa aat risen kløyvde.«

Dei sa at Grette hadde med seg desse beini or helleren. Daa presten kom til kyrkja um morgonen, fann han kjevlet og det som fylgde med og las runorne.

Grette hadde daa fare til Sandhaug.

Digitized by Google
Original from UNIVERSITY OF WISCONSIN

67.

Daa presten fann Grette, spurde han nøgje etter tilburden, og Grette fortalde heile soga um ferdi si. Han sa òg at presten hadde agta skralt paa toget. Presten laut sanna det.

Folk trudde desse uvetti var skuld i at det kom burt folk der i dalen. Dei fekk aldri mein av skrymt eller attergangarar der seinare, og dei tykte at Grette hadde gjort ei stor landereinsking. Presten jorda beini i kyrkje-garden. Sidan var Grette paa Sandhaug um vinteren. Han gøymde seg for aalmugen.

Men daa Tore i Gard fekk spurt at Grette var i Baardardal, sette han folk til aa drepa honom. Sume raadde honom til aa fara burt. Han reiste daa vestyver og kom til Gudmund den megtige paa Mødrevollarne.*) Der bad han um hjelp, men Gudmund sa det sømde seg ikkje for honom aa taka imot ein slik kar. »Du lyt finna deg ein stad, der du er urædd for livet ditt,« sa Gudmund. Grette sa han visste ikkje kvar det skulde vera. »I Skagefjorden ligg det ei øy som heiter Drangøy,« sa Gudmund. »Ho er lett aa verja, for ingen kann koma upp paa henne utan ein hev stige. Kann du koma deg dit, so veit eg ikkje av nokon som der kann taka paa deg med vaapn eller list, naar du berre agtar stigen.« »Eg skal freista dette,« sa Grette, »men eg er so myrkrædd at eg kann ikkje vera aaleine lenger.« »Det kann so vera,« sa Gudmund; »men tru ingen so vel at du ikkje trur deg best sjølv. Folk er ikkje lette aa kjenna.«

*) Gudm. d. m. var den største hovdingen paa nordlandet fyrst i det 11. hdr. Han var i røyndi død daa dette hende.

Digitized by Google
Original from UNIVERSITY OF WISCONSIN

Grette takka honom for dei gode raaderne og fór so burt fraa Mødrevollarne.

Han stana ikkje fyrr han kom til Bjarg. Mor hans fagna honom vel, og like eins Illuge. Grette var der nokre næter. Der frette han draapet paa Torstein Kuggeson. Det hadde gjenge fyre seg um hausten fyrr Grette fór til Baardardal. Grette vart mykje leid ved dette.

Han reid no sør yver Holtevardeheidi, og etla aa hemna Hallmund um han raaka Grim. Men daa han kom til Nordaadal, frette han at Grim for tvo eller tri vintrar sidan var faren burt, som fyrr er sagt. Dette fekk Grette vita so seint, av di han hadde gøymt seg i tri vintrar, den eine i Toresdal, og hadde ikkje raaka folk, som kunde fortelja honom tidender.

So fór han til Breidfjorddalarne og stana i Austraadal og tok paa dei som fór yver Brattebrekka. Han røva fraa smaabønderne. Dette var ved høgsumarleite.

Daa det leid paa sumaren, fødde Steinvor paa Sandhaug ein gut som fekk namnet Skjegge. Fyrst sa dei han var son hans Kjartan, son til presten Stein paa Øyedalsaa. Skjegge var ulik systkini sine i styrke og vokster. Daa han var 15 aar, var han den sterkaste der nord. Og daa meinte dei han var son hans Grette. Folk hadde den trui, at han maatte verta ein framifraa kar. Men 17 aar gamall andast han, og det er ikkje meir fortalt um honom.

68.

Etter draapet paa Torstein Kuggeson var Snorre gòde mykje ublid paa Torodd son sin og Saam son til Bork den digre. Men det er ikkje spurt

Digitized by Google
Original from UNIVERSITY OF WISCONSIN

kva grunnen var. Snorre hadde kanskje lagt paa deim eitkvart storverket som dei ikkje vilde gjera. Difor jaga han Torodd fraa seg, og sa han skulde ikkje koma att fyrr han hadde drepe einkvar skoggangsmannen, det var ikkje raad for det. Torodd fór daa yver til Dalarne.

Paa Breidebolstad i Sokkolvsdal budde daa ei enkja som heite Geirlaug. Ho hadde ein saugjætar som var fredlaus for eit valdsverk. Har var berre ung. Torodd frette dette og reid til Breidebolstad. Han spurde kvar saugjætaren var. Kona i huset sa han stelte med sauerne. »Kva vil du honom daa?« sa ho. »Eg vil drepa honom,« sa Torodd, »for han er ein fredlaus skoggangsmann.« »Det er ingi æra for deg aa drepa honom, smaaguten,« sa ho, »slik ein storbrytar som du tykkjest vera. Eg skal visa deg eit større karsverk, um du hev slik hug paa aa røyna deg.« »Kva er det?« sa han. »Her uppaa fjellet ligg Grette Aasmundsson«, sa ho. »Honom kann du taka paa. Det er meir høvelegt.« Torodd lika røda hennar, og let at han skulde fylgja raadi. Han køyrde sporarne i hesten og reid upp etter dalen.

Daa han kom til heidi nedanfor Austraa, saag han ein ljosbleik hest med sâl. Han saag òg ein stor mann med vaapn. Torodd fór straks burt til honom. Grette helsa og spurde kven han var. Torodd namngav seg og sa: »Kvi spør du ikkje heller etter ærendet mitt enn etter namnet?« »Av di det hev so lite aa segja,« sa Grette. »Er du son til Snorre gòde?« »Dei segjer so,« sa Torodd, »men likevel skal me røyna kven som duger mest av oss tvo.« »Det er lett aa vita,« sa Grette; »men hev du ikkje frett det, at eg hev vore til liti lukka for deim som hev teke paa meg?« »Eg

Digitized by Google
Original from UNIVERSITY OF WISCONSIN

veit det,« sa Torodd, »men likevel skal me vaaga noko.« Han svinga sverdet og sette hardt paa Grette, men han livde seg med skjoldet og bar ikkje vaapn paa Torodd. Slik gjekk det ei stund utan at han vart saara.

Daa sa Grette: »Lat oss slutta med denne leiken, for du kjem ikkje til aa vinna likevel.« Torodd hogg daa hardare. Grette vart leid av aa faast med honom, treiv Torodd og sette honom attmed seg og sa: »Eg hev høve til aa gjera med deg kva eg vil, og eg er ikkje rædd du skal gjeva meg bane. Men eg ræddast den graahærde Snorre gode, far din, og raaderne hans. Dei hev lagt dei fleste paa knei. Du skulde halda deg til det du magtar, for det er ikkje barneverk aa slaast med meg.« Daa Torodd saag at han ingen veg kom, roa han seg, og med det skildest dei.

Torodd fór heim til Tunga og fortalde far sin um striden med Grette. Snorre gode smilte og sa: »Mang ein er so stor i sin eigen tanke, og millom dykk var det stor mannemun. Du fauk paa honom, og han kunde gjera med deg kva han vilde. Likevel fór Grette klokt aat daa han ikkje drap deg. For eg hadde ikkje late deg vore uhemnd. No skal eg heller hjelpa honom um eg fær noko med saki hans aa gjera.« Det var lett aa sjaa paa Snorre, at han tykte Grette hadde gjort vel imot Torodd, og sidan hjelpte han Grette.

69.

Grette reid nord til Bjarg ei stund etter han skildest med Torodd, og gøymde seg der ei rid. Daa vart det so gale med myrkerædsla hans at han torde ikkje fara nokon stad fyrst det tok til

Digitized by Google Original from UNIVERSITY OF WISCONSIN

aa myrkna. Mor hans baud honom vera der, men ho sa det vilde hjelpa lite, for han hadde uvener yver heile landet. Grette sa ho skulde ikkje hava ufred for hans skuld. »Men eg kann ikkje halda ut lenger aa vera aaleine,« sa han,

Illuge, bror hans, var daa 15 aar gamall, og ein dugande kar. Han høyrde paa saintalen deira. Grette fortalde mor si kva Gudmund den megtige hadde raadt honom til, og sa han vilde freista aa koma seg til Drangøy, dersom han fekk med seg ein mann som han kunde lita paa. Daa sa Illuge: »Eg skal fara med deg, bror, men eg veit ikkje um det er noko gagn i meg utan det at eg skal vera deg tru og ikkje renna fraa deg so lenge du liver. Og eg veit betre korleis du hev det naar eg fylgjer deg.« Grette svara: »Du er den mannen eg helst vilde hava med meg, og dersom mor mi ikkje mislikar det, vilde eg gjerne at du fylgde meg.« Aasdis sa: »Det er kome til det at eg ser tvo vanskar aa velja millom. Eg tykkjest ikkje vilja missa Illuge, men eg veit kor vondt det er for Grette. Og endaa eg tykkjer det er tungt aa sjaa dykk baae siste gongen, so vil eg at de skal fylgjast aat.« Illuge vart glad ved dette, for han var huga aa vera med Grette. Mori gav deim mykje gods, og dei budde seg til ferdi.

Aasdis fylgde deim fraa garden, og fyrr dei skildest, sa ho: »Far no burt, mine tvo søner. Dykkar daude vert meg ei tung sorg. Men ingen kann røma undan lagnaden. Eg kjem ikkje til aa sjaa nokon av dykk meir. Lat no eitt ganga yver dykk baae. Men eg veit ikkje kva lukka de søkjer i Drangøy. De kjem til aa lata livet, for mange vil misunna dykk tilhelde der. Sjaa dykk vel fyre mot svik. De vert drepne med

Digitized by Google
Original from UNIVERSITY OF WISCONSIN

vaapn, for eg hev drøymt so underlegt. Agt dykk vel for trollskap, det er lite som er faarlegare enn det.«

Daa ho hadde sagt dette, gret ho mykje. »Graat ikkje mor,« sa Grette. »Det skal verta sagt at du hadde søner, men ikke døtter, um me vert aatsøkte med vaapn. Liv vel og sæl!« Dermed skildest dei.

Dei fór nord gjenom bygderne og raaka frendarne sine og heldt til der frametter hausten. Daa vinteren kom, fór dei nord Vatsskardet, Røykjaskardet og ovan Sæmundslid og Langholt til Skagefjorden. Dei kom til Glaumbø daa det leid ut paa dagen. Grette hadde slengt hetta si yver oksli. Slik gjekk han jamt ute, anten det var godvêr eller ikkje. So fór dei der ifraa.

Daa dei var komne eit stykke paa vegen, møtte dei ein mann. Han var høg og grann, hadde stort hovud og var daarleg klædd. Han helsa, og dei spurde kvarandre etter namni. Dei namnkjende seg, og han sa han heite Torbjørn. Han var lauskar og vilde ikkje arbeida, men kytte fælt. Sume heldt honom for eit narr, og hadde mykje gaman av honom. Han lest vera ein kjenning og fortalde mangt um folket i heradet. Grette tykte dette var mykje gaman. Han spurde um dei ikkje tyktest trenga ein mann som kunde arbeida for deim. »Eg vilde gjerne vera med dykk,« sa han. Umsider fekk han lovnad paa aa fylgja med. Det var daa mykje fok og kaldt. Av di denne mannen var mykje staaksam og ein stor gaarunge, fekk han utnamnet Glaum. »Paa Glaumbø undrast dei mykje yver at du gjekk hettelaus i slikt illvêr,« sa Glaum, »og dei meinte du var so mykje gjævare som du er herdugare enn andre. Men der var tvo bondesøner, som

Digitized by Google
Original from UNIVERSITY OF WISCONSIN

saugjætaren bad um hjelp. Dei kunde snaudt klæda seg nok for kulden. Endaa tru dei seg vera framifraa karar.« Grette sa: »Eg saag ein ung mann inne i døri, han drog paa seg vottarne. Ein annan gjekk millom fjøset og dungen, men eg er ikkje rædd nokon av deim.«

Etter dette fór dei ned til Røynenes og var der um natti. Derifraa fór dei ut etter strandi til ein gard som heiter Røykjerne. Der budde ein mann som heite Torvald, og var ein gild kar. Grette bad honom um hjelp og sa dei etla seg til Drangøy. Bonden sa at Skagefjordingarne vilde ikkje tykkja det var ei vene-sending, og talde ifraa. Grette tok og gav bonden ein pengepung som mor hans hadde gjeve honom. Daa vart han blid, og fekk tri huskarar til aa flytja deim til øyi um natti i maaneljoset. Fraa Røykjerne er det ikkje langt til øyi, berre ei sjømil.

Daa dei kom til øyi, lika Grette seg godt der. Ho var grasvaksi og so bratt ned til sjøen, at ingen kunde koma upp utan stigarne var nedlatne. Dersom den øvste stigen var uppdregen, var det raadlaust aa koma upp paa øyi. Der var òg mykje fugl um sumrarne. Paa øyi var 80 sauer som bønderne aatte. Det var mest verar og ærsauer, som Skagefjordingarne skulde ha til slagt.

Grette tok no upphald der. Daa hadde han vore utlæg i 15 vintrar, etter det som Sturla Tordsson hev sagt.

70.

Daa Grette kom til Drangøy, var det fleire store hovdingar i Skagefjorden. Hjalte budde paa Hov i Hjaltedal, son til Tord Hjalteson, son til Tord Skalp. Hjalte var ein gjæv hovding og

Digitized by Google
Original from UNIVERSITY OF WISCONSIN

vensæl. Torbjørn ongul heitte bror hans. Han var stor og sterk, hardfengd og leid. Tord, far deira, hadde gift seg i alderdomen, og denne kona var ikkje mor aat brørne. Ho var leid med stykborni sine, og verst med Torbjørn, for han var vondlynd og ustyren.

Det var ein gong at Torbjørn ongul sat og spela tavl. Daa gjekk stykmor hans burtaat og saag at han spela nevetavl.*) Det var stort haletavl. Ho tykte han spela daarleg og sa det aat honom, men han svara illsleg. Ho greip ein tavlbrikke og klemde til kinnbeinet hans Torbjørn, og raaka auga, so det spratt ut. Han sprang upp og treiv henne so hardt at ho lagdest sjuk og døydde av det. Folk segjer ho hadde vore med barn. Sidan vart han den verste vyrdløysa. Han tok godset sitt og budde fyrst i Vidvik.

Hallvor Tordsson, son til Tord fraa Hov, budde paa Hov paa Hovdestrandi. Han var gift med Tordis Tordsdotter, syster til brørne Hjalte og Torbjørn ongul. Halldor var ein gild bonde og rik.

Bjørn heitte ein mann som budde paa Hageneset paa Fljot. Han var venen hans Halldor paa Hov, og dei heldt godt i hop.

Tunge-Stein heitte ein mann som budde paa Steinstad. Han var son til Bjørn, son til Ufeig tunnskjegg, son til kraake-Reidar, som Eirik i Goddalarne gav tunga ned for Skaalemyri. Stein var ein dugande kar.

Eirik heitte ein mann. Han var son til holmgangs-Storre, son til Eirik i Goddalarne, son til

---

*) fyrste brikken var kalla neve, av di kjem namnet.

Digitized by Google
Original from UNIVERSITY OF WISCONSIN

Roald, son til Geirmund ørdigskjegge. Han budde paa Hov i Goddalarne. Desse var dei mest vyrde mennerne.

Tvo brør budde paa Breidaa i Slettelid Dei heitte Tord baae og var sterke og gjæve menner. Dei aatte alle part i Drangøy. Folk segjer at minst 20 mann aatte i øyi, og ingen vilde selja sin part. Tordssønerne aatte mest, for dei var rikast.

71.

No lid det fram til solhov, og bønderne budde seg til aa henta slagtefeet paa øyi. Dei skipa ei skuta, sume sende ein mann og sume tvo.

Daa dei kom til øyi, saag dei folk uppe paa fjellet. Dei tykte det var underlegt, og gat paa at nokon hadde knustra skipet sitt og kome seg paa land der. Dei rodde dit stigarne var, men dei hine drog upp stigarne. Bønderne tykte dette var endaa underlegare, og ropte aat deim og spurde kven det var. Grette nemnde namnet paa seg og felagarne. Bønderne spurde etter kven som hadde flutt deim ut. Grette svara: »Den flutte meg som aatte faret og hadde henderne og var meir min ven enn dykkar.« Bønderne svara: »Lat oss faa feet vaart, og fylg oss i land. Det som du hev slagta, skal du faa fritt.« Grette svara: »Det er vel bode, men likevel maa kvar hava det som han hev fenge, og det er snart aa segja dykk, at herifraa fer eg ikkje utan eg daud vert dregen burt. Eg slepper ikkje det som eg hev fenge millom henderne.«

No tagna bønderne og tykte ein stor vaae-gjest var komen til Drangøy. Dei baud honom mange vilkor, baade med pengegaavor og fagre lovnader,

ørdigskjegge — med munnskjegg som stend upp aa ende.

Digitized by Google
Original from UNIVERSITY OF WISCONSIN

men Grette tok ikkje imot noko. Med dette fór bønderne burt, og dei lika seg ille. Dei fortalde til bygdefolket kva varg som var komen til øyi. Dette kom svært uventa, og dei tykte det var vandt aa retta paa det. Dei tala um det heile vinteren, men fann ingi raad til aa faa Grette fraa øyi.

72.

So lid det til vaars daa folk fer til Hegrenestinget. Dei kom mannsterke fraa alle herad, serleg dei som hadde saker aa avgjera. Folk var samla lenge, baade for sakerne skuld og for aa gleda seg. For det var mange som lika moro.

Grette spurde at aalmugen var faren til tings; for venerne hans fortalde honom kva som hende. Elles stod han seg godt med deim som var honom nærast, og sparde ikkje det han hadde aa gjeva. Han sa han vilde fara til lands no, og føra heim det han trong; men Illuge og Glaum skulde vera att. Illuge tykte dette var vaagsamt, men let likevel Grette raada. Han bad deim passa stigen. for det trongst.

So fór han til lands og fekk i det mest naudsynlege. Han løynde seg kvar han kom, so ingen ansa at han var paa land. No frette han fraa tinget at der var stor gleda. Daa vart han forviten etter aa koma til tings. Han tok ein gamall daaleg klædnad paa seg, og kom fram daa folk gjekk fraa logretta heim til buderne. Sume unge menner sa at vêret var godt og fagert so dei kunde ha glimor*) og moro. Dei hine var straks huga paa det. Folk sette seg daa ned framfor

*) eit slag ryggtaking.

Digitized by Google
Original from UNIVERSITY OF WISCONSIN

buderne. Tordssønerne, som fyrr er nemnde, stod mest fyre leiken. Torbjørn ongul var ovmodig og gjorde det ryddigt til leiken. Alle maatte fara som han vilde. Han tok kvar mann i handi, og rykte dei fram paa vollen.

Fyrst glimde dei som veikaste var, og so dei hine, og det var stor gleda. Daa dei fleste hadde glimt, og berre dei sterkaste var att, tala bønderne um kven som skulde takast med Tordssønerne. Men det var ingen som vilde. Dei gjekk til ymse menner og baud seg fram, men alle drog seg undan.

Torbjørn ongul saag seg ikring, og vart daa var ein mykje stor mann, men andlitet hans fekk han ikkje sjaa. Torbjørn treiv honom og kipte honom fast. Han sat kyrr og rikka seg ikkje. Daa sa Torbjørn: »Ingen hev sete so traust for meg i dag som du. Kven er denne mannen?« Han svara: »Eg heiter Gjest.« Torbjørn sa: »Vil du finna paa noko til skjemt, so skal du vera fagna gjest.« Han svara: »Mangt skifter snøgt for meg. Men eg kann ikkje laupa i leik med dykk, for eg er daa ukunnig i alt.«

Mange sa at det var gildt um den framande mannen vilde finna paa trøyskap aat folk. Han spurde kva det skulde vera. Dei bad honom glima med einkvar. Han sa det var lenge sidan han gjorde det, »men eg tykte gaman i det ein gong.«

Daa han no ikkje sa tvert nei, bad dei honom dess meir. Han sa: »Dersom det er so um aa gjera at eg vert yvervunnen, daa skal de gjeva meg handi paa at eg skal hava fred her paa tinget og til eg kjem heim.« Dei sette i alle at det vilde dei gjerne.

Havr heitte den mannen som fyste mest etter

Digitized by Google
Original from UNIVERSITY OF WISCONSIN

aa gjeva mannen fred. Han var son til Torarin, son til Havr, son til Tord knapp, han som hadde teke land upp fraa Stivla i Fljot til Tungeaa. Han budde paa Knappstad og var ein mangmælt mann. Han las upp freden med stor age. Dette er upphavet:

73.

»Her set eg fred,« segjer han, »millom alle mann, serleg denne mannen Gjest som sit her. Sameleis alle godordsmenner og gjæve bønder, alle vaapnføre ungdomar, alt bygdefolket i Hegrenesting, og elles kvar ein som er komen hit anten nemnd eller unemnd; alle lovar me med hand og munn den ukjende framandkaren Gjest grid og full fred so lenge han er med her i gaman og gleda og gliming, um han held til her eller er paa heimferd, um han treng fara paa sjø eller land. Han skal hava fred og full trygd paa alle stader, nemnde og unemnde, so lenge heimferdi varer. Denne freden set eg for oss og vaare frendar, vener og skyldfolk, kvende som karar, trælkvende og trælar, tenarar og sjølvraadde menner. Den er fredsbrjotar som skjeplar freden eller spiller trygdi. Han vert jaga av Gud og gode menner fraa himmelriket og fraa alle heilage menner og kvar hæv mann. Han vert driven fraa alle, so langt folk jagar vargar eller kristne søkjer kyrkja, heidningar blotar, eld brenn, jord grør, barn segjer mor og mor fær barn, folk kveikjer eld, skip skrid, skjold blenkjer, sol skin, snø fell, finn skrid, fura veks, falk flyg den lange vaardagen med bein bør under baae vengjer, himmelen kverv, heimen er bygd, vind fører vatn til havet, folk saar korn. Han skal stengjast ute

Digitized by Google
Original from UNIVERSITY OF WISCONSIN

fraa kyrkja og kristne menner, heidningar, hus og holor, kvar heim so nær som helvite. No skal me vera samde og einige kvar mot annan i godhug, kvar me so møtest paa fjell eller i fjøra, skip eller ski, jord eller jøkul, paa hav eller hesteryggen, som den som venen sin finn i vatnet eller bror sin paa vegen, so einige som far og son i alle maatar. No gjev me kvarandre henderne alle og held fred i alt som her er sagt, og tek Gud og alle gode menner til vitne og alle dei som høyrer ordi mine eller stend nær ved.«

74.

Mange tok til ords, og mykje vart sagt. Daa sa Gjest: »Du hev tala godt, dersom du ikkje bryt lovnaden. Eg skal ikkje drygja med aa gjera mine kunster.« So kasta han kappa av seg og sidan alle klæde. Daa saag dei paa kvarandre og undrast. Dei tyktest skyna at dette var Grette Aasmundsson, for han var ulik andre menner i vokster og kraft Alle tagna, og Havr tykte han hadde fare uvitugt aat. Tvo og tvo av heradsmennerne gjekk og lasta paa kvarandre, og dei mest som hadde talt til fred.

Daa sa Grette: »Gjer greidt for meg kva de hev i tankar; for eg sit ikkje lenge klædelaus. Det vert større skade for dykk enn meg, um de ikkje held freden.« Dei svara lite og sette seg ned. Tordssønerne og Halldor, maagen deira, tala no millom seg. Sume vilde halda freden, sume ikkje. Folk stakk hovudi saman. Grette kvad ei visa:

»Denne morgon mange
menner hev kje kjent meg;

Digitized by Google
Original from UNIVERSITY OF WISCONSIN

visst hermannen veit aa
visa fram tvo andlit.
Dei kvassmælte karar
kunde lett eg narra;
helst dei kje ordet vil halda,
Havr hev reint mist mælet.«

»Tykkjer du det, Grette?« sa Tunge-Stein. »Kva raad hadde hovdingar teke, trur du? Det er sant at du er ein framifraa modig mann, men ser du ikkje at dei stikk nasarne i hop?« Grette kvad:

»Hovudi i hop dei djerve
hermenner lagde,
og dei toruge tingmenn
til kvarandre nikka,
flokkast dei djerve drengjer,
daa dei Grette kjende,
tok til aa trega at dei
trygd meg hadde gjeve.«

Daa sa Hjalte Tordsson: »So skal det ikkje vera. Me vil halda freden, endaa me fór toskut aat. Eg vil ikkje me skal hava det ordet paa oss at me sjølve hev gjenge attpaa den freden me hev sett og trygda. Grette skal fritt fara dit han vil og hava fred til dess han kjem heim fraa denne ferdi. Daa er me løyste fraa vaar freds-lovnad.« Alle takka honom for dette, og sa det var hovdingsleg gjort, slik som saki no stod.

Torbjørn ongul var tagall. Dei talde daa til at ein av Tordssønerne skulde takast med Grette. Han bad deim raada. Daa gjekk ein av deim fram. Grette stod fast og uppreist. Han treiv snøgt i honom, men rikka honom ikkje. Grette bøygde seg og treiv Tord i broklaaret bak og

Digitized by Google
Original from UNIVERSITY OF WISCONSIN

kipte upp føterne. So kasta han honom attyver hovudet paa seg, so han kom ned paa herdarne, og det vart eit stort fall.

Daa sa folk at brørne skulde taka paa Grette baae i senn, og dei so gjorde. Det vart mykje til slengjingar, og dei vann kvar sin gong. Men Grette hadde likevel alltid ein av brørne under seg, um han so datt paa knei sume tider. Dei tok so fast i kvarandre, at dei vart blaae og blodrivne. Alle tykte det var mykje moro. Daa dei slutta, takka alle for glimingi, og dei som saag paa, dømde at baae brørne var ikkje sterkare enn Grette aaleine; men kvar av brørne hadde magt for tvo andre gode karar. Dei var so jamsterke, at den eine kunde ikkje vinna paa den andre.

Grette var ikkje lenge paa tinget. Bønderne bad honom reisa fraa øyi, men han vilde ikkje det, og dei fekk ingen ting gjort med Grette. Han fór attende til Drangøy, og Illuge tok glad imot honom. No var det kyrt ei rid. Grette fortalde deim um ferdi si. Det leid no fram paa sumaren.

Alle tykte Skagefjordingarne hadde synt seg som ordhaldne karar daa dei heldt freden so godt, endaa Grette hadde gjort deim mykje mein. Dei ringare bønderne tala seg imillom um at det var til lite gagn for deim aa eiga ein liten part i Drangøy, og dei baud til aa selja aat Tordssønerne. Men Hjalte sa han vilde ikkje kjøpa, serleg for di bønderne kravde at den som kjøpte skulde anten drepa Grette eller driva honom burt.

Torbjørn ongul sa han kviddest ikkje mot aa taka paa Grette, dersom dei vilde betala for det. Hjalte, bror hans, la fraa seg sin part i øyi aat honom, og det same gjorde fleire andre. Tor-

Digitized by Google
Original from UNIVERSITY OF WISCONSIN

bjørn var stridlynd og ille lika. Han fekk det meste av øyi for lite og inkje. Og han batt seg til aa faa Grette burt.

75.

Sist paa sumaren fór Torbjørn ongul med fullmanna skuta til Drangøy. Grette og kararne hans gjekk fram paa berget. Dei talast daa ved. Torbjørn bad Grette gjera som han bad honom og fara fraa øyi; men Grette let at det gjorde han ikkje. »Det kann henda at eg hjelper deg, dersom du gjer det,« sa Torbjørn. »No hev mange bønder yverlate til meg det dei aatte i øyi.« »Der kom du med det som gjer at eg aldri fer herifraa, med di du eig største luten av øyi. Det er godt at me nappast om kaalet. Men det er sant at eg tykte det var stridt aa hava alle Skagefjordingarne mot meg. Me treng ikkje spara oss, for me kovnar ikkje av vensæla nokon av oss. Du kann gjerne spara ferderne dine hit, for mi avgjerd stend fast.« »Alt hev si tid,« sa Torbjørn, »og du hev ilt i vente.« »Det fær vaaga seg,« sa Grette.

Dermed skildest dei, og Torbjørn fór heim att.

76.

So er sagt, at daa Grette hadde vore tvo vintrar i Drangøy, hadde dei slagta alle sauerne, so nær som ein ver. Han var graa under buken og hadde store horn. Dei hadde mykje gaman med honom, for han var so spak at han fylgde deim kvar dei gjekk. Um kvelden kom han heim til hytta og gnura horni mot døri. Dei lika seg

Digitized by Google
Original from UNIVERSITY OF WISCONSIN

godt paa øyi, for der var nøgdi mat. Der var fullt av fugl og egg. Verst var det um ved.

Grette let jamt trælen sjaa etter rak, og han fann ofte tremolar i fjøra og bar heim til brennefang. Brørne trong ikkje arbeida, berre fara uti bergi naar dei lika det. Trælen vart no mykje keid av arbeidet. Han smaatt murra, og agta ikkje godt paa. Han skulde sjaa etter elden kvar natt, og Grette baud honom sjaa vel etter, for dei hadde ikkje skip.

No hende det at elden slokna for deim ei natt. Daa vart Grette harm, og sa det var høvelegt um Glaum vart hydd. Men trælen sa det var ille aa liggja der i utlægd og verta huta og slegen for kvart mistaket.

Grette spurde Illuge kva han trudde dei no skulde gjera. Han saag ingi onnor raad enn dei fekk vera der til det kom eit skip. Grette sa det kunde verta lenge aa venta. »Eg vil heller vaaga paa aa koma meg til lands,« sa han. »Det er ikkje raadelegt,« sa Illuge; »for hender det deg noko er det ute med oss.« »Eg druknar ikkje paa sundet,« sa Grette. »Men heretter lit eg ikkje lenger paa trælen, naar han var so uvyrden med dette.« Det var ei mil til lands paa det stuttaste.

77.

Grette laga seg til aa symja, og tok paa seg tronge brøker og ei grov kappa. Han fitja saman fingrarne. Vêret var godt. Han la fraa øyi daa det leid ut paa dagen. Illuge tykte det var eit vaadeverk.

Grette la no inn yver fjorden. Straumen hadde han med, og det var blikande stilt. Han sumde

Digitized by Google
Original from UNIVERSITY OF WISCONSIN

fast og kom inn til Røykjaneset ved soleglad. So gjekk han til gards paa Røykjerne, lauga seg og gjekk so inn i stova. Der var mykje heitt, for dei hadde brent heile kvelden. Det var noko røyk inne. Grette var svært trøytt og sovna fast. Han laag der alt til det leid fram paa dagen.

Daa husfolket stod upp, kom fyrst tvo kvinnor inn i stova. Det var tenestgjenta og dotteri i huset. Grette laag og sov og strekte føterne fram yver golvet. Dei kjende honom straks.

Daa sa tenestgjenta: »Ser du, syster, at Grette Aasmundsson er komen hit? Han ligg berr, og eg tykkjer han er bringebreid, men uvanleg liten nedantil. Og det høver ikkje med gildleiken hans elles.« Bondedotteri svara: »Korleis kann du segja slikt? Du maa vera meir enn toskut! Teg berre still!« »Eg kann ikkje tegja um dette, syster,« sa tenestgjenta; »for eg hadde ikkje trutt dette um nokon sa meg det.« Ho fór burt til honom og gjønte, men stundom sprang ho til bondedotteri og skratla og lo.

Grette høyrde kva ho sa, og best som ho sprang inn yver golvet, greip han henne og slengde henne upp paa pallen, men bondedotteri kom seg undan. Tenestgjenta ropte høgt, men dei skildest soleis at ho til slutt ikkje hadde noko aa lasta Grette for.

Straks etter stod han upp og gjekk til Torvald bonde og fortalde um vanraadi si. Han bad bonden setja honom ut til øyi, og det gjorde han. Grette takka honom for denne beinka.

Men daa det frettest at Grette hadde sumt ei heil sjømil, tykte alle han var framifraa baade paa land og sjø. Skagefjordingarne lasta Torbjørn ongul mykje for di han ikkje fekk Grette burt fraa Drangøy og dei sa dei vilde taka att kvar

Digitized by Google
Original from UNIVERSITY OF WISCONSIN

sin part. Torbjørn tykte det høvde ikkje aa gjera noko enno, men bad deim vera toluge og bia.

78.

Denne sumaren kom det eit skip ut i Gangeskardsosen. Paa skipet var ein mann som heitte Hæring. Han var ung og so spræk at han kleiv alle berg. No tok han inn hjaa Torbjørn ongul og var der fram yver hausten. Han størde Torbjørn mykje til aa fara til Drangøy, og let at han vilde sjaa um bergi var so bratte der at han ikkje kunde koma upp. Torbjørn sa han skulde ikkje stræva for inkje, dersom han kom upp paa øyi og fekk gjort Grette nokon skade eller drepe honom. Han gjorde dette reint lokkande for Hæring.

So fór dei til Drangøy og sette Hæring i land. Han skulde lura seg inn paa Grette, dersom han kom seg upp paa øyi. Torbjørn og kararne hans la burt til stigen og tala med Grette. Torbjørn spurde Grette um han vilde fara fraa øyi, men han let at det gjorde han ikkje. »Du hev havt oss mykje til ap,« sa Torbjørn, »og me kunde nær ha hemnt det. Men det er ikkje mangt du fæler for.« Dei talast ved lenge, men vart ikkje samde.

Um Hæring er det aa segja, at han kleiv att og fram upp etter berget og kom seg upp paa ein stad der det ikkje hev fare folk anten fyrr eller sidan. Daa han kom upp paa berget, saag han kvar brørne var. Dei snudde ryggen mot honom. No skulde han vinna baade fe og frægd i ein fart, meinte han. Brørne ansa honom ikkje, for dei trudde aldri nokon kunde koma upp utan

Digitized by Google
Original from UNIVERSITY OF WISCONSIN

etter stigen. Grette kjekla med Torbjørn, og det vanta ikkje skamord fraa nokon kant.

Daa saag Illuge til sides og fekk sjaa ein mann som var komen mest burtaat deim. »Det er komen ein mann hit aat oss med øksi i vêret,« sa Illuge, »og han ser ikkje fredeleg ut,« sa han. »Snu deg imot honom daa,« sa Grette, »eg skal agta stigarne.« Illuge legg imot Hæring, og daa han saag det, sprang han undan burt etter øyi. Illuge elte honom so langt øyi rokk, og daa dei kom fram paa berget, sprang Hæring utfyre, og kvart beinet i honom brotna. Soleis enda han livet. Der han tyntest heiter det sidan Hæringslaup.

Illuge kom att, og Grette spurde korleis han skilde seg fraa den mannen han elte. »Han leit ikkje meg til aa gjera det av med seg,« sa Illuge, »og so bykste han ut fyre berget. Bønderne kann no beda for honom som er daud.«

Daa Torbjørn høyrde dette, baud han kararne sine leggja fraa øyi. »Eg hev no fare tvo ferder mot Grette. Eg skal endaa fara tridje gongen; men hev eg ikkje daa betre lukka med meg, daa ser det ut til at dei fær sitja i fred paa Drangøy for meg. Men det ber meg fyre at Grette heretter kjem til aa sitja ei stuttare tid paa øyi, enn han alt hev vore der.« So fór dei heim, og dei tykte denne ferdi var verre enn den fyrre. Grette sat denne vinteren i Drangøy, og han og Torbjørn raakast ikkje.

Skafte lagmann andast dette aaret*), og det var til stor skade for Grette. For Skafte hadde lova aa hjelpa Grette or utlægdi naar han hadde vore fredlaus i 20 aar. Dette var no det attande aaret. Snorre gode andast um vaaren, og det aaret hende det mykje som ikkje kjem denne soga ved.

*) 1030.

Digitized by Google
Original from UNIVERSITY OF WISCONSIN

79.

Daa dei var paa altinget sumaren etter, tala frendarne hans Grette mykje um utlægdi hans. Sume meinte at utlægdi var slutt um han naadde uti det tjugande aaret. Men motmennerne hans meinte ikkje det; for han hadde gjort so mange ugjerningar sidan han vart fredlaus, at utlægdi maatte vara endaa lenger.

Daa vart Stein Torgjestsson teken til lovsegjingsmann. Han var son til Torgjest, son til Stein storsiglar, son til Tore haustmyrk. Mor hans Stein var Arnora, dotter til Tord gjelle. Stein var ein klok mann. Dei bad honom um orskurd i saki hans Grette. Stein bad deim røkja etter um det var tjugande utlægdsaaret hans Grette som tok til denne vaaren. Og so var det.

No fór Tore fraa Gard og leita fram alle vanskar han kunde leggja i vegen. Han sa han hadde funne ut at Grette hadde kome til Island daa det leid ut paa sumaren. Difor hadde Grette vore fredlaus berre 19 aar minder dei 3 maanader som gjekk fraa altinget var samla og til han kom ut um hausten. Daa sa lovsegjingsmannen, at ingen skulde vera utlæg lenger enn 20 aar i alt, endaa um han gjorde valdsverk i denne tidi. »Paa stuttare tid kann ingen verta løyst or utlægdi,« sa han. Soleis enda det denne gongen. Men det saag ut til at Grette vilde verta fri næste sumar.

Skagefjordingarne lika ille at Grette skulde sleppa utlægdi. Dei bad Torbjørn ongul gjera eitt av tvo: anten lata deim faa att øyi, eller so drepa Grette. Han tykte dette var vandt. For han saag ingi raad med aa vinna paa Grette,

Digitized by Google
Original from UNIVERSITY OF WISCONSIN

men vilde òg hava øyi. Kunde han vinna anten det var med magt eller sløgskap, var det det same.

80.

Torbjørn ongul hadde ei fostermor som heitte Turid. Ho var mykje gamall no, og lite før til slikt som folk tykte det var gagn i. Ho kunde mangt, og hadde vore trollkunnig daa ho var ung og folk var heidne. No trudde dei ho hadde gløymt alt. Men endaa landet var kristna, var det mange gneistar av heidenskapen att. Det hadde vore lov her i landet, at dei kunde blota eller fremja andre heidne skikkar i løynd, men kom det upp, kunde ein verta dømd utlæg.

No gjekk det so med mange, at dei heldt seg mest til det som var lært i barneaari. Og no daa Torbjørn ongul var plent raadlaus, leita han etter hjelp der dei fleste tykte det lite høvde seg. Han bad fostermor si um raad. Ho svara: »No tykkjer eg det gjeng soleis som sagt er, at »inange fer i geithus og bed um ull«. Kva kann eg gjera? Det er ringt aa vera millom dei fremste menner i heradet og endaa standa raadlaus naar det røyner paa. No ser eg det gjeng verre med deg enn med meg, som ikkje kjem or sengi ein gong. Men skal eg gjeva deg raad, maa du gjera etter det eg segjer.« Han lova det, og sa at ho hadde ofte gjeve gode raader.

No leid det fram til tvimaanaden. Ein godvêrsdag sa den gamle kjeringi til Ongul: »No er det stilt og fint vêr. Eg vil at du reiser til Drangøy no, og tergar Grette. Eg skal vera med dykk og ansa paa um han talar varleg. Og naar eg fær høyra ordi hans, skal eg segja um dei kjem til aa hava lukka med seg framleis. Eg vil òg segja

Digitized by Google
Original from UNIVERSITY OF WISCONSIN

deim eit og anna ordet, etter som eg finn for godt.« Ongul svara: »Eg er uhuga paa aa fara. For det er verre med meg naar eg kjem att fraa Drangøy, enn naar eg fer dit.« Daa sa kjeringi: »Ikkje kann eg hjelpa deg, naar du vil raada sjølv.« »Du skal faa viljen din fram, fostermor,« sa Torbjørn. »Men eg hev lova det, at tridje gongen eg kjem til Drangøy skal det verta ei avgjerd « »Me fær vaaga paa det,« sa kjeringi; »men du lyt taka mangt eit tungt tak, fyrr Grette er lagd aat jordi. Ofte ser du ingen utveg, og du kjem til aa svida fyrr det er slutt. Men no hev du bunde deg so mykje at noko maa du gjera.«

Etter dette let Torbjørn ongul setja fram tiæringen sin, og gjekk umbord med 11 mann. Kjeringi var òg med deim. Dei tok leidi ut til Drangøy. Daa brørne saag det, gjekk dei fram til stigarne og gav seg til aa tala med Torbjørn. »Eg er komen hit med det tilbodet,« sa Torbjørn, »at dersom Grette vil reisa fraa øyi og ikkje gjera meir skade, so skal eg ikkje taka noko for alt det eg hev mist.« »Eg vil paa ingen maate reisa herifraa,« sa Grette; »det hev eg ofte sagt, so de treng ikkje spyrja meg meir. De kann finna paa kva de vil. Her vil eg bia paa det som koma skal,« sa han.

No tyktest Torbjørn sjaa at han hadde inkje for umaken denne gongen heller. »Eg ser kva heluvar eg hev med aa gjera,« sa han, »og det er trulegt det gjeng nokre dagar fyrr eg kjem hit att.« »Eg reknar ikkje det til skade for meg, um du aldri kjem hit meir,« sa Grette.

Kjeringi laag atti skuten, inntulla i klæde. Ho rørde daa paa seg og sa: »Desse mennerne er nok rauste, men lukkelause. Det er stor skilnad

Digitized by Google
Original from UNIVERSITY OF WISCONSIN

millom dykk. Du Torbjørn byd deim mange gode vilkor, men dei tek ikkje imot. Og det er eit svært laakt merke, at dei ikkje hev vit til aa taka imot eit godt tilbod. Det segjer eg deg, Grette, at heretter hev du ikkje lukka med deg, og verre vert det di lenger du liver. Eg vonar at dagarne dine vert ikkje mindre usæle heretter enn fyrr.«

Daa Grette høyrde dette, fór det ilt gjenom honom. »Kva for ein djevel er paa skipet deira?« sa han. Illuge svara: »Eg trur det er den gamle fostermor hans Torbjørn.« »Fy for eit trollty!« sa Grette. »No kann me venta det verste. Aldri hev eg vorte so ilt ved som daa ho tala. Og det veit eg, at hennar trollskap fører mykje vondt yver meg. Men ho skal ha eit minne um at ho heimsøkte oss,« sa han. Dermed treiv han ein stor stein og kasta ned paa skipet og raaka klædedungen. Torbjørn trudde ikke nokon kunde kasta so langt. Daa høyrde dei eit fælt skrik. Steinen hadde raaka kjeringi paa laarbeinet og brote det av. Daa sa Illuge: »Du skulde ikkje ha gjort dette, bror.« »Last det ikkje,« sa Grette; »men eg ottast at eg raaka ikkje godt nok. Det hadde ikkje vore for mykje um ho hadde late livet for oss baae,« »Kva skade kann ho gjera oss?« sa Illuge. »Det vert no vel lite det,« sa han.

Torbjørn fór no heim, og dei sa ingen ting daa dei skildest. »Det gjekk som eg tenkte,« sa Torbjørn til kjeringi. »Me kom ikkje til aa gjera nokor ærefull ferd til øyi. Du hev fenge eit mein, og eg fekk ikkje anna av heile ferdi enn skam og svivyrding«. »Dette er upphavet til ulukka deira,« svara ho. »Og eg spaar at heretter gjeng det ned og ned med deim. Og eg vert nok hemnt,

Digitized by Google
Original from UNIVERSITY OF WISCONSIN

skal du sjaa!« »Du er heilhuga du, fostermor,« sa Torbjørn.

No kom dei heim, og kjeringi vart liggjande til sengs ein maanad. Daa var leggen attgrodd, og ho tok til aa ganga uppe att.

Folk hadde seg ein god laatt aat ferdi hans Torbjørn. Dei tykte Grette hadde greidt seg godt: Fyrst paa vaartinget daa dei gav honom grid. Andre gongen daa Hæring tyntest. Og no tridje gongen daa laarbeinet aat kjeringi brotna.

Torbjørn tok seg nær av desse ordi.

81.

No leid det fram paa hausten til det var att 3 vikor til vinternæterne. Daa bad kjeringi um at dei skulde køyra henne ned til sjøen. Torbjørn spurde kva ho vilde der. »Ærendet er lite,« sa ho, »men kann henda det vert fyrebod for større tidender.«

Daa ho kom ned til strandi, halta ho frammed sjøen til dess ho fann ein stokk med roti paa. Det var ei høveleg ryggbyrd. Ho saag paa stokken og bad deim snu honom. Paa hi sida var han som sviden og gnidd. So tok ho kniven sin og riste runer i stokken og smurde blod og kvad galdr yver. So gjekk ho rangsøles kring stokken og las mange trolldomsord. Etter det kasta ho stokken paa sjøen og sa at han skulde reka ut til Drangøy og gjera Grette mykje mein. So fór ho heim til Vidvik. Torbjørn skyna ikkje kvi ho gjorde dette, men kjeringi sa at det skulde han faa vita sidan.

Vinden stod inn fjorden, men den rune-rista stokken gjekk mot vêret so snøgt at det var ei bisn.

Digitized by Google
Original from UNIVERSITY OF WISCONSIN

Grette og felagarne hans var daa i Drangøy som fyrr er sagt, og hadde det godt. Dagen etter kjeringi hadde galdra yver stokken, gjekk brørne ned fraa berget og leita ved i fjøra. Daa dei kom vest um øyi, saag dei det hadde reke i land ein stokk. Daa sa Illuge: »Det er mykje brenneved i denne stokken, frende. Me maa taka honom med heim.« Grette sparka til stokken med foten og sa: »Det er ein faarleg stokk, og uvener hev sendt honom. Me skal leita oss annan brenneved.« Dermed kasta han stokken ut paa sjøen og bad Illuge agta seg for aa bera honom heim,· for det var ein ulukke-stokk. So gjekk dei heim til hytta, men sa ikkje noko um dette til trælen.

Dagen etter fann dei stokken. Han laag daa nærare stigen enn fyrre dagen. Grette sende honom ut paa sjøen, og sa at dei aldri maatte bera heim denne stokken.

Det leid no fram paa sumaren. Daa kom det uvêr og væte. Brørne nente ikkje gaa ut, men bad Glaum leita upp brenneved. Han lika ikkje dette, og sa det var ufyse aa kava ute i alt slag illvêr. Han fór ned stigen og fann der den faarlege stokken, og glad vart hən. Han tok og strita honom heim til huset. Der kasta han ned stokken so det small. Grette høyrde det. »Glaum hev funne noko,« sa han. »Eg skal gaa ut og sjaa kva det er.« Han tek buløksi og gjeng ut. Daa sa Glaum: »Hogg no sund stokken so godt som eg hev ført han heim.« Grette vart arg paa trælen og hogg tvihendes til trekubben, og ansa ikkje kva det var. Med det same øksi naadde stokken, skeina ho til sides og raaka høgre foten hans Grette ovan kneet. Øksi stod i beinet, og det vart eit stort saar. Daa saag han paa stokken og sa: »Dette vart verre enn me vilde, og det

Digitized by Google
Original from UNIVERSITY OF WISCONSIN

dreg meir etter seg. No hev han kome hit den same stokken som eg hev kasta ut tvo dagar. Det hev hendt tvo ulukkor for di skuld, Glaum. Det eine var at du sløkte elden vaar, det andre at du bar heim denne ulukke-stokken. Men dersom du valdar den tridje ulukka, vert det baade din og vaar bane.«

Daa tok Illuge og batt um saaret han Grette. Det blødde daa lite. Grette sov godt um natti, og det gjekk tri døger utan det verkte noko i saaret. Men daa dei løyste bandet, var saaret samanlopæ, so det var mesta attgrott. Daa sa Illuge: »Eg tenkjer du fær ikkje større mein av dette saaret.« »Det vøre vel,« sa Grette, »men underlegt hev dette bore til kor som er. Og eg ottast ilt.«

82.

No la dei seg um kvelden. Daa det leid fram mot midnatt, tok Grette til aa kasta seg i sengi. Illuge spurde kvi han var so uroleg. Grette sa det gjorde so ilt i foten, og han tykte det var gildt um dei vilde sjaa paa han. Dei kveikte eit ljos, og daa dei løyste saaret, var foten hoven og kolblaa. Saaret hadde gjenge upp, og det saag mykje verre ut enn fyrr. Grette verkte so han tolde ikkje liggja still, og han fekk ikkje blunda ein gong.

Daa sa han: »Me kann bu oss paa at det saaret som eg hev fenge ikkje vert godt att. For det er trollkjeringi som er skuld i det, og ho vil hemna seg av di eg kasta stein paa henne.« Illuge sa: »Det sa eg deg at denne kjeringi kom til aa verta leid for oss.« »Det fær gaa som det kann,« sa Grette og kvad ei visa:

Digitized by Google

Original from
UNIVERSITY OF WISCONSIN

»Livet kunde eg lenge
líva mot djerve hermenn,
ofte eg uraader
aat uvener spillte.
Ei gamall galdre-kjering
med galdr hev vunne paa meg;
meinsame er mange
meinraader aat dei vonde.«

»Me skal vera vare um oss,« sa han. »For Torbjørn ongul og trollkjeringi tenkjer nok ikkje aa slutta med dette. Du Glaum skal passa stigen kvar dag heretter, og draga han upp um kvelden. Og dette maa du agta vel paa, for det er mykje som stend paa spel. Men svik du oss, fær du snart lida for det.« Glaum lova godt.

No versna det med vêret. Det sette i med hard landnøring og kalde. Grette spurde kvar kveld um stigen var uppdregen. Glaum sa: »No er det lite farande for folk. Og trur du at nokon hev so stor hug til aa drepa deg at han vaagar livet for det? For i slikt vêr er det plent uraad aa fara. Eg tykkjer òg modet hev minka mykje, naar de ottast at alt kann verta dykk til bane.« »Aa, du kjem til aa bera deg verre enn me,« sa Grette, »kor det so gjeng. Men du skal agta stigen anten du vil eller ikkje.« Dei jaga honom ut kvar morgon, men han lika det ille.

Saaret verkte meir og meir, og heile foten og laaret hovna upp, so Grette laag for dauden. Illuge vakte yver bror sin natt og dag, so han ansa ikkje paa anna. No var det yver ei vika lide sidan Grette saara seg.

83

Torbjørn ongul sat no heime i Vidvik og lika ille at han ikkje vann paa Grette. Daa vel ei

Digitized by Google
Original from UNIVERSITY OF WISCONSIN

vika var lidi sidan kjeringi hadde trolla yver treet, kom ho til Torbjørn og spurde um han vilde vitja Grette. Han sa at det vilde han slett ikkje. »Men kanskje du vil finna honom, fostermor?« sa Torbjørn. »Eg vil ikkje finna honom,« sa kjeringi, »men eg hev sendt honom helsingi mi, og eg ventar ho hev kome fram. Det er mi raad, at du skundar deg av stad til møtes med honom, elles kjem du aldri til aa vinna.« Torbjørn svara: »Eg hev no fare so mang ei skjemdarferd til Drangøy, at dit kjem ikkje eg. No er det slikt storvêr, at det er ikkje framkjømt kor naudsynt det er.« Ho svara: »Du er plent raadlaus, naar du ikkje ser utveg til dette. No skal eg enno gjeva deg ei raad. Far fyrst og samla folk. Rid ut til Halldor, maagen din paa Hov, og spør honom til raads. Og so framt eg raader noko for vanhelsa hans Grette, var det so utrulegt at det er eg som er skuld i denne vindgufsen som no blæs?«

Torbjørn heldt det ikkje urimelegt at kjeringi saag lenger enn han. Difor sende han straks bod upp i heradet. Men han fekk snøgt det svaret at ingen av deim som hadde gjeve upp sin part, vilde hjelpa til. Dei sa at Torbjørn som aatte øyi aaleine, skulde taka upp striden med Grette.

Tunge-Stein sende honom tvo fylgjesmenner. Hjalte, bror hans, sende tri mann. Eirik i Goddalarne sende ein mann. Sjølv hadde han med seg seks mann. Desse tolv reid fraa Vidvik til Hov.

Halldor baud deim vera der og spurde etter ærendet deira. Torbjørn fortalde kva dei vilde. Halldor spurde etter kven som hadde funne paa dette. Torbjørn sa det var fostermor hans som størde honom mest til det. »Det var ille,« sa Halldor; »for ho er trollkunnig, og trollskap er no landlyst.« »Ein skal ikkje alltid sjaa paa det,« sa

Digitized by Google
Original from UNIVERSITY OF WISCONSIN

Torbjørn; »men no skal det enda paa einkvar maaten, dersom eg fær raada. Korleis skal eg no fara aat so eg kjem meg til øyi?« »Eg tykkjest sjaa det,« sa Halldor, »at det er noko du trøyster deg til, men eg veit ikkje kor godt det er. Dersom du no vil halda fram, so far til Hagenes i Fljot til Bjørn, venen min. Han eig ei god skuta. Bed honom fraa meg at han laaner deg skipet. Derifraa skal du sigla inn til Drangøy. Men det ser ikkje ljost ut for dykk, dersom Grette er frisk og ferdig. De skal òg vita for visst, at vinn de ikkje paa honom paa ærleg maate, so hev han nok av deim som hemner seg. Drep ikkje Illuge, dersom de ikkje er nøydde til det. Men eg tykkjest sjaa at ikkje alt er kristelegt i denne ferdi.«

No gav Halldor deim seks fylgjesmenner. Ein heitte Kaar, ein annan Torleiv, ein tridje Brand. Fleire er ikkje nemnde. Derifraa fór attan i talet ut til Fljot og kom til Hagenes og bar fram helsingi fraa Halldor. Bjørn sa at han skulde gjera det Halldor bad um. Men han let at han var ikkje skyldig Torbjørn nokor hjelp. Han tykte at dette var ei galmannsferd, og talde deim mykje fraa aa fara. Dei sa dei vilde ikkje snu. So fór dei til sjøs og sette ut skipet. Segl og alt det dei trong fann dei i naustet. So laga dei seg til aa sigla. Alle som stod paa land, tykte det var raadlaust aa fara.

Dei vatt seglet, og skipet fekk god fart innetter fjorden. Men daa dei kom eit godt stykke utpaa djupet, la uvêret seg, so det vart berre ein fin graae. Dei kom i skymingi um kvelden inn til Drangøy.

84.

No er det aa fortelja at Grette var so sjuk at han kunde ikkje staa paa føterne. Illuge sat yver

Digitized by Google
Original from UNIVERSITY OF WISCONSIN

honom, og Glaum skulde halda vakt. Han var svært uhuga paa det, og gnog jamt um at dei var rædde, um det so ikkje var noko aa ræddast for. Han drog seg seint um sider ut or huset. Daa han kom til stigen, tala han med seg sjølv, og sa at han skulde ikkje draga upp stigen. Han var trøytt og la seg ned, og sov heile dagen alt til Torbjørn kom til øyi. Dei saag no at stigen var ikkje uppdregen.

Daa sa Torbjørn: »Det er ikkje lenger slik som det hev vore her, med di stigen er nede og ingen agtar paa. Kann godt vera at det hender meir paa ferdi vaar enn me trudde fraa fyrst av. No skal me skunda oss upp til huset, og lat oss ikkje vera tiltakslause. De skal vita for visst at dersom dei er friske, treng kvar og ein taka i alt han vinn.«

So gjekk dei upp paa øyi og saag seg um. Dei saag ein mann laag og raut og sov tett attmed uppgangen. Torbjørn kjende Glaum og gjekk burtaat honom. Han slo honom attmed øyra med sverdhjaltet og bad slampen vakna. »Sanneleg er det ikkje gildt for den som lit paa deg,« sa han. Glaum saag upp og sa: »No etlar de aa driva paa som vanleg. Tykkjer de det er stort gagn i fridomen min, naar eg ligg her i kalden?« Ongul sa: »Er du vitlaus, eller skynar du ikkje at uvenerne dykkar er komne og vil drepa dykk alle?« Daa tagde Glaum eit bil; men daa han kjende mennerne, sette han i eit gaul. »No lyt du slutta med dette ropet,« sa Ongul, »og fortelja oss kvar stova dykkar er, elles drep eg deg.« Daa tagde Glaum som han var stukken under vatnet. Torbjørn sa: »Er dei i stova, brørne? Kvi er dei ikkje ute?« sa han. »Det er ringt med deim,« sa Glaum. »Grette er sjuk og ligg for dauden, og

Digitized by Google
Original from UNIVERSITY OF WISCONSIN

Illuge sit yver honom.« Ongul spurde etter kva sjukdom Grette hadde, og korleis han vart sjuk. Glaum fortalde daa korleis Grette hadde saara seg. Daa lo Ongul og sa: »Det er sant det gamle ordet »at gamle vener sviktar sist«, og »ilt er aa hava ein træl til hjarteven«. Du hev skamleg svike husbonden din, Glaum, endaa han ikkje er god.« Mange let ille um skarveferdi hans, og dei banka honom mest helselaus og let honom liggja.

So gjekk dei til stova og banka heller fast paa døri. Daa sa Illuge: »Veren stangar paa døri, bror.« »Ja, heller hardt og ustyrleg,« sa Grette. Med det same brotna døri. Illuge sprang daa til vaapni og varde døri, so dei kom seg ikkje inn. Dei søkte lenge aat og stakk med spjoti; men Illuge hogg deim av skafti alle i hop. Daa dei saag at dei inkje fekk gjort, sprang dei upp paa taket og reiv det av. Daa reiste Grette seg, treiv eit spjot og stakk det ut millom timbret. Han raaka Kaar, drengen hans Halldor fraa Hov, og spjotet stod straks igjenom honom. Ongul bad deim fara varleg og agta seg vel, »for me kann sigra no, dersom me fer klokt aat,« sa han.

Dei braut laust taket attmed aasendarne, og aasarne brotna. Grette kom seg ikkje lenger enn paa knei. Han greip sakset Kaaresnaut med baae hender. Daa sprang Torbjørn og mennerne hans ned i stova, og det vart ein hard strid. Grette hogg med sakset til Vikar, fylgjesmannen hans Hjalte Tordsson, og raaka vinstre oksli og sneidde mannen tvert av med det same han kom setjande fram. Kroppen datt fram yver Grette, so han fekk ikkje lyft sakset so fort som han ynskte. Daa hogg Torbjørn ongul honom millom herdarne, og det vart eit stort saar. Daa sa Grette: »Berr er kvar paa baken, som ingen bror hev!« Illuge

Digitized by Google
Original from UNIVERSITY OF WISCONSIN

la skjoldet yver honom, og han varde Grette so karslegt at alle rosa honom.

Grette sa daa til Ongul: »Kven synte dykk leidi hit?« Ongul sa: »Krist synte oss leidi.« »Eg meiner den arme kjeringi hev vore vegvisaren dykkar,« sa Grette, »for det er hennar raader som hev hjelpt deg.« »Det skal no koma ut paa eitt for dykk kven som hjelper oss,« sa Ongul. Dei sette hardt aat, men Illuge varde baade seg og bror sin manneleg. Grette kunde ikkje strida, for han var saara og sjuk.

Daa sa Ongul at dei skulde bera skjold paa Illuge, »for eg hev ikkje funne hans like, ikkje eldre karen han er,« sa han. Dei gjorde so. Dei klemde honom millom ved og vaapn, so han fekk ikkje vart seg. Daa fekk dei tak paa honom. Han hadde gjeve dei fleste som var med i striden einkvar skaden og drepe 3 av fylgjesmennerne hans Ongul.

Etter dette gjekk dei til Grette. Han hadde falle framyver og kunde ikkje verja seg, for han var daud. Heile laaret hadde svolle upp, og fotsaaret vart banen hans. Dei gav honom mange saar; men det var lite eller inkje det blødde.

Daa dei trudde han var daud, treiv Ongul sakset og sa han hadde bore det lenge nok. Men Grette hadde knept fingrarne so fast kring skaftet at det var ikkje til aa rikka. Dei tok daa i mange, men det hjelpte ikkje. Dei gav seg ikkje fyrr 8 stykke tok i, men det nytta heller ikkje.

Daa sa Ongul: »Kvi skal me spara skoggangsmannen?« So legg han handi hans Grette ned paa ein stokk og hogg henne av i uvleden. Daa gav fingrarne etter og slepte taket.

So tok Ongul sakset med baae hender og hogg Grette i hovudet. Han hogg so hardt at sakset

Digitized by Google
Original from UNIVERSITY OF WISCONSIN

stod seg ikkje, men det fekk eit skard midt i eggi. Daa kararne saag det, spurde dei kvi han øydelagde so gild ein eignalut. Ongul svara: »Det vert meir audkjent, naar nokon spør etter det.« Dei sa det trongst ikkje, for mannen var daud fyrr. »Me skal gjera endaa meir,« sa Ongul. Dermed hogg han til halsen hans Grette tvo eller tri hogg fyrr hovudet gjekk av. »No veit eg visst at Grette er daud,« sa Ongul.

Soleis enda Grette livet, han den raskaste karen som hev vore paa Island. Han var 44 aar gamall daa han vart drepen. Han var 14 aar gamall daa han drap Skjegge, og det gjekk all veg fram med honom til dess han tokst med udyret Glaam. Daa var han 20 aar gamall. 25 aar gamall kom han i utlægd, og den varde i 19 aar. Han fekk ofte prøva kva han dugde til, og heldt alltid fast ved den rette trui so langt han kunde. Han var framsynt, men kunde ikkje brigda lagnaden.

85.

»Her hev me lagt aat ei stor kjempa,« sa Torbjørn. »No skal me hava med oss hovudet til lands. For eg vil ikkje missa dei pengarne som er lova for hovudet hans. Daa kann dei ikkje tvila paa at eg hev drepe honom.« Dei hine let honom raada, men dei sa det var ufint gjort.

Daa sa Ongul til Illuge: »Det er stor skade at ein so gild kar som du kom frami denne ulukka og gjorde illverk i lag med ein utlæg mann, so du no er skyldig aa missa livet.« Illuge svara: »Fyrst naar altinget er slutt i sumar veit du kven som er utlæg. Men ikkje kjem du eller fostermor di til aa døma i denne saki. For det er galdringi dykkar og trollskapen som hev drepe Grette. Og

Digitized by Google
Original from UNIVERSITY OF WISCONSIN

dessutan ber de vaapn paa ein daudsjuk mann.« Daa sa Ongul: »Du talar karsleg, men det er ikkje slik som du segjer. Likevel vil eg syna at eg tykkjer det er skade aa drepa deg. Me vil spara deg, dersom du vil gjera eiden paa at du ikkje hemner deg paa nokon som hev vore med i denne ferdi.« Illuge sa: »Me kunde ha tala um dette, dersom Grette hadde fenge vart seg, og de hadde vunne paa honom som ærekjære karar. Men eg vil slett ikkje berga livet mitt slik at eg vert rekna for niding som du. Og det kann eg segja dykk, at ingen skal vera dykk til meir mein enn eg, so framt eg liver. For seint gløymer eg korleis de vann paa Grette. Eg vèl mykje heller aa døy.«

Torbjørn samraadde seg med fylgjesmennerne um dei skulde lata Illuge liva eller ikkje. Dei sa han skulde raada, for han hadde fenge til heile ferdi. Ongul sa han vilde ikkje hava denne mannen yver hovudet sitt, naar han ikkje vilde gaa med paa forlik. Og daa Illuge skyna dei vilde drepa honom, lo han og sa: »No tok de den raadi som eg lika best«.

Daa det ljosna, leidde dei honom aust paa øyi og drap honom der. Alle let vel yver kor modig han var, og tykte han var ulik alle sine jamaldringar.

Dei grov ned baae brørne der paa øyi, men dei tok med seg hovudet hans Grette og alle vaapn og klæde som det var noko verde i. Det gode sakset hans Grette tok Ongul sjølv, og han bar det lenge. Dei tok med seg Glaum, men han bar seg ille.

Vêret var no godt. Um morgonen rodde dei til lands. Ongul gjekk i land der han tykte det best høvde, men skipet sende han ut til Bjørn.

Digitized by Google
Original from UNIVERSITY OF WISCONSIN

Daa dei kom mest ut til Osland, bar Glaum seg so ille at dei nente ikkje aa fara med honom lenger. Dei drap honom der; men han remja fælt fyrr han døydde.

Ongul fór heim til Vidvik. Han tykte det hadde gjenge godt paa denne ferdi. Hovudet hans Grette la dei i salt i det buret som er kalla Grettesbur der i Vidvik. Der laag det um vinteren. Ongul vart mykje lasta for dette verket, fyrst folk fekk vita at dei hadde vunne paa Grette med trollskap.

Ongul sat roleg fram yver jol. Daa fór han til Tore i Gard og fortalde um draapet, og sa at han no tyktest ha rett til godset som var lagt for hovudet hans Grette. Tore sa han vilde ikkje dylja at han hadde valde utlægdi hans Grette. »Eg hev ofte fenge svida hardt for honom,« sa han. »Men ikkje vil eg gjera meg til niding som du hev gjort for aa vinna paa honom. Eg kjem seint til aa betala deg noko. Du var verd aa missa livet for galdringi og trollskapen din«. Ongul svara: »Slik talar du meir av di du er girug og smaaskoren enn av di du bryr deg um korleis me vann paa Grette.« Tore sa: »Det er god raad for dette. Me skal bia til altinget og lata kvar hava det som lagmannen tykkjer rettast.«

Dei skildest uvener.

86.

Frendarne aat Grette og Illuge vart ovleg harme daa dei frette draapi. Dei vilde hava det til det, at Ongul hadde gjort nidingsverk daa han drap ein døyande mann, og det endaa med trollskap. Dei gjekk til dei visaste menner, og alle svivyrde Ongul.

Han reid vest til Midfjorden daa 4 vikor av

Digitized by Google Original from UNIVERSITY OF WISCONSIN

sumaren var lidne. Daa Aasdis høyrde um ferdi hans, stemnde ho folk til seg. Mange av venerne hennar kom, soleis Gamle og Glum, maagarne hennar, og sønerne deira, Skjegge som var kalla skamhending, og Uspak som fyrr er gjeten.*) Aasdis var so vensæl at alle Midfjordingarne kom med hjelp til henne, jamvel dei som fyrr hadde vore uvenerne hans Grette, slike som Torodd draapestuv og dei fleste Rutfjordingarne.

Ongul kom no til Bjarg med tjuge mann. Dei hadde hovudet hans Grette med seg. Endaa var dei ikkje komne alle dei som hadde lova Aasdis hjelp. Dei gjekk inn i stova med hovudet og sette det ned paa golvet. Husfrøya var i stova og mange andre. Ingen helsa. Ongul kvad daa denne visa:

»Her hev eg Grettes hovud
henta ifraa øyi;
mor hans veit eg visst vil
vaala for hans daude.
Hermanns-hovudet ser du
her paa golvet salta,
elles du ei hadde kjent det;
æra hev skalden av det.«

Husfrøya sat roleg medan han kvad visa. Daa han var ferdig, kvad ho:

»Som sauer rømer raskt for
reven, hadde snøgge
sauekjempor paa sjøen
sett, um Grette var helsug.
Skam og haad du hev av

*) i kap 51 (s. 135).

Digitized by Google
Original from UNIVERSITY OF WISCONSIN

hoggi du gav Grette.
Kvede hev no kvinna
hædings-kvad for menner.«

Daa sa mange at det var ikkje underlegt at ho aatte rauste søner, ho som sjølv heldt seg so raust i slik motgang.

Uspak var ute og tala med fylgjesmennerne hans Ongul, dei som ikkje hadde gjenge inn. Han spurde etter draapet. Alle rosa Illuge. Daa fortalde dei korleis Grette hadde halde fast i sakset etter han var daud. Dette tykte mange var underlegt.

Daa saag dei mange menner koma ridande vestanfraa. Det var Gamle og Skjegge fraa Melar, og mange andre av venerne hennar Aasdis. Ongul hadde tenkt aa krevja midelen etter Illuge. For alt han hadde aatt, rekna Ongul for sitt no. Men daa det kom so mykje folk, saag Ongul at han fekk ikkje utretta noko.

Uspak og Gamle var mest arge og vilde taka paa Ongul, men dei som vitugare var, bad deim spyrja Torvald frenden sin og andre hovdingar til raads, og la til at saki hans Ongul vilde verta verre, dess fleire vituge menner kom med i avgjersla. Det vart daa til det at Ongul reid burt og hadde med seg hovudet hans Grette. Han etla hava det med til altings.

No reid han heim og tykte det saag myrkt ut. For dei fleste hovdingarne i landet var anten skylde eller i maagskap med Grette og Illuge.

Denne sumaren fekk Skjegge skamhending dotter til Torodd draapestuv. Torodd var ogso med i saki for frendarne hans Grette.

Digitized by Google
Original from UNIVERSITY OF WISCONSIN

87.

No reid folk til altings. Men Ongul fekk færre hjelpesmenner enn han venta; for folk tala ille um saki hans. Daa spurde Halldor um dei skulde hava hovudet hans Grette med til tings. Ongul sa han hadde tenkt det. »Det er uraadelegt,« sa Halldor; »for mange nok er motmennerne dine, um du ikkje fer fram slik at du vekkjer upp harmen hjaa folk.« Daa var dei komne paa vegen og etla aa rida sør yver Sand. Ongul tok daa hovudet og grov det ned i ei sandtuva. Der heiter det Grettestuva.

Paa altinget var det folksamt. Ongul bar fram saki si og skrøytte svært av di han hadde drepe den verste skoggangsmannen i landet. Han tyktest hava rett til dei pengarne som var sette upp for hovudet hans Grette. Men Tore svara sameleis som fyrr.

Daa bad dei lagmannen døma. Han sa han vilde høyra um det kom noko motsøksmaal, so Torbjørn kunne missa retten til godset. Kom ikkje det, skulde han hava det som var lagt for hovudet.

Torvald Aasgeirsson bad daa Skamhending bera fram søksmaal. Han stemde Torbjørn ongul til skoggang for di han bruka galdr og trolldom daa han drap Grette, ja jamvel tok paa ein halvdaud mann.

No skilde tinglyden seg i flokkar, men faa heldt med Torbjørn, so det saag annarleis ut no enn han hadde venta. For Torvald og Isleiv, maagen hans*), meinte det var ulivsverk aa drepa ein mann med trolldom. Men vituge folk la seg

*) sjaa kap. 25.

Digitized by Google
Original from UNIVERSITY OF WISCONSIN

imillom, og det enda med at Torbjørn skulde reisa utanlands same sumaren, og ikkje koma til Island meir, medan dei livde som hadde rett til aa hemna Illuge og Grette. Det vart òg lov at alle trollmenner skulde verta utlæge.

Daa Torbjørn saag korleis saki no stod, strauk han fraa tinget; for frendarne hans Grette var budde til aa taka paa honom. Han fekk inkje av det godset som var lagt for hovudet hans Grette; for Stein lovsegjemann vilde ikkje at det skulde verta betala for nidingsverk.

Det vart ikkje lagt bøter for nokon av deim som fall paa Drangøy av fylgjet hans Torbjørn. Det skulde gaa upp i upp med draapet paa Illuge. Dette lika frendarne hans ille. Folk reid heim fraa tinget, og alle saker mot Grette fall no burt.

Skjegge, som var son hans Gamle og maagen hans Draapestuv og systerson hans Grette, fór nord til Skagetjorden. Torvald Aasgeirsson hjelpte honom og like eins Isleiv maagen hans, som sidan vart biskop i Skaalholt, og heile aalmugen. Skjegge fekk seg skip og fór til Drangøy og leita upp liki av Grette og Illuge og førde deim til Røykjerne paa Røykjastrandi. Der vart dei nedgravne attmed kyrkja. Det er prov for at Grette ligg der. For daa Sturlungarne livde, vart kyrkja ført fraa Røykjerne, og beini av Grette vart uppgravne. Folk tykte ikkje dei var øgjeleg store, men noko store var dei. Beini av Illuge vart sidan ned-gravne nord for kyrkja, men hovudet hans Grette attmed kyrkja heime paa Bjarg.

Aasdis budde paa Bjarg, og ho var so vensæl at ho aldri leid urett, ikkje medan Grette var fredlaus heller. Skjegge skamhending hadde Bjarg etter Aasdis, og han var ein dugande mann. Son hans var Gamle, far til Skjegge paa Skarvstad.

Digitized by Google
Original from UNIVERSITY OF WISCONSIN

Skjegge hadde ei dotter som heitte Aasdis og var mor til Odd munk*). Mykje folk ættar fraa Skjegge.

88.

Torbjørn ongul fekk seg skip paa Gaasar, og tok med seg alt han kunde av godset sitt. Hjalte, bror hans, fekk garden. Ongul gav honom Drangøy òg. Sidan vart Hjalte ein stor hovding, men han kjem ikkje meir denne soga ved.

Ongul fór til Norig og slo stort um seg. Han tykte han hadde gjort eit karsverk daa han drap Grette. Mange trudde òg det, serleg dei som ikkje visste korleis det hadde bore til. Men mange visste kor fræg mann Grette hadde vore. Torbjørn fortalde berre det av tilburdarne som var til gagn for honom; hitt tagde han med.

Dette frettest um hausten aust til Tunsberg. Daa Torstein dromund fekk høyra um draapet, vart han still og stur. For det vart sagt at Ongul var mykje dugande, ja reint ein hardhaus. Torstein mintest samtalen med Grette um handleggen og hadde jamt greida paa kvar Ongul fór.

Dei var baae i Norig um vinteren. Torbjørn var nord i landet, men Torstein i Tunsberg, og dei saag ikkje einannan. Men Ongul fekk greida paa at Grette hadde ein bror i Norig og kjende seg noko utrygg i eit framandt land. Difor undrast han mykje paa kvar han skulde fara.

I denne tidi fór mange nordmenner til Miklegard og tok seg tenesta. Torbjørn tykte òg det var gildt aa koma dit og vinna fe og frægd. Han

---

*) Livde siste helvti av 12-hdr. i Tingøyre; hev skrive ei latinsk soga um Olav Tryggveson.

Digitized by Google
Original from UNIVERSITY OF WISCONSIN

torde ikkje vera i Nordlandi for frendarne hans Grette. So fór han fraa Norig og ut i verdi, og stana ikkje fyrr han kom til Miklegard, der han tok seg hertenesta.

89.

Torstein dromund var ein megtig mann og mykje vyrd. Han frette no at Ongul var faren or landet og til Miklegard. Daa skunda han seg og yverlet eigedomen sin til frendarne sine, og la av stad paa leiting etter Ongul. Han fór jamt etter der Ongul fór fyre, men Ongul visste ikkje det.

Torstein dromund kom til Miklegard litt seinare enn Ongul, og vilde plent drepa honom; men dei kjende ikkje einannan. No vilde dei koma seg i lag med væringarne, og dei vart straks godt mottekne, fyrst det spurdest dei var nordmenner. Daa var Mikael katalak konge i Miklegard.*) Torstein dromund leita etter Ongul alle stader, men det var vandt aa finna honom i folkemugen. Han laag jamt vaken og lika seg ille, for han tyktest ha mist mykje.

So skulde væringarne fara i herferd ein gong og reinska landet for fiendar. Det var ein lovfest skikk at fyrr dei fór heimanfraa skulde dei hava vaapnting. Dei gjorde so no òg. Daa vaapntinget var sett, skulde alle væringarne som etla vera med i vaapnferd, koma og syna fram vaapni sine. Baade Torstein og Ongul kom dit. Ongul bar fram vaapni fyrst. Han hadde sakset Grettesnaut. Daa han synte det fram, var det mange som undrast og sa det var eit gripa vaapn, men

*) Michael IV Paphlagonios styrde 1034—41. Tilnamnet katalak er vel det græske katallaktés — pengevekslaren. Torbjørn ongul fór til Norig 1032.

Digitized by Google
Original from UNIVERSITY OF WISCONSIN

det store skardet i eggi paa det var eit leidt lyte. Dei spurde etter korleis det var kome der.

Ongul tok daa til ords: »Eg kann fortelja,« sa han, »at ute paa Island drap eg ei kjempa som heitte Grette den sterke. Han var ein hardhaus og storbrytar, so ingen vann paa honom fyrr eg kom. Han var mykje sterkare enn eg, men det var so laga at eg skulde vinna. Eg hogg hovudet av honom med sakset, og daa brast det eit skard or eggi.« Dei som nærast stod, sa han hadde vore hard i hausen, og dei synte kvarandre sakset. Av dette tyktest Torstein skyna kven Ongul var. Han bad um aa faa sjaa sakset som dei hine. Ongul let han det; for dei fleste skrøytte av kor dugande og framtøk han var. Han trudde denne òg vilde gjera det same. Han tenkte aldri at Torstein var der, eller nokon av frendarne hans Grette. Torstein dromund tok no sakset. Med det same lyfte han det upp og hogg til Ongul. Han raaka hovudet og kløyvde det til tanngarden. Torbjørn fall daud til jordi.

Ved dette vart mange maallause. Gjaldkjeren*) i staden greip straks Torstein og spurde kvifor han gjorde slikt illverk der paa fredhelga ting. Torstein fortalde at han var bror aat Grette den sterke, og at han aldri hadde havt høve til aa hemna seg fyrr. Daa var det mange som sa at den sterke mannen maatte ha vore mykje til kar, sidan Torstein hadde reist so langt for aa hemna honom.

Raadsmennerne i staden trudde Torstein tala sant; men daa det ikkje var nokon der til aa hjelpa honom, so var det lovi deira at den som drap ein mann sjølv skulde missa livet. Torstein

---

*) byfuten

Digitized by Google
Original from UNIVERSITY OF WISCONSIN

fekk domen heller fort, og den som var hard òg: Han skulde sitja i myrkestova og venta paa dauden, dersom ingen løyste honom ut.

Daa Torstein kom i fengslet, var det ein mann der fyrr. Han hadde vore der lenge og var mesta klar av berre naudardom. Der var baade kaldt og ufyse. Torstein sa til mannen: »Korleis likar du deg her?« Hin svara: »Hardla ille. Ingen vil hjelpa meg, og eg eig ikkje frendar til aa løysa meg ut.« Torstein sa: »Det er mange raader for uraad. No skal me finna paa noko aa gleda oss med.« Hin svara at inkje var til gaman for honom. »Me skal no freista,« sa Torstein. So tok han til aa kveda. Han var ein god syngjar, so det snaudt fanst hans like. Og no sparde han seg ikkje.

Aalmann-gata gjekk tett attmed fengslet. Torstein kvad so høgt at det ljoma i muren, og mannen som fyrr var halvdaud tykte mykje gaman i dette. Torstein heldt paa og kvad utetter kvelden.

90.

Spes heitte ei gjæv gardkona der i staden. Ho var mykje rik og storætta. Sigurd heitte mannen hennar. Han var rik, men ringare av ætt enn ho. Han hadde fenge henne for rikdom. Dei heldt ikkje mykje av einannan, og ho tyktest vera daaleg gift. Ho var storlynd og stridlynd.

So hende det daa Torstein song um kvelden, at Spes gjekk gjenom gata frammed fengslet. Daa fekk ho høyra slik fager song at ho aldri hadde høyrt maken. Ho hadde mange sveinar med seg, og no bad ho deim ganga burtaat so dei kunde faa vita kven som hadde so gild ei røyst. Dei ropa inn og spurde kven der var

Digitized by Google
Original from UNIVERSITY OF WISCONSIN

innestengd. Torstein namngav seg. Daa sa Spes: »Er du so framifraa i alt som til aa kveda?« Han sa han dugde lite til det. »Kva er du saka i etter som dei vil pina livet av deg her?« sa ho. Han sa han hadde drepe ein mann og hemnt bror sin. »Men eg kann ikkje vitnefesta noko,« sa Torstein. »Difor vart eg sett hit, og ingen vil løysa meg ut. Eg hev ikkje skyldfolk her, so eg hev liti von.« »Det vilde vera stor skade um du vart drepen,« sa ho. »Var bror din som du hemnde slik ein frægda mann daa?« Torstein sa: »Han var tvo gonger so god som eg.« Ho spurde kva merke han hadde paa det. Daa kvad Torstein denne visa:

»Ikkje kunde
aatte karar
sverde snara fraa
særde Grette.
Kvinna! Dei kraumarne
kvidde seg ikkje,
hogg handi av paa
hugstore bror min.«

»Slikt er sjeldsynt,« sa dei som skyna visa Daa Spes høyrde det, sa ho: »Vil du eg skal kjøpa deg fri dersom det er raad?« »Det vil eg gjerne,« sa Torstein, »naar berre felagen min, som sit her, vert utløyst samstundes. Elles vil me sitja her baae.« Ho svara: »Eg tenkjer det er meir vinning med aa løysa ut deg enn honom.« »Slik som no det er,« sa Torstein, »so vil me fylgjast burt herifraa, eller me skal verta her baae.«

Ho gjekk daa dit væringarne var og bad um aa faa løysa ut Torstein. Dei var huga paa det.

Digitized by Google
Original from UNIVERSITY OF WISCONSIN

Ho var so vensæl og rik at ho fekk det laga slik at dei vart utløyste baae.

Torstein var ikkje fyrr komen or fengslet, fyrr han leita upp Spes. Ho tok honom til seg og løynde honom. Men stundom var han med væringarne paa herferd. Og alle stader synte han seg som ein heilhuga kar.

91.

I desse tider var Harald Sigurdsson i Miklegard. Torstein kom seg i venskap med honom. Han vart no mykje til mann, for Spes let honom ikkje vanta pengar. Torstein og Spes huglagde einannan. Ho og mange andre la merke til dugleiken hans. Det gjekk mange pengar for henne no, for ho var gjevnild og hadde mange vener. Mannen hennar tykte at ho skifte hug baade paa den eine og andre maaten, serleg øydde ho fælt med pengar. Han sakna baade gull og eignaluter som kom burt or gøymslorne hans.

Ein gong tala Sigurd til henne og sa: »Du ber deg aat so underleg no,« sa han; »du ansar ikkje eignerne mine, men øyder deim for alle vindar. Du gjeng som i ein svevn og vil aldri vera der eg er. No veit eg for visst at eitkvart hender.« Ho svara: »Baade eg og frendarne mine sa deg daa me kom saman, at eg skulde vera fri og raada sjølv for alt som det høvde meg aa raada for. Difor sparde eg ikkje godset ditt. Eller kanskje du vil skulda meg for noko som eg blygjest ved aa høyra?« Han svara: »Det er ikkje reint tvillaust at det er einkvar mannen du tykkjer betre um enn meg.« »Eg veit ikkje,« segjer ho, »um du hev stor grunn til aa koma med slike skuldingar mot meg. Men me skal ikkje vera tvo eine, um

Digitized by Google
Original from UNIVERSITY OF WISCONSIN

du vil bera fram slik mistanke.« Han sa ikkje meir denne gongen.

Torstein og Spes livde som fyrr og agta ikkje vel paa ordi sine; for ho leit paa at ho var so vensæl at folk tagde seg. Dei sat ofte og talast ved og hadde moro.

Ein kveld sat dei paa loftet der ho hadde eignatingi sine. Ho bad Torstein kveda litt, for ho trudde husbonden sat ved drykken som han var van. Ho stengde døri.

Daa han hadde kvede ei stund, var det nokon som braut paa døri og ropa at dei skulde lata upp. Det var husbonden som var komen med mange sveinar. Spes hadde late upp ei stor kista og synt Torstein eignaluterne sine. Daa ho høyrde kven som kom, vilde ho ikkje lata upp døri. Ho sa til Torstein: »Skund deg og spring ned i kista, og laat ikkje i deg!« Han so gjorde. So slo ho att kisteloket og sette seg sjølv uppaa.

Med det same kom husbonden inn paa loftet. Dei hadde brote seg inn. »Kvi fer de med so mykje staak?« sa Spes. »Kanskje det kjem ufredsmenner etter dykk?« Sigurd svara: »Det er vel at folk kann sjaa kva kjella du er! Kvar er den mannen som røynde mælet sitt so hardt her i stad? Du tykkjer visst han hev vænare røyst enn eg.« »Den er ikkje reint styven som kann tegja,« sa ho. »Men so er det ikkje med deg. Du trur du er sløg og meiner aa festa paa meg lygni di. Hev du tala sant so tak mannen; for han kann ikkje springa gjenom veggen eller taket «

Sigurd leita no alle stader i huset, men fann ingen. Daa sa Spes: »Kvi tek du ikkje honom no? Du tyktest vera so viss.« Han tagna daa; for han kunde ikkje skyna korleis dette hekk i hop. Han spurde fylgjesmennerne sine um ikkje dei òg

Digitized by Google
Original from UNIVERSITY OF WISCONSIN

tyktest høyra song. Men daa dei saag at husmori var ublid, torde dei ikkje tala ut. Dei sa berre at sume tider kann ein mishøyra seg.

Daa gjekk Sigurd ut og tyktest vera viss paa at Torstein var der, um han so ikkje fann honom. No var det lenge at Sigurd ikkje gjætte paa kona si.

Ein gong lenge etter sat Torstein og Spes i ei klædebud. Der var baade ty og klæde som husbonden aatte. Ho synte Torstein mange dukar som ho vatt upp.

Daa dei minst venta det, kom husbonden med mange menner og braut upp loftet. Men medan dei gjorde det, la ho klæde yver Torstein. Ho stod og studde seg til klædeladet daa dei kom inn. »Vil du enno trætta paa det at ein mann var her hjaa deg?« sa Sigurd. »Her er no folk som saag dykk baae.« »Ver ikkje so braae,« sa ho, »men leit lenge og vel. Og lat meg faa staa i fred.« Dei leita huset rundt, men fann ikkje Torstein, so dei laut gjeva seg til slutt. Daa sa Spes: »Det er alltid godt at de fær sjaa det er ikkje so gale med meg som de meiner. De kann ikkje finna det som ikkje er til. Vil du no, Sigurd, ganga ved at du hev bore deg toskut aat? Slutt so med aa mistenkja meg!« Han sa: »Seint kjem eg til aa tru at du er skuldlaus. For eg trur at skuldingarne mine er sanne. Du skal òg faa høve til aa prova at du er rein.« Og det hadde ikkje ho noko imot. Med dette skildest dei.

Torstein var no jamt med væringarne, og folk segjer at han raadspurde seg hjaa Harald Sigurdsson. Dei segjer òg at Torstein og Spes hadde ikkje greidt seg so godt, um dei ikkje hadde fenge godt av kongens klokskap og studnad.

Daa det leid um ei stund, sette Sigurd ut det

Digitized by Google
Original from UNIVERSITY OF WISCONSIN

ordet at han vilde reisa burt i eitkvart ærend. Kona raadde honom ikkje fraa det. Daa husbonden var burte, kom Torstein til Spes, og dei var jamt saman.

Garden hennar var so laga at han var bygd framyver sjøen, og sume hus gjekk sjøen upp under. Der sat Spes og Torstein jamt. Det var ein liten lem i golvet som ingen visste um, utan dei tvo. Han skulde standa open um dei trong honom i ei snarvending.

No er det det aa segja um Sigurd, at han reiste ikkje burt; men han gøymde seg og vilde lura etter kona si. Ein kveld daa Spes og Torstein sat paa sjøloftet og moroa seg, kom Sigurd uventande paa deim med mykje folk. Han tok med seg nokre menner burt til ein glugge paa huset, og bad deim sjaa etter um det ikkje var slik som han sa. Alle sa han hadde tala sant. No sprang dei upp paa loftet. Daa dei som inne var høyrde braaket, sa Spes til Torstein: »No maa du gaa ned her, kva det so kostar. Gjev meg eit teikn um du kjem fram undan huset.« Han lova det og fór ned gjenom golvet, og Spes spente att lemen. Han fall so godt i at ingen kunde sjaa honom.

Daa kom Sigurd og mennerne hans upp paa loftet. Dei fór og leita, men fann inkje, som von var. Loftet var audt, so det var inkje anna enn slette golvet og benkjer. Kona sat der og leika seg med fingerringarne sine. Ho sat som inkje hadde hendt, og ansa lite paa deim som kom inn.

Sigurd tykte dette var mykje underlegt, og spurde fylgjesmennerne sine um dei ikkje hadde sét mannen. Dei sa dei hadde sét honom. Daa sa kona: »No gjeng det so som sagt er, at »alle gode ting er tri«. Slik hev det no gjenge, Sigurd,« sa ho.

Digitized by Google
Original from UNIVERSITY OF WISCONSIN

»Tri gonger hev du gjort meg ulempa, etter mi meining. Og veit de no meir enn fyrr?« »Eg er ikkje aaleine um aa vitna denne gongen,« sa Sigurd; »og du skal for visst reinska deg for denne aatferdi di; for eg vil ikkje ha slik svivyrding ubøtt«. »Eg tenkjer,« sa kona, »at du bed um det eg vil bjoda. For eg vil gjerne faa burt denne stygge mistanken. Han er no komen so mykje utyver millom folk, at det er ei stor vanæra for meg um eg ikkje gjer meg fri.« »Du skal òg segja deg fri for at du hev sumla burt pengarne og eignaluterne mine,« sa Sigurd. »Naar den tid kjem, skal eg gjera alle skuldingarne dine til inkjes, og fyrst best,« svara ho. Sigurd var vel nøgd med dette, og gjekk burt med mennerne sine.

No er det aa fortelja um Torstein, at han sumde fram undan husi, og kom seg upp der det best høvde. Han tok ei skia som logebrann og heldt upp, so Spes kunde sjaa det heime i garden. Ho var uppe lenge utetter kvelden og natti, for ho vilde vita um Torstein kom paa land. Daa ho saag elden, tyktest ho vera viss paa han var komen i land, for dette var teiknet dei hadde avtala.

Um morgenen etter sa Spes til mannen sin at dei skulde tala til biskopen um saki deira. Han var huga paa det. Dei gjekk daa til biskopen, og mannen bar fram dei skuldingarne mot kona si som fyrr er nemnde. Biskopen spurde um ho var kjend for slikt fyrr, men ingen kunde segja dei hadde høyrt det. Daa spurde han Sigurd kva prov han kunde føra for sine skuldingar. Sigurd førde fram menner som hadde sét at ho sat i eit læst hus tvoeine saman med ein mann, og han trudde denne mannen lokka henne. Biskopen

Digitized by Google
Original from UNIVERSITY OF WISCONSIN

sa at ho vel kunde fria seg for desse skuldingarne um ho vilde. Det vilde ho gjerne. »Eg trur,« sa Spes, »at det er nok av kvinnor som vil vitna med meg i denne saki.«

Dei las upp eiden for henne og nemnde dagen daa ho skulde leggja han. So fór ho heim og var vel nøgd.

Torstein og Spes kom saman og la upp raad.

92.

No gjekk tidi, og dagen kom daa Spes skulde gjera eiden. Daa bad ho til seg alle venerne og frendarne sine og tok paa seg dei beste klædi ho aatte. Mange velvyrde kvinnor fylgde henne. Daa var det mykje til vaat-vêr. Vegen var blaut, og dei laut yver eit stort dike fyrr dei kom til kyrkja.

Daa Spes og fylgjet hennar kom fram aat diket, var det mykje folk der. Ein fjølde fatige menner bad um olmosa, for dette var attmed aalmann-vegen. Alle tyktest vera skuldige aa fagna Spes, og dei ynskte henne lukka. Ho hadde ofte hjelpt deim. Millom dei fatige mennerne var det ein stavkall, stor paa vokster og med sidt skjegg.

Kvinnorne stana attmed diket, for hovfolket tykte det var stygt aa fara yver. Daa den store stavkallen saag at Spes var betre klædd enn andre kvinnor, sa han til henne: »Gode kvinna! Ver so smaalaati at eg fær bera Dykk yver diket. For me stavkallar er skuldige aa tena Dykk i alt me kann.« »Kva! Kann du bera meg, som ikkje magtar bera deg sjølv?« sa ho. »Det er ei prøva paa smaalæte,« sa han, »og eg skal ikkje bjoda betre enn eg hev. Det vil ganga best

Digitized by Google
Original from UNIVERSITY OF WISCONSIN

paa alle vis, naar du ikkje vanmæter fatigmannen.« »Det skal du vita for visst,« sa ho, »at ber du meg ikkje godt, daa vert du hudflengd, eller du vert endaa verre svivyrd.« »Fegen vil eg vaaga det,« sa han, og la av stad ut i diket.

Ho let som ho lika ille at han bar henne, men hengde seg likevel paa ryggen hans. So stumra han seint av stad paa tvo krykkjor. Daa han kom midt uti diket, raga han til ymse kantar. Ho had honom herda seg. »Du skal aldri ha fare verre ferd end denne, dersom du kastar meg nedi her,« sa ho. Stavkallen sleit seg fram og nøytte seg alt han vann og kom seg mest aat land. Daa snaava han paa eine foten og datt fram yver, so han kasta Spes upp paa bakken. Sjølv datt han ned i diket upp under henderne. Som han laag slik, greip han etter Spes. Han tok ikkje i klædi, men med dei saurete henderne sine treiv han kring kneet hennar og alt upp paa berre laaret. Ho spratt upp, banna honom og sa: »Jamt fær ein lida ilt av laake rekefantar. Det var høvelegt at du vart uppbanka, var du ikkje ein stakars kryp.« Han sa daa: »Folk er usæle. Eg tenkte gjera vel mot deg, og venta paa ei olmosa. Men so fær eg kalling og skamord og inkje godt.« Han laast vera reint modfallen. Mange tykte han var ein arming, men Spes sa han var den verste fuling. Men daa mange bad for honom, tok ho fram pungen sin, og der var mange gullpengar. Ho riste ned pengarne og sa: »Tak dette, kall! Det vilde ikkje søma seg aa skjenna paa deg ulønt. No skilst me slik som du er verd.« Han plukka upp pengarne og takka henne for vel gjort.

So gjekk Spes til kyrkja. Der var det mykje folk. Sigurd dreiv hardt paa at ho skulde fri-

Digitized by Google
Original from UNIVERSITY OF WISCONSIN

gjera seg for dei skuldingarne han hadde ført mot henne. »Eg ansar ikkje paa dine skuldingar,« sa ho. »Kva for ein mann hev du sét saman med meg i stova? Sume velvyrde menner hev ofte kome i huset aat oss, og det reknar ikkje eg for nokor skam. Men eg gjer eiden paa, at aldri hev eg gjeve nokon mann gull, og ingen mann hev kome meg for nær, utan mannen min og den stavkallen som tok med sine saurute hender paa laaret mitt, daa eg vart bori yver diket i dag.«

No tok mange under og sa at dette var god nok eid; for ein kunde ikkje rekna henne til last at denne kallen hadde fingra paa henne i eit braahøve. Ho sa at no skulde alt fram. Etter det svor ho so fallen eid som fyrr er utgreidd. Mange sa at ho kunde nok sanna det som var sagt, men noko kunde vera undanteke. Ho let daa um at det var synbert for alle vituge menner, at det kunde ikke liggja nokon baktanke i det ho svor.

Daa la frendarne hennar seg frami, og sa at slike fæle skuldingar mot ei høgætta kvinna kunde ikkje gaa ustraffa. For det var daudestraff, um det kunde provast at ei kona var utru mot mannen sin. Spes bad daa biskopen gjera skilsmaal millom henne og Sigurd. For ho sa ho vilde ikkje tola lygnerne hans. Frendarne studde henne i dette. Og med di dei var so traasøkne, vart dei skilde, og Sigurd fekk lite av godset. Han laut røma landet.

Her gjekk det slik som me hev mange døme paa: mindre-mannen taper. Sigurd kom ingen veg med saki, endaa han hadde rett.

Spes tok no imot alle pengarne og vart ei velvyrd kvinna. Men daa folk tenkte betre etter eiden hennar, fann dei at det laag noko under. Dei

Digitized by Google
Original from UNIVERSITY OF WISCONSIN

meinte at vituge menner hadde sagt henne fyre korleis ho skulde leggja eiden. Dei fekk daa greida paa at stavkallen som hadde bore henne, var Torstein dromund. Men endaa fekk ikkje Sigurd nokor retting i saki.

39.

Torstein dromund var med væringarne medan folk prata mest um denne saki. Han vart so fræg at han vart rekna for ein av dei mest heilhuga karar som var komne dit. Harald Sigurdsson heidra honom mykje, for dei var av same ætt. Og folk trur at Torstein gjekk fram etter hans raad.

Straks etter Sigurd var jaga or landet, fridde Torstein til Spes. Ho tok venleg imot honom, men let frendarne sine raada. Ætti kom daa saman til raadleggjing, og dei vart samde um at ho sjølv skulde hava det avgjerande ordet.

So vart dei gifte, og dei livde godt saman og hadde nøgdi rikdom. Folk tykte Torstein hadde lukka med seg, daa han kom seg or denne knipa. No livde Torstein og Spes saman i tvo aar i Miklegard.

Daa sa Torstein til kona si at han vilde sjaa um eignerne sine i Norig. Ho sa han skulde raada. So selde dei eigedomarne sine, og dei hadde daa ovmykjen lausøyre. Dei fór or landet med godt fylgje og kom til Norig.

Frendarne hans Torstein tok ovleg vel imot deim baae, og dei saag snart at Spes var raust paa det og storlynd. Ho vart braatt mykje vensæl. Dei fekk born saman og sat paa eigedomarne sine og livde vel.

Daa var Magnus den gode konge i Norig. Tor-

Digitized by Google
Original from UNIVERSITY OF WISCONSIN

stein fór straks til kongen og vart vel motteken. For han hadde vorte mykje fræg av det han hemnde Grette den sterke. Folk veit snaudt døme paa at nokon mann fraa Island hev vorte hemnt i Miklegard, utan Grette Aasmundsson.

Det er sagt at Torstein vart hirdmann hjaa kong Magnus. Torstein heldt seg heime i 9 aar etter han kom att til Norig, og baade han og kona var vel vyrde.

Daa kom kong Harald Sigurdsson fraa Miklegard, og kong Magnus gav honom halve Norig med seg. Dei var daa baae kongar i Norig ei rid.

Etter kong Magnus andast var det mange av mennerne hans som lika seg ille. Mange var glade i Magnus, men mislika kong Harald, for han var hard og streng.

Torstein dromund tok til aa aldrast, men var like vel ein raust kar. No var det 16 aar sidan Grette Aasmundsson vart drepen.

94.

Mange størde Torstein til aa fara til kong Harald og verta hans handgjengne mann. Men han vilde ikkje det. Daa sa Spes: »Eg vil det, Torstein, at du ikkje fer til Harald. For me hev ein annan konge som me er meir skyldige. Det treng me hugsa. Me vert no baae gamle. Me hev gjenge meir etter kjærleiken enn den kristne læra og sømeleg rett. No veit eg at korkje frendarne eller rikdomen kann løysa oss or denne skuldi. Eg vil at me sjølv skal bøta. Me skal skjepla vaar livevis, og fara or landet til pavebyen.* For eg trur at soleis skal eg løysa skuldi mi.« Tor-

* Rom.

Digitized by Google
Original from UNIVERSITY OF WISCONSIN

stein svara: »Me kjenner til dette like godt baae. Det er rimelegt at du raader med dette, for du kann det best. Og du let meg raada, daa me fór mindre vent aat. No skal det vera slik i alle maatar som du segjer fyre.«

Dette kom mykje uventa paa folk. No var Torstein 67 aar gamall, men raust i alle sine tiltak. Han bad til seg alle frendarne sine og skyldfolki og bar fram for deim sitt etland. Vituge menner tok vel under dette, men tykte likevel det var skade at dei reiste. Torstein sa det var uvisst um han kom att. »Eg vil no takka dykk alle,« sa han, »for de stelte so godt med godset mitt sist eg var utanlands. No vil eg bjoda og beda dykk taka imot borni mine og godset deira og føda deim upp slik som de tykkjer er sømelegt. For eg er no so til aars komen at det er liti von um at eg kjem att, um eg so fær liva ei tid. De maa no stella og styra med alt etter meg her, som um eg aldri kjem til Norig meir.«

Folk sa at det kunde endaa falla lett aa rettleida, naar husmori berre var att. Daa sa Spes: »Eg forlet frendar og gods heime i Miklegard og fór med Torstein ut or landet, og eg vilde at me alltid skulde fylgjast. No hev eg havt det godt her, men det er ingen hugnad for meg her i Norig eller Nordlandi naar han fer burt. Me hev jamt livt godt saman og aldri vore usamde. No vil me baae fara; for me er best kunnige um det som er hendt sidan me møttest fyrste gongen.«

Daa dei hadde teke denne avgjerdi, bad Torstein rettvise menner skifta godset i tvo helmingar. So tok frendarne hans Torstein den helmingen som borni aatte. Borni vart uppfostra hjaa faderfrendarne sine, og dei vart sidan mykje megtige menner. Stor ætt er komi fraa deim der i Viki.

Digitized by Google
Original from UNIVERSITY OF WISCONSIN

Torstein og Spes skifte sin lut av godset, og gav sumt til kyrkja for sjælerne sine. Sumt hadde dei med seg. So la dei av stad til Rom, og mange ynskte deim lukka paa ferdi.

95.

So fór dei heile vegen til dei kom til Rom. Daa dei kom fram til honom som skulde høyra skriftemaalet aat folk, sa dei ope og sant alt som dei hadde gjort, og kva klokskap dei hadde brukt til aa koma saman. Dei tok audmjuke imot den straffi han la paa deim. Men for den skuld at dei sjølvminte vilde bøta meinbægjet sitt, utan noko paalegg eller forfylgjing fraa tenarane i kyrkja, so fekk dei ikkje stor straff. Dei vart bedne blidt um aa skipa det so at sjæli fekk fred, og dei skulde heretter liva reint. Daa fekk dei forlating for alle synderne sine. Dei tykte dei hadde fare vel og vitugt fram.

Daa sa Spes: »No tykkjer eg det hev enda vel med saki vaar. Me hev aldri havt noko ubytt saman, endaa det kann vera at toskute folk tek til fyredøme fyrste tidi av samvera vaar. No skal me gjera slikt endelykt paa samlivet vaart at det er til eit godt fyredøme for alle. Me skal faa tak i hage murarar og lata deim byggja oss kvar sitt steinhus. Der skal ine bøta det me synda mot Gud.«

No la Torstein pengar til aa byggja hus aat deim baae, og like eins til ymist anna som dei turvte til livs upphald. Daa arbeidet var gjort og alt i stand, tok dei friviljug avskil med kvarandre. Dei enda den timelege samvera, og vilde heller njota den heilage samvera i den andre heimen.

Digitized by Google
Original from UNIVERSITY OF WISCONSIN

So gjekk dei inn i kvar sitt hus, og livde so lenge Gud vilde. Soleis enda deira liv. Dei fleste hev sagt at Torstein dromund og Spes, kona hans, var mykje hepne med aa leggja gode raader.

Det er ikkje fortalt at borni eller nokon av deira avkjøme kom til Island.

Sturla lagmann hev sagt at ingen fredlaus mann hev vore so namngjeten som Grette den sterke. Han fører fram tri døme: Fyrst det at han tykte Grette hev vore den klokaste. For han var lenger fredlaus enn nokon annan, men vart ikkje yvervunnen so lenge han var frisk. Det andre at han var den sterkaste i landet av sine jamnaldringar, og betre laga enn andre til aa vinna yver skrymt og draugar. Det tridje at han vart hemnd i Miklegard, og det hev ingen annan islending vorte. Og dessutan at Torstein dromund som hemnde Grette, vart slik ein lukkefugl paa sine gamle dagar.

Her endar soga um Grette Aasmundsson, samlendingen vaar. Takk hava dei som lydde paa den vesle som soga sagde. Her endar verket, og vere alle under Guds verja. Amen!

Digitized by Google

Original from
UNIVERSITY OF WISCONSIN

Namnelista.

Aakrar s. 157, 158, 160.
Aale huskar 117, 118, 119.
Aalov Ingolvsdtr. 22.
Aam 9.
Aarmannsfjell 89.
Aarnes 19, 22, 23.
Aas i Borgarfjorden 162.
„ i Vatsdal 37, 71, 101.
Aasa 8, 10, 20, 21.
Aasbjørn Ufeigson 8.
Aasbjørnneset 79, 85.
Aasbrand Torbrandsson 117.
Aasdis Baardsdtr.. mor til Grette 28, 29, 35, 40, 102, 120, 125, 128, 178, 210, 211, 213.
Aasdis Skjeggedtr. 214.
Aasgeir ødekoll 22, 34, 73, 78.
Aasgeirsaa 22, 34.
Aasgrim Ellida-Grimsson 18,141.
„ Ondottson 15—18.
Aaslaugarlid 155.
Aasmund fraa Aasmundargnup 27.
Aasmund hærelang Torgrimsson 27—33, 35, 36, 39, 71—74, 76, 77, 83, 102, 103, 113, 114.
Aasmund Ondottson 15—18.
Aasmund skjegglaus 8.
Aasny Vestarsdotter 8.
Aasta, mor til heilag Olav 5.
Aasvor Ufeigsdtr. 8.
Adaldal 104.
Agder 9, 15.
Alv fraa Dalarne 74.
Alvdis den barrøyske 8, 20, 21.
„ Ufeigsdtr. 8, 29.
Ambaattaraa 117.
Are Maakson 74, 130.
Arnarvatsheid 144, 146, 149, 162, 163, 165.
Arnbjørn 66, 67.
Arngeir Berseson 150.
Arnor jarleskald 157, 159.
„ Torbjørnsson 126, 127.
„ Toroddsson hynase 82.
Arnora Tordsdtr. 194.
Atle Aasmundsson 29, 34—36, 77, 81—85, 101, 102, 113—120, 125, 126, 128, 129, 134, 135, 143.
„ den raude 74.
Aud den grunnrike 20, 21, 73.
Audun Aasgeisson 34, 35, 37, 78—80, 95.
„ jarl 16, 17.
„ paa Vindheim 45—47.
„ skokul 22.
Audunarstad 34, 78, 95.
Austfjordarne 161, 165.
Austmenner 25.
Austraa 176.
Austraadal 175.
Baardardal 167, 168, 174, 175.
Baardardalsmenner 171.
Baard Jokulson 29, 96.
„ styresmann 39, 41.
Bakke i Borgarfjorden 122.

Digitized by Google
Original from UNIVERSITY OF WISCONSIN

Bakke i Rutefjorden 82.
Balke Blæingsson 5, 7, 12, 13, 150.
Balkestad 13.
Balljøkul 143, 149, 163.
Bandamanna-soga 29.
Barde Gudmundsson, Viga-Barde 79–81, 85–88, 95.
Barrøyarne 5, 10, 12.
Berse gudlaus 150.
Berse skald-Torvason 34, 35, 67, 69, 70.
Bitra 116, 135.
Bjarg 27, 29, 30, 35, 36, 39, 71, 77, 81, 83, 85, 86, 88, 95, 101, 103, 114, 116–119, 125, 126, 128, 129, 175, 177, 210, 213.
Bjargos 117.
Bjargsmenner 81, 82, 85, 115.
Bjarnarfjorden 25.
Bjarne den spake 14.
„ i Hundedal 75, 76.
„ paa Jorva 157.
Bjørn, frende til Torkjel i Salten 59–65, 67.
„ hitdølakappe 150 – 153, 159, 160.
„ landnaamsmann 19.
„ paa Hageneset 181, 203, 208.
„ Rolvsson 9, 13, 14.
„ Ufeigsson 181.
Bjørn hitdølakappe-soga 151.
Bleikaala sjaa Kjengaala
Blæing fraa Sotaneset 5.
Bodmod 27.
Bodvar or Bodvarsholar 82.
Boggul-Torve sjaa Torve.
Bordøyri 83.
Borgarfjorden 75, 80, 86, 117, 121, 141, 144, 150, 160.
Borgarraun 155.
Borgfjordingar 143.
Bork den digre 175.
Bot 10.
Botolv 104.
Brand huskar 22.
— „ — 203.
Brattebrekka 175.
Breidaa 182.
Breidebolstad 176.
Breidfjordsdalen 150, 175.
Burfell 83, 84.
Byrgesvik 20, 24.
Bø i Borgarfjorden 122.

Dalarne 176.
Dalla Torvaldsdtr. 71.
Deildartunga 123.
Drangar i Strandasysla 18, 22, 24, 25.
Drangøy i Skagefjorden 174, 178, 180, 182, 188, 189, 191–193, 195, 196, 198, 199, 202, 203, 213, 214.
Duvenesskeid 142.

Egil Audunsson 95.
Eid Skjeggeson 162.
Eiliv Kjetilsson 8.
Einar paa Gjogr 24.
— „ — Jæren 110, 111.
„ Olveson 8.
Eirik i Goddalarne 181, 202.
„ jarl 48, 49.
„ son til holmgangs-Storre 181.
„ snara 19, 20, 22, 24.
„ ølfus 17.
Ellida-Grim sjaa Grim Aasgrimsson.
England 48, 63, 105.

Fagerskogarne 157, 159.
Fagerskogfjell 151, 157.
Fagrebrekka 83.
Finnboge Torgeirsson 158.
Fiskeløk 104.

Digitized by Google
Original from UNIVERSITY OF WISCONSIN

Fiskevatn 144.
Fljot i Skagefjorden 181, 185, 203.
Fljotstunga 36.
Flokedalsaa 122.
Flose Eiriksson 22—27.
Flysjekvervet 153, 157.
Forsøledal 88.
Fosterbrødresoga 72, 77.
Fridgjerd Tordsdtr. 74.
Fridmund landnaamsmann 88.
Fridrek biskop 28.
Frode konge 8.

Gaasar i Øyefjorden 102, 120, 214.
Gaasøyr 103.
Gamle far til Torhall 83.
„ Torhallsson 29, 83, 84, 114, 116, 129, 130, 135, 210, 211, 213.
„ Skjeggeson 213.
Gangeskardsosen 192.
Gard i Adaldal 104, 120, 166, 174.
Gartarne 64.
Gaut Sleitason 77.
Gautland 9.
Geirlaug 176.
Geirmund heljarskinn 6—8.
„ kviketimbre 27.
„ ørdigskjegge 182.
Geitland 160.
Geitlandsjøkul 160.
Gerd Bodvarsdtr. 82.
Gilsbakke 117, 124.
Gisle Torsteinsson 152—156.
Gjerpe 27.
Gjogr 24.
Gjørvedal 136, 137.
Glaam træl 89—101, 207.
Glaum træl sjaa Torbjørn træl
Glaumbø 179.
Gleraai, nørdre 18.
„ søre 18.
Glimor 183.
Glum Uspaksson 29, 116, 134, 210.
Gnup i Midfjorden 21.
Gnupverjereppen 14.
Goddalarne 181, 202.
Godeskogen 89.
Grette Aasmundsson mest paa kvar sida fraa 29.
Grettesbur 209.
Grettesgeil 20.
Gretteshav (lyft) i Fagerskogfjellet 155.
„ paa Rutefjordshalsen 84.
„ under Sledeaasen 39.
Grettesnaut, sverd 215.
Grettesodden 159.
Grettestuva 212.
Grimulv 27.
Grim Aasgrimsson (Ellida-Grim) 18, 141.
„ herse 9, 13—16.
„ skoggangsmann 144, 145.
„ (Vestfjords-Grim) 162—165, 175,
„ son til Torhall Fridmundsson 88.
„ son til Torhall Grimsson 88.
„ —„— vinlending 29, 84, 114 116, 117, 124, 125, 141, 144, 148, 160.
Gudbjørg Ufeigsdtr. 5.
Gudbrand kula 5.
Gudmund den megtige 65, 174, 178.
„ Solmundsson 79, 85.
Gudrun 88.
Gunnar i Tunsberg 67, 68.
„ Toreson 83, 84, 104—116.
Gyda 15.
Gyrid Einarsdtr. 110.

Haakon jarl Eiriksson 49.
Haalogaland 59.
Haaløyger 49, 55.

Digitized by Google
Original from UNIVERSITY OF WISCONSIN

Haamund 22.
Haarek aarmann 15.
Haavar 72, 74.
Hafsfjord 6.
Hageneset 181, 203.
Hall Gudmundsson 79.
Halldor Tordsson 181. 186, 202, 203, 205, 212.
Halldora Steinmodsdtr. 8.
Halle paa kropp 122, 123.
Hallmund 142, 143, 149, 150, 160, 162—165, 175.
Hallmundarkvida 163.
Hallstein hest 17.
Hallvard sugande 5, 7, 12, 13, 18.
Halvdan svarte 5.
Harald grenske 102.
„ luva (haarfagre) 5—8, 15, 17.
„ ring 117.
„ Sigurdsson 219, 221, 227, 228.
Haramsøy 44, 49.
Haukedal 82, 141.
Haukedalsskard 114.
Havfjordsaai 155.
Havlide 39, 40, 41, 42, 43.
Havr Torarinsson 184, 186.
„ Tordsson 185.
Havreklett 131.
Hedin 15.
Hegrenesting 183, 185.
Heidarvig-soga 86.
Hel 9, 91.
Helga ondottsdtr. 8, 9.
„ Toresdtr. 83.
„ Torkjelsdtr. 104.
Helge den magre 9, 18.
„ paa Laugebol 136, 137.
„ viking (sleite-Helge) 83.
Hellesholar 132.
Hitaraa 151, 153, 154, 157.
Hitardal 153, 158.
Hitarnes 151, 157.
Hitdølar 150.
Hjalla 14, 141, 143.
Hjalte, son til Tord Hjalteson 180, 181, 187, 188, 202, 205, 214.
„ son til Tord skalp 180.
Hjaltedal 180.
Hjarrande 65—67.
Hol i Bjarnarfjord 25.
Holm 150.
Holmgangs-Storre sjaa Storre Eiriksson.
Holtevardeheidi 175.
Hordaland 5, 6, 8, 104.
Horn 119.
Hoskuld Kollsson 136.
Hov i Goddalarne 182.
„ i Hjaltedal 180.
„ paa Hovdestrand 181, 202, 205.
Hovdestrand 181.
Hundedal 75.
Hunevatn 28, 93.
Hunevatsting 116, 134.
Hæing sjaa Kjetil hæing
Hælen 20.
Hæring austmann 192, 193, 198.
Hæringslaup 193.

Illuge Aasmundsson 102, 114, 143, 175, 178, 183, 188, 190, 193, 197, 199—201, 203, 205—209, 211, 213.
Ingemund den gamle 27, 85.
Ingjald konge 8.
„ Torgilsson 157.
„ trygge 15, 16.
Ingolv Arneson 26.
„ fraa Ingolvsfjorden 22.
Ingolvsfjorden 19, 22, 24.
Innstrenderne 19.
Irland 5. 8, 10.
Isefjorden 138, 139.
Isfjordingar 138, 139.
Island 12—15, 17, 18, 21, 22,

Digitized by Google
Original from UNIVERSITY OF WISCONSIN

28, 29, 40, 70, 71, 78, 110, 113, 120, 194, 207, 213, 216, 228, 231.
Isleiv biskop 71, 212, 213.
Ivar bøytel 5.
„ Kolbeinsson 24, 25.

Jokul Baardsson 96.
„ Ingemundsson 29, 40.
Jokulsnaut, sverd 47, 62, 115.
Jorva i Flysjekvervet 157.
Jæren 110.

Kaar den gamle 45—47, 54.
„ huskar 203, 205.
Kaare Solmundsson (Svide-Kaare) 21.
Kaarsnaut, sverd 205.
Kaldaadal 155.
Kaldbak 19—24.
Kaldbakskleivarne 20.
Kaldbaksvik 20.
Kaldbeklingar 22, 24—26.
Kalv Aasgeirsson 34, 35.
Kalvaa 14.
Kalveneset 122, 123.
Kamb 26.
Kambsneset 160.
Kjalarnesting 21,
Kjarlak fraa Skridensenne 29.
Kjartan Steinsson 167, 175.
Kjarval irekonge 5, 9, 13.
Kjeldekverv 104, 164.
Kjeldenes 104.
Kjeldkvervingar 150.
Kjengaala 31—34, 81.
Kjetil einhendt 8.
„ hæing 8.
„ raum 29.
Kjotve den rike 6.
Kjølen 141—143, 149.
Knappstad 185.
Knut den megtige 49, 152.
Kodraan Eilivsson 28.
Kolbein 15, 17, 20.
Kolbein 151.
Kolbeinsstad 155.
Kolbeinsvik 20.
Kolbjørn snøype 9.
Kolbrun (Kolbrunarskald) 72.
Konaal Steinmodsson 8.
Kormaakpaa Mel 34, 81—85, 101
Kraake-Reidar sjaa Reidar.
Kropp 122, 123, 162.
Kræklingalid 18.
Kugge sjaa Torkjel kugge.
Kvalhausholmen 131, 132.
Kvam 20, 74.
Kvamssveit 74.
Kvin 15.
Kvinesfjorden 9.
Kvitaa i Borgarfjorden 39, 121, 122, 150, 152.
Kvitaasida 39.

Laksaadalsheid 129.
Laksdøla-soga 21, 165.
Langedal 135, 136.
Langefit 81.
Langenes 18.
Langholt 179.
Laugebol 136, 137.
Leiv Kolbeinsson 24, 25.
Liv Rolvsdtr. 8, 9.
Ljaaskogarne 74, 75, 129, 130, 140.
Loft sjaa Hallmund.
Løkjarbug 157.
Løkjemot 28, 72.

Maak Atleson 74.
Maak, far til Torgils 72.
Maaskjelda 75.
Maasstad 28.
Magnus den gode 227, 228.
Marmæle 109.
Mel i Midfjorden 34.
Melar i Rutefjorden 29, 83, 84, 114, 129, 130, 211.
Melsmenner 104.
Midfitjar 129.

Digitized by Google
Original from UNIVERSITY OF WISCONSIN

Midfjorden 21, 27, 34, 71, 73 117, 125, 126, 209.
Midjordingar 34, 210.
Midfjordsskjegge sjaa Skjegge Bjørnsson.
Midfjordsvatnet 34, 78.
Midhavslandi 28.
Mikael katalak 215.
Miklegard 214, 215, 219, 228, 231.
Myrar 150, 151, 156, 157, 160.
Myremenner 151, 157, 158, 160.
Mødredalsheid 165.
Mødrevollarne 174, 175.
Møre 65.

Narve 83.
Nes = Snøfjellsnes 114.
Nesjastriden 102.
Njaals-soga 18.
Nordaa 75.
Nordaadal 83, 175.
Nordlandet 28, 34, 144, 161, 167.
Nordlandi 215, 229.
Nordlendingar 28, 144.
Nordmenner 214, 215
Norig 5–7, 9, 10, 14, 19, 27, 28, 44, 49, 50, 57, 58, 71, 102, 104. 105, 110, 214, 215, 227, 228, 229.

Odd munk 214.
„ Ufeigsson 29.
„ umageskald 34, 81–83.
Ogmund ille 49, 51, 55, 57.
Olav feilan 20, 21, 73.
„ Haraldsson 5, 102, 104,105, 108–110.
„ paa 136.
„ Øyvindsson 22, 24, 25.
Olavsøyarne 131.
Olderygg 153.
Oleiv breid 8.
Olve barnekar 8.
Ondott kraaka 9, 13–17.
Ongul sjaa Torbjørn ongul.
Onund trefot 5–24.
Orm den rike 5.
„ Storolvson 155.
„ Øyolvson 96.
Osland i Skagefjorden 209.

Ranveig Aaasmundsdtr. 29, 83.
„ kona til Aasmund hærelang 28.
Raudskjegg sjaa Tore r.
Raun 153.
Raundal 158.
Raundøler 160.
Ravarta Kjarvalsdtr. 9.
Reidar Kraaka 181.
Remna 139.
Risøy 18.
Rivskjer 24, 26.
Roald 182.
Rogaland 5, 6, 15.
Rolv fraa Aam 9.
„ konge Ingjaldsson 8.
Rom 228, 230.
Rossholt 156.
Rossmaalneset 26.
Rut paa Kambsneset 160.
Rutefjorden 13, 29, 34, 82, 83, 114, 128, 129, 150.
Rutefjordshalsen 83, 84, 101, 103, 115, 117.
Rutfjordingar 82, 101, 130, 135, 141, 210.
Røydarfell 39, 42.
Røykholar 74, 130, 133.
Røykjaheidi 165.
Røykjanes i Breidefjorden 74, 130, 131.
„ i Gullbringusysla 41.
„ i Skagefjorden 191.
„ paa Strenderne 20, 24, 26.
Røykjarfjord 20, 22.
Røykjaskardet 179.
Røykjastrand 213.
Røykjerne i Midfjorden 81.
„ i Rutefjorden 126, 128.

Digitized by Google
Original from UNIVERSITY OF WISCONSIN

„ i Skagefjorden 180, 191, 213.
Røyneneset 180.

Saam Borksson 175.
Saamstad 130.
Sadelkolla, hest 122—124.
Sadelkollevisor 125.
Salten 59.
Sand 212.
Sandhaug 167—170, 173—175.
Sigar 139.
Sigfast 9.
Signy Sigvatsdtr. 15.
Sigurd biskop 105.
„ bonde i Miklegard 217, 219—223, 225—227.
„ syr 219.
Sigvat 15.
Skaalemyri 181.
Skaalevik 13.
Skaalholt 71, 213.
Skafte Torodsson lovsegjemann 76, 88—90, 120, 133, 134, 141, 143, 144, 193.
Skafteholt 14.
Skage 18.
Skagefjorden 77, 174, 179, 180, 213.
Skagefjordingar 180, 188, 189, 191, 194.
Skald-Torva sjaa Torva.
Skamhending sjaa Skjegge.
Skard i Haukedal 83, 114.
Skarvstad 141, 213.
Skjaldbreid 161.
Skjegge Bjørnson (Midfjords-Skjegge) 21, 26, 27, 207.
Botolvson 104.
fraa Aasen 162.
„ Gamleson paa Skarvstad 213, 214.
„ Gamleson skamhending 135, 210—213.
„ huskar 37—39.
„ Steinvorson 175.
„ Torarinsson 74.
„ Toreson 104.
Skolm (Torbjørn) 151.
Skotland 5, 8.
Skotlandsfjordarne 10.
Skridensenne 29.
Skuv i Hundedal 75, 76.
Sledeaasen 39, 89.
Sleite-Helge sjaa Helge
Slettelid 182.
Slysfjorden 50.
Snorre gòde 130, 135, 152, 175—177, 193.
Snækoll 111, 112.
Snøbjørn Øyvindsson 9.
Snøfjellsnes 114, 153.
Sokkolvsdal 176.
Soknedal 15.
Solmund 85.
„ Torbjørnsson 21.
Solve den prude 117.
„ konge 9.
Sotanes 5.
Sote 6.
Spes i Miklegard 217—231.
Spjotsmyr 129.
Stad i Norig 105. 107.
Stein austmann 23, 25, 27.
„ Bjørnsson(Tunge-Stein)181, 187, 202.
„ prest 167, 170, 175.
„ Toreson 194.
„ Torgjestson lovsegjemann 194, 213.
Steinkjer 65.
Steinmod Konaalsson 8.
„ Olveson 8.
Steinolv Olveson 8.
„ Torleivsson 158, 160.
Steinsholtet 14.
Steinsstad 181.
Steinun Rutsdtr. 160.
Steinvor den gamle 26.
„ kona til Torstein 167, 175

Digitized by Google
Original from UNIVERSITY OF WISCONSIN

Stige 13.
Stivla 185.
Storolv Hæingsson 151.
Storre Eiriksson 181.
Strandefloen 18.
Strenderne 19, 72, 74.
Sturla Tordsson 129, 180.
Sturlungar 213.
Styr Torgrimsson (Viga-Styr) 136.
Sudrøyarne 5, 8–10, 13, 14.
Sugande sjaa Hallvard.
Sugandefjord 13.
Sulke 6.
Sunnmøre 44.
Surndal 17.
Svan paa Hol 25.
Svein Haakonsson jarl 49, 50, 65–70, 102.
„ paa Bakke 122–125.
Sverike 89.
Svide-Kaare sjaa Kaare Solmundsson.
Sylgsdalar 89.
Sæmund den sudrøyske 85.
Sæmundslid 179.
Sørlandet 14, 161.

Tingøyresveit 27.
Tingnes i Borgarfjorden 122.
Titlingstad 132.
Tjorsaa 15.
Toralv paa Øyr 137,
„ Skolmson 151.
Torarin den spake 80, 81, 85, 86.
„ fraa Aakrar 157, 158, 160.
„ fylsenne 74.
„ Havrsson 185.
Torbjørg Olavsdtr. 136, 138–140.
Torbjørn ferdelang 84, 85, 101–104, 113, 115.
„ jarlekjempa 20, 21.
„ laksekar 8, 14.
„ ongul 181, 184, 187–189, 191–198, 201–216.
„ træl (Glaum) 179, 183, 190, 199–201, 204, 205, 208–209.
„ uksemagt 82–85, 101, 113, 114, 116–120, 125–129, 134.
Torbrand Haraldsson 117.
Tord fraa Hovdestrand 74, 181.
„ gjelle 73, 74, 194.
„ Hjalteson 180, 181.
„ Knapp 185.
„ Kolbeinsson 151, 152, 156, 157.
„ paa Breidaa 182, 187.
„ „ „ , bror hans 182, 187.
„ skalp 180.
„ Sturlason 129, 180.
„ Tordsson 181.
Tordis Aamundsdtr. 27.
„ „ hærelang 29.
„ Tordsdtr. 181.
„ Torgrimsdtr. 21, 35.
Tore fraa Gard 104, 105, 107, 108, 120, 121, 135, 145, 146, 148, 149, 152, 153, 163, 165, 166, 167, 174, 194, 209, 212.
„ haklang 6.
„ haustmyrk 194.
„ raudskjegg 145–148.
„ tomb 49, 51–55, 57.
„ Torkjelson 83, 114.
„ tusse 161.
Torelv Alvsdtr. 74.
Toresdal 161, 175.
Torfinn fraa Løkjarbrug 157.
„ huskar 22, 23, 25, 26.
„ Kaarsson, 45–54, 56–59, 65–71, 78.
Torgaut sauemann 93, 94.
Torgautsønerne 80.
Torgeir flaskebak Onundsson 21–23, 25–27.
„ Haavarsson 72–77, 130–134.
„ Toreson fraa Gard 105.

Digitized by Google
Original from UNIVERSITY OF WISCONSIN

„ „ paa Melar 83, 84, 114—116.
„ Torhallsson 158.
Torgeirsdraapa 75.
Torgils Areson paa Røykholar 74—77, 130—133.
„ Ingjaldsson 158, 159.
„ Maaksson 72—77.
„ paa Mel 34, 81, 83.
Torgjerd Alvsdtr. 74.
Torgjest Steinsson 194.
Torgrim fraa Gnupe 21.
„ hærekoll 21, 22, 24—27, 29.
„ Kaarnsaagòde 28.
Torhall Aasgrimsson 141.
„ fraa Hitardal 158.
„ Fridmundsson 88.
„ Gamleson (vinlending) 83.
„ Grimsson paa Torhallsstad 88—90, 92—95, 97, 100, 101, 115, 117.
Torhallsstad 88, 90, 94—96.
Torkjel i Gjørvedal 136, 137.
„ i Salten 59—65.
„ kravla 28, 29, 35—39, 71.
„ kugge 73.
„ maane 26.
„ paa Bordøyri 83.
„ paa Fiskeløk 104.
„ Øyolvsson 165.
Torlak biskop 96.
Torlaug Sæmundsdtr. 85.
Torleiv fraa Raundal 158, 160.
„ huskar 203.
Tormod Kolbrunarskald 72—76, 130—134.
„ skafte Olavsson 8—10, 14, 15, 21.
Torodd draapestuv 82, 84, 128, 129, 134, 135, 210, 211, 213.
„ gòde 14, 26, 88, 89.
„ i Rutefjord 82.
„ Snorreson 175—177.
Toroddsstad 82, 126.
Torskefjorden 133.
Torskefjordsheidi 135.
Torstein dromund 28, 67—70, 110, 112, 113, 214—224 227—231.
„ far til Gisle 152.
„ gode 14.
„ i Viki, 28.
„ Kuggeson 73—77, 129, 130, 140, 141, 150, 175.
„ kvite 167.
„ paa Røykjanes 24.
„ raude 73.
Torva, skald- 34, 67, 69.
Torvald Aasgeirsson 34, 35, 71, 74, 101, 117, 134, 211—213.
„ fraa Drangom 19.
„ Kodranson 28.
„ paa Røykjerne 180, 191.
Torve paa Maaskjelda, boggul- Torve 75.
Torvestad 34.
Torvé Tormodsdtr. 14.
Torvor „ 14.
Torøyargnup 86, 87, 95.
Traand Bjørnsson 7—11, 13—15, 21.
„ Torarinsson 158, 160.
Traandarholt 15.
Trefotshaug 21.
Trekylle, skip 27.
Trekyllesvik sjaa Vik
Trondheim 65, 104, 108.
Trondheimsfjorden 64.
Trøndelagen 65.
Tunga (Brødretunga) 141.
„ i Vatsdal 95, 96.
„ (Rutetunga) 83.
„ (Sælingsdalstunga) 130, 177,
„ (Tungusveit) 181.
Tungeaa 185.
Tunsberg 67, 110, 112, 214.
Turid Aasgeirsdtr. 73,
„ fosterdtr. til Torbjørn ongul 195.
„ Torhallsdtr. 88.

Digitized by Google
Original from UNIVERSITY OF WISCONSIN

Tveraa i Gnupverjereppen 14.
„ i Hunefjorden 117.
Tvidøgra 36, 86, 125.

Ufeig burlefot 5.
„ grette Einarsson 8—10, 13—15, 20, 29.
„ grette Onundsson 21, 25, 26.
„ i Ufeigsfjorden 22.
„ Skideson 29.
„ tunnskjeg 181.
Ufeigsfjord 24.
Ufeigsstad 14.
Uføra 19, 20.
Ulv den skjalge 74.
Ulvhednar 6.
Ulvheid Øyolvsdtr. 95.
Una Olvesdtr. 8.
Upplandi 6.
Uspak Glumsson 29, 116, 135, 210, 211.
„ Kjarlaksson 29.

Vaagan i Norig 59, 63, 64.
Vatsdal 28, 35, 37, 71, 88, 95, 96, 101.
Vatsdølerne 28, 40.
Vatsfjorden 136, 138—140.
Vatsnes 34, 117.
Vatsnesmenner 82.
Vatsskard 179.
Veideløysa 19, 20.
Vermund den mjaae 136—140.
Vestar Hæigsson 8.
Vesterhop 35.
Vestfjordarne 74, 130, 140.
Vestfjorddalen 136.
Vestmar viking 10—12.
Viddøler 34.
Videdal 21, 34, 97, 95.
Vidvik 181, 198, 201, 202, 209.
Viga-Barde sjaa Barde.
Viga-Styr sjaa Styr.
Vigbjod viking 10—12.
Vik=Trekyllesvik 22—24, 27.
Vikar huskar 205.
Viki i Norig 28, 229.
Viksmenner 25.
Vindheim 45, 55.
Vollarne 122.
Væringar 215, 218, 219, 221.

Øksarfjord 27.
Øyedalsaa 167, 169, 171, 173, 175.
Øyefjord 18, 102.
Øyolv Egilsson 95.
„ fraa Fagerskogarne 157, 159, 165.
„ graae Tordsson 165.
„ Gudmundsson 95.
„ maag til Barde 87.
Øyr i Bitra 116. 135.
„ i Isefjorden 136, 137.
Øyrar 14.
Øyvind austmann 7—11, 13.
„ i Øyvindsfjord 22, 24.
Øyvindsfjord 22.

Sume stader stend det Reyk- for Røyk. Side 50[8] Torstein for Torfinn, 74[17] Torgis for Torgils, 130[2] og [10] Torbjørn for Torstein. 132[26] Atle for Alle, 157[21] burde Torgrim (etter Boer) gaa ut, 159[16] han Torstein for hans Torgils og 181[19] Hallvor for Halldor. Nokre andre misprentingar er lette aa skyna.

Digitized by Google
Original from UNIVERSITY OF WISCONSIN

Aarstal.

Grette fødd	996
Ball-leiken paa Midfjordsvatnet	1010
Draapet paa Skjegge. Fyrste Norigsferdi. Berserk-draapet	1011
Draapet paa Bjørn og Hjarrande	1013
Heimferdi til Island	1014
Andre ferdi til Norig. Toresønerne innebrende . . .	1015
Andre heimferdi. Draapet paa Torbjørn uksemagt . .	1016
Grette er i Ljaaskogarne, Isefjorden og paa Røykholar	1016--18
Grette paa Arnarvatsheidi	1018 21
„ i Hitardal og paa Fagerskogfjell	1021—24
„ i Geitland og Toresdal	1024—25
„ fer ikring paa sud- og austlandet	1025—28
„ paa Drangøy	1028—31
Grette drepen	1031

73 WIS. B DEC '52

Digitized by Google

Original from
UNIVERSITY OF WISCONSIN

Digitized by Google

Original from
UNIVERSITY OF WISCONSIN

Digitized by Google

Original from
UNIVERSITY OF WISCONSIN

Digitized by Google

Original from
UNIVERSITY OF WISCONSIN

8910396740 2

B89103967402A

Digitized by Google

Original from
UNIVERSITY OF WISCONSIN

Digitized by Google
Original from
UNIVERSITY OF WISCONSIN

89103967402

b89103967402a

Digitized by Google

Original from
UNIVERSITY OF WISCONSIN